


Budsjett 2023

Økonomiplan for 2023 — 2026



Kommunedirektøren sitt framlegg



Innhald

Kommunedirektøren si innleiing.....	8
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak	11
Budsjettet på 1 - 2 - 3.....	16
Budsjettet i tall	16
Økonomisk status og rammebetingelser	20
Økonomisk stilling - utfordringsbilete.....	20
Prosjekt økonomisk handlefridom	21
Saldering av budsjettet	23
Statsbudsjettet og frie inntekter	25
Statsbudsjettet og oppgåveendringar.....	26
Nye/auka tiltak i driftsbudsjettet	29
Føresetnader i driftsbudsjettet	30
Økonomiske måltal - ambisjon.....	31
Eigenkapital	32
Teoretisk innsparingspotensial	32
Finans og lånegjeld.....	34
Investeringar i økonomiplanen	39
Oversikt Investering og finansiering.....	44
Klimabudsjett	46
Sektorar	61
Fellesområde	61
Skildring av verksemda	61
Driftsbudsjett	61
Stab.....	62
Skildring av verksemda	62
Satsingsområder	62
Innsparingstiltak	63
Måltabell.....	63
Driftsbudsjett	65
Oppvekst.....	66
Skildring av verksemda	66
Satsingsområder	78
Innsparingstiltak	82
Måltabell.....	92
Driftsbudsjett	94

Investeringsbudsjett.....	94
Helse og velferd	96
Skildring av verksemda	96
Satsingsområder	98
Innsparingstiltak	101
Måltabell.....	108
Driftsbudsjett	110
Investeringsbudsjett.....	110
Samfunnsutvikling	111
Skildring av verksemda	111
Satsingsområder	118
Innsparingstiltak	119
Måltabell.....	122
Driftsbudsjett	124
Investeringsbudsjett.....	124
Kommunalt eigarskap	125
Tilskot til lag og organisasjonar	131
Organisasjon og styring.....	133
Medarbeidar.....	137
Folkehelse.....	139
Beredskap.....	144
Utviklingstrekk/framtidsperspektiv	147
Demografi.....	151
Bjørnafjorden mot 2035	152
Status kommunale planar	154
Andre budsjett	157
Os Idrettspark Bjørnafjorden KF.....	157
Oseana Kunst- og Kultursenter Bjørnafjorden KF	157
Kontroll og revisjon	157
Bjørnafjorden Kykjelege Fellesråd	157
Gebyrliste	158
Gebyrregulativ for private planar, bygge- og delesakshandsaming, oppmåling og eigarseksjonering	158
Private planforslag.....	160
Gebyr for planprogram.....	162
Gebyr for behandling av reguleringsplanar fram til offentleg ettersyn og reguleringsendringar fram til varsling.....	162

Arealgebyr for planområde	162
Arealgebyr for bebyggelse og anlegg	164
Gebyr for arealformål.....	166
Tilleggsgebyr.....	166
Gebyr for revidert planframlegg etter offentlig ettersyn	166
Gebyr for stoppet planinitiativ	167
Gebyr for avslutning av planforslag	167
Bygge- og delesaker	167
Dispensasjoner (pbl. § 19-2 m.m)	168
Tilbygg og påbygg til bustadhus / fritidsbustad (pbl. § 20-1 a).....	168
Garasjar, carport, naust og uthus (pbl. § 20-1 a)	168
Søknad om bustadhus, fleirmannsbustader og fritidsbustad (pbl. §20-1a)	168
Gebyr for næringsbygg og landbruksbygningar (pbl. § 20-1 a).....	169
Gebyr for bruksendring, fasadeendring, vesentlege reparasjoner o.l.	169
Gebyr for riving (pbl. § 20-1 e)	169
Søknad om oppdeling/samanføring av brukseining (pbl. § 20-1 g).....	169
Skilt, mur og innhegning m.m. (pbl. § 20-1 h og i)	170
Mellombelse bygningar, konstruksjonar og anlegg (pbl. § 20-1 j).....	170
Søknad om vesentlege terrenginngrep (pbl. § 20-1 k).....	170
Søknad om anlegg av veg eller parkeringsplass (pbl. § 20-1 l)	170
Oppretting av ny grunneigedom m.m. – PBL kap 20 (§ 20-1 m).....	170
Diverse gebyr, Bygge- og delesaker	171
Avviste og trekte søknadar.....	171
Rabattar.....	171
Arbeid etter matrikkellova	171
Oppretting av grunneigedom, festegrunn og matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn	172
Oppretting/reseksjonering av uteareal på eigarseksjon.....	172
Oppretting av anleggseigedom	173
Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning.....	173
Grensejustering - Grunneigedom, festegrunn, jordsameige, offentlig veg og samferdselsføremål.....	173
Grensejustering - Anleggseigedom	173
Arealoverføring - Grunneigedom, festegrunn, jordsameige, offentlig veg og samferdselsføremål.....	174
Arealoverføring - Anleggseigedom.....	174

Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning eller tilsvarande.....	175
Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt / eller klarlegging av rettar	175
Privat grenseavtale.....	175
Utferding av matrikkelbrev	176
Timepris - Matrikkelsaker.....	176
Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering.....	176
Eigarseksjonering	176
Søknad om seksjonering.....	177
Gebyr for handsaming av søknad om seksjonering av uteområde	177
Vatn og Avløp	178
Årsgebyr	178
Eingongsgebyr for tilknytning til offentleg vatn- og avløpsleidning	179
Årsgebyr - Abonnement	179
Årsgebyr - Målt forbruk.....	180
Årsgebyr - Stipulert forbruk	180
Leige av vassmålar.....	181
Andre gebyr - Vatn og Avløp	182
Feiing og tilsyn.....	182
Årleg basisgebyr, Brannforebygging (bustadhus og fritidsbustader)	182
Feiegebyr for større bygg	183
Gebyr for tenester til private	183
Privat slamtømming	183
Gebyr for lovpålagt slamtømming	183
Gebyr for tømming av tette tankar	184
Saksbehandling, utsleppsløyve	184
Renovasjon	184
Barnehage	185
Foreldrebetaling i kommunal barnehage.....	185
Matpenger i kommunal barnehage	185
Skulefritidsordning (SFO).....	185
Foreldrebetaling SFO	185
Ferieopen SFO	186
Praktisk bistand i heimen	186
Praktisk bistand - Timepris	186

Praktisk bistand - Abonnement.....	186
Tekniske hjelpemiddel.....	186
Dagsentertilbod - Demens og eldreomsorg	187
Dagsenter, mat og transport - pris per måned	187
Opphald i institusjon	187
Tryggleiksalarm	187
Måltider - Pleie og Omsorg	187
Pris per måltid	187
Kultur	188
Kulturskulen og musikkbinge	188
Bibliotek - Gebyr ved manglande innlevering.....	188
Bibliotek - Erstatningskrav ved manglande innlevering (3.purring)	189
Bibliotek - Diverse	190
Bygdebøker.....	190
Laige av den gamle prestegarden, Osøyro (Paktaren og Borgstova).....	190
Leige av lydanlegg og utstyr	190
Fritidsklubbar	191
Idrett.....	191
Leigeprisar i idrettshallar (Trening og kampar, prisar for heil hall)	191
Billettprisar i symjehallen i Eikelandssosen	192
Alkohol og tobakk.....	192
Avgift for salsløyve alkohol	192
Avgift for skjenking av alkoholhaldig drikk.....	193
Tobakkvarer/Surrogater.....	194
Festeavgifter for graver	195
For avdøde som var busett i kommunen	195
For avdøde som var busett utanfor kommunen	195
Diverse tenester	197
Betalingslevar ved Bjørnafjorden vaksenopplæring	197
Fysioterapi	197
Sal av digitale kart	197
Sal av analoge kart i målestokk 1:1000	197
Sal av kart - Prisar for kopiering i stort format med eigen original.....	198
Sal av kart - Prisar for overføring av dokument til elektronisk form (scanning).....	198
Sal av meklar- og eigedomsopplysningar til formidlingsforetak.....	198

Bubilparkering	200
Soneparkering Osøyro	200
Frikjøp parkeringsplassar	200
Parkeringsgebyr og borttauing	200
Gjestehamn - fritidsbåtar	200
Båtfeste i Oselva	200
Bruk av kommunal kai - Farvannsavgift	201
Bruk av kommunal kai - Kaivederlag	201
Bruk av kommunal kai - Varevederlag	201
Bruk av kommunal kai - Vassgebyr og straum til kommunal industrikai	202
Arbeid utført av avdeling for Samferdsle i Bjørnafjorden kommune	202
Graveløyve (for graving i og langs kommunal veg)	203
Jord- og konsesjonssaker	203
Fellingsløyve – Hjort	203
Saksbehandlingsgebyr Fyrverkeriutsal/Pyrotekniske varer	204
Påfyll av luftflasker	204
Borgarleg vigsel - Utført av kommunen	204
Utleige av små elektriske køyretøy	204
Vedlegg – Forskriftsrapportar	205
§ 5-4 Bevilgningsoversikter - drift (1A)	205
§ 5-4 Sum bevilgninger drift, netto (1B)	207
§ 5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2A)	207
§ 5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2B).....	208
1. Investeringar i varige driftsmidlar	208
2. Tilskot til andre sine investeringar	210
3. Investeringar i aksjer og andelar i selskap	210
4. Utlån av egne midler	210
§ 5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3).....	211

Kommunedirektøren si innleiing

Kva no - når sparegrisen blir tom?

I Bjørnafjorden kommune har vi heldigvis store fondsreservar, eller ein fyldig sparegris om du vil. Men dei er vi nøydde til å bruke av for å saldere budsjetta våre. På lenger sikt er ikkje dette ein berekraftig måte å saldere budsjettet på. Rett og slett fordi sparegrisen blir tom – det er til slutt ikkje meir pengar igjen på fonda. Ved inngangen av 2023 har vi 265 millionar kroner på premiefondet. Gjennom økonomiplanperioden på fire år bruker vi 193,402 millionar kroner av desse. Det tyder at det ved utgangen av 2026 står att 71,598 millionar kroner på premiefondet. Held vi fram å bruke like mykje pengar frå premiefondet kvart år vil det vere tomt i 2027/2028. Difor må vi komme i ein situasjon der vi har større varige driftsinntekter enn varige driftsutgifter. Slik det ser ut no må vi bruke heile denne økonomiplanperioden for å komme driftsmessig balanse. Det blir uansett ei svært krevjande oppgåve å kome i mål med dei innsparingskrava dette budsjettframlegget inneber.

Kvifor er det slik?

Jo, rett og slett fordi vi bruker meir pengar enn det vi får i rammeoverføring frå staten, skatteinntekter og andre inntekter. Samstundes stiger renta, og pris-, løns- og pensjonsvekst aukar monaleg.

Slik biletet ser ut no, så må vi henta inn eit betydeleg meirforbruk i sektorane frå 2022 i tillegg til dei innsparingskrava som er vedtatt i tidlegare budsjett gjennom Bjørnafjorden 22 og prosjekt økonomisk handlefridom. I tillegg kjem den salderinga som kjem som følgje av statsbudsjettet. Totalt er det snakk om til saman omlag 150 millionar kroner.

I 2022 har sektorane eit meirforbruk (utan koronaskapte kostnader) på om lag 65 millionar kroner. Dette kan ikkje fortsette. Vi kjem til å gå inn i 2023 med for høg fart (bruke for mykje pengar), men farten skal (og må) ned! Sektorane er allereie i ferd med å finne kor dei kan kutte kostnadane, og vi får hjelp av PWC til å «granske» oss for å finne enda fleire kuttområder, men det vil naturleg ta litt tid før vi får økonomisk effekt av tiltaka. Både fordi vi må køyre lovpålagte prosessar, drøftingar med tillitsvalde og fordi vi nok i mange tilfelle må dreie eller endre tenestetilbodet. For å «kjøpe» oss den tida vi treng, må vi i ei periode bruke av sparegrisen.

Det same gjeld for dei 50 millionane vi skal kutte i samband med økonomisk handlefridom og dei 50 millionane som vi «manglar» i budsjettet for 2023. Vi leiter med lys og lyfter etter kor vi kan kutte kostnader, men for å kunne levere eit budsjett i balanse så må vi nytte av fondsmidlane.

Så korleis løyser vi det?

Vi må komme dit at vi har ei drift kor utgiftene ikkje er større enn inntektene. Diverre er eg redd for at vi må ta tøffe og upopulære grep for å klare det. På kort sikt klarer vi å kome i mål med dei kutta vi planlegg, pluss bruk av fond. Men på lang sikt er ikkje dette nok, rett og slett fordi vi ikkje vil ha fleire fond å nytta.

Vi må tørre å ta ein debatt om struktur, kor mange lokasjonar ein teneste skal vere på, kva omfang vi skal ha på tenestene og om det er tenester vi kan/skal kutte ut. Gjennom SIO-prosjektet har vi utvikla tenester i kommunen som både er dei beste, men også dei dyraste i landet. Ei førebels analyse frå PWC kan tyde på at vi vil få innspel om å ta vekk nokre av desse tilboda.

Vi må også tørre å ta ein debatt om kva som er likeverdige, og akseptable, tenester. Må vi ha to “av alt” eller held det med ein teneste som servar både i aust og vest?

Vi må snu kvar stein

Sjølvsagt om vi kan tykkje at det er tungt og vanskeleg no så skal vi ikkje gløyme at opp av oska veks det nytt liv. Det at vi må snu på krona, kutte kostnader og gjere ting på ein ny måte gir oss ein strålende anledning til å skapa. Til å skapa noko nytt og enda betre. Ein rapport frå Agenda Kaupang fortel at det ikkje er ein automatisk samanheng mellom økonomi og tenesteleveranse. Du kan levere gode tenester sjølv om du har dårleg råd, og det skal Bjørnafjorden gjere.

Vi skal nytte den situasjonen vi står i til å snu kvar stein og legge den ned igjen slik at den gjer enno betre nytte for seg enn det den gjorde der den låg før. Eg er oppteken av at leiarane og medarbeidarane ute i tenestene, dei som kjenner innbyggjarane og brukarane, dei som ser at vi gjer ting på ein tungvint eller lite hensiktsmessig måte, skal stå fram og skinne med nye løysingar. Det er meir feil å halde munn enn å tørre å opne den og foreslå nye og kanskje andre måtar å løyse oppgåvene på. Eg vil ha ein organisasjon (og medarbeidarar) som tør! Ein organisasjon som veit at vi er til for innbyggjarane og som gjer det den kan for å levere gode nok tenester innanfor dei rammene vi har.

Vi må også ta innbyggjarane med på råd. Ikkje nødvendigvis gjennom store medvirkingsprosesser, men gjennom den daglege kontakten. Vi må tørre og spørje «om du ville ha gjort dette på ein anna måte, korleis ville du då ha gjort det?». Skal vi bli den samskapingskommunen som vi ønskjer, så må vi tørre å gå den retninga. Berre på den måten vil nye måtar å løyse oppgåvene på veksa fram.

Vi skal ikkje slutta satsa

Vi veit ein god del om korleis Bjørnafjorden kommune kjem til å utvikla seg i åra som kjem. Det blir fleire eldre, sjølv om vi framleis kjem til å ha ein relativt ung befolkning. Det kjem til å koma fleire brukarar av tilrettelagte tenester. Det er ei utvikling vi har sett dei siste åra, og den trur vi kjem til å halde fram. Difor satsar vi på bustader til utviklingshemma. På Søfteland planlegg vi difor eit bufellesskap med seks leilegheiter. Kostnaden er rekna til å bli omlag 55 millionar kroner.

Eg trur vi vil sjå ei utvikling kor vi vil trenge enda fleire tilrettelagte bustader. Men då skal vi utfordra oss sjølv og eigedomsutviklarar for å sjå om det finst andre måter enn dei vi nyttar i dag for å dekkje dette behovet. Kvifor kan ikkje ein etasje eller ein del av eit nytt bustadkompleks bestå av tilrettelagte bustader som kommunen har leigeavtale på? Kva er vel ikkje finare enn om vi kan få bumiljø med ein miks av dei som kan hjelpa med enkle kvardagslege ting og av dei som treng hjelp til nettopp dette? Vi må tenkje nytt og vi må tørre å gjere ting på nye måtar.

I investeringsbudsjettet er det særleg tre satsingar eg vil trekke fram. To av dei kan hjelpe oss med å gje enda meir treffsikre tenester og betre oppfølging av brukarane våre. Dette er nye lokalar til hjelpemiddellager og heimetenesta. Kommunestyret har sagt at vi skal bygge dette ved Luranetunet og vi har satt av tilsaman 58 millionar kroner i 2023 og 2024 til å gjennomføre prosjektet. Dette bør gje oss ei meir effektiv drift, noko som kjem både tilsette og brukarar til gode. Det andre prosjektet eg har store forventningar til er Velferdsteknologiprojektet. Vi har dei kommande åra satt av 3 millionar årleg til investeringar i velferdsteknologi. Digital avstandsoppfølging er eitt døme på eit tiltak som kan gje brukarane våre ein trygg kvardag, samstundes som vi får ei effektiv og rasjonell drift. Eg har tidlegare tatt til ordet for “Amsterdam-modellen” kor brukarar blir følgt opp via skjerm. Denne tanken har eg ikkje gitt slepp på og har difor utfordra sektoren til igjen å sjå på om vi kan etablere ei slik teneste.

Det tredje eg vil trekke fram er av det meir harde slaget. Vi legg inn i budsjettet tilsaman 70 millionar årleg i VA-prosjektar og 5 millionar til kommunal infrastruktur. Desse investeringane meiner eg vi bør ta, mellom anna for å sikre at innbyggjarane våre alltid får reint vatn i springen. Samstundes meiner eg det er riktig å rehabilitere gamle leidningar både for vatn og avlaup med ein jamn frekvens. Det bidreg til at

vi aukar kvaliteten jamnt og trutt, men også at vi slepp "utforutsette utgifter" med leidningsnett som plutsleg kollapsar.

Vi har dei siste par åra blitt utfordra på å sjå på eigedommar kommunen eig og kva vi skal gjere vidare med desse, eventuelt korleis dei kan verdioptimaliserast før eit eventuelt sal. Dette er ikkje berre ein enkel jobb, det trengst både teknisk og marknadskompetanse for å gjere desse vurderingane. Difor vurderer eg å be Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS om å ta denne oppgåva på vegne av kommunen. Det vil vi i såfall kome tilbake til i ein eiga sak.

BTI og Heima Best

Frå drifta ønskjer eg å trekke fram to satsingar. Den første eg vil trekke fram starta eigentleg i samband med budsjettet for 2022, nemleg Familiens hus. Der er det synergjar å hente. Det ser vi allereie. Det har vore jobba godt i huset det siste året. Eit av prosjekta som er starta er Betre Tverrfagleg innsats (BTI). Dette er eit tverrfagleg prosjekt for alle som arbeider inn mot barn og unge i Helse og velferd og Oppvekst. Prosjektet blir driven frå Familiens hus og er eit viktig verktøy for å sikre tverrfagleg samarbeid. Hensikta med BTI-modellen er å kvalitetssikre heilskapleg og koordinert innsats utan at det blir brot i oppfølginga.

Heima best prosjektet er eit prosjekt der vi skal prøve ut nye smarte løysingar for heimesjukepleie og heimeteneste. Vi samarbeider med Bergen kommune, har følgeforskning av NORCE, og jobbar tett med «Kunnskapskommunen» i dette prosjektet. Kommunestyret vil få meir informasjon om desse to satsingane gjennom åra som kjem. Dette meiner eg er eit viktig satsingsområdet både i 2023 og åra som kjem.

Ein uroleg verdssituasjon

Vi er alle kjende med den situasjonen verda står i med krigen i Ukraina og følgjene av den med energikrise, høgre matvareprisar og ein renteoppgang som nok også er påverka av situasjonen på finansmarknadane i Kina og USA. Alle desse forholda får direkte følgjer for budsjettet til Bjørnafjorden kommune. Men det er også ein annan ting som får direkte konsekvensar for oss, og som kan få enorme konsekvensar om det går gale. Det er alle dei daglege dataangrepa våre system blir utsett for. Vi såg korleis det gjekk med Østre Toten kommune då dei blei råka og ikkje hadde ein sterk nok mur til å stoppe angrepa. Eg er kvifor oppteken av at vi skal ha ein solid, tjukk og alltid velhold mur som står i mot dataangrepa. Difor har eg lagt inn ein auke for å auke datatryggleiken gjennom dei tekniske løysingane våre. Men dette er ikkje nok aleine. Eg og du har også ei sentral rolle i førstelina. Det er vi som nyttar datamaskinene og internett. Det er vi som kan vere vegen inn i systema våre. Difor er det viktig at vi tenkjer IT-sikkerheit i kvardagen. To av dei viktigaste bidraga vi kan gjere er å ikkje klikke på lenkjer vi ikkje stoler på i eposter vi får og å låse datamaskina når vi forlet plassen vår. Små grep som kan utgjere ein skilnad. Og det er kanskje nettopp dei små grepa som gjer at vi klarar å snu skuta og få ein berekraftig økonomi i Bjørnafjorden kommune.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

FRAMEGG TIL VEDTAK 2023

1 Bjørnafjorden kommunestyre vedtar kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2023/økonomiplan 2023 – 2026.

2. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar slike netto driftsrammer for sektorane:

	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026
Fellesområde	-3 272 000	12 161 000	20 789 000	23 756 000
Stab	54 849 000	54 549 000	54 549 000	54 549 000
Oppvekst	745 524 000	715 991 000	714 186 000	714 186 000
Helse og velferd	672 135 000	666 789 000	666 789 000	666 789 000
Samfunnsutvikling	60 703 000	53 834 000	49 602 000	47 872 000
Sum	1 529 939 000	1 503 324 000	1 505 915 000	1 507 152 000

Jfr og forskriftstabellane Bevilgningar drift §5-4 (1A), Bevilgningar drift § 5-4 (1B) og førebels Økonomisk oversikt drift § 5-6 (B3). Merknad: Budsjetttramma til Samfunnsutvikling er inklusive kalkulatoriske poster (avskrivninger og renter) vedr sjølvkostanlegg.

3. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar slike investeringar og finansiering av desse:

Investeringsbudsjett 2023 - 2026				
Prosjekt	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026
Klassesett PC	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Jettegryto barnehage	22 000 000	0	0	0
Lunde barneskule - opprusting	0	0	0	0
Hjelpemiddellager/base heimetenester	40 000 000	18 000 000	0	
Bufellesskap	35 000 000	15 000 000	0	0
Velferdsteknologi	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000

Økonomiplan for 2023-2026

Kjøp av utleigebustader	9 000 000	6 000 000		
Microhus	4 000 000	0	0	0
Flaumsikring Langedalsvatnet		0		500 000
Flaumsikring Strandvik			1 500 000	2 500 000
Kjøp av tomter og bygg	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Prosjektering utbyggingsområder	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Uteområde skular/barnehagar	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Ombygging kommunale bygg	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
Ombygging Kommunetunet	10 000 000	0	0	0
Kommunal infrastruktur	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
Industrikai Eikelandsoen	4 000 000	4 000 000	0	0
Kommunal veg Revsåsen	10 000 000	8 300 000	3 000 000	0
Vegkryss Steinneset	0	0	0	500 000
Bru over Oselva	0			1 000 000
Tiltak i trafikksikringsplan	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Rullande materiell	2 500 000	7 500 000	2 500 000	2 500 000
Delsum ordinære prosjekt	157 500 000	79 800 000	28 000 000	28 000 000
Prosjekt	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026
Avlaupsprosjekt	35 000 000	35 000 000	40 000 000	40 000 000
VA anlegg ny veg Åsen	10 000 000	20 000 000	10 000 000	0
Vasssprosjekt	35 000 000	35 000 000	40 000 000	40 000 000

Økonomiplan for 2023-2026

Delsum Avgiftsfinansierte prosjekt	80 000 000	90 000 000	90 000 000	80 000 000
Sum investeringer	237 500 000	169 800 000	118 000 000	108 000 000
	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026
Egenkapitalinnskott KLP	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Utlån startlån Husbanken	60 000 000	60 000 000	60 000 000	60 000 000
Avdrag startlån	10 500 000	11 000 000	11 500 000	12 000 000
Sum finansieringsbehov	309 000 000	241 800 000	190 500 000	181 000 000
Finansiering:	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026
Låneopptak investeringar	-157 300 000	-154 100 000	-111 400 000	-100 800 000
Bruk av unyttta lån	-50 000 000	0	0	0
Innlån Husbanken	-60 000 000	-60 000 000	-60 000 000	-60 000 000
Mottatte avdrag på utlån	-10 500 000	-11 000 000	-11 500 000	-12 000 000
Mva kompensasjon	-25 700 000	-12 700 000	-4 600 000	-5 200 000
Sal av tomter				
Sal av utleigebustader	-4 500 000	-3 000 000		
Tilskot/refusjon frå private	0		-2 000 000	-2 000 000
Tilskot frå Husbanken	0	0		
Tilskot frå fylkeskommunen				
Tilskot frå staten				
Overført frå driftsbudsjettet	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000

Økonomiplan for 2023-2026

Sum finansiering	-309 000 000	-241 800 000	-190 500 000	-181 000 000
Udekka finansiering	0	0	0	0

Jfr og forskriftstabellane Bevilgningsoversikt investering §5-5 (2A) og Bevilgningsoversikt §5-5 (2B).

4. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at samla bruk av lån til investeringar i varige driftsmidlar 2023 er kr 207.300.000. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at det blir tatt opp nytt lån til investeringar i varige driftsmidlar på inntil kr 207.300.000 i 2023, jfr kommunelova §14-15. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån og til å avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokument innafor den vedtatte låneramma.

5. Bjørnafjorden kommunestyre ber kommunedirektøren vurdere om kommunen har unytta lånemidlar som kan redusere låneopptaket i 2023.

6. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at det blir tatt opp startlån i Husbanken til vidareutlån på inntil kr 60.000.000. Nedbetaling av låna skal skje i samsvar med gjeldande regelverk. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån og til å avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokument innafor den vedtatte låneramma.

7. Bjørnafjorden kommunestyre godkjenner at låna i låneporteføljen kan refinansierast i året. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om refinansiering av tidlegare opptatte lån, herunder fullmakt til å underteikne lånedokument.

8. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar betalingssatsar, avgifter og gebyr for 2023 slik det går fram av kommunedirektøren sitt budsjettframlegg.

9. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at BIR Privat AS blir delegert fullmakt til å fakturere og krevje inn avfallsgebyret på vegner av Bjørnafjorden kommune, jfr §12 i *Forskrift om håndtering av avfall fra Husholdning*. Avfallsgebyret tilhøyrer Bjørnafjorden kommune.

10. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at prisen på renovasjonstenesta for 2023 blir redusert med 1%, med unntak av eigendelen for levering til gjenvinningsstasjonane og enkelte tenester utanfor standard renovasjon. Desse blir haldne uendra. Kommunalt påslag blir uendra frå i fjor. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar avfallsgebyr i henhold til vedlegg «Pristabell renovasjonsgebyr Bjørnafjorden kommune 2023».

11. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar å bruke høgste sats for kommunalt skatteøyre.

12. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at ev positivt premieavvik i budsjettåret blir sett av på fond for å dekke utgiftsføring av premieavviket påfølgjande år (1 års amortisering).

13. Bjørnafjorden kommunestyre godkjenner at administrasjonen har fullmakt til å bruke fondsmidlar til det føremålet kommunestyret har bestemt, ref økonomireglementet. Administrasjonen har og fullmakt til å gjere budsjettreguleringar som følgje av dette.

14. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at budsjetttramma for Kontroll og revisjon blir sett til kr 1.750.000, jfr vedtak frå møte i kontrollutvalet 01.09.2022 i sak PS 36/22 – Budsjett for kontrollarbeidet i Bjørnafjorden kommune 2023.

15. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at tilskotet til Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd for 2023 blir sett til kr 15.790.000. Tilskot til Fusa frivilligsentral for 2023 blir sett til kr 766.000.
16. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar budsjettframlegget frå Os Idrettspark Bjørnafjorden KF, men slik at kommunalt tilskot 2023 til skulebading blir sett til kr 2.515.000, kommunalt tilskot til idrettshall og uteanlegg blir sett til kr 4.695.000.
17. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar budsjettframlegget frå Oseana Bjørnafjorden KF, men slik at kommunalt tilskot for 2023 blir sett til kr 5.889.000.
18. Kommunedirektøren får fullmakt til å kjøpe og selje utleigebustader innafor dei summane som er sett opp i budsjettet for 2023.
19. Bjørnafjorden kommunestyre ber kommunedirektøren om å legge fram tertialrapportar for kommunestyret som gir oversikt over kommunen si drift og økonomiske stilling.
20. Bjørnafjorden kommunestyre ber kommunedirektøren om legge fram ein tiltaksplan snarast råd etter at konsultentselskapet PWC har levert sine rapportar om moglege innsparings- og omstillingstiltak i sektorane.

Budsjettet på 1 - 2 - 3

Totale driftsinntekter	Kr 2 171 147 000
Skatteinntekter	Kr 884 043 000
Ordinært rammetilskot	Kr 799 696 000
Andre generelle statstilskot	Kr 56 428 000
Netto driftsramme per sektor:	
Stab	Kr 54 849 000
Oppvekst	Kr 745 524 000
Helse og velferd	kr 672 135 000
Samfunnsutvikling	Kr 60 703 000
Prisjustert driftsbudsjett per sektor 2023	3%
Investeringar	Kr 237 500 000
Total låneopptak 2023	inntil kr 207 300 000
Renteutgifter 2023	kr 119 000 000
Avdrag på lån 2023	kr 107 600 000
Utgående balanse totale lån pr 31.12.23	Kr 3 428 486 000
Finansielle nøkkeltall	
Netto lånegjeld, korrigert for ubunde investeringsfond, i % av driftsinntekter	136,4%
Netto driftsresultat, korrigert for netto bundne avsetningar, i % av driftsinntekter	-0,3%
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	21,5%
Inngående egenkapital/disposisjonsfond	Vel 500 millionar kroner

Budsjettet i tall

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

Økonomiplan for 2023-2026

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Skatt på inntekt og formue	-884 043	-898 043	-908 043	-908 043
Ordinært rammetilskudd	-799 696	-809 496	-814 496	-814 496
Andre generelle statstilskot	-56 428	-39 568	-28 946	-28 832
Sum frie inntekter	-1 740 167	-1 747 107	-1 751 485	-1 751 371

Sentrale utgifter

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Sum sentrale utgifter	0	0	0	0

Driftsutgifter per tenestoområde (1B)

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Frie inntekter og Finans	0	0	0	0
Fellesområde	-3 272	12 161	20 789	23 756
Stab	54 849	54 549	54 549	54 549
Oppvekst	745 524	715 991	714 186	714 186
Helse og velferd	672 135	666 789	666 789	666 789
Samfunnsutvikling	60 703	53 834	49 602	47 872
Investeringsprosjekt	0	0	0	0
Driftsutgifter per tenestoområde	1 529 939	1 503 324	1 505 915	1 507 152

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Renteinntekter og utbytte	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Renteutgifter, prov. og andre fin.utgifter	119 000	124 756	125 009	123 617
Avdrag på lån	107 661	109 484	110 999	111 040
Netto kalkulatoriske poster (frå sjølvkost)	0	0	0	0
Netto finansinntekter/finansutgifter	216 661	224 240	226 008	224 657
Finansutgifter i tenestoområda	0	0	0	0
Totale finansutgifter	216 661	224 240	226 008	224 657
Motpost avskrivninger	0	0	0	0

Avsetnader og årsoppgjersdisposisjonar

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Til ubundne avsetninger	16 067	18 543	18 562	18 562
Bruk av ubundne avsetninger	-23 500	0	0	0
Overført til investering	1 000	1 000	1 000	1 000
Bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0
Netto avsettingar	-6 433	19 543	19 562	19 562
Netto avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar i tenesteområda	0	0	0	0
Totale avsettingar	-6 433	19 543	19 562	19 562

Disponering av driftsramma

Oversikt Drift

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Frie inntekter				
Skatt på inntekt og formue	-884 043	-898 043	-908 043	-908 043
Ordinært rammetilskudd	-799 696	-809 496	-814 496	-814 496
Andre generelle statstilskot	-56 428	-39 568	-28 946	-28 832
Sum frie inntekter	-1 740 167	-1 747 107	-1 751 485	-1 751 371
Sentrale utgifter				
Sum sentrale utgifter	0	0	0	0
Driftsutgifter per tenesteområde				
Frie inntekter og Finans	0	0	0	0
Fellesområde	-3 272	12 161	20 789	23 756
Stab	54 849	54 549	54 549	54 549
Oppvekst	745 524	715 991	714 186	714 186
Helse og velferd	672 135	666 789	666 789	666 789
Samfunnsutvikling	60 703	53 834	49 602	47 872
Driftsutgifter per tenesteområde	1 529 939	1 503 324	1 505 915	1 507 152
Korr. finansutgifter i tenesteområda	0	0	0	0
Korr. avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar i tenesteområda	0	0	0	0
Korr. motpost avskrivningar i tenesteområdet	111 865	113 811	115 974	115 974
Brutto resultat (KOSTRA)	-98 363	-129 972	-129 596	-128 245
Renteinntekter og utbytte	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Renteutgifter, prov. og andre fin.utgifter	119 000	124 756	125 009	123 617
Avdrag på lån	107 661	109 484	110 999	111 040
Netto kalkulatoriske poster (frå sjølvkost)	0	0	0	0
Netto finansinntekter/finansutgifter	216 661	224 240	226 008	224 657
Finansutgifter i tenesteområda	0	0	0	0
Totale finansutgifter	216 661	224 240	226 008	224 657
Motpost avskrivninger	0	0	0	0

Økonomiplan for 2023-2026

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Motpost avskrivningar i tenesteområda	-111 865	-113 811	-115 974	-115 974
Netto resultat (KOSTRA)	6 433	-19 543	-19 562	-19 562
Til ubundne avsetninger	16 067	18 543	18 562	18 562
Bruk av ubundne avsetninger	-23 500	0	0	0
Overført til investering	1 000	1 000	1 000	1 000
Bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0
Netto avsettingar	-6 433	19 543	19 562	19 562
Netto avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar i tenesteområda	0	0	0	0
Totale avsettingar	-6 433	19 543	19 562	19 562
Årsoverskot (-)/Årsunderskot (+)	0	0	0	0

Oversikt Investering og finansiering

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Investeringer i varige driftsmidler	237 500	169 800	118 000	108 000
Tilskudd til andres investeringer	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1 000	1 000	1 000	1 000
Utlån av egne midler	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0
Sum finansierungsbehov	238 500	170 800	119 000	109 000
Kompensasjon for merverdiavgift	-25 700	-12 700	-4 600	-5 200
Tilskudd fra andre	0	0	-2 000	-2 000
Salg av varige driftsmidler	-4 500	-3 000	0	0
Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	0	0	0
Bruk av lån	-207 300	-154 100	-111 400	-100 800
Videreutlån	60 000	60 000	60 000	0
Bruk av lån til videreutlån	-60 000	-60 000	-60 000	0
Avdrag på lån til videreutlån	10 500	11 000	11 500	12 000
Mottatte avdrag på videreutlån	-10 500	-11 000	-11 500	-12 000
Overføring fra drift	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Avsetninger til bundne investeringsfond	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0
Avsetninger til ubundet investeringsfond	0	0	0	0
Bruk av ubundet investeringsfond	0	0	0	0
Sum finansiering	-238 500	-170 800	-119 000	-109 000
Sum finansierungsbehov	238 500	170 800	119 000	109 000
Sum finansiering	-238 500	-170 800	-119 000	-109 000
Udekt finansiering	0	0	0	0

Økonomisk status og rammebetingelser

Økonomisk stilling - utfordringsbilette

Den økonomiske situasjonen til Bjørnafjorden kommune har vore vanskeleg sidan starten. Allereie i starten av 2020 starta kommunen omstillingsprosjektet «Bjørnafjorden 22» dei ei av hovudmålsettingane med var å kome ned på eit driftsnivå for kommunen sitt tenestetilbod som var tilpassa kommunen sine inntekter. No når vi nærmar oss slutten av 2022 er status for den økonomiske delen av prosjektet slik:

Sektor	Mål	Gjennomført	Prosentvis innsparing
Helse og velferd - tidl. SIO	14 300 000	11 440 000	80,0 %
Helse og velferd	13 358 000	11 440 000	85,6 %
Oppvekst	33 453 000	26 363 000	78,8 %
Samfunn	19 444 000	19 736 000	101,5 %
Stab og fellesområdet	14 600 000	14 685 000	100,6 %
Totalsum	95 155 000	83 664 000	87,9 %

Kommunen er altså ikkje heilt i mål med prosjektet, men målet er innan rekkevidde.

I statsbudsjettet for 2022 kom meldinga om at SIO prosjektet (Statleg finansiering av omsorgstenestene) blei avslutta allereie i 2022. Prosjektet innebar m.a. at kommunen i prosjektperioden fekk eit trekk i rammetilskotet og i staden mottok øyremerka statstilskot ut frå vedtaka som blir utførte i omsorgssektoren. Kommunen var deltakar i prosjektet i seks år. Alle brukarar som fylte statlege kriteria for vedtak fekk tenester, og auka utgifter til bemanning eller kjøp av tenester blei dekkja av øyremerkete tilskot. Administrasjonen var allereie frå starten av prosjektet uroleg for at det ville bli utfordrande å ta omsorgssektoren tilbake til ordinære driftsbudsjett. Og utfordrande blei det. Økonomiplanen for 2022 – 2025 blei saldert m.a. med bruk av fond, fjerning av priskompensasjon av driftsutgiftene, forlenga avdragstid på lån og reduserte driftsrammer for sektorane, herunder eit nytt prosjekt: Økonomisk handlefridom. Prosjekt Økonomisk handlefridom tek sikte på å redusere sektorane sine utgifter i 2023 med 25 mill. kr i 2023 og ytterlegare 25 mill. kr frå 2024. Dei reduserte driftsrammene er fordelt slik på sektorane:

MÅLTAL INNSPARING	PROSJEKT ØKONOMISK HANDLEFRIDOM			
Framlegg	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026
Fellesområde/stab	700 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000
Oppvekst	6 000 000	16 000 000	16 000 000	16 000 000
Helse og velferd	13 500 000	25 000 000	25 000 000	25 000 000
Samfunnsutvikling	4 800 000	7 800 000	7 800 000	7 800 000
Sum	25 000 000	50 000 000	50 000 000	50 000 000

Det blir vist til avsnittet under for meir informasjon om arbeidet med økonomisk handlefridom.

Vi hadde håpa at det no var «nok», og at kommunen ved stram økonomistyring kunne sjå framover. I staden har vi støtt på nye utfordringar:

- Kostnadsveksten i 2023 – 2026 knytt til løns- og prisvekst, pensjonsauke (reguleringspremie) og auka kapitalkostnader er vesentleg større enn veksten i frie inntekter
- Sektorane klarar ikkje å halde budsjetttrammene dei har fått for 2022

Kostnadsveksten knytt til løns- og prisvekst, pensjonsauke og auka kapitalkostnader er innarbeidd i kommunedirektøren sitt budsjettframlegg. Dog er det knytt usikkerheit til rentenivå og reguleringspremie for åra framover. Som nemnt over er den samla kostnadsveksten høgare enn veksten i frie inntekter, og økonomiplanen er i utgangspunktet underfinansiert.

Når det gjeld sektorane sitt meirforbruk i 2022, og dermed den «farten» tenestenivået har inn i 2023, så må den ned. I 2. tertialrapport 2022 er det varsla eit meirforbruk i sektorane på heile 100 mill. kr, der rett nok ein del skuldast korona-utgifter som ikkje blir vidareført. For 2023 finst det ikkje rom for auke i driftsrammene ut over løns- pris- og pensjonsvekst, tiltak i statsbudsjettet og kommunestyrevedtak gjort i 2022. I klårtekst inneber det at sektorane både må stramme inn tenestenivået til eit nivå der dei ikkje har meirforbruk (budsjett 2022), og stramme inn tilsvarande måltala i prosjekt økonomisk handlefridom.

Administrasjonen har gjennom grundige kostra analyser vist at det framleis finst eit teoretisk innsparingspotensiale i kommunen, ved å sjå på kommunar som har lågare kostnader til tenester enn Bjørnafjorden. Det kan likevel vere forhold i vår kommune som gjer at kostnadsnivået i dei rimelegaste kommunane ikkje umiddelbart lar seg overføre til vår kommune. For å få eit eksternt blick på vårt potensiale har kommunen engasjert konsultentselskapet PWC for å hjelpe oss med å identifisere innsparingar i sektorane. Det blir uansett ei svært krevjande oppgåve å kome i mål med dei innsparingskrava dette budsjettframlegget inneber.

Prosjekt økonomisk handlefridom

Prosjekt Økonomisk handlefridom blei oppretta som ein del av vedtaket vedr økonomiplanen for 2022 – 2025. Prosjektet omfattar både måltal for nye innsparingar i sektorane frå 2023, men og eit politisk utval som skulle hjelpe administrasjonen med å konkretisere tiltak for å nå innsparingsmåla. Prosjektet blei

Økonomiplan for 2023-2026

oppretta som eit alternativ til innføring av eigedomsskatt, som kommunedirektøren foreslo i sitt framlegg til økonomiplan for 2022 – 2025. Innsparingsmåla er 25 mill. kr i 2023 og ytterlegare 25 mill. kr frå 2024. Innsparingsmåla er fordelt på sektorane slik tabellen over viser. På oppfordring om å konkretisere kva tiltak som kan settast inn i sektorane, har administrasjonen levert følgjande oversikt til utvalet:

Tiltak - framlegg frå administrasjonen	Sektor	Innsparing år 1	Innsparing år 2
Reduksjon formannskapets dispfond	Fellesutg	0	200 000
Omlegging turnus/bedre ressursutnyttelse - heimetenestene	Helse	1 000 000	2 000 000
Reduksjon legevakt	Helse	2 000 000	2 000 000
NAV	Helse	2 000 000	2 000 000
Reduksjon helsefremming og rehabilitering	Helse	2 000 000	2 000 000
Omlegging årsturnus institusjon/endre grunnbemanning/reduksjon vikarbruk	Helse	2 500 000	5 000 000
Omlegging turnus/bedre ressursutnyttelse - Psykisk helse/rus	Helse	1 000 000	2 000 000
Omlegging turnus/bedre ressursutnyttelse - tilrettelagte tenester	Helse	3 000 000	5 000 000
Effekt av velferdsteknologi	Helse	0	5 000 000
Synergier familiens hus	Oppvekst	3 000 000	3 000 000
Skule/barnehage - synkende barnetall	Oppvekst	3 000 000	5 000 000
Skulestruktur/barnehagestruktur	Oppvekst	0	8 000 000
Næringssjef	Samfunn	800 000	800 000
Reduksjon Samfunnsutvikling	Samfunn	2 000 000	3 000 000
Reduksjon brann og redning	Samfunn	2 000 000	4 000 000
Reduksjon stab/støtte	Stab	700 000	1 000 000
Totalt		25 000 000	50 000 000

Utval for økonomisk handlefridom (ØKHAN) har behandla framlegget frå administrasjonen, og oversendt følgjande vedtak til kommunestyret:

Utval for prosjekt økonomisk handlefridom tek oversikta over moglege kutt-tiltak til orientering og tilrår for kommunestyret at dei blir baka inn i kommunedirektøren sitt budsjettframlegg for 2023 og økonomiplanen for 2023-2026, med følgjande endring:

Tiltak knytt til Skulestruktur/barnehagestruktur vert tatt ut. 8 mill. kr i 2024 vert dekkja inn gjennom arbeid med pkt. 1-12 under. ØKHAN rår kommunestyret til å leggja følgjande punkt til grunn for det vidare arbeid med budsjett/økonomiplan;

- 1. Kommunen skal aktivt nytta KOSTRA-tal som styringsparameter for tenesteproduksjonen. Kommunen bør setja som mål å redusera kostnadsnivået til gjennomsnittet av dei fem billegaste kommunane i kommunegruppe 9 i KOSTRA.*
- 2. Kommunen bør vurdere ekstern gjennomgang av tenesteområda eller enkelttenester for å identifisera kostnadsreduserande tiltak.*
- 3. Kommunen skal årleg rapportere på tal innbyggjarar i kommunen pr kommunalt årsverk for å synleggjera samla kostnadseffektivitet for heile organisasjonen.*
- 4. Kommunen vidarefører sentral stillingskontroll. Der det er rom for det skal stillingar trekkjast inn ved naturleg avgang.*
- 5. Potensialet for interkommunalt samarbeid bør utgreiast vidare for dei tenestene dette kan være aktuelt.*
- 6. Kommunen må fortløpande vurdere strukturelle og organisatoriske endringar for å sikra effektiv tenesteproduksjon.*
- 7. Kommunen bør setja arealeffektivisering som eit mål i alle tenestesektorane. Dette gjeld både eigde og leigde areal. Ved ledige leigde areal må framleige vurderast dersom kommunen har lange leigekontraktar.*
- 8. Kommunen må gjennom 3-partsamarbeidet arbeida aktivt for å redusera sjukefråværet i organisasjonen.*
- 9. Kommunen må intensivere arbeidet med å leggja til rette for sal av eigedom som kommunen ikkje har planar om å nytta i eigen tenesteproduksjon. Verdioptimaliserande tiltak må vurderast for den einskilde eigedom (konseptutvikling, reguleringsplan m.m.).*
- 10. Konkurransen bør vurderast der analyser syner at anbod kan gje enten lågare kostnader og/eller betre kvalitet på tenestene.*
- 11. Kommunen må leggja ein langsiktig strategi for bruk av premiefond knytt til årleg delbetaling av kostnader til tenestepensjon.*
- 12. Kommunen bør intensivere arbeidet med å søkja statlege og regionale øyremerka midlar innan dei ulike tenesteområda.*

Utvalet ser med dette arbeidet sitt som avslutta.

Administrasjonen har hatt vedtaket med seg i sitt arbeid med budsjettet for 2023/økonomiplanen for 2023 – 2026. Det blir vist til sektorane sine delar av budsjettframlegget for nærare informasjon om korleis innsparingane vedr økonomisk handlefridom er tenkt gjennomført.

Saldering av budsjettet

Som nemnt over blei førre års økonomiplan vedtatt saldert m.a. med bruk av fond, fjerning av priskompensasjon av driftsutgiftene, forlenga avdragstid på lån og reduserte driftsrammer for sektorane (prosjekt økonomisk handlefridom). Dette følgjer med som grunnlag for dette økonomiplan-framlegget. Kommunedirektøren har likevel gjort ei endring når det gjeld priskompensasjon av driftsrammene, ved at den er foreslått gjeninnført som følgje av den høge prisveksten som har skjedd i 2022.

Som nemnt over er den samla kostnadsveksten knytt til løns- og prisvekst, pensjonsauke og auka kapitalkostnader høgare enn veksten i frie inntekter. Kommunedirektøren fremja i fjor forslag om innføring av eigedomsskatt for å betre inntektene til kommunen og skåne innbyggjarane for nye innstrammingstiltak. Eit fleirtal i kommunestyret avviste dette, og lanserte i staden andre tiltak m.a. prosjekt økonomisk handlefridom. Kommunedirektøren må forhalde seg til så sterke politiske signal,

men når kommunen framleis står i ein situasjon der vi manglar pengar er det ikkje så mange verkemiddel att.

I denne krevjande situasjonen ser ikkje kommunedirektøren anna råd enn å bruke ytterlegare midlar av premiefondet (pensjon) som tiltak for å balansere budsjettet. Det seier seg sjølv at dette ikkje er ei berekraftig løysing på sikt. Vi må snu kommunen sin økonomi slik at driftsutgiftene blir dekkja av varige, ordniære driftsinntekter. Kommunedirektøren er beredt til å ta dei grep som er nødvendige for at kommunen skal bli blant dei mest kostnadseffektive i landet. Kontinuerleg omstilling og stram kostnadskontroll vil bli kvardagen framover.

Samla premiefond i KLP Fellesordninga var etter sist årsskifte 133,8 mill. kr. Inkludert i beløpet ligg midlane kommunen fekk tilbakeført i samband med nye pensjonsreglar frå 2020. Beløpet er overført til Storebrand, som frå 2022 er kommunen sin pensjonsleverandør for Fellesordninga etter at konkurranseutsetting blei gjennomført i 2021. Ein av grunnane til konkurranseutsettinga var at det ville frigjere bufferkapital som kunne overførast til premiefondet. Dette blei estimert til ca. 80 mill. kr, men grunna godt resultat i KLP i 2021 blei beløpet 141,2 mill. kr. Samla premiefond i Fellesordninga er dermed 275 mill. kr. Det er budsjettet med å bruke 10 mill. kr av dette premiefondet i 2022 slik at saldo ved utgangen av året er venta å vere 265 mill. kr.

Bruk av premiefond (pensjon) ligg allereie inne i den vedtatte økonomiplanen for 2022 – 2026, og for å få økonomiplanen i balanse foreslår kommunedirektøren ytterlegare bruk i åra 2023 – 2026:

	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026
Økonomiplan 2022 - 2025	- 36 560 000	- 30 560 000	- 18 560 000	- 18 560 000
Framlegg økonomiplan 2023 - 2026	- 29 141 000	- 18 268 000	- 23 080 000	- 18 673 000
Sum bruk	- 65 701 000	- 48 828 000	- 41 640 000	- 37 233 000

Premiefondet vil då utvikle seg slik i planperioden:

	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026
Saldo premiefond 01.01	265 000 000	199 299 000	150 471 000	108 831 000
Budsjettet bruk	- 65 701 000	- 48 828 000	- 41 640 000	- 37 233 000
Saldo premiefond 31.12	199 299 000	150 471 000	108 831 000	71 598 000

Merk at bruk av premiefondet ikkje er eit ordinært fond som ligg i kommunen sin balanse. Dette er fond som ligg hos pensjonsleverandørane, men som kommunen kan nytte i samband med betaling av pensjonspremie. Bruk av premiefond vil påverke kommunen sitt premieavvik, men så lenge kommunen klarar å oppretthalde ordninga med å sette årets premieavvik av på fond for å dekke neste års utgiftsføring, kan ein sjå vekk frå dette.

Statsbudsjettet og frie inntekter

Det er ein pårekna vekst frå 2022 til 2023 i frie inntekter for kommunane samla i Vestland på 3,5 prosent. Pårekna vekst for kommunane samla i landet er også 3,5 prosent. For Bjørnafjorden kommune er pårekna vekst 3,9%.

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyet blir oppjustert frå 10,95 prosent i 2022 til 11,15 prosent i 2023. Skatteøyet er endra for å halde skattedelen av dei samla inntektene på eit stabilt nivå. Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere om lag 40 prosent også for 2023.

Det er ikkje lagt opp til kompensasjon av kostnadsveksten i inneverande år (2022).

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane - kommunal deflator - er i framlegget 3,7 prosent. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerkte tilskot i stats-budsjettet. Kostnadsdeflatoren består av:

Prisvekst produktinnsats	3,0 prosent
Prisvekst investeringar	3,2 prosent
Lønsvekst	4,2 prosent
Samla prisvekst	3,7 prosent

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for primærkommunane frå 2022 til 2023 på om lag kr 1,7 mrd. Denne veksten er rekna frå inntektsnivået i år (2022) som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna meirkostnader demografi i 2023 er førebels rekna til om lag kr 1,7 mrd. for primær-kommunane. Det er m.a.o. lagt til grunn at auken i dei pårekna demografikostnadene blir dekte inn med auken i frie inntekter.

Den ekstraordinære og mellombelse skatteveksten i år (2022) frå utbytteskatt er ikkje med i grunnlaget for inntektsvekst frå 2022 til 2023. Kompensasjon for andre mellombelse tiltak som koronatiltak er også korrigert ut av grunnlaget for pårekna inntektsvekst.

I framlegg til statsbudsjett for 2023 er frie inntekter for Bjørnafjorden kommune sett opp slik:

Rammetilskot:	kr 799.696.000
Skatteinntekter:	Kr 884.043.000
Sum frie inntekter:	Kr 1.683.739.000

Ordinære skjønsmidler frå statsforvaltaren ligg inne i rammetilskotet for 2023 med 5,5 mill. kr., det same som for 2022.

I kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett er frie inntekter for 2023 budsjettert i samsvar med statsbudsjettet. I førre økonomiplan (for 2022 – 2025) vedtok kommunestyret å legge inn ein auke i frie inntekter knytt til demografi vekst i åra framover. Denne er vidareført i samsvar med vedtaket, og inneber at budsjetterte frie inntekter i 2024 er 15 mill. kr høgare enn 2023, og 30 mill. kr høgare enn 2023 i 2025 og 2026.

Frå 2024 er det lagt inn ein auke i frie inntekter knytt til regjeringa sitt framlegg om innføring av grunnrenteskatt for landbaserte vindkraftverk og havbruk med 40%. Regjeringa legg opp til at halvparten av inntektene vil gå til kommunesektoren. Skatten vil bli kravd inn av staten frå og med 2023,

men vil få effekt frå kommunane først frå 2024. Inntektene vil kome som naturressursskatt som vil inngå i berekningsgrunnlaget for inntektsutjamninga og som ei løyving som vil gå inn i rammetilskotet.

Regjeringa har førebels ikkje vist korleis inntektene vil fordele seg på kommunenivå. Overslag viser likevel at frie inntekter kan auke med ca. 8,8 mill. kr pr år, men det blir presisert at dette er eit overslag. Kommunedirektøren har lagt dette beløpet inn i frie inntekter frå 2024.

Generelle statstilskot/andre generelle driftsinntekter

Generelle statstilskot/andre generelle driftsinntekter består av inntekter frå havbruksfond, rentekompensasjon frå Husbanken vedr omsorgsbustader og skulebygg samt integreringstilskot vedr flyktningar.

Inntekter frå havbruksfondet er budsjettert med kr 8.000.000 pr år i planperioden, uendra frå 2022. Rentekompensasjon frå Husbanken er budsjettert med ei inntekt på kr 3.500.000 pr år i planperioden, uendra frå 2022.

Integreringstilskotet vedr flyktningar vil auke frå 2022 som følge av stort mottak av flyktningar frå Ukraina. Det er likevel usikre forhold rundt integreringstilskota framover, spesielt knytt til kor mange flyktningar som vil returnere til heimlandet, og kor mange nye flyktningar som vil kome. Kommunen mister tilskotet for flyktningar som returnerer til heimlandet.

Ettersom det er så stor uvisse m.a. knytt til nye flyktningar, har administrasjonen lagt til grunn at det frå 2023 og framover berre kjem «ordinært» tal flyktningar, dvs. 20 personar. Vi presiserer at dette er ei budsjett-teknisk tilnærming og ikkje signaliserer nokon uvilje til å ta i mot fleire. Ved ev. mottak av fleire flyktningar vil inntektene, men og utgiftene auke, og dette kan løysast ved budsjettregulering i budsjettåret.

Statsbudsjettet og oppgåveendringar

Framlegg til statsbudsjett inneheld ein del tiltak og oppgåveendringar som vil medføre endra utgifter/inntekter for kommunen. Administrasjonen har kompensert sektorane sine driftsrammer for følgjande tiltak:

TILTAK I STATSBUDSJETTET	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026
Opplæringslov skular mv	- 39 000	- 39 000	- 39 000	- 39 000
Gratis deltids plass SFO 1 trinn, heilårseffekt	1 935 000	1 935 000	1 935 000	1 935 000
Barnevern	2 556 000	2 556 000	2 556 000	2 556 000
Redusert maks betaling for barnehageplass	3 030 000	3 030 000	3 030 000	3 030 000
Redusert pensjonssats priv bhg, heilårseffekt	- 534 000	- 534 000	- 534 000	- 534 000
Gratis barnehageplass 3. barn	99 000	99 000	99 000	99 000

Økonomiplan for 2023-2026

Basistilskot fastlegar	-	-	-	-
E helse løysingar	48 000	48 000	48 000	48 000
Sosialhjelp	- 45 000	- 45 000	- 45 000	- 45 000
Barnekoordinator, heilårseffekt	397 000	397 000	397 000	397 000
Auka arbeidsgivar avgift for inntekter over 750.000	733 000	733 000	733 000	733 000
Konsesjonskraft				
Sum	8 180 000	8 180 000	8 180 000	8 180 000

Opplæringslov skular m.v.

Regjeringa tar sikte på å legge fram ny opplæringslov våren 2023. Det er lagt inn ein liten auke i statsbudsjettet slik at kommunane skal kunne tilpasse seg til lovendringa. Samtidig forventar staten at nytt prøve gjennomføringssystem som aukar graden av digitalisering vil gje vinst for kommunane, og det er lagt inn eit trekk i statsbudsjettet. Samla har dette gitt eit trekk i rammetilskotet på kr 39.000. Driftsrammene til sektor Oppvekst er redusert tilsvarende.

Gratis deltids plass SFO 1. trinn, heilårseffekt

12 timars gratis SFO for 1. trinn blei innført hausten 2022. Frå 2023 får tiltaket heilårseffekt, og rammetilskotet er auka som følgje av dette. Den økonomiske effekten for kommunen er rekna til kr 1.935.000 pr år, og driftsrammene til sektor Oppvekst er auka tilsvarende.

Barnevern

Barnevernsreforma trådde i kraft 01.01.2022. Kommunane har som ein del av reforma fått auka finansieringsansvar for ordinære fosterheimar og skal betale auka eigendelar for tiltak gitt av Bufetat. Kommunane har og fått eit meir heilskapleg ansvar for oppfølging av fosterheimar. Frå 01.01.2023 trer det i kraft ny barnevernslov som m.a. gir barnevernstenesta plikt til å utarbeide plan for samvær med barnets familie. Betalingsansvaret for godtgjering av sakkunnige og tolkar i saker for fylkesnemndene blir overført frå kommunane til staten. Samla er rammetilskotet til kommunen auka med kr 2.556.000, og driftsrammene til sektor Oppvekst er auka tilsvarende.

Redusert maksimal betaling for barnehageplass

Maksimalpris for betaling for barnehageplass blei redusert til kr 3.050 pr. mnd. frå 01.08.2022. Frå 01.01.2023 blir det foreslått å redusere maksimalprisen til kr 3.000 pr. mnd. Rammetilskotet til kommunen er auka for å kompensere kommunen for inntektsbortfallet. Den økonomiske effekten for kommunen er rekna til kr 3.030.000, og driftsrammene til sektor Oppvekst er auka tilsvarende.

Redusert pensjonspåslag for private barnehagar, overgangsordning

Pensjonspåslaget for private barnehagar blei redusert frå 13% til 10% frå 01.01.2022. Det blei samtidig innført ei overgangsordning for enkeltstående barnehagar. Denne blir trappa ned frå 2023, og

kommunen får trekk i rammetilskotet som følgje av dette. Den økonomiske effekten for kommunen er rekna til kr 534.000, og driftsrammene til sektor Oppvekst er redusert tilsvarande.

Gratis barnehageplass for 3. barn

Frå 01.08.2023 blir det foreslått innført ei ordning med gratis barnehageplass for 3. barn i familien som går i barnehage samtidig. Den økonomiske effekten for kommunen er førebels rekna til kr 99.000, og driftsrammene til sektor Oppvekst er auka tilsvarande.

Basistilskot fastlegar

Basistilskotet for fastlegar blir foreslått auka frå 01.05.2023. Samtidig blir det foreslått å avvikle ordninga med knekkpunkt, og i staden innført ei ordning med risikojustert basistilskot basert på alder, kjønn og indikator for helsetilstand. Kommunen får ein auke i rammetilskotet på kr 2.294.000 som følgje av dette. Denne blir ikkje overført til sektor Helse og velferd ettersom sektoren har fått auka sine driftsrammer med 6 mill. kr som følgje av F sak 95/22 Fastlegeordninga i Bjørnafjorden kommune – tiltak for å rekruttere og behalde næringsdrivande fastlegar.

E-helse løysingar

Kommunane har eit betalingsansvar for drift og forvaltning av digitalt helse-nett. Rammetilskotet til kommunen er auka med netto kr 48.000 for å dekke delar av kostnadsveksten i samband med denne oppgåva. Driftsrammene til sektor Helse og velferd er auka tilsvarande.

Sosialhjelp

Regelverket for arbeidsavklaringspengar (AAP) er endra slik at behovet for økonomisk sosialhjelp er venta å bli redusert. Samtidig er sosialhjelpsutgiftene venta å auka noko som følgje av endra dagsats for tiltakspengar som blei innført 01.01.2022 samt nye rettleiande satsar for økonomisk sosialhjelp som blei innført frå 01.07.2022. Netto gir desse tre endringane eit trekk i rammetilskotet på kr 45.000, og driftsrammene til sektor Helse og velferd er redusert tilsvarande.

Barnekoordinator, heilårseffekt

Det blei innført lovfasta rett til barnekoordinator frå 01.08.2022. Tiltaket får heilårseffekt i 2023 og kommunen får auka rammetilskot med kr 397.000 som følgje av dette. Driftsrammene til sektor Helse og velferd er auka tilsvarande.

Auka arbeidsgivar avgift på inntekter over kr 750.000

Regjeringa foreslår å auke arbeidsgivar avgifta på den delen av inntekta som overstig kr 750.000 med 5%. Den økonomiske effekten for kommunen er førebels rekna til kr 733.000. Sektorane sine driftsrammer er auka tilsvarande.

Konsesjonskraft

Regjeringa foreslår ei inndraging av ekstraordinære inntekter frå konsesjonskraft i område med høgast straumprisar (NO1, NO2, NO3) gjennom rammetilskotet med 2,2 mrd. kr i 2023. Fordelinga av trekket vil i utgangspunktet bli basert på kommunen sin del av total mengde konsesjonskraft i dei aktuelle prisområda, verdsett til marknadspris. Regjeringa presiserer at ingen kommunar skal bli trekt for inntekter dei ikkje kan realisere som følgje av juridisk bindande kontraktar som er inngått før framlegget

blei kjent. Kommunane skal rapportere til staten om verdien av konsesjonskraft innan 01.12.2022. Trekket for kommunen vil dermed først bli kjent mot slutten av året. Administrasjonen har ikkje kunna lage overslag over kor stort trekket i rammetilskotet vil bli.

Det ligg og andre element/forventningar inne i framlegg til statsbudsjettet som til dømes:

Regjeringa vil styrke og utvikle innsatsen spesielt overfor barn og unge og pasientar med alvorlege og samansette psykiske helse- eller rusproblem. Den økonomiske effekten for kommunen er på dette tidspunktet ikkje kjent.

Innslagspunktet for ressurskrevjande tenester blir auka frå kr 1.470.000 til kr 1.526.000 pr tenestemottakar. Mindre kommunar som har særleg høge utgifter til ressurskrevjande tenester får ein særskilt kompensasjon.

Det er ikkje framlegg om å prioritere eigne stimuleringsmidlar i investeringstilskotet til heildøgns omsorgsplassar.

Regjeringa gjer framlegg om å innføre grunnrente skatt for landbaserte vindkraftverk og på havbruk. Sjå meir informasjon om dette under Statsbudsjettet og frie inntekter.

Nye/auka tiltak i driftsbudsjettet

Som følge av den vanskelege økonomiske situasjonen er det ikkje foreslått nye tiltak i driftsbudsjettet. Det er likevel lagt inn konsekvensar av politiske vedtak i 2022 samt auka utgifter til informasjonstryggleik og gjennomføring av val:

NYE/AUKA DRIFTSTILTAK	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026
F 95/22 Rekruttere og behalde fastlegar	6 000 000	6 000 000	6 000 000	6 000 000
K 39/22 Legevaktsmodell Eikelandsosen	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
K 33/22 Vedtatt statsbudsjett 2022 - gratis deltidsplass SFO	2 265 000	2 265 000	2 265 000	2 265 000
K 33/22 Vedtatt statsbudsjett 2022 - redusert makspris bhg	1 900 000	1 900 000	1 900 000	1 900 000
K 33/22 Vedtatt statsbudsjett 2022 - pensjon private bhg	- 1 850 000	- 1 850 000	- 1 850 000	- 1 850 000
Gjennomføring av val	604 000	-	604 000	- 836 000
Informasjonstryggleik	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000

F 95/22 - Tiltak for å rekruttere og behalde næringsdrivande fastlegar

Formannskapet behandla 21.06.2022 sak om tiltak for å rekruttere og behalde fastlegar i Bjørnafjorden kommune. Tiltaka er rekna til å ha ein heilårseffekt på ca. 6 mill. kr. Driftsrammene til sektor Helse og velferd er auka med denne summen.

K 39/22 – Alternativ til noverande legevaktsmodell Eikelandsosen

Kommunestyret behandla 31.03.2022 sak om ulike modellar for eit meir robust akuttmedisinsk tilbod ved legevaktstasjonen Eikelandsosen. Det blei vedtatt ein modell med oppbemanna legevakt med kjernetid, samt å finansiere ei ordning med legesjåfør ved uttrykking. Samla blei ordningane rekna til å koste ca. 1,5 mill. kr pr år. Driftsrammene til sektor Helse og velferd er auka med denne summen.

K 33/22 – Vedtatt statsbudsjett for 2022

Kommunestyret behandla 31.03.2022 sak om vedtatt statsbudsjett for 2022 og konsekvensane det fekk for kommunebudsjettet. Bjørnafjorden kommune sitt vedtatte budsjett var basert på regjeringa Solberg sitt framlegg til statsbudsjett og delar av den nye regjeringa si tilleggsinnstilling. Endringane omfatta innføring av gratis deltids plass for SFO første trinn frå hausten 2022, redusert makspris for barnehage frå 01.08.2022 og redusert pensjonspåslag for private barnehagar. Dette er dei same tiltaka som får heilårseffekt for 2023 i statsbudsjettet for 2023. Driftsrammene til sektor Helse og velferd er auka med summane i K 33/22, ref. tabellen over.

Gjennomføring av val

Beløpet som ligg inne i økonomiplanen til gjennomføring av val, kr 836.000, er for lav ut frå kva det kosta å gjennomføre valet i 2021. Basert på utgiftene frå 2021- valet må budsjettet aukast med kr 604.000 til kr 1.440.000 i 2023 og 2025. Endringa i 2026 er ei teknisk justering for å få beløpet til 0.

Informasjonstryggleik

Kommunen sine data er stadig meir utsett for angrep/datainnbrot. Når kriminelle først er komne på innsida av kommunen sine system kan dei t.d. stele informasjon, gjere hærverk eller kryptere servere som dei så krev løysepengar for å låse opp. Kommunen har derfor styrka sitt arbeid for å trygge sine data, m.a. ved å inngå eit samarbeid med Telenor sitt sikkerheitssenter (TSOC) om overvaking av data. Fleire tiltak kan bli aktuelle framover. Kommunedirektøren har lagt inn kr 1.000.000 pr år til styrking av informasjonstryggleik.

Føresetnader i driftsbudsjettet

Lønsoppgjeret i 2022 er rekna å få ein heilårseffekt frå 2023 på kr 40.094.000, og sektorane sine budsjetttrammer er kompenserte i samsvar med dette. Det er lagt til grunn ein prisvekst på 3% ref. tal frå framlegg til statsbudsjett, og sektorane sine budsjetttrammer er kompenserte i samsvar med dette (kr 17.728.000). Prisreguleringa er gjort sjølv om kommunestyret vedtok i økonomiplanen for 2022 – 2025 at budsjettet ikkje skulle prisjusterast, dvs. halde seg på 2021 nivå. Dette har vist seg å vere utfordrande i 2022 der vi har opplevd ein prisauke vi ikkje har sett på fleire ti-år. Kommunedirektøren legg til grunn at vedtaket om å ikkje prisjustere budsjettet blei gjort under andre føresetnader enn dagens situasjon, og foreslår derfor å innarbeide prisjustering i sitt framlegg. Tilskota til Kommunale KF, kyrkjeleg fellesråd og Fusa frivilligssentral er prisjustert med 3% ut frå nivået i førre økonomiplan.

Den sentrale lønspotten avsett for å dekke lønsoppgjeret neste år er på 21,5 mill. kr. Det er usikkert om dette vil vere tilstrekkeleg.

Det er lagt til grunn følgjande satsar for pensjonspremie, arbeidsgivar del (tal i parentes er tal i budsjett 2022):

Statens pensjonskasse (SPK): 8,5% (9,20%)

KLP sjukepleieordninga: 24,1% (15,5%)

Fellesordninga Storebrand: 19,0% (14,5%)

Den store auken i premiesatsane skuldast høg forventa reguleringspremie ut frå forventa lønsoppgjer til neste år. Satsane er svært mykje høgare enn for 2022 med unnatak av Statens pensjonskasse, og vil medføre auka utgifter med kr 42.534.000. Sektorane sin driftsrammer er auka med tilsvarende beløp.

Økonomiske måltal - ambisjon

Kommunestyret behandla i møte 22.09.2022 sak 105/22 sak om rullering av kommunen sine finansielle måltal. Kommunestyret vedtok følgjande finansielle måltal frå 2023:

- | | |
|---|------|
| 1. Netto lånegjeld, korrigert for ubunde investeringsfond, i % av driftsinntekter | 112% |
| 2. Netto driftsresultat, korrigert for netto bundne avsetningar, i % av driftsinntekter | 1,5% |
| 3. Disposisjonsfond i % av driftsinntekter | 20% |

Gode måltal seier noko om forhold som har stor effekt på kommunen sin økonomi og handlefridom. KS har saman med forskingsmiljø utvikla ein «trafikklysmode» for vurdering av økonomisk handlefridom, der det er teke utgangspunkt i forholdet mellom netto driftsresultat, netto lånegjeld og disposisjonsfond:

Modell økonomisk handlefridom

Netto lånegjeld, korrigert for ubunde investeringsfond, i % av driftsinntekter

Under 65%

Mellom 65% og 85%

Over 85% av driftsinntekter

Netto driftsresultat, korrigert for netto bundne avsetningar, i % av driftsinntekter

Over 2%

Mellom 1% og 2%

Under 1% av driftsinntekter

Disposisjonsfond i % av driftsinntekter

Over 8%

Mellom 5% og 8%

Under 5% av driftsinntekter

- Grønt nøkkeltal indikerer at kommunen har ein større grad av økonomisk handlefridom
- Gult nøkkeltal indikerer at kommunen har ein moderat grad av økonomisk handlefridom
- Raudt nøkkeltal indikerer at kommunen har ein mindre grad av økonomisk handlefridom

KS utarbeidar kvart år ein oversikt over korleis kvar kommune kjem ut på dei ulike nøkkeltala, basert på siste rekneskapstal. Dei fleste kommunane får litt ulik score på dei tre nøkkeltala. Basert på rekneskapen for 2021 kom Bjørnafjorden kommune slik ut:

Økonomisk handlefridom	År 2021	År 2021	År 2021
	Kommune	Konsern	Landet
Nøkkeltal lånegjeld	116,0 %	114,8 %	85,0 %
Nøkkeltal Netto driftsresultat	6,0 %	5,9 %	4,1 %
Nøkkeltal Disposisjonsfond	26,5 %	26,3 %	13,4 %

Konserntal er kommunen inkludert Kommunale foretak.

Nøkkeltala er best egna brukt på rekneskapstal. Dette har m.a. samanheng med at nøkkeltala blir målt i prosent av driftsinntekter. Faktiske driftsinntekter blir alltid høgare enn budsjetterte driftsinntekter, m.a. som følgje av at kommunen ikkje budsjetterer med refusjonar vedr sjukeløn, fødselspermisjonar m.v. Basert på framlegg til økonomiplan blir nøkkeltala slik:

FINANSIELLE MÅLTAL ØKONOMIPLAN 2023 - 2026	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	136,4 %	138,2 %	138,3 %	138,0 %
Korrigert netto driftsresultat i % av driftsinntekter	-0,3 %	0,9 %	0,9 %	0,9 %
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	21,5 %	20,0 %	20,1 %	20,5 %

Eigenkapital

Ein stor del av kommunen sin eigenkapital består av fondsmidlar. Ved inngangen til 2023 er disposisjonsfonda venta å utgjere vel 500 mill. kr inkl. kraftfondet. I økonomiplanen for 2022 – 2025 blei det vedtatt å bruke 23,5 mill. kr av disposisjonsfonda som eit salderingstiltak for 2023. Dette ligg såleis inne i grunnlaget for neste års budsjett og er ikkje endra. Kommunedirektøren foreslår ikkje ytterlegare bruk av disposisjonsfond i sitt framlegg til økonomiplan. Fleire av fonda er disponert til ulike føremål av kommunestyret, m.a. til fylkesveg Åsen – Helleskaret og andre vegprosjekt. Etter kvart som desse blir utbetalt vil saldo på disposisjonsfonda bli redusert i økonomiplan perioden.

Teoretisk innsparingspotensial

Sjå neste side

Teneste	Målast ved	Bjørnafjorden	Lågst i KOSTRA gruppa	Lågst i KOSTRA- gruppa - kroner	Innbyggjarar i målgruppa	Teoretisk handlingsrom i mill.	Teoretisk handlingsrom %
Grunnskole	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Grunnskole (B)	14 913	Nes (Ak.)	13 986	25 213	27,7	7,4
Pleie og omsorg	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Pleie og omsorg (B)	29 633	Askøy	18 289	25 213	262,9	35,2
Barnevern	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Barnevern (B)	2 014	Færder	1 190	25 213	21,4	42,1
Barnehage	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Barnehage (B)	9 082	Alta	8 664	25 213	11,8	5,2
Kommunehelse	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B)	4 454	Færder	3 074	25 213	34,9	31,1
Sosiale tjenester	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Sosiale tjenester (B)	2 071	Kristiansund	1 923	25 213	2,8	5,4
Kultur og idrett	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kultur og idrett (B)	1 960	Askøy	1 406	25 213	14,0	28,3
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Plan, kulturminner, natur og nærmiljø (B)	570	Elverum	374	25 213	4,9	34,4
Adm, styring og fellesutgifter	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Adm, styring og fellesutgifter (B)	4 594	Horten	3 396	25 213	29,1	25,1
Brann og ulykkesvern	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Brann og ulykkesvern (B)	1 179	Stange	486	25 213	17,5	58,8
Kommunale boliger	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunale boliger (B)	-149	Narvik	-233	25 213	2,1	0,0
Samferdsel	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Samferdsel (B)	1 369	Horten	358	25 213	25,5	73,8
Næringsforv. og konesjonskraft	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Næringsforv. og konesjonskraft (B)	-20	Rana	-426	25 213	10,2	0,0
Kirke	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kirke (B)	608	Ås	410	25 213	5,0	32,6

****) Tala er justert for ulikt utgiftsbehov**

Finans og lånegjeld

Lånegjeld

Kommunen sin langsiktige lånegjeld pr. 31.12.2021 var på 3,2 mrd. kr. Av lånegjelda var 199,1 mill. kr startlån til vidareutlån. Ut frå bokførte verdier kan vi rekna at om lag 1,05 mrd. kr av gjelda kan tilskrivas vass- og kloakkområdet (sjølvkost), medan 131,5 mill. kr var lån med rentekompensasjon frå staten. Dette betyr at ein god del av lånegjelda har eksternfinansiert rente:

	31.12.2021	31.12.2020
Totale innlån:	3 233 906 019	3 135 987 054
Innlån startlån til vidare utlån	199 133 050	153 927 965
Lån til investeringsformål:	3 034 772 969	2 982 059 089
Lån knytte til sjølvkost*	1 051 765 345	983 364 359
Lån med rentekompensasjon:	131 523 554	134 817 823
Lån med eksternfinansiert rente:	1 183 288 899	1 118 182 182
Lån som finansierast av kommunen:	1 851 484 070	1 863 876 907
* Rekna ut frå UB balanseførte anlegg		


Kommunen sine lån består av ordinære gjeldsbrevlån, obligasjonslån og sertifikatlån. Deler av låneporteføljen har rentebinding for å redusere risiko for auka utgifter ved ev renteauke. Pr. 31.12.2021 var låneporteføljen samansett slik:

	Beløp	Fordeling %
Lån med flytande rente	1 639 193 450	51 %
Sertifikatlån/Obligasjon 0 -12 mnd	370 540 000	11 %
Fastrentelån, 1 - 5 år	386 295 955	12 %
Obligasjonslån, 1 - 5 år	433 000 000	13 %
Fastrentelån, 5 - 10 år	-	0 %
Obligasjonslån, 5 - 10 år	389 000 000	12 %

Renteswap	-	0 %
Anna definert som gjeld i balansen	15 876 614	0 %
SUM	3 233 906 019	100 %

Om vi måler langsiktig lånegjeld pr innbyggjar utgjer det kr 128.279. For landet (eks Oslo) er tilsvarende tal kr 111.189 pr innbyggjar og for kostra gruppe 9 kr 123.187 pr innbyggjar. Kommunane kan ha ulik evne til å tole lånegjeld, derfor nyttar vi ofte langsiktig lånegjeld i prosent av driftsinntekter som nøkkeltal. Då ser vi at nøkkeltalet for kommunen er 132,7% medan tilsvarende tal for landet (eks Oslo) er 114,5% og kostra gruppe 9 131,6%.

Tala viser at kommunen si lånegjeld er høg i forhold til mange andre kommunar. Med aukande rentenivå vil høg lånegjeld bli ein større byrde for driftsbudsjettet. Administrasjonen foreslår derfor å redusere investeringstakta i komande økonomiplan perioden.



I 2022 har vi tatt opp lån til investeringar med 152 mill. kr. Pr 2. tertial 2022 er lånegjelda 3,37 mrd. kr. Andre forhold med lånegjelda pr 2 tertial 2021:

Tal i heile tusen		
Nøkkeltal lånegjeld	2 tertial 2022	Forklaring
Vekta gjennomsnittsrente	2,09 %	Vekta gjennomsnittleg rente til neste forfall
Rentebindingstid	1,19 år	Kor lenge renta på låna er fast
Løpetid/kapitalbinding	7,99 år	Kor lang tid det tar før låna er forfalt til betaling

Økonomiplan for 2023-2026

Budsjettetert avdragstid	28,5 år	Tilsvarande 3,5% av lånegjeld til investeringar
Verdi på lån som har forfall innan 1 år	647 840	I hovudsak sertifikatlån/obligasjonslån
Rentesensitivitet ved 1% renteauke	23 586	Utan omsyn til ekstern finansiert rente

I budsjettframlegget blir det lagt til slik utvikling i lånegjelda:

Utvikling lånegjeld:	År 2022	År 2023	År 2024	År 2025	År 2026
Tal i heile tusen					
IB ordinære lån	3 034 773	3 080 246	3 129 885	3 174 501	3 174 902
IB startlån	199 133	249 101	298 601	347 601	396 101
Sum IB totale lån	3 233 906	3 329 347	3 428 486	3 522 102	3 571 003
Låneopptak ordinære lån	152 000	157 300	154 100	111 400	100 800
Låneopptak startlån	60 000	60 000	60 000	60 000	60 000
Sum låneopptak	212 000	217 300	214 100	171 400	160 800
Avdrag ordinære lån	106 527	107 661	109 484	110 999	111 040
Avdrag startlån	10 032	10 500	11 000	11 500	12 000
Sum avdrag	116 559	118 161	120 484	122 499	123 040
UB Ordinære lån	3 080 246	3 129 885	3 174 501	3 174 902	3 164 662
UB Startlån	249 101	298 601	347 601	396 101	444 101
UB totale lån	3 329 347	3 428 486	3 522 102	3 571 003	3 608 763

Finansutgifter

Rentenivået har auka kraftig siste året. Norges Bank har heva styringsrenta i raskt tempo i håp om å få kontroll på inflasjonen som også har auka mykje siste året. Forventningane om framtidig rente – rentekurven – har svinga uvanleg mykje denne hausten. Dette har gjort det vanskeleg å fastsette renteføresetnadene i budsjettframlegget. Vi har rekna om fleire gangar, men på eitt tidspunkt må vi bestemme oss for eit nivå. Administrasjonen har i budsjettframlegget lagt til grunn følgjande føresetnader for lån med flytande rente:

	Bud. 2023	Bud. 2024	Bud. 2025	Bud. 2026
3 mnd nibor	3,75 %	3,75 %	3,50 %	3,40 %

Økonomiplan for 2023-2026

Påslag kommunalbanken	0,60 %	0,60 %	0,60 %	0,60 %
Rentefot nibor lån	4,35 %	4,35 %	4,10 %	4,00 %
Rentefot p.t. rente	4,35 %	4,35 %	4,10 %	4,00 %
Rentefot sertifikatlån	3,75 %	3,75 %	3,50 %	3,40 %

Lån med fast rente er lagt inn med gjeldande rentesats.

Avdrag på ordinære lån er budsjettert med 3,5%, noko som tilsvarar minimumsavdrag.

I forhold til gjeldande økonomiplan for 2022 – 2025 må renteutgiftene aukast med brutto kr 41.943.000 for 2023 medan avdraga kan reduserast med kr 975.000. Ein del av investeringane er avgiftsfinansiert (i hovudsak investeringar i vatn og avlaup) og inntekter frå slike kalkulatoriske postar kan aukast med kr 11.322.000 for 2023.

Finansinntekter

Kommunen sine renteinntekter vedr kortsiktige finansielle midlar (i hovudsak bankinnskott) er auka med tre mill. kr frå 2022 til 2023 som følgje av generell renteauke. Nivået på renteinntekter må vurderast kvart år framover, ut frå korleis rentenivået og kommunens likviditet utviklar seg. Årleg utbyte på 1 mill. kr frå kommunale aksjeselskap er og vidareført i perioden.

Frå 01.11.2021 har DnB vore kommunen sin hovudbank.


Kommunen har langsiktige finansielle midlar, finansportefølje, etter sal av kraftaksjar i starten av århundret. Finansreglementet gir rammer og retningslinjer for kommunen si finansforvaltning medrekna målsettingar, risikoavgrensingar, strategiar, fullmakter og rapportering. Til hjelp i arbeidet med finansforvaltninga har kommunen nytta Gabler Investment Consulting AS som rådgivar. Avtale om finansiell rådgiving har vore ute på anbod i 2022, og frå 01.01.2023 blir Norne Securities AS ny finansiell rådgivar.

Pr 2. tertial 2022 hadde finansporteføljen ein marknadsverdi på 151,6mill. kr fordelt slik:

tal i heile tusen	Markedsverdi	Fordeling %
Pengemarknadsfond	14 769	9,7 %
Norske obligasjonsfond	15 134	10,0 %
Globale obligasjonsfond	43 643	28,8 %
Norske aksjefond	16 257	10,7 %
Globale aksjefond	42 334	27,9 %
Eigedomsfond	19 448	12,8 %

Økonomiplan for 2023-2026

SUM	151 585	100 %
------------	----------------	--------------



Kommunen har ikkje budsjettet med avkastning av finansporteføljen.

Investeringar i økonomiplanen

Investeringstabell for kommunen samla Bjørnafjorden

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Investeringsprosjekter				
Frie inntekter og Finans				
Egenkapitalinnskott KLP	1 000	1 000	1 000	1 000
Sum Frie inntekter og Finans	1 000	1 000	1 000	1 000
Oppvekst				
Jettegryto barnehage - nybygg	22 000	0	0	0
Klassesett PC	2 000	2 000	2 000	2 000
Uteområder skular og barnehagar	1 000	1 000	1 000	1 000
Sum Oppvekst	25 000	3 000	3 000	3 000
Helse og velferd				
Bufellesskap	35 000	15 000	0	0
Hjelpemiddellager/base Heimetenester	40 000	18 000	0	0
Kjøp av utleigebustader	9 000	6 000	0	0
Microhus	4 000	0	0	0
Velferdsteknologi	3 000	3 000	3 000	3 000
Sum Helse og velferd	91 000	42 000	3 000	3 000
Samfunnsutvikling				
Avlaupsprosjekt	35 000	35 000	40 000	40 000
Bru over Oselva	0	0	0	1 000
Flaumsikring Langedalsvatnet	0	0	0	500
Flaumsikring Strandvik	0	0	1 500	2 500
Industrikai Eikelandssosen	4 000	4 000	0	0
Kjøp av tomter og bygg	2 000	2 000	2 000	2 000
Kommunal infrastruktur	5 000	5 000	5 000	5 000
Kommunal Veg Revsåsen	10 000	8 300	3 000	0
Ombygging kommunale bygg	5 000	5 000	5 000	5 000
Ombygging Kommunesynet	10 000	0	0	0
Prosjektering utbyggingsområder	1 000	1 000	1 000	1 000
Rullande materiell	2 500	7 500	2 500	2 500
Tiltak i trafikksikringsplan	2 000	2 000	2 000	2 000
VA anlegg ny vei Åsen	10 000	20 000	10 000	0
Vassprosjekt	35 000	35 000	40 000	40 000
Vegkryss Steinneset	0	0	0	500
Sum Samfunnsutvikling	121 500	124 800	112 000	102 000
Sum	238 500	170 800	119 000	109 000

Oppvekst

Jettegryto barnehage - nybygg

Gamle Jettegryto barnehage innfridde ikkje forskriftskrava som gjeld for barnehager. Den var prega av manglande vedlikehald både ute og inne.

Bjørnafjorden kommunestyre vedtok å byggja ny Jettegryto barnehage med kostnadsramme på 48 mill.kr (sak 75/2021).

Ny barnehage er under oppføring og skal byggjast med fire avdelingar og 96 storbarnsekvivalenter. På grunn av stor prisauke har ein auka kostnadsramma med 15% til 55 mill.kr for å ta høgde for LPS i prosjektet.

Prosjektet er i byggjefase og er planlagt ferdigstilt sommaren 2023.

Klassesett PC

Nytt årsprosjekt for innkjøp av klassesett med PC.

Uteområder skular og barnehagar

Prosjektet gjeld oppgradering av uteområda til skulane og barnehagane i Bjørnafjorden kommune.

Helse og velferd

Bufellesskap

Nytt bufellesskap på Søfteland med 6 bueiningar, fellesareal og personalbase. Det har tidlegare vært gjort vurderingar med hensyn på val av tomt og ein har landa på Furufalten 34. Prosjektramme er justert til 55 mill.kr med bakgrunn i høge og usikre LPS-kostnader.

Prosjektet er tildelt oktober 2022, planlagt ferdig 1.kvartal 2024.

Prosjektskisse:



Bjørnafjorden Kommune Søfteland bofellesskap Furufalten 34,5212 Søfteland 3D Oversikt nord-øst		Dato: 2022
Arkitekt: G&H Prosjekt: 202113300		Dato: 06.01.2022
Arkitekt: G&H Prosjekt: 202113300		Skisse: 1.14.1.199
Arkitekt: G&H Prosjekt: 202113300		Prosjekt: 202113300
Arkitekt: G&H Prosjekt: 202113300		Prosjekt: 202113300
Arkitekt: G&H Prosjekt: 202113300		Prosjekt: 202113300
Arkitekt: G&H Prosjekt: 202113300		Prosjekt: 202113300
Arkitekt: G&H Prosjekt: 202113300		Prosjekt: 202113300
Arkitekt: G&H Prosjekt: 202113300		Prosjekt: 202113300
Arkitekt: G&H Prosjekt: 202113300		Prosjekt: 202113300

Hjelpemiddellager/base Heimetenester

Hjelpemiddellager og base for heimetenesta vert bygd som nybygg ved Luranetunet, jf. kommunestyresak 111/2022, møte den 22.09.2022.

Prosjektering pågår. Prosjektramme sett til på 59 mill.kr.

Kjøp av utleigebustader

Investeringsmidlar for kjøp av kommunale bustader.

Bustadtenesta ser det som formålstenleg å kunne kjøpe og selge nokon bustader, slik at ein får meir optimale kommunale bustader, både med tanke på plassering og storleik/type.

Prosjektet er ikkje knytt til konkrete bustader, men er ei budsjettmessig ramme.

Microhus

Administrasjonen har lagt inn budsjett for å setja opp to mikrohus.

Det har tidlegare (i Os kommunestyre, sak 18/3904 av 30.10.2018) vert fatta vedtak om testing av mikrohus som mogleg buform.

Det har i den siste tida vore krevjande å finna stabil og god bustadsituasjon for aktuelle kandidatar for mikrohus. Ved hjelp av mikrohus slepp kommunen å nytte kostbare hospitsplassar. Mikrohus vil kunne gje ein betre og meir stabil busituasjon for brukarar innan rus og psykiatrifeltet som har behov for samansette tenester av kommunen. Visar vidare til kommunestyresak 128/2022 om etablering av mikrohus.

Velferdsteknologi

Nytt årsprosjekt for velferdsteknologi i helsesektoren.

Velferdsteknologi er det satsa på i kommunen og det er viktig at ein har investeringsmidlar for å følgje opp ulike tiltak.

Midlar til bl.a. å dekkje velferdsteknologiske hjelpemiddel og teknisk infrastruktur.

Samfunnsutvikling

Avlaupsprosjekt

Dette er eit samleprosjekt for kommunale investeringsprosjekt innan avlaupssektoren, for pågåande og vidare arbeid er det lagt inn 35 mill.kr pr år i dei to neste åra, deretter 40 mill.kr pr år.

Større prosjekt som pågår eller er i prosjekteringsfasen er bl.a. overføring av avløp frå

Solstrandsområdet til OHARA, VA Brugata, VA Landboden, VA Hatvikvegen, fleire avløpspumpestasjonar og rehabilitering av ledningsnett.


Ny kommunedelplan for vassforsyning og avløp for heile Bjørnafjorden kommune er under utarbeiding og kjem til politisk behandlast tidleg i 2023. Økonomiplanen må evt. justerast etter vedtaket for kommunedelplanen.

Bru over Oselva

Administrasjonen har lagt inn midlar for forstudie / moglegheitsstudie for bru over Oselva, frå "Essotomta" til park ved Irisgården.

Visar til Planomtale (av 15.06.2022) med planlagd arealbruk i Områdeplan for Osøyro som er på høyring fram til 7.des. 2022, der "Bydraget" er eit viktig område med bl.a. ny gangbru mot Steinneset aust for elva.

Frå planomtaledokumentet:



Figur 28 – Føreslåtte hovudgrep, stadanalyse og mulegheitsstudie Osøyro (2014) Asplan Viak

Flaumsikring Langedalsvatnet

Forstudie for å vurdere behovet og kost/nytte med eventuelle flomdempingstiltak av utløp i Langedalsvatnet (konsekvensutredning).

Jf. formannskapssak 78/2022 av 02.06.2022 om Mulighetsstudie flomsikring Sævareid og eige notat om dam for flomdemping.

Sammendrag av mulighetsstudie - vurdering av dam for flomdemping:

SAMMENDRAG

I forbindelse med prosjektet Mulighetsstudie flomsikring Sævareid er Multiconsult engasjert for å vurdere etablering av dam ved utløpet av Langedalsvatnet med den hensikt å oppnå flomdempning av Haugaelva og forbedre produksjonskapasitet til kraftstasjonen som ligger nedstrøms det vannet.

Det er vurdert bygning av en klasse 2 steinfyllingsdam med tettekjerne i betong. Gjennom dammen etableres en kulvert med luke og lukehus.

Dam ved utløpet av Langedalsvatnet er kostnadsberegnet til ca. kr 9 mill.

Flaumsikring Strandvik


Flaum i Vikeelva i Strandvik har flere ganger medført skade på bygninger og annen infrastruktur i området. Det var utarbeidet flaumrapport i 2019 som dels er fulgt opp med tiltak i nedre del av elva, i samband med etablering av Strandvikparken

Flaumsikringstiltak i Strandvik med bakgrunn i formannskaps sak 79/2022, 02.06.2022. Lagt til grunn alternativ 5 med mur og voll frå idrettsplass og vidare opp mot svingen på elva. jf. Rapport frå Head Energy av 04.11.2021.

Utdrag fra rapporten fra Head Energy, alternativ 5:

Simuleringen viser at dette vil gi en god flomsikring av både skolen og idrettsanlegget. Da i kombinasjon med mur rundt kirke og nedre bebyggelse.

Da det er stedvis veldig smalt mellom idrettsanlegg og elvebredde, kan flomsikringen være en kombinasjon av mur og voll. Nord for idrettsanlegget er det god plass til å etablere voll.



Bilde 10: Mur langs veg i øst, jordvoll og mur i vest.

Industrikai Eikelandsosen

Det er nødvendig med reparasjon og oppgradering av Industrikai Eikelandsosen, bæreevna er svekka og konsekvensen kan bli stenging dersom ein ikkje får utbedra kaien.

Det er utført spesialkontroll av Safe Control, samt at Asplan Viak AS har laga beskrivelse av anbefalte reparasjonar og forsterkningar.

Kjøp av tomter og bygg

Prosjektet gjeld kjøp av strategisk viktige tomter i Bjørnafjorden kommune. Prosjektet er ikkje knytt til konkrete tomter, men er ei budsjettmessig ramme.

Kommunal infrastruktur

Prosjektet gjeld løpande oppgradering av kommunal infrastruktur, til dømes vegar, bruer og kaiar, som er av ein slik art at det er naudsynt med ei investering.

Kommunal Veg Revsåsen

Kommunal veg i Revsåsen (opsjon i Åsen - Helleskaret prosjektet) er skilt ut med eige prosjektnummer. Arbeid med grunnnerv og prosjektering pågår haust 2022. Estimert byggetid for heile prosjektet Åsen-Helleskaret er 2 - 2,5 år.

Ombygging kommunale bygg

Administrasjonen har lagt inn løpande investering på 5 mill. kr til oppgradering og ombygging av kommunale bygg. Dette vil særleg vera aktuelt for kommunale bygg som har ei så høg slitasje at

strakstiltak er nødvendige. Mindre tilpassingar av innvendige fasilitetar i kommunale bygg takast også innanfor denne budsjettposten.

Ombygging Kommuneset

Administrasjonen har lagt inn prosjektmidlar til bygningsmessige endringar og tiltak for å auka aktiviteten i Kommuneset. Administrasjonen har lagt til grunn å få flest mogleg av dei som sit i leigde kontor i Eikelandssosen til å få arbeidsplassen sin på Kommuneset, slik at behovet for å leige lokalar går ned. Vidare ser ein på areal til BUA utlånssentral i lag med bibliotekarealet. For å gjere Kommuneset brukarvenleg og attraktivt for publikum og tilsette er det behov for ombygging og teknisk oppgradering, med bl.a. heis for å nytte 2.etg, utskifting av ventilasjonsanlegg og utbetring av tak-lekkasjar.

Prosjektering utbyggingsområder

Prosjektet gjeld generelle midlar til studier og utvikling av prosjekt/utbyggingsområde i ein tidlegfase.

Rullande materiell

Prosjektet gjeld kjøp av rullande materiell, til dømes bilar og gravemaskiner. Ein av brannbilane treng avløyssing på grunn av den vert "veteranbil". Kjøp av brannbil med 5 mill.kr er flytta fram til 2024, då det er lang leveringstid for denne type køyretøy som skal byggjast opp.

Tiltak i trafikksikringsplan

Løpande investering til trafikksikring. Prioritering bør følge Handlingsplanen til Trafikksikringsplanen.

VA anlegg ny vei Åsen

Gjelder VA-anlegg for prosjektet Ny veg Åsen (Åsen-Helleskaret), inkludert kommunal veg Revsåsen. Kommunen har behov for å ruste opp VA-anlegget mot Lysefjorden og koble avløpet opp mot OHARA.

Vassprosjekt

Dette er eit samleprosjekt for kommunale investeringsprosjekt innan vassforsyning, for pågåande og vidare arbeid er det lagt inn 35 mill.kr pr år i dei to neste åra, deretter 40 mill.kr pr år. Større VA prosjekt som pågår og er under planlegging er bl.a. oppgradering av dam i Steindalsvatnet, VA Landboden, VA Hatvikvegen, VA Brugata, Os VBA(lamellseparator) og forsterka vassforsyning Skjelbreid. Ny kommunedelplan for vassforsyning og avløp for heile Bjørnafjorden kommune er under utarbeiding og kjem til politisk behandling tidleg i 2023. Økonomiplanen må evt. justerast etter vedtaket for kommunedelplanen.

Vegkryss Steinneset

Administrasjonen har lagt inn midlar til forprosjekt/prosjektering av vegkrysset Steinneset. I følge Områdeplan for Osøyro (som er på høyring fram til 7.des. 2022) er det bl.a. i ROS-analysen peikt på at utbetring av kryssområda langs fv. 552 er viktig for å oppretthalde god trafikktryggleik.

Oversikt Investering og finansiering

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Investeringer i varige driftsmidler	237 500	169 800	118 000	108 000
Tilskudd til andres investeringer	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1 000	1 000	1 000	1 000
Utlån av egne midler	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0
Sum finansieringsbehov	238 500	170 800	119 000	109 000

Økonomiplan for 2023-2026

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Kompensasjon for merverdiavgift	-25 700	-12 700	-4 600	-5 200
Tilskudd fra andre	0	0	-2 000	-2 000
Salg av varige driftsmidler	-4 500	-3 000	0	0
Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	0	0	0
Bruk av lån	-207 300	-154 100	-111 400	-100 800
Videreutlån	60 000	60 000	60 000	0
Bruk av lån til videreutlån	-60 000	-60 000	-60 000	0
Avdrag på lån til videreutlån	10 500	11 000	11 500	12 000
Mottatte avdrag på videreutlån	-10 500	-11 000	-11 500	-12 000
Overføring fra drift	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Avsetninger til bundne investeringsfond	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0
Avsetninger til ubundet investeringsfond	0	0	0	0
Bruk av ubundet investeringsfond	0	0	0	0
Sum finansiering	-238 500	-170 800	-119 000	-109 000
Sum finansieringsbehov	238 500	170 800	119 000	109 000
Sum finansiering	-238 500	-170 800	-119 000	-109 000
Udekt finansiering	0	0	0	0

Klimabudsjett

Klimabudsjett 2023

Kommunestyret i Bjørnafjorden godkjente kommunedelplan for klima, energi og miljø (KLEM-planen) i sitt møte 16.12.2021. Planen er ambisiøs, men samstundes realistisk i si utforming av strategiar og tiltak for å gjere Bjørnafjorden til eit fossiltfritt samfunn innan 2030 og eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Kommunedelplanen legg føringar for at det skal utarbeidast klimarekneskap og klimabudsjett for kommunen.

Medan ein klimarekneskap syner kva utslepp kommunen har av klima-skadelege gassar (CO₂-ekvivalentar) syner eit klimabudsjett kva tiltak kommunen bør prioritere i aktuelle budsjettperiode. KLEM-planen legg tydeleg føring på at klima-budsjettet skal fullverdig integrerast i kommunen si overordna handlings- og økonomiplan. Det er i det ordinære budsjettarbeidet at kostnadane som følgjer dei naudsynte klimatiltaka skal synleggjerast og sikrast finansiering. Dette arbeidet er altså ikkje lagt til utarbeidinga av dette framlegget til klimabudsjett.

Med meir enn 95% sikkerheit har verdas klimaforskarar slått fast at klimakrisa verda no opplev er menneskeskapt. Endringane skjer så raskt og er av eit slikt omfang at kjende, naturlege prosessar ikkje kan forklare dei. Dette gjer at det er menneskeleg aktivitet som må endrast for å redusere omfanget av og etter kvart òg stogge klimaendringane. FN har sett ned to internasjonale ekspertpanel for å kvalitetssikre utarbeide internasjonale strategiar for å møte utfordringane innan klima og natur. Ekspertane i dei to panela er samde om at dei to krisene er jambyrdig utfordrande for menneskeheita og må løysast i samanheng. Det vert òg peikt på at knappheita på energi er den største einskilddrivaren bak klimakrisa. Det vert såleis frarådd å jobbe med klimatiltak utan at det samstundes òg vert jobba med natur- og energitiltak. Desse tre områda grip i stadig større omfang inn i kvarandre og aktuelle løysingar innan eit av områda må ikkje sjåast på isolert, men i kontekst av dei to andre. Såleis er KLEM-planen til Bjørnafjorden, med si tredeling, eit særskilt godt utgangspunkt for å handtere dei komplekse utfordringane som følgjer av klimakrisa.

I planstrategien for Bjørnafjorden kommune er det slått fast at all overordna planlegging skal legge til grunn FN sine berekraftsmål.



Fig: FN sine bærekraftsmål og målhierarki (kjelde: FN-sambandet)

KLEM-planen har difor lagt FN sine bærekraftsmål om klima, energi og miljø til grunn, men har vidare supplert med måla om bærekraftige byar og tettstader (jf. samordna areal- og transportplanlegging), innovasjon og infrastruktur (jf. ny teknologi og nye reisemiddel), rein energi (jf. bærekraftige energisystem), reint vatn (jf. god kjemisk og økologisk tilstand i kommunen sine vassressursar) ansvarleg forbruk (jf. sirkulær-økonomi), god livskvalitet (jf. gode bumiljø for alle) og til sist målet om eit bærekraftig natur-miljø på land og i vann (jf. sikre naturmangfaldet).

Miljødirektoratet har utarbeida ein nasjonal vegleiar for utarbeiding av klimabudsjett. Det er nokre sentrale premiss som er lagt til grunn, og som er avgjerande at kommunane forstår betydinga av når dei jobbar med sine budsjett. Metodikken er bygd opp om ein overordna firdelt, rullerande prosess.



Fig: Kontinuerleg prosess for klimabudsjettarbeidet (kjelde: Miljødirektoratet)

Før arbeidet med klimabudsjettet kan starte peikar veiledaren på betydninga av at organisasjonen har ei felles forståing av kva eit klimabudsjett er og korleis arbeidet med utarbeidinga av dette er organisert. For dei første klimabudsjetta som vert utarbeid er det viktig å foreta avgrensingar. Det tek noko tid å lære seg metodikk for utarbeiding og ikkje minst korleis kople klimabudsjettet til det ordinære budsjettet. Det tek òg tid å lære seg å kople klimarekneskapen til klimabudsjettet, og til sist det å forstå dei digitale plattformane som rekneskap og budsjett skal presenterast på (Klimakost, Kostra, Framsikt m.v.).

Eit klimabudsjett er eit styringsverktøy for å oppnå klimagassreduksjonar og andre vedtekne klimamål (lokalt, regionalt og nasjonalt). Klimabudsjettet presenterar tiltak for å redusere utslepp, anslått effekt av tiltaka og fordeling av ansvar for gjennomføring av dei ulike tiltaka.

I den nasjonale veiledaren kjem det tydeleg fram at det er kommunedirektøren som eig klimabudsjettet og som er ansvarleg for å sikre gjennomføring av arbeidet og samankopling til kommunen sitt ordinære budsjett.




Fig: Organisering av klimabudsjettprosessen (kjelde: Miljødirektoratet)

I tillegg til å forstå organiseringa av klimabudsjettarbeidet er det viktig dei første åra kommunen skal bygge kompetanse kring utarbeiding av klimabudsjett at ein gjer tydelege avgrensingar. Ei slik avgrensing av tematikk for kva område som skal rapporterst/budsjetterast på er viktig av fleire grunnar, men slitasje på eigen organisasjon, tap av oversikt og ikkje minst kvalitet i arbeidet er viktig å merke seg.

Klimabudsjettet kan omfatte klimatiltak for å redusere direkte og indirekte utslepp, klimatilpasningstiltak eller energitiltak. For klimabudsjett som vert utarbeid for første gong, men òg for dei to, tre neste gongane, så vert det i den nasjonale veiledaren anbefalt å avgrense klimabudsjettet til direkte utslepp og då utslepp knytt til kommunen sin eiga verksemd. Dette er ei avgrensing som òg er kjend som *Scope 1*.




Fig: Avgrensingsmatrise (kjelde: Miljødirektoratet)

Kommunen har sett ned ei intern arbeidsgruppe som er satt saman av klima- og miljøvernleiaren i kommunen, spesialkonsulent og rådgjevar frå økonomiavdelinga. Arbeidsgruppa har hatt ansvaret for å utarbeide dette første utkastet til klimabudsjett og har vore i kontakt med KS for å be om råd med omsyn til usikkerheita knytt til kvaliteten i arbeidet. Det er openbart ei svakheit ved utkastet at ikkje arbeidet har inkludert alle tenesteområda/ fagavdelingane i organisasjonen. KS har meldt tilbake til gruppa at Bjørnafjorden kommune på inga måte er åleine om å ha denne utfordringa når kommunen sitt aller første klimabudsjett skal utarbeidast.

Det er arbeidsgruppa si tilråding at slik brei deltaking må sikrast i utarbeidinga av seinare års klimabudsjett.

Bjørnafjorden kommune sin visjon, overordna klimamål og strategiar

I kommunedelplanen for klima, energi og miljø er følgjande visjon vedteken av kommunestyret i Bjørnafjorden:

«Bjørnafjorden kommune skal innan 2050 vere eit lågutsleppssamfunn».

Vidare er det vedteke at kommunen skal arbeide for å

- **vere fossilfri innan 2030**
- **stanse tap av naturmangfald**
- **stanse forureining av grunn- og vassressursar**

Kommunen skal vere pådrivar for klimaomstilling

Kommunestyret fatta òg vedtak om følgjande hovudmål for kommunedelplanen:

- *Dei direkte klimagassutsleppa innafor Bjørnafjorden kommune sine grenser (ekskl. sjøfart) skal reduserast med **55% innan 2030**, sett i høve til 2009.*
- *Bjørnafjorden kommune skal redusera dei direkte klimagassutsleppa frå eiga verksemd med **90 % innan 2030**, sett i høve til 2009.*
- *Klimafotavtrykket innafor Bjørnafjorden kommune sine grenser skal reduserast monaleg innan 2030.*
- *Bjørnafjorden kommune skal **innan 2023** innarbeide rutinar på alle tenestekområde som sikrar mot eit vidare tap av naturmangfald.*
- *Bjørnafjorden kommune skal **innan 2025** berre nytte fornybar energi eller energi med opprinnelegheitsgaranti.*

Som rettesnor for kommunen sitt arbeid med å nå overordna mål vart følgjande overordna strategiar vedtekne av kommunestyret:

- *Klima- og miljøomsyn skal vere førande for ei berekraftig samfunnsutvikling i Bjørnafjorden kommune.*
- *Kommunen skal prioritere lågt klimagassfotavtrykk ved innkjøp, tenestereiser og i eigne utbyggingsprosjekt.*
- *Kommunen skal vere pådrivar for klima- og miljøvenlege vanar hos innbyggjarane.*
- *Kommunen skal gjere seg attraktiv for etablering av klima- og miljøvenlege selskap som utviklar og nyttar framtidig teknologi, flinke hender og smarte hovud.*
- *Kommunen skal legge til rette for kompetanseheving og samarbeid om klimatiltak og klimatilpassing både internt i organisasjonen og blant innbyggjarane.*
- *Dei positive tiltaka som vert gjennomført i kommunen skal kommuniserast ut til kommunen sine innbyggjarar.*

Til dei tre hovedtemaa (klima, energi og miljø) er det knytt fleire delmål og strategiar for å nå desse. Sidan det er gjort betydelege avgrensingar av kva innsatsområde dette første utkastet til klimabudsjett skal omhandle, er det òg gjort avgrensingar når det gjeld kva mål, strategiar og tiltak som vert prioritert i dette budsjettutkastet.

Klimarekneskapen for Bjørnafjorden kommune 2020 og 2021

Sidan Bjørnafjorden kommune vart etablert i 2020 er det utarbeid to klimarekneskap for kommunen. Som for klimabudsjett er førstegenerasjons klimarekneskap svært ufullstendige då talmaterialet som er henta inn er begrensa både når det gjeld kvalitet og kvantitet. KS har stadfesta at slik er det med samtlige kommunar som startar opp sine klimarekneskap- og -budsjettarbeid; ein må byggje kunnskap og erfaring om datafangst i organisasjonen og over tid styrke kvaliteten på dataane ved at informasjonen som vert lagt inn i dei ulike systema stadig vert av høgare kvalitet (jf. kvalitetssikring av talverdiar og registrering av verdiar i rett system og på rett stad).

Konsekvensen av dette er at klimarekneskapen dei første åra vil vise økte mengder av klimagassutslepp som følgje av at kompetansen og kvaliteten kring datafangsten vert betre år for år. Det er først når alle tal frå alle tenestekområde i organisasjonen at ein vil sjå ei utflating og etter kvart effekten av iverksette tiltak.

Tala som ligg til grunn for klimarekneskapen for Bjørnafjorden kommune er lagt inn i programmet, «Klimakost». Dette er eit program kommunen har tilgang på gjennom sitt samarbeid med nettverket, «Klimapartner Vestland». Samstundes henter Miljødirektoratet fortsatt inn tal frå Kostra og andre rapporteringssystem i kommunane, som gjer at det er utarbeid to klimarekneskap for dei fleste kommunane i Noreg. Erfaringane som KS har gjort er at desse rekneskapene spriker mykje når det gjeld

absolutte talverdiar dei første åra. Den relative fordelinga mellom ulike utleppsområde er i mange tilfelle lik, men det er først etter fleire år med klimabudsjettarbeid i kommunen at dei to rekneskapene byrjer å sjå nokon lunde like ut.




Fig: Utslipp i Bjørnafjorden og bransjesnitt for dei ulike utleppsområde for hhv. 2020 og 2021 (kjelde: Klimakost)

Som det tydeleg går fram av søylediagramma i figurane over så har tala for utslipp av klimagassar i Bjørnafjorden auka frå 2020 til 2021. Som forklart tidlegare er dette å vente som følgje av at fleire tal vart registrert inn i Klimakost i 2021 samt at tala var av nokre betre kvalitet. Ein må difor ikkje tolke denne framstillinga som om utleppa i Bjørnafjorden kommune er langt lågare enn kommunegjennomsnittet i landet. Korleis Bjørnafjorden ligg an kan ein først om nokre år uttale seg sikkert om.

Som det kjem fram av figurane så er utleppa i Bjørnafjorden knytt primært til utleppsområda «bygg», «varekjøp» og «tenestekjøp». Når ein bryt oversikten ned på alle dei registrerte utleppsområda ser ein igjen denne trenden, men noko meir nyansert. Utslepp frå investeringar i «bygg og anlegg» står for bortimot 70% av kommunen sine klimagassutslipp.




Fig: Sektorvis utslipp i Bjørnafjorden kommune 2020 (kjelde: Klimakost)

Frå figuren over så kan ein sjå at dei øvrige tre største utsleppsområda er «Andre driftsutgifter bygg» (8,4%), «matvarer» (6,1%) og «inventar og utstyr» (3%). Innkjøp av elektrisitet har òg eit utslepp på 3% (norsk produksjonsmiks).

Ut frå det som omtalt over skal ein kunne forvente ei lik relativ fordeling òg for 2021, men det er viktig å vere klar over dei ulike utsleppsområda sine ulike dynamikkar. Nokre utsleppsområde har nærmast konstante, årlege utslepp medan andre varierar sterkt med varierende investeringsnivå (jf. bygg av skule, sjukeheim, veganlegg m.v.). I motsetnad til ein tradisjonell finansrekneskap der ein har avskrivningar av inveteringar i bygg og anlegg over typisk 20 år, så kjem klimagassutsleppa knytt til dei same inveteringane til uttrykk over kun eitt eller to år i ein klimarekneskap.




Fig: Sektorvise utslepp i Bjørnafjorden kommune 2020 (kjelde: Klimakost)

I Bjørnafjorden kommune var utsleppa frå dei ulike utsleppsområda noko endra frå året før. Fortsatt er utslepp frå investeringar i «bygg og anlegg» desidert størst (61,7%) og «andre driftsutgifter bygg» (5,8%) og «matvarer» (6,1 %) er fortsatt med frå fjoråret. Nytt er at klimagassutslepp frå områda «annet forbruksmaterieill» (5 %) og spesielt «kommune – fra andre (private)» (10,1 %) har auka sterkt. Med utslepps-område, «kommune – fra andre (private)» så meinast typisk innkjøp av varer og tenester innan skole, barnehage, VAR, helse og annet. Dette er tal som i all hovudsak vert rapport inn via KOSTRA og som er eit tal som difor ikkje let seg bryte nærare ned i Klimakost.

Medan resultata som kjem fram i Klimakost bygger på tal henta inn frå administrasjonen i kommunen er resultata som kjem til uttrykk i den nasjonale framstillinga av klimagassutsleppa i Bjørnafjorden henta inn av Miljødirektoratet. Staten har over mange år etablert rapporteringssystem som er kopla direkte til KOSTRA og andre rekneskapsprogram i kommunane. Vidare har dei henta inn tal frå Statens vegvesen (utslepp frå vegtrafikk) og Kystverket (utslepp frå skips- og båt-trafikk). Miljødirektoratet har altså ikkje den same avgrensinga for innsamlinga av sitt talmateriale som det som administrasjonen har. Sidan administrasjonen i tillegg har føreteke ei avgrensing knytt til dei direkte utsleppa frå kommunen si eiga verksemd, så er ikkje verdiane i dei to framstillingane direkte samanlignbare.

Dataserien til Miljødirektoratet går tilbake til 2009, som difor er det året som KLEM-planen har definert som referanseår for utslippsbanen til kommunen. Den nasjonale handlingsplanen for reduserte klimagassutslepp nyttar året 2010 som referanseår. Kommunedelplanen (KLEM), klimarekneskapen og framtidig klimabudsjettering i Bjørnafjorden kommune er difor marginalt meir berekraftig enn det som nasjonale myndigheiter har lagt opp til i si tilråding.

Sektorfordelte utslipp per år

Bjørnafjorden

Graf Tabell

Sektor	2016	2017	2018	2019	2020
Industri, olje o...	163,4	140,3	202,9	194,7	185,6
Energiforsyning	0	0	0	0	0
Oppvarming	3 281,7	3 234,6	2 679,7	2 075	1 688,8
Veitrafikk	30 722,3	28 315	29 258	27 636,2	25 828,1
Sjøfart	39 121,7	35 710,3	34 735,1	37 005,4	40 139,5
Luftfart	0	0	0	0	0
Annen mobil f...	7 861	5 651,8	8 121,8	5 384,1	6 559,9
Jordbruk	10 565	10 255,4	10 067	9 617,6	9 440,6
Avfall og avlep	1 577,6	1 742,9	1 868,4	1 714,7	1 587,8
Totalt	93 292,7	85 050,3	86 932,9	83 627,7	85 430,3

Fig: Sektorvise utslepp av klimagassar i Bjørnafjorden kommune 2016-2020 (kjelde: Miljødir.)




Fig: Sektorvise utslepp av klimagassar i Bjørnafjorden kommune 2009-2020 (kjelde: Miljødir.)

Frå Miljødirektoratet sine utsleppstal ser ein at det er utslepp knytt til samferdsle (vegtrafikk og båttrafikk) som har dei desidert største avtrykka. Sidan desse utsleppsområda ikkje sorterar innunder kommunen si eiga verksemd finn ein ikkje desse tala igjen i denne utgåva av klimabudsjett for Bjørnafjorden kommune (jf. avgrensingane som er gjort).

På same måte som Miljødirektoratet har konsultentselskapet, Asplan Viak, som har utvikla programmet, Klimakost, bygd opp dataregistre kring kommunane sine klimagassutslepp. Databasen til Asplan Viak er beskytta med ei betalingsløyning og ein bør vurdere for ettertida å kjøpe fullverdig innsyn i databasen.

Arbeidsgruppa tilrår at det vert halde eit møte med Asplan Viak, som kan presentere mulegheitene som ligg i å ha full tilgang til databasen deira. Det er arbeidsgruppa si tilråding at dette i tilfelle ikkje må gå på bekostning av organisasjonen sitt eige arbeid med å identifisere, kvalitetssikre og rapportere utsleppstal i Klimakost, Framsikt og KOSTRA. Det er eit av fleire viktige suksesskriterie at dei ulike fagavdelingane/etatane bygger opp rutinar for dette arbeidet, slik at ein i løpet av kort tid sikrar ein datafangst av høg kvalitet i heile organisasjonen.

Frå KLEM-planen kan ein som venta sjå noko andre absolutte talverdiar enn dei som kjem fram frå administrasjonen sin datafangst, men den relative fordelinga mellom utsleppsområda går igjen i svært stor grad.

Hovudgrupper	Administrasjon	Barnehage	Grunnskole	Helse & Sosial	VAR	Kultur	Samferdsel	Næring	Annet	Totalt
Forbruksvarer	253,18	77,861	399,42	991,6	40,67	28,66	17,559	5,0444	55	1868
Reise og transport	141,74	21,116	825,85	638,2	106,53	8,931	93,509	3,5625	121	1960
Energi	129,11	78,408	649,5	215,4	335,24	415,7	188,42	0	240	2252
Bygg og infrastruktur	435,14	55,883	4112,2	430,4	1149,5	104,7	820,9	1259,5	734	9102
Kjøp av tenester	482,67	1718	190,07	940,1	374,94	18,02	59,321	30,94	170	3984
Totalt	1441,8	1951,3	6177,1	3216	2006,8	576	1179,7	1299	1320	19 167




Fig. 12. Registrerte direkte utslepp frå kommunen sin eiga verksemd (kjelde: KLEM-planen/Asplan Viak)




Fig. 13. Registrerte direkte utslepp frå kommunen sin eiga verksemd – tenesteområde (kjelde: KLEM-planen/Asplan Viak)




Fig. 14. Registrerte direkte utslepp frå kommunen sin eiga verksemd - utsleppsområde (kjelde: KLEM-planen/Asplan Viak)

Arbeidsgruppa for klimabudsjettet tilrår at det er dette sist presenterte tallgrunnlaget som vert lagt til grunn for dei vidare vurderingane som skal gjerast i klimabudsjetteringa. Ein gjer samstundes merksam på at utsleppa frå området, «energi», no er langt lågare enn då KLEM-planen vart skriven i 2020. Hovedgrunnen til dette er at kommunen ikkje lenger nyttar fyringsolje i si oppvarming av kommunale bygg.

For å kunne gjere gode vurderingar og sjå effekten av tiltak i samanheng og i eit lengre tidsperspektiv er det ofte til god nytte å ha synleggjort framskrivingar av effektene av tiltak. Under er det vist ulike utsleppsbaner, som viser dei lokale utsleppsbanene samanligna med nasjonale mål. Utan tiltak vil klimagassutsleppa etter kvart bli så store at dei vil få direkte og særst høge kostnader for kommunen. Det er dette perspektivet som gjer klimabudsjettering naudsynt: klimatiltak har kostnader som kjem fram i det ordinære budsjettet for det året som investeringa vart gjort. Effekten derimot kjem ikkje fram på same måte i dei ordinære budsjetta, men dette er oppgåva som ligg til klimabudsjettet; synleggjere kva kostnad men òg kva vinst som ligg i å gjennomføre klimatiltak. Eit døme som tydeleg viser økonomisk nytte av å investere i klimatiltak er norsk forsikringsbransje sitt vedtak om at dei framover vil krevje regress frå kommunar som ikkje har gjennomført tilstrekkelege klima-tilpassingstiltak når liv, helse og eigedom vert råka av til dømes ekstremvær. Kommunane kan ikkje lenger unndra seg økonomisk erstatningsansvar som følgje av ikkje å ha visst betre eller svak økonomi. Klimatilpassing skal prioriterast.

Økonomiplan for 2023-2026




Fig: Referansebaner for ulike utslippssområde (direkte utslipp) i Bjørnafjorden kommune (kjelde: KLEM/Asplan Viak)

Figuren syner dei ulike referansebanene for ulike utslippssområde i Bjørnafjorden forutsatt at det **ikkje** vert gjennomført tiltak. Diagrammet syner òg ein grøn, horisontal stipla line, som illustrerar nivået som kommunen må redusere sine utslipp til. Denne lina representerar kommunestyret sitt vedtak om 45% reduksjon av dei lokale klimagassutslappa, målt i 2009-verdi (raud, horisontal stipla line). Sidan vedtaket til kommunestyret om å godkjenne KLEM-planen er det verdt å nemne at både det felleseuropeiske og norske utslippsmålet er auka til 55% innan 2030 med 1990 som referanseår.

Etter kvart som organisasjonen får meir kunnskap og betre rutingar kring klimagassrapportering og implementering av tiltak så vil det vere naturleg å bruke nokre ressursar på å utarbeide ei framskriving av effektane dei ulike tiltaka har hatt og er venta å ha. Eksterne konsultentselskap som Cicero har utvikla gode verktyg for å produsere gode modellar som syner slik framskrivne effektar. Bjørnafjorden kommune sine klimagassutslipp ligg tett på gjennomsnittet for utslappa frå kommunane i Vestland fylke. Som illustrasjon på korleis eit oppsett av referansebaner for kommunen kan sjå ut er referansebanane for Vestland fylke vist i figuren under.




Fig: Framskrivne utsleppsbaner for Vestland fylke (kjelde: Vestland fylkeskommune)

Viktigste utsleppsområde og prioriterte tiltak

Bygg og infrastruktur

Av dei overordna strategiane for kommunal bygg- og anleggsverksemd (prosjektavdelinga og avd. for tekniske tenester) er det dei to første strategiane som er verdt å merke seg:

S1 Klima- og miljøomsyn skal vere førande for berekraftig samfunnsutvikling i Bjørnafjorden kommune.

S2 Kommunen skal prioritere lågt klimagassfotavtrykk ved innkjøp, tenestereiser og i eigne utbyggingsprosjekt.

Det er verdt å merke seg ordlyden «skal» som gjer at kommunale utbyggingsprosjekt heretter skal prioriterast etter sine klimagassavtrykk. Dette gjer at ein i ein heilt annan grad skal vekte livsløpsanalyse og klimafotavtrykket når kommunen planlegg og realiserar nye offentlege bygg.

Prioriterte tiltak:

- Kompetanseheving for å følgje opp krav ved innkjøp som sikrer utsleppsreduksjon på byggeplassar
- Kommunen skal ta i bruk verktøy for livsløpsanalyse (LCA) ved vurdering av byggemåte og materialval i alle sine nybygg og ved rehabilitering

Kjøp av tenester (skole, barnehage, VAR, helse og annet)

Kommunestyret har fatta vedtak om at Bjørnafjorden kommune til ei kvar tid skal vurdere om innkjøp er naudsynt og om det ikkje kan dekkast av gjenbruk, deling eller omdefinering av behov.

S1 Klima- og miljøomsyn skal vere førande for berekraftig samfunnsutvikling i Bjørnafjorden kommune.

S2 Kommunen skal prioritere lågt klimagassfotavtrykk ved innkjøp.

Det er sett som premiss for kommunen sine innkjøp at dei først skal realiserast etter at behovet for nyinnkjøp er stadfesta og at det ikkje er muleg å unngå innkjøp ved gjenbruk eller deling.

Prioriterte tiltak:

- Kjøpe energi med opprinnelegheitsgaranti
- Vurdere bruk av tre (massivtre) i bygg

- Avkarbonisere eigen bilpark

Energi

Forsyningssikkerheit knytt til berekraftig energi er eit tema Noreg aldri tidleagre har sett eit like sterkt fokus på som no. Lokal energiproduksjon, lagring og distribusjon er emne kommunen må prioritere å finne berekraftige løysingar på.

S4 Kommunen skal gjere seg attraktiv for etablering av klima- og miljøvenlege selskap som utviklar og nyttar framtidig teknologi, flinke hender og smarte hovud

Kommunestyret har vedteke at sårbarheita knytt til ekstern kraft- og energitilførsel skal reduserast. Vidare skal sjøen nyttast til oppvarming/kjøling av relevante bygg. To energitiltrengingar vert ferdigstilt innan utgangen av 2022 (Norconsult).

Prioriterte tiltak:

- Kartlegge potensialet til ulike energikjelder og energibedararar
- Vurdere framtidig industri-, nærings- og bustadutbygging med tanke på energiforsyning og type energi
- Utgreie potensiale for bruk av nærvarmeanlegg
- Utgreie lokale, fornybare/berekraftige energiløysingar

Forbruksvarer

Det vil alltid vere behov for innkjøp av forbruksmateriell for å kunne oppretthalde tilbodet om kommunale tenester. Sett i lys av endringane som vart gjort i EU sitt regelverk om avfall, som fekk som direkte følgje at den norske avfallsforskrifta òg vart endra, så har statlege myndigheiter skjerpa forventningane til kommunane når det gjeld tiltak for å redusere det materielle forbruket. Ved å satse meir på livsløps-analyser og sirkulærøkonomi for varer og tenester skal behovet for innkjøp av forbruksvarer reduserast og avfallet etter dette likeså. Dette kjem godt til uttrykk i avfallspyramiden som stadig vert strengare fulgt opp av Statsforvaltaren i hans kontroll av kommunal verksemd.




Fig: Avfallspyramiden (kjelde: Midtre Namdal avfallsselskap)

S2 Kommunen skal prioritere lågt klimagassfotavtrykk ved innkjøp, tenestereiser og i egne utbyggingsprosjekt.

Kommunestyret har vedteke at Bjørnafjorden kommune skal til ei kvar tid vurdere om innkjøp er naudsynt og om det ikkje kan dekkast av gjenbruk, deling eller omdefinering av behov. Kommunen skal vidare styrke klimaomsynet i val av produkt, tenester og leverandørar. Ved innkjøp skal miljømerka produkt prioriterast iht. kommunen sin anskaffingsstrategi.

Prioriterte tiltak:

- Avkarbonisere eige bilpark
- Kjøpe energi med opprinnelegheitsgaranti
- Sikre god kunnskap om livsløpskostnader og sirkulærøkonomi hjå innkjøpsansvarlege i kommunen
- Etablere system for gjenbruk

Reise og transport

Dei siste åra med pandemi har gjort at offentleg og privat verksemd har teke sjumilssteg når det gjeld å nytte digitale løysingar som alternativ til tradisjonell møteaktivitet. Dei gode plattformane som gjeld for digitale møte gjer no at ein kan vente at klimagassutslepp frå tenestereiser vert betydeleg mindre framover.

S2 Kommunen skal prioritere lågt klimagassfotavtrykk ved innkjøp, tenestereiser og i egne utbyggingsprosjekt.

Prioriterte tiltak:

- Redusere talet tenestereiser
- Tenestereiser skal fortrinnsvis skje med kollektivtransport eller samkøying i utsleppsfrie køyretøy
- Kurse interne superbrukere på Teams og slik viderutvikle administrasjonen som høykompotent digital møteaktør
- Ved kjøp av flyreiser skal det kjøpast kompensasjonspakke som flyselskapet tilbyr for reisa sitt utslepp av klimaskadelege gassar. Kompensasjonspakka skal primært retta seg mot klimavenleg flydrivstoff. Om dette ikkje er tilgjengeleg skal andre kompensasjonsordningar, som t.d. treplantingsprogram, nyttast.

Kommunestyret i Bjørnafjorden har gjennom dei siste åra fulgt opp vedtaket frå kommunestyret i tidlegare Os kommune om å ha eit klima- og miljøfond (KLEM-fond). Av alle overordna tiltak er ei føreseieleg påfylling av KLEM-fondet gjennom årleg budsjetthandsaming truleg det tiltaket som har størst økonomisk effekt. Ved å ha eit KLEM-fond som ved inngangen på kvart år har ei føreseieleg ramme (p.t. NOK 1.000.000) kan ulike tiltak som kommunen ønskjer gjennomført m.h.t. klimagass-reduksjon eller klimatilpassing verte søkt delfinansiert med statlege tilskot (t.d. Klima-satsmidlar frå Miljødirektoratet). Kommunalsjef for samfunnsutvikling og kommunen sin klima- og miljøvernrådsgjevar har i fellesskap bruksrett og rapporteringsplikt til midlane på KLEM-fondet. KLEM-fondet er ein av dei viktigaste suksessfaktorane for at Bjørnafjorden kommune stadig leverar på klima-, energi- og miljøfeltet, og slik sikrer oppdaterte kunnskaps- og beslutningsgrunnlag for tiltak som fortløpande vert iverksette.

I forlenginga av dette klimabudsjettet må ein som nemnt gå i djupna på dei faktiske kostnadane som følger av å måtte gjennomføre klimatiltak. Den nasjonale veiledaren peiker på finansdirektør/økonomisjef som ansvarleg for å synleggjere kva dei direkte kostnadane ved tiltaka vil vere, men òg ikkje minst å synleggjere kva dei indirekte økonomiske vinstane vil vere av gjennomføringa

av klimatiltak. I følge KS vil det ta kommunen noko tid å bygge kompetanse om korleis ein best skal gjere dette arbeidet. Arbeidsgruppa vil minne om viktigheita av at framstillinga av effektane av klimatiltak ikkje berre må synleggjerast som reduserte utslepp (CO2-ekvivalentar), men og i framtidige reduserte kostnader (reparasjonar, nybyggingar, reduserte skadeoppgjer m.v.).

Det er først når ei slik kopling mellom notidig kostnad og framtidig vinst er gjort i overordna handlings- og økonomiplan samt synleggjort i rapporteringsprogramma KOSTRA og Framsikt at organisasjonen verkeleg kan sjå det heile og korrekte bilete av dei nokså komplekse samanhengane som gjeld for framtidige kostnads-reduksjonar som følgje av investeringar i klimatiltak i dag

Sektorar

Fellesområde

Skildring av verksemda

Sektor for Fellesområde omfattar Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon.

Folkevalde organ omfattar utgifter til dei politisk valde organa, som møtegodtgjersle, tenestefrikjøp m.v. Godtgjersle til ordførar og varaordførar er og budsjettert her. Ordninga med å avsette kr 800.000 til formannskapet sitt disposisjonsfond er vidareført i 2023, men blir foreslått redusert til kr 600.000 frå 2024. Utgiftene til gjennomføring av val i 2023 og 2025 blir foreslått auka med kr 604.000 i 2023 og 2025, då beløpet som ligg inne i økonomiplanen ser ut til å vere for lågt budsjettert, ut frå kva det kosta å gjennomføre valet i 2021.

Fellesutgifter omfattar m.a.frikjøp tillitsvalde, forsikringar, juridisk bistand, KS kontingent, tilskot til kyrkjeleg fellesråd m.v.

Pensjon omfattar i hovudsak amortisering av tidlegare års premieavvik (den delen som gjeld tidlegare Fusa kommune) samt bruk av premiefond (pensjon). Kommunane har fått ei ekstraordinær tilbakeføring av pensjonsmidlar som følgje av at avsetningskravet til framtidige alderspensjonar er redusert som følgje av ny pensjonsordning frå 2020. I tillegg har kommunen fått overført midlar frå bufferfond til premiefond i Storebrand i samband med konkurranseutsetjing av tenestepensjon (fellesordninga) som blei gjennomført hausten 2021 med verknad frå 01.01.2022. Midlane kan brukast til å betale framtidige pensjonsutgifter. Ved utgangen av 2022 er premiefondet estimert til ca. 265 mill. kr. Det blir foreslått å bruke av premiefondet for å saldere driftsbudsjettet. Vi viser her til eiga avsnitt under Økonomisk status og rammebetingelser.

Driftsbudsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Fellesområde	-3 272	12 161	20 789	23 756
Sum	-3 272	12 161	20 789	23 756

Stab

Skildring av verksemda

Stab er ikkje ein eigen sektor, men omfattar rådmannen sin stab, HR- og økonomiavdelinga. Staben skal bistå heile den øvrige kommunale tenesteproduksjonen.

HR avdelinga omfattar fagområda IT, organisasjonsutvikling, lønn og personal. Fagområda i HR er samordna for å skapa gode tenestemodellar for smarte og tverrfaglege løysingar og rett ressursbruk for alle brukarane, internt og eksternt.

Tenesteleveransene frå HR er knytt til IT drift og sikkerhet, digitalisering, HMS, medarbeider – og leiarutvikling, strategisk kompetanseutvikling, forvaltning av lov og avtaleverk og samhandling med tillitsvalde og vernetenesta. Økonomiavdelinga har ansvaret for budsjett, økonomiplan, rekneskap og innkjøp, og bistår sektorane og einingane med arbeid innan desse områda.

Sektorovergripande tema og satsingsområder er omtala i budsjettet under kapittelet “Medarbeidar”.

Satsingsområder

IT sikkerhet

Nett-truslar og såkalla cyberangrep er blitt ein del av kvardagen. Dette tar Bjørnafjorden kommune på største alvor.

Vi har mellom anna fått gjennomført ein ekstern angrepstest saman med m.a. Bergen kommune for å avdekka og utbetra svakheiter i våre system. Vi har tidlegare gjennomført en slik test sammen med et eksternt selskap og regi av Bergen kommune, med gode resultater. En slik test vil igjen gjennomføres i 2023. Vi har også god dialog med Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM) for råd og rettleiing.

Når det gjeld sikkerheitsovervaking/deteksjon/varsling har vi inngått avtale med Telenor Security Operation Centre (TSOC) om kjøp av deira døgntkontinuerlege teneste (24/7/365) for overvaking. Vi har òg driftsavtale inkl. vaktsamarbeid med ein ekstern aktør på kveldstid, ettersom vi ikkje har eiga IT-vaktordning.

Risikostyring

Risikostyring som verktøy skal i alle tenestene våre vera kjent og integrert i leveransane. For mange tenester er dette på plass, men det er enno ikkje dokumentert som ein del av internkontrollen i Risikomodulen. Risikomodulen en del av Kvalitetssystemet og skal tas fullt ut i bruk gjennom 2023.

Nærværarbeid - leiaropplæring

Bjørnafjorden kommune har som dei fleste andre kommuner hatt eit høgt sjukefravær dei siste to åra. For oss ligg fráværsprosenten framleis for høgt og i høve målsettinga på 6,5% er det eit stykke igjen. HR avdelinga vil frå starten av 2023 gjennomføre leiaropplæring, i fysiske samlingar, knytt til førebygging, psykososialt arbeidsmiljø og auka nærvær. Samstundes blir det gjort eit arbeid med å tydeleggjere prosessen knytt til roller og ansvar gjennom eit sjukefráværsløp.

Innsparingstiltak

Stabsavdelingane har eit krav til nedtrekk på kr 700 000 for 2023 og kr 1 000 000 for 2024.

HR og økonomi vil bruka følgjande tiltak for å nå måltallet

Vi har gjennom 2022 gått gjennom lisensar og abonnement, både for stab og sektorane, og på den måten redusert utgiftene. Dette er eit arbeid vi skal gjennomføra regelmessig for å vurdere om vi har dei "rette" lisensane, om vi skal bytte ut leverandørar eller seie opp avtalar.

Høgt fokus på kontinuerlig forbetring, gjennom nye løysingar i tenesteleveransane vil alltid gje positive gevinstar, og i nokre ledd sparte utgifter. Det er eit handlingsrom i stabstenestene på effektivisering og digitalisering av arbeidsprosessar og ein kan på sikt redusere utgifter i dette arbeidet.

Stabstenestene kan dei neste åra få naturleg avgang knytt til årsverk. Det vil å bli ei vurdering om ein kan trekka ned ressursen totalt sett i staben.

Sektorovergripande tiltak for reduserte utgifter

Det er starta eit større arbeid knytt til å henta inn rettmessig refusjon gjennom sjukefråvær. Stabstenestene samarbeider i dette arbeidet for å bygga nye og forbetra system rundt refusjon av sjukeløn. Dei siste åra har vi tapsført store summar og dette arbeidet vil snu dette slik at vi hentar inn igjen forskottert sjukeløn. Dette er pengar som vert fordelt i sektorane / stabstenestene, der den sjukemeldte er tilsett.

Kommunen gjekk på forsommaren inn i ny telefoniavtale, Telia / Phonero er no hovudleverandør. I overgangen til ny leverandør såg det først ut til at kostnadene ville bli høgere enn ved tidlegare avtale grunna utfordringar med blant anna dekning. Det er framleis knytt ein del usikkerheit til etableringa, men eit estimat syner at ein totalt sett kan få reduserte utgifter.

Måltabell

Hovudmål	Delmål	Målast ved	Mål 2023
Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.	Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.		
Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune	Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune		

Økonomiplan for 2023-2026

Hovudmål	Delmål	Målast ved	Mål 2023
Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar	Etablere Brukarstøtte for økonomi på Innsio	I løpet av 2023	100,0 %
	IT hjelpa har sakshandsamingstid på gj.snittlig 6 dagar	Del saker handsama på gj.snittlig 6 dagar	90,0 %
	Vi brukar Pure service som system for HR tenester	Del saker handsama på gj.snittlig 6 dagar	80,0 %
	Vi er ein døgnopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar		
Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet	Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet		
Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar	Bjørnafjorden er ei attraktiv lærebedrift gjennom målretta tiltak for rekruttering av lærlingar	Samla tal lærlingar	42
	Bjørnafjorden kommune er ein attraktiv arbeidsgjevar gjennom aktiv bruk av rekrutteringsstrategien	Gjennomføre utvalde rekrutteringstiltak for 2023	100,0 %
	Vi arbeidar målretta med nærværarbeid gjennom leiaropplæring	Samla sjukefråvær	6,5 %

Økonomiplan for 2023-2026

Hovudmål	Delmål	Målast ved	Mål 2023
	Vi har fokus på helse, miljø og sikkerheit i alle einingar	Gjennomførte HMS rapportar	100,0 %
	Vi har heiltidskultur og brukar system for heiltidsarbeid i rekrutteringsprosessen	Gjennomsnittlig stillingsstorleik	85,0 %
Vi leverer treffsikre tenester	Rullering av finansreglementet	Gjennomføres 2023	100,0 %

Driftsbudsjett

Beløp i 1000


Fordeling på eining (tabell)

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Stab	54 849	54 549	54 549	54 549
Sum	54 849	54 549	54 549	54 549

Oppvekst

Skildring av verksemda

Oppvekstområdet består av barnehagar, skular og Familiens hus i tillegg til fagstab for felles satsingar.



I fagstab ligg 3 årsverk (SLT-koordinator) + 2 årsverk som arbeidar inn mot heile oppvekstfeltet, men med hovudvekt på skuleområdet, digitale løysingar og informasjonssikkerheit, samt innehar prosjektleiing for folkehelseprosjektet Verd-sett – 40% (eksterne prosjektmidlar).

Barnehaemynde og barnehaeutvikling (2 årsverk) og fagsjef kommunale barnehaegar (1 årsverk) utgjer det samla administrative barnehaefeltet i kommunen. Det er lagt fleire fellesoppgåver til desse stillingane: Sektorplanarbeid, folkehelse, oppfølging Verd-sett (20%), endringsagent kommunal utviklingsarbeid i alle sektorane, oppfølging læringar. Vi har 24 barnehaegar (8 kommunale, 15 private og 1 open barnehaege). Vi har nedbemanna med eit merkantilt årsverk sidan 2020.

Leiing og administrasjon i dei kommunale barnehaegane: Det er styrarressurs i kvar barnehaege. Ressursen er utrekna etter størrelse på barnehaegen. Vi har felles leiing i Søre Fusa barnehaege og skule, og felles leiing i Jettegryto barnehaege og Holdhus barnehaege. Vi har ikkje eigne merkantile ressursar i kommunale barnehaegar. Oppgåvene blir ivaretatt av fagsjef og styrar. Det er 10% IKT ressurs inn mot kommunale barnehaegar.

På skule ligg 1 årsverk fagsjef for skulane + 50% stilling knytt til IKT og skulebibliotek. Ressursar frå fagstab blir nytta inn på skuleområdet. Det er 19 einingar (17 kommunale grunnskular + vaksenopplæringa og kulturskulen). I tillegg har skuleadministrasjonen oppfølging av 3 privatskular når det gjeld enkeltvedtak og tildeling av midlar til spesialundervisning og særskild språkopplæring. Frå 2020 og fram til i dag har vi tatt ned 2 administrative årsverk. Tal avdelingsleiarar er redusert ved nokre skular. Dei merkantile ved skulane har stillingsprosent fordelt etter elevtal (ligg i finansieringsmodellen) og i mange tilfelle har ein merkantil ansvar for fleire skular. Nokre skular har tatt ned merkantil ressurs som del av samla leiing/administrasjon ved skulen.

Endring årsverk innan leiing og administrasjon på banehaege og skulefeltet:

Tal i årsverk	2019			2023
	Os	Fusa	Sum før 2020	Bjørnafjorden
Skular (rektor, avd. leiar, merkantil)	47,67	8,00	55,67	52,69
Barnehagar (styrarressurs)	2,00	4,00	6,00	5,20
Felles adm (skule og barnehage)	5,00	4,60	9,6	5,30
			71,27	63,19

Familiens hus blei etablert 01.01.22 og arbeidet med å få på plass organisering, system, rutinar og “ei dør inn” held fram. Mykje er på plass og fokus er tverrfagleg arbeid og samanheng i tenestene og samarbeid mellom Familiens hus, barnehage, skule og eksterne samarbeidspartar. Leiar i Familiens hus utgjer saman med 3 einingsleiarar leiargruppa på dette feltet. Vi har tatt ned 0,8 årsverk merkantil ressurs etter at Familiens hus blei etablert.

Familiens hus består av: Førebyggjande helsetenester (jordmorteneste, helsestasjon, skulehelseteneste, ungdomshelseteneste og flyktningehelseteneste), Barneverntenesta og Eining for barn, unge og familiar (barne- og familieteam inkl. flyktningeteneste, Ungdomsteam og PPT), kommunepsykologar og familierettleiarar.

Den krevjande økonomiske situasjonen setter sitt preg på verksemda og vi er avhengige av å finne betre og meir effektive tverrfaglege løysingar. Dette er nødvendig for å sikre at kommunen kan klare auke i oppgåver og ansvar som den nasjonale oppvekstreforma krev av oss og sikre mest mogeleg stabile tenester til innbyggjarane i ei krevjande økonomisk situasjon. Vi er fortsatt i implementeringsfase for Oppvekstreforma (nasjonal barnevernsreform) og det nasjonale Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Barnehage

Tenesteområdet omfattar alle private og kommunale barnehagar. Barnehagesektoren er regulert av Lov om barnehagar med forskrifter (barnehagelova). Bjørnafjorden kommune er barnehagemyndig for alle barnehagane i kommunen og eigar av dei kommunale barnehagane. Kommunen skal gje rettleiing og sjå til at barnehagane driv i samsvar med gjeldande regelverk. Kommunen har ansvar for å innfri den lovfesta retten til barnehageplass, og ansvar for tildeling av det offentlege tilskotet til dei private barnehagane.

Alle barn med rett til barnehageplass får plass i Bjørnafjorden kommune. Kapasiteten i barnehagane og befolkningsprognosane tyder på at vi bør sjå på strukturen på området. Barnehagebruksplan for Bjørnafjorden kommune 2023 – 2035 er sendt på høyring. Den vil vere eit viktig kunnskapsgrunnlag i vurderinga av kapasitet og struktur på barnegeområdet.

Tabell med oversikt over små og store barn i kommunale og private barnehagar per 15.12:

Alder	Barnehage	2020	2021	2022
tal barn 0-2 år	kommunale	113	122	121
	private	402	385	412
	total	515	507	533
tal barn 3-5 år	kommunale	235	210	193
	private	716	706	689
	total	951	916	882
	Sum barn	1466	1423	1415
tal plassar	kommunale	461	454	435
	private	1520	1476	1513
	total plassar	1981	1930	1948

* Eitt lite barn = 2 plassar og eitt stort barn = 1 plass

Rapporteringa per 15. 12. kvart år danner grunnlaget for tilskot til dei private barnehagane påfølgjande år og finansiering av dei kommunale barnehagane.

Fødselstala i kommunen samla sett er ganske stabile, og det ser ikkje ut som om vi vil få ein nedgang i tal barnehageplassar samla. Nokre barnehagar vil ha auke medan andre vil ha nedgang. I januar 2022 var det totalt 1422 barn i barnehage i Bjørnafjorden kommune. Januar 2023 vil det være 1415 barn i barnehage slik det ser ut per i dag. Barnehagane må justere bemanninga etter endring i barnetal. Dersom ein ser på tal plassar er det auke på totalt 18 plassar per oktober 2022. Auken skjer i dei private barnehagane, medan det er ein reduksjon i kommunale barnehagar. Dette er i hovudsak på grunn av at det er nedgang i barnetal på Fusa-sida, der dei fleste barnehagane er kommunale. Os-sida har ei auke i barnetal, der dei fleste barnehagane er private.

Årstal	Fødselstal	Busett i Bjørnafjorden pr 22.08.22	Tilknytt Os helsestasjon	Tilknytt Eikelandssosen helsestasjon
2017	320	351	310	41
2018	267	303	272	31
2019	234	249	221	28
2020	250	262	221	41
2021	283	297	268	29
2022		155	138	16

Det er utfordrande å regulere tal tilsette etter tal barn i dei minste barnehagane på grunn av at ein må sikre bemanning heile opningstida i barnehagen.

Tilskot private barnehagar 2023:

Vi har ein dyr barnehagestruktur i kommunen med mange små kommunale barnehagar. Frå 2023 vil tilskot til private barnehagar bli rekna ut frå kostnadene i dei kommunale barnehagane i Bjørnafjorden 2021. Vi manglar framleis data for å ferdigstille tilskotssatsane til private barnehagar for 2023. Kommunal deflator som skal nyttast for å gjere rekneskapen frå 2021 om til kostnadsnivå for 2023 er pt. sett til 5,3% for kostnadsvekst i 2022 og 3,7% for 2023. Frå 2021 til 2022 fekk vi prisjustering i budsjettramma for tilskot til private barnehagar på 2,5%. For 2023 er budsjettramma kompensert med 3,7% som er lik deflator for 2023. Men kostnadsveksten i 2022 er blitt mykje høgare enn det man trudde for eit år sidan, så no må vi legge inn 5,3% i kostnadsvekst for 2022, mens vi fekk kompensert med 2,5% i

budsjettet. Dermed får vi ein betydeleg underdekning ved at budsjettramma ikkje er kompensert for den kostnadsveksten som vi må kompensere dei private barnehagane med. Det var ei mindre underdekning for 2021 for tilskot 2022, men reduksjon i tal barnehageplassar i private barnehagar løyste dette. I 2023 vil vi ikkje har ein slik reduksjon i tal plassar i private barnehagar, men ei auke. Meirkostnad for kostnadsvekst 2022 (5,3%-2,5%) basert på tal barn i private barnehagar ved årsskifte 2022/23 vil vere kr. 5 983 000. Vi veit at tal plassar i barnehagane vert redusert ved oppstart nytt barnehageår per august, så dette talet vil få 7/12 effekt, mens den vil bli noko lågare for hausten 5/12 effekt. Når ekstra kostnad for deflatorvekst må finansierast vil vi ikkje klare å dekke innsparingskravet på 3 millionar som er lagt inn frå 2023. Barnehageområde har i tillegg reduksjon i budsjettramma på 5 millionar i økonomiplan 2021-2024, gjeldande frå 2023.

Individuelt tilrettelagt barnehagetilbod:

Vi har fortsatt eit høgt tal søknader til barn med individuell tilrettelagt barnehagetilbod etter §37 (barn med nedsett funksjonsevne) og § 31 (rett til spesialpedagogisk hjelp) i barnehagelova. Dette utfordrar den samla økonomien og vi arbeider får å sjå desse paragrafane i samanheng. Sjå eiga tekst under satsingsområde. Barnehagelova §§ 31 og 37 har til felles at begge regulerer hjelp og støtte til barn med spesielle behov. Vi skal ta omsyn til barnets beste og må sikre at barnet sine utfordringar blir handtert etter dei paragrafane som har som formål å dekke barnet sitt behov. Vi vurderer at her er eit forbettringspotensiale og samtidig vil det hjelpe oss å sjå på den samla økonomiske ressursbruken på feltet.

Makspris i barnehage:

I forslag til statsbudsjett er makspris i barnehage redusert og det er lagt inn gratis barnehageplass for barn nummer 3. Budsjettramma til oppvekst blir kompensert for desse endringane. Budsjettramma har på same måte blitt trekt for at pensjonssatsen til private sjølvstendige barnehagar blir redusert frå 12% til 11% i tilskotsutrekning.

Når maksprisen på barnehage er gått ned er det grunn til å tru at det blir færre vedtak om redusert foreldrebetaling. Inntektsgrensa for å få redusert foreldrebetaling frå 1. august 2022 er kr. 559 167. I statsbudsjett for 2023 er makspris for barnehageplass foreslått til kr. 3000 per måned. Dette er ein reduksjon frå kr. 3 315 i januar 2022. 1. august 2022 var satsen kr. 3050 i månaden. Inntektsgrensa for å få gratis kjernetid i barnehagen per 1. august 2022 er auka til kr. 598 825, som gjer at fleire barn har rett på 20 timer gratis barnehage per veke.

Bemanningssituasjonen i barnehagane ut frå nasjonale normtal:

Barnehageområdet driftar innanfor bemanningsnorm. Bemanningsnorm skal vere 6 plassar per vaksen. Bjørnafjorden kommune ligg på 5,7 samla sett. Alle barnehagar oppfyller bemanningsnorma. Nasjonalt snitt ligg også på 5,7.

Pedagognorm skal vere 14 plassar per pedagog. Dei aller fleste barnehagane driv innanfor pedagognorm. Det er vanskeleg å få kvalifiserte søkjarar til pedagogstillingar, dette gjeld særskilt i vikariat. Barnehagane må søkje om dispensasjon frå utdanningskravet i slike tilfelle. Det er generelt utfordrande å få tak i kvalifisert arbeidskraft til alle stillingar i barnehage for tida. Mange barnehagar melder om at det også er svært vanskeleg å få tak i ringevikarar.

Barnehagebygg og uteområde:

Vi viser til barnehagebruksplanen (som er ute på høyring). Den har ei oppsummering av forslag til tiltak som bør gjennomførast i dei kommunale barnehagane.

Det er behov for å utbetre parkeringsplassane i fleire barnehagar: Trollskogen, Lysekloster, Os. Det må setjast av investeringsmidlar til å oppgradere dei kommunale barnehagane sine uteområde, både grunnarbeid og leikeapparat.

I samband med økonomiplanarbeidet bør det utarbeidast ei økonomisk ramme i investeringsbudsjettet med tilhøyrande tidsplan for tiltak som må gjennomførast i dei kommunale barnehagane innan 10 – 15 år. Den økonomiske ramma og tidsplanen må gi føringar for prioriteringar ut over i perioden. Barnehageområdet er i ein konkurransesituasjon for å få søkjarar og vi må sikre at dei kommunale barnehagane er konkurransedyktige nok med tanke på utforming av bygg og uteområde.

Skule

Opplæringslova set rammar for drifta. Organisatorisk omfattar tenesteområdet alle ordinære kommunale grunnskular (17), samt vaksenopplæringa og kulturskulen. I Bjørnafjorden er det 3 private grunnskular som er underlagt Utdanningsdirektoratet, og som i tillegg til ovannemnte lovverk blir regulert av friskulelova. Kunnskapsløftet 2020 (LK-20) førte med seg at alle læreplanar for fag i grunnskulen og den vidaregåande opplæringa blei fornya. Også den overordna delen av læreplanverket er ny. Dette medfører nokre endringar i måten undervisning blir gitt og kva som blir vektlagt i undervisninga. Arbeidet med implementering av LK-20 held fram i 2023.

LK-20 inneber auka utgifter i skulane. Dette var omtala i fjorårets budsjett og i samband med 1 tertial blei skuleområdet tilført 500 000 som er fordelt mellom skulane etter elevtal. Dette var ein eingongssum og er nytta til utstyr (til dømes vådraktar) og til å finansiere ekstra kostnader i samband med overnattingsturar. Den siste summen er ei varig auke i skulen sine driftsutgifter og er ikkje lagt inn i finansieringsmodellen. For å oppfylle lovkravet om overnattingsturar, treng skulane auka ramme for å lønne lærarar som overnattar med elevar. Total kostnad pr år vi variere frå 50 000-100 000.

Oversikt over tal elevar (GSI per 01.10.22):

Skule	2019-2020 Os og Fusa	Bj. Fj. 2020-2021	2021-2022	2022-2023
Barneskule	2375	2378	2335	2312
Ungdomsskule	1012	1022	1095	1083
	3387	3400	3430	3395
Privatskule	131	120	118	116

Det er 35 færre elevar i kommunal grunnskule i 2022/23 enn førre år.

Som vi viste til i 2 tertial er det usikkerheit knytt til den samla økonomiske situasjonen i skuledrifta. Fleire skular har utfordringar i høve tildelt ramme. I finansieringsmodellen har skulane fått budsjettamme slik at dei kan dekke inn lærarnorma. Likevel har vi skular som strever med å fylle lærarnorma pga store vedtak §5 (spesialundervisning) og auke i tal elevar med samansette behov.

Finansieringsmodell i skulane: Skulane blir tildelt eit rammebudsjett basert på ein finansieringsmodell som kompenserer for elevtal i samsvar med norm, tar høgde for skular med få elevar og det er egne tildelingar for barn med særskilte behov. Frå 2021/22 har vi hatt ein felles finansieringsmodell for alle dei kommunale skulane i Bjørnafjorden kommune. Modellen vert tilpassa etter kvart som det kjem nye lovar/reglar til. F.eks. frå skuleåret 22/23 er det lagt til kompensasjon for dei som er kontaktlærar for 21+ elevar som no har rett på 1 time ekstra reduksjon i undervisning (p.t. meirkostnad på 1 million for kommunen). Utfordringa med modellen er at når ein ikkje har optimale delingstal i klassane kan ein kome noko skeivt ut med tanke på at ein får normtildeling og ikkje klassetildeling.

Digitale løysingar i skulen:

Førre budsjettår fekk vi pengar til Chromebook for alle elevar. Summen som er lagt inn på investeringsbudsjett frå 2023 vil vedlikehalde denne satsinga. Vi har utfordringar når det gjeld vedlikehald av AV-utstyr. Vi gjorde ein stor satsing i 2021/2022. Vi treng kontinuerleg utskifting av AV-utstyr (projektor/skjermløysing) i klasseromma. Vi har vidareført programvareløysinga frå 1. - 10 trinn. Denne har årleg kostnad.

SFO:

Ny Rammeplan for SFO sikrar kvaliteten på tilbodet og utdjupar verdigrunnlaget for SFO. Frå og med 1. august 2021 blei ordninga med redusert foreldrebetaling innført for SFO for elever frå 1. til og med 4. trinn. Basert på registrerte søknader om redusert foreldrebetaling, ser budsjettramma ut til å halde. Frå hausten 2022 er det innført 12 timer gratis SFO per veke for alle på 1. trinn. Den reduserte inntekta som følgje av dette er kompensert med heilårseffekt i 2023 i statsbudsjettet og utgjer 4,2 millionar for 2023.

Elevar som har behov for eit samansett tenestetilbod:

Som det er peika på over fleire år er det ei jamn auke i elevar har behov for omfattande tilrettelegging i opplæringa og fleire tenester jobbar inn i opplæringstilbodet. Dette kjem og tydeleg fram i Helse og velferd sin beskriving av behov. Vi har i skulane i dag omfattande enkeltvedtak. Dette er krevjande knytt til økonomiske rammer, men og til måten ein må tilrettelegge opplæringa på. For å gi kvalitet i opplæringstilbodet og oppfylle retten den enkelte eleven har, er det avgjerande at ein arbeidar i eit heilskapleg perspektiv, saman med andre aktuelle tenester. Skulane, skuleeigar og PP tenesta har over tid arbeidd saman med fokus på nasjonale satsingar og forskingsbaserte metodar spesielt inn mot denne gruppa, men også for alle elevar. Dette utviklingsarbeidet vil fortsette framover. Som følgje av at vi har ein stram finansieringsmodell i skulane blir lærarnorma utfordra når dei store og omfattande vedtaka skal gjennomførast. Dette blir synleg når vi ser på GSI tala som viser at lærarnorma er utfordra på fleire skular sjølv om den er lagt inn i finansieringsmodellen. Oppdaterte GSI-tal kjem i desember.

Vi har elevar med rettighet etter §2-6 Teiknspråkopplæring i grunnskulen. Dette er kostnadskrevjande, men det er viktig å sikre nok ressursar slik at vi kan følgje lovverket. Elevane har rett på pedagog med teiknspråkkompetanse i alle undervisningstimane, ekstra undervisningstimar ut over fag- og timebyteplan samt skyss til og frå Statped.

Vi har mange komplekse fråværsaker i skulane som krev ressursar og systematisk oppfølging. Dette skjer i eit tett samarbeid mellom skulane og Familiens hus. Vi er med i forskingsprosjektet Back2School og temaet blir følgt opp via Verd-sett.

Bjørnafjorden kulturskule

Kulturskulen er organisert under oppvekst og rektor er ein del av leiarkollegiet i oppvekstområdet. Kulturskulen tilbyr skuleåret kurs innan musikk, dans og visuelle kunsthøgskulefag til barn og unge i alderen 0 til 20 år. Dette skuleåret har kulturskulen kring 640 elevplassar og om lag 500 unike elevar. Det er per oktober 2022 155 søkjarar på venteliste til kulturskulen. Kulturskulen har undervisning på 11 ulike stader kring i kommunen. Kulturskulen arbeidar kontinuerleg med å nytte ressursane best mogleg slik at innbyggjarane skal få mest mogleg kulturskule for pengane.

Bjørnafjorden vaksenopplæring har ansvar for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for nyankomne innvandrarar samt grunnskuleopplæring for vaksne med rett til dette etter opplæringslova. Vaksenopplæringa har og ansvar for logopedhjelp for vaksne i kommunen. Eininga har ikkje ressursar til eigen logoped og har heller ikkje avsette budsjettmidlar til dette. Arbeidet må utførast av privatpraktiserande logopedar som vaksenopplæringa leiger inn. Kostnadane til slik hjelp er i stor grad finansiert av Helfo, men er ikkje fullfinansiert. Vaksenopplæringa brukar difor ressursar budsjetttert til undervisning til denne lovpålagte helsetenesta.

Det er, og har vore, vanskeleg å gi rett budsjett grunna ujamne elevtal. Vaksenopplæringa hadde økonomiske utfordringar i 2021, men dette har endra seg i 2022. Vaksenopplæringa reduserte bemanning for skuleåret 2021-22 ved at dei ikkje erstatta frikjøp for to tilsette på vidareutdanning. Det betyr reduksjon på 0,75 årsverk. Frå hausten 2022 har vaksenopplæringa redusert budsjettet med eit årsverk for å kome i balanse. Dette får konsekvensar for kurstilbod, spesielt på kveld. Parallelt med dette har det vore auke i inntektsnivået som følgje av at tal elevar etter integreringslova går opp (mange nye elevar med kollektiv rett til beskyttelse).

Samstundes har det vore auke i talet elevar som går på (og har ein rett etter opplæringslova § 4A-1) eksamensretta grunnskuleopplæring over 3 år. Det er og auke i elevar som framleis har rett til norskopplæring, men som kommunen/skulen ikkje får tilskot for. Dette er elevar som har oppfylt plikten sin innanfor 3 år, men som framleis har ein rett til vidare opplæring i inntil ytterlegare 2 år.

Med bakgrunn i auke i inntektsnivået er det venta at vaksenopplæringa sitt budsjett vil gå i balanse 2022. Driftsnivået blir vidareført i 2023.

Kantinedrift/mattilbod ved ungdomsskulane: Vi viser til engasjementet frå Ungdomsrådet om å etablere kantinedrift ved Fusa ungdomsskule. Det er per i dag kantinedrift ved Os ungdomsskule og Nore Neset ungdomsskule. Kantinedrift er ikkje inne i finansieringsmodellen til skulane. Den skal vere sjølvfinansierande. Rektor har dialog med elevrådet om å ei løysing med kantinedrift/mattilbod. Skulen ønskjer mellom anna å sjå på moglegheiter for samarbeid med nærmiljø/butikkar etc. Sjøv om drifta skal finansiere seg sjølv vil ein likevel treng ressursar til å organisera eit slikt tilbod. Skulen ønskjer å få til eit universelt tiltak som sikrer at alle elevar får tilbod om måltid.

Skulebygg og uteområde: Skulebruksplan for Bjørnafjorden 2022 – 2034 er vedteke. Vi er godt nøgd med nye skular og det arbeidet som er gjort med oppgradering/utvikling på fleire av skulane våre dei siste åra, men er uroa for at den økonomiske situasjonen skal medføre at kommunen ikkje ser seg i stand til nødvendig vedlikehald av bygg og uteområde. Det er utfordrande å sikre vedlikehald og opprusting av skulebygg og uteområde ved fleire av skulane våre. Skulebruksplanen inneheld liste over behov framover. Denne må ligge til grunn ved prioriteringar. Vi er avhengig av god kommunikasjon og felles plan mellom skuleområdet og Eigedom drift om prioritering av tiltak. Det er krevjande økonomiske tider og dei næraste åra må det som er strengt tatt nødvendig prioriterast.

Familiens hus – saman om ein god oppvekst

Familiens hus har samla alle tenestene inn mot barn, unge og familiar i oppvekstfeltet i ein organisasjon. Familiens hus består av tre einingar: Førbyggjande helsetenester (jordmorteneste, helsestasjon, skulehelseteneste, ungdomshelsetenesta og flyktningehelsetenesta), Barn, unge og familiar (barne- og familieteam inkl flytningetenesta, ungdomsteam, PPT) og Barneverntenesta. Familiens hus modellen har som hovudmål å sikre tverrfagleg samhandling og samarbeid kring barn, unge og familiar på alle nivå i tenestetilbodet. Det inkluderer førbyggjande arbeid, arbeid med barn og unge i risiko for å utvikle vanskar og å ivareta barn som er utsette for omsorgssvikt.

Tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid er sentrale omgrep i organisasjonsmodellen. Organiseringa kjem som følgje av oppvekstreforma der kommunane er pålagd eit større ansvar for førbygging og tidleg innsats for å sikre barn og unge gode oppvekstvilkår. Gjennom oppvekstreforma har staten overført eit større fagleg og økonomisk ansvar for barnevern til kommunane. Barnevernstiltak som til dømes institusjonsplasseringar er blitt mykje dyrare og insentivet frå staten er at kommunane gjennom dette skal satse meir på førbygging for på sikt å unngå store utgifter til barnevern.

Familiens hus definerer tidleg innsats som «tidleg inn i problemutviklinga», slik at barn, unge og familiar kan få rett hjelp til rett tid. For å lukkast med førbygging og tidleg innsats er vi avhengig av at dei som møter barn, unge og familiar samarbeider. Vår samarbeidsmodell tar utgangspunkt i barnet og familien sine behov. Tidleg oppdaging og ivaretaking av utsette barn og unge er eit fellesansvar. For å få dette til er det særleg viktig å «løfte blikket» og sjå oppvekstfeltet under eitt, men og etablere samhandlingsarenaer med andre både i og utanfor kommunen.

Den vidare målsettinga for Familiens hus er å vidareutvikle samarbeid med barnehagar og skular, samt etablere fleire arenaer for samhandling med andre kommunale tenester og med dei som er brukarar av Familiens hus sine tenester. Dette er i tråd med nye nasjonale føringar frå oppvekstreforma, kompetanseløftet og samhandlingsreforma. Organisasjonsendringar og effekt av førbyggjande arbeid tek tid og ein må rekne med at det tek tid før ein ser full effekt av samorganiseringa av kommunen sitt tenestetilbod.

Ei dør inn:

Det er ønske om ei heilskapleg tilnærming til barn, unge og foreldre i vår kommune. Betydninga av ei dør inn er at familiane skal oppleve saumlause tenester. Familiens hus skal redusere dobbeltarbeid og gjennom dette sikre fleire hender i kontakt med barn, unge og familiar tidleg i problemutviklinga. Rutinane for å melde bekymring til barneverntenesta er uendra, og dagvaktstelefonen er framleis operativ for dei som treng å drøfte bekymring kring eit barn. Førbyggjande helse og helsesjukepleiarane kan og kontaktast som tidlegare ved å ta kontakt når dei er på skulen, eller via vanleg helsestasjonsprogram. Det er utarbeida, og tatt i bruk, tilmeldingsskjema for tilsette i og utanfor organisasjonen, samt eige tilmeldingsskjema for føresette knytt til familieteam og ungdomsteam. Familieteamstelefonen er i drift. Ei dør inn vil i denne samanheng seie at kommunen sine innbyggjarar og tilsette har fleire moglegheiter for å kontakte Familiens hus, uavhengig av om det er via skjema, telefon, gjennom dei ulike einingane eller ved oppmøte i Dragesetbygget.

Familiens hus har som målsetting at barn, unge og familiar som har behov for støtte og hjelp ikkje skal vera nøydd til å gå frå ein avdeling til ein annan for å få hjelp. Vårt mål er at kjem du i kontakt med ein tilsett i vår organisasjon skal vedkommande ha så god kjennskap til kommunen sitt tenestetilbod at vi kan «losa» vedkommande til rett person eller tenestetilbod. Dette er i tråd med det forskning visar til som suksessfaktorar kring tverrfagleg samarbeid. Dersom ein skal få til tverrfagleg samarbeid er kjennskap til kvarandre og felles haldningar viktige suksessfaktorar. Arbeidet med å skape felles kultur

og forståing for mandatet til Familiens hus er difor eit særleg viktig utviklingsarbeid. Gjennom utarbeiding av eit felles verdigrunnlag er dette arbeidet godt i gang. Familiens hus skal årleg gjennomføra fellessamlingar for å oppretthalde fokus på verdigrunnlag, haldningar og utvikling av tenestetilbodet til barn, unge og familiar.

Barneverntenesta

Barneverntenesta skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Kommunen sitt ansvar og oppgåver følger av Barnevernslova med tilhøyrande forskrifter og retningslinjer.

Det kjem ny barnevernlov januar 2023, dette vil føre til behov for opplæring og implementering i tenesta. Det vil og bli behov for nytt fagsystem i barneverntenesta, då gjeldande fagsystem blir avvikla i 2024. Staten held på å utvikle eit nytt statlege fagsystem som det vil krevje både pengar og ressursar å implementere. Kva kostnader som er knytt til dette er enno usikkert.

For å sikre nye lovpålagde oppgåver i tråd med oppvekstreforma fekk barneverntenesta tilført tre årsverk i budsjett for 2022. I løpet av 2022 er det kome ny barnevernleiar og det har vore ein del utskifting av tilsette. For 2023 er bemanningssituasjonen betra og slik det ser ut no vil det bli færre saker per kontaktperson. Dette vil gje betre kvalitet på oppfølginga tenesta skal gje til barn og familiar.

Oppvekstreforma har førebygging som mål og at det på sikt skal føre til færre saker i barnevernet, og at kommunen når barn og unge med behov for bistand på eit tidlegare tidspunkt. Dersom ein lukkast med dette vil mest sannsynleg tal bekymringsmeldingar gå ned og barnevernet vil arbeide meir som eit kjernebarnevern: ivareta dei mest utsette alvorlege sakene knytt til vald og overgrep mot barn. For å få dette til må kommunen ha fokus på å utvikle lågterskeltilbod både på individ og systemnivå.

I den overgangsfasen vi er i no med å etablere eit større tiltaksapparat gjennom Familiens hus vil barneverntenesta måtte fortsette å kjøpe nokre private tenester i ein overgangsfase. Vi arbeider saman i Familiens hus for å ta ned kjøp og erstatte dette med eigne ressursar. For å lykkast med dette inneber det at vi må ha nok robust og omfattande hjelp tilgjengeleg i kommunen for å hjelpe barn og familiar som har behov for hjelp ut over lågterskel. Dersom vi ikkje lukkast med dette må barneverntenesta bruke private aktørar for å drive forsvarlege tenester og fylle lovkravet om rett hjelp til rett tid. Slik forsvarleg hjelp vil omfatte ressursar knytt til både kompetanse og omfang. I dei mest alvorlege barnevernsakene krev oppfølginga intensivt arbeid og utanom kontortid og på helg. Bergen kommune har etablert eit eige oppfølgingsteam knytt til dette, og her bør kommunen vurdere om ein skal utvida samarbeidet omkring barnevernsvakt til og å gjelde akuttoppfølgning av familiar. Dette vil kunne hindre plasseringar av barn og være kostnadsbesparende på sikt.

Førebyggjande helseteneste

Førebyggjande helseteneste skal vere eit lett tilgjengeleg lågterskeltilbod, som skal ha fokus på tidleg innsats og universelle tiltak retta mot enkeltindivid og befolkning. Førebyggjande helsearbeid handlar om å fremme folks helse - både psykisk og fysisk, redusere risiko for sjukdom og å bidra til at helsa er ei positiv ressurs i kvardagen for den enkelte – gjennom heile livet. Førebyggjande helseteneste møter gravide, barn og unge i Bjørnafjorden kommune gjennom eit nasjonalt program med faste konsultasjonar frå svangerskap til ungdomstid. Førebyggjande helseteneste utgjer «grunnmuren» i det førebyggjande helsearbeidet for gravide, barn, unge og foreldre.

Vi har i fleire år fått tilskot frå Helsedirektoratet for å styrke det førebyggjande arbeidet til barn og unge. Dei siste åra er tilskotet jamleg redusert. I 2021 var tilskotet frå Helsedirektoratet ca. 2,8 millionar, for

2022 var tilskotet ca. 2,24 millionar og for 2023 ca. 1,94 millionar. Om vi kan søke om tilskotet etter 2023 eller om tilskotet då blir avslutta er per i dag usikkert. Helsedirektoratet sin plan er at kommunane skal ta over driftskostnadene. Reduksjonen av tilskotet har medført at eininga har redusert med 0,7 årsverk hausten 2021, 0,75 årsverk januar 2022 og ytterlegare 0,3 årsverk frå januar 2023. Dersom tilskotet blir avvikla etter 2023, må ca. 2,3 årsverk enten trekkast ned eller finansierast via budsjett.

Når det gjeld bemanning, er Bjørnafjorden nr. 3 av dei med dårlegast bemanning på helsestasjon- og skulehelseteneste i vår kommunegruppe (KOSTRA tal 2021 - Avtale årsverk i helsestasjon- og skulehelsetjenesten per 10 000 innbyggere 0-20 år).

Førebyggjande helseteneste har stort press på tenester i alle avdelingar og nær alle våre oppgåver er lovpålagt. Nedtrekk av årsverk fører til høg risiko for avvik i fht. lovkrav og anbefalingar, og gjer at jordmor og helsesjukepleier i mindre grad er til stades og kan jobbe helsefremmande og førebyggjande inn mot gravide, barn og unge. Det fører og til enda større arbeidspress på tilsette.

Tilskotet frå Helsedirektoratet har siste åra blitt brukt til å finansiere Trygg start - auka oppfølging i svangerskap og småbarnsperiode for familiar med særlege utfordringar, auka samarbeid med barnehagar på system- og individnivå, auka helsesjukepleiarressurs i barneskule og utvida opningstid til Helsestasjon for ungdom frå ein til to ettermiddagar i veka. Desse tiltaka, og andre oppgåver som ikkje er lovpålagt, må vi vurdere om vi kan fortsette med dersom tilskotet blir redusert eller forsvinn.

Nasjonalt er det varsla stor mangel på helsesjukepleiarar og jordmødrer framover. Vi har siste året hatt vanskar med å rekruttere tilsette med ønska kompetanse inn i eininga. Få søkjarar generelt, og stor konkurranse frå nabokommunar har ført til at vi ikkje har fått tilsett i alle utlyste stillingar. Dette fører igjen til stort press på tilsette som får fleire arbeidsoppgåver og større ansvarsområde, i nokre tilfelle har det og gått utover tenestetilbodet for innbyargarane våre – jf. 2 tertial.

Krigen i Ukraina og auka flyktningsstraum har ført til eit stort press på flyktningshelsetenesta. Flyktningshelsetenesta har sidan 01.01.2020 hatt eit årsverk fordelt på tre tilsette. Delar av stillinga har i periodar stått vakant grunna rekrutteringsvanskar, men frå februar er det tilsett i stillinga. For å raskt auka beredskapen i arbeidet opp mot ukrainske flyktingar fekk vi i april hjelp frå to tilsette frå pandemiteamet. I tillegg blei to tilsette frå skulehelsetenesta flytta inn i arbeid retta mot flyktingar, med det resultat at to store skular fekk eit sterkt redusert tilbod. Frå august 2022 har vi hatt to tilsette som jobbar i flyktningshelsetenesta i til saman 1 årsverk. Grunna vidare oppfølging av allereie mottatte flyktingar, og forventning om å ta imot fleire flyktingar i 2023, har vi nyleg lyst ut eit 100% engasjement i Flyktningshelsetenesta ut 2023.

Barn, unge og familiar

Eininga blei etablert for eit år sidan og arbeidar med utgangspunkt i ulike lovverk og ansvarsområde. Dette gir eit godt utgangspunkt for å ha fokus på samarbeid på tvers, tenke heilskapleg og å sikre rett hjelp til rett tid. I sum skal dette bidra til at barn, unge og familiar i Bjørnafjorden blir ivaretekne og får den hjelpa dei treng. I Eining barn, unge og familiar samlar vi sosialfagleg, helsefagleg og psykologfagleg kompetanse i ulike team og kan difor i større grad tilby gode løysningar for den enkelte familie på eit tidleg stadium. Ved å samle kompetansen i team kan ein nytte handlingsrommet for å setje opp gruppetilbod. Både system- og utøvande arbeid er viktig for å kunne tilby innbyggjarane i Bjørnafjorden kommune eit godt tenestetilbod. Gjennom tverrfagleg samarbeid unngår vi dobbeltarbeid og frigjer ressursar ved at vi samlar eit godt fagleg og utøvande lågterskeltilbod.

Førebygging og lågterskeltilbod: For å sikre god førebygging og lågterskeltilbod til barn, unge og familiar i har vi etablert eit Familieteam og eit Ungdomsteam.

Familieteamet er eit gratis lågterskeltilbod til barn og unge opptil 18 år og familiar som strevar med ulike problemstillingar knytt til psykisk helse, trivsel og samspel. Det kommunale tilbodet gjeld for barn, unge og familiar som har vanskar som ikkje utløyser rett til helsehjelp i spesialisthelsetenesta og arbeider med å hjelpe med vanskar som kan avhjelpast innanfor ei lågterskelramme. Familieteamet har faste møter ein gong i veka der ein vurderer og fordelar innmeldingar. Familieteamet arbeider og på vedtak frå barneverntenesta. Dei gjer ei fagleg vurdering av kven frå familien som skal møte til samtalane, avhengig av barnet sin alder, problemstilling og familiesituasjon. Dei samarbeider òg med andre tenester i kommunen når det er hensiktsmessig, slik at ein kan hjelpe best mogleg. Familieteamet tar utgangspunkt i det som familien eller den enkelte opplever som vanskeleg, og legg ein plan for det vidare arbeidet.

Familieteamet tilbyr samtalar og rettleiing til barn, unge og føresette i ein tidsbestemt periode. Familieteamet består av familierettleiarar og kommunepsykologar, til saman 7,5 årsverk. Tre av desse årsverka vart tilført i budsjett 2022, og har gjort at kommune sine satsingar på førebygging i tråd med oppvekstreforma har fått ein god start. Samanlikna med andre kommunar vil det vere behov for å auke dette tilbodet i framtida for å dekke barneverntenesta sine behov for tett oppfølging av utsette familiar, men og for å sikre at vi oppnår reforma sine mål om å nå ut til barn, unge og familiar som strevar mykje tidlegare enn på noverande tidspunkt. Mange av sakene familieteamet arbeider med i dag er barn og familiar som har hatt vanskar over tid, og som med eit betre utbygd tiltaksapparat kunne vært fanga opp tidlegare.

Ungdomsteamet består av tilsette med miljøterapeutisk kompetanse knytt til ungdomsoppfølging. Ungdomsteamet driftar Ung arena og deltek på Fjord'n Arena. Ungdomsteamet består av 6,5 årsverk, inklusiv erfaringskonsulent i 50% stilling. Dei fleste i teamet kjem frå tidlegare meistingsteamet og har lang erfaring med oppfølging av ungdom. Endringa i teamet er knytt til eit meir førebyggjande fokus, og mindre oppfølging av enkeltelever i skuletida. Målet er å sjå ungdommen i eit heilheits perspektiv med tilbod om oppfølging på alle arenaer ungdom oppheld seg. Dette inkluderer særleg samarbeid med familieteamet om støtte og oppfølging til både ungdom og familien. Ungdomsteamet har faste miljøterapeutiske dagar på ungdomsskulane, og målet er å bli kjent på 7 trinn i god tid før oppstart på ungdomsskulen.

Målgruppa for ungdomsteamet er ungdom mellom 13 og 20 år som strevar med utfordringar knytt til skulekvardag, fritid, trivsel og psykisk helse. Ungdomsteamet tilbyr gruppeoppfølging i skuletid, individuell oppfølging etter avtale, miljøterapeutisk arbeid på ungdomsskule og miljøterapeutisk arbeid på Ung Arena / Fjord'n Arena.

PPT si plassering i Eining barn, unge og familiar gir eit stort handlingsrom knytt til eit breitt fagfellesskap og grunnlag for å møte nye oppgåver og den komande lovendringa i Opplæringslova. Organiseringa ivaretar PP tenesta sitt lovfesta mandat om uavhengig utgreiing knytt til spesialundervisning, samstundes som ein får eit stort fagleg fellesskap å spele på i dei andre teama. PPT held fram sin arbeidsmodell knytt til individ og systemmandat, samstundes har samorganiseringa i Familiens hus og Eining for barn, unge og familiar imøtekomme mange av utfordringane vi har hatt knytt til å gi tverrfaglege og heilskaplege tenester. Eit aktuelt døme er nødvendig samarbeid med ungdomsteam, barneverntenesta og flykntingtenesta. Å vera organisert i same eining, med så brei fagkompetanse gjer stor kraft i tenestene ut til barnehagar og skular.

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er ei nasjonal satsing på kompetanse som omfattar heile laget rundt barna og elevane, og skal bidra til at den spesialpedagogiske hjelpa er tett på dei barna som har behov for det. Mange av oppgåvene frå Statped skal over til kommunane, og dette skal ein gjere gjennom kompetansepåfyll i barnehagar, skular og PP teneste. For PP tenesta sin del er dette i utgangspunktet svært positivt. Det som blir krevjande for PP tenesta er den allereie marginale

ressursen som skal fylle endå fleire oppgåver. Det ligg ikkje ressursar til årsverk i kommunane i Kompetanseløftet. Kompetanseløftet peiker på alle tenestene i Familiens hus som viktige samarbeidspartar som skal føre til ein ny og forbedra samhandlings- og tenesteleveranse. Eit breitt fagfellesskap og god samhandling med barnehagar og skular er nødvendig for å klare dette.

PP-tenesta skal gjennom Kompetanseløft for inkluderande praksis, saman med barnehagane og skulane gjennomføre eit utviklingsarbeid som sikrar at den spesialpedagogiske hjelpa er tett på dei barna som har behov for det. Kommunen har fått midlar til dette gjennom Midthordaland kompetanseregion (kr. 420 000). Implementering av kompetanseløftet er omtala under satsingsområde.

PP-tenesta har hittil i år hatt 116 utgreiingssaker for sakkunnig vurdering på skuleområdet og 28 utgreiingssaker på barnehageområdet. I tillegg er det i same periode tilvist 56 nye individualsaker til Logopedtenesta. Alle barnehagar og skular har faste besøksdagar og kontaktpersonar, og PPT kan rettleia og delta i samarbeid etter behov og avtale så lenge føresette er informert og har gitt samtykke. PPT har ein sentral rolle i ressursteam i barnehage og skule. Per oktober 2022 er det 198 aktive individualsaker, 55 aktive utgreiingssaker sakkunnig vurdering og 143 aktive oppfølgingssaker som PP-rådgjevarane følgjer opp og 115 aktive individualsaker som logopedtenesta følgjer opp. Medio oktober 2022 har PPT fristbrot i samband med 3 barnehagesaker og 16 skulesaker. Årsak til dette er i hovudsak vakanse i tenesta og mange nytilsette eller personell flytta til nye rollar denne perioden.

Pedagogisk fagsenter består av spesialpedagogar som gjev spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder etter barnehagelova §31. Dersom føresette lurar på om barnet treng spesialpedagogisk hjelp, tar dei først kontakt med barnehagen for å drøfta sine bekymringar. Dersom barnet ikkje går i barnehagen, kan føresette drøfte sine bekymringar med helsestasjonen eller ta direkte kontakt med PPT. Dersom ein etter målretta arbeid i bekymringsfasen kjem til at eit barn truleg har behov for spesialpedagogisk hjelp, kan det bli aktuelt med tilvising til PPT for sakkunnig vurdering. Dersom PPT tilrår spesialpedagogisk hjelp, er det Pedagogisk Fagsenter som effektuerer vedtaksfesta timar til spesialpedagogiske tiltak. Spesialpedagog arbeider då direkte med barnet på avdeling, i mindre gruppe eller individuelt. Barnehagelova slår fast at spesialpedagogisk hjelp alltid skal omfatta tilbod om rettleiing til foreldre. Utøvande spesialpedagog og PPT-kontaktperson samarbeider om rettleiing til barnehagen for barn som mottok spesialpedagogisk hjelp. Pedagogisk fagsenter utarbeider årsrapport kvart år, som blir send heim til føresette.

Flyktingetenesta: Oppvekst og Familiens hus fekk ansvar for denne tenesta frå januar 2022.

Flyktingetenesta sitt mandat er å styrke flyktingane sin moglegheit til å bli sjølvstendige og aktive deltakarar i samfunnet. Bidra til auka i kvalifisering til utdanning eller arbeid. Legge til rette for ein god og positiv integrering i lokalsamfunnet gjennom busetting, rettleiing, miljøarbeid og introduksjonsprogram.

Flyktingetenesta bestod ved årsskiftet av 4 årsverk. Ramma rundt flyktingarbeidet blei dramatisk endra i samband med krigsutbrotet i Ukraina. Bjørnafjorden blei anmoda om art. ta i mot 170 flyktingar i 2022 og det har vi klart. Denne situasjonen har vist at kommunen og lokalsamfunnet kan få til eit godt tverrfagleg samarbeid på tvers av nivå. Tenesta har rusta opp med tilsette og det vil vere naudsynt å behalde ei auka i årsverk for å ivareta den langsiktige oppfølginga av alle flyktingar i kommunen. Denne auken blir dekkja av integreringstilskot.

Prognosen for nasjonalt busettingsbehov inkl. overføringsflyktingar, er 33 000 i 2023. Det er vedteke nye nasjonale kriterium der ein skal ta omsyn til kommunane sin kapasitet og utsikter til arbeid og utdanning i regionen. Det er varsla anmoding frå IMDI i midten av november. Signala er at kommunane kan forvente tal som er i nærleiken av det talet ein fekk i 2022, men tilpassa justeringane i

kriterium. Det kjem eiga politisk sak om mottak av flyktningar. I ei slik sak må det gjerast ei samla vurdering av ressursar, bustader, oppfølgingstenester og skule/barnehage.

Satsingsområder

I oppvekstfeltet jobbar vi saman for å ta heile samfunnet sine ressursar i bruk for å løyse utfordringar og sjå moglegheiter. Våre tenester skal være heilskaplege og med mennesket i sentrum. Dette betyr blant anna å samarbeide betre mellom fagområda og på tvers av aldersgrupper. Vi skal og arbeide for eit tett og godt samarbeid med innbyggjarar og brukere av tenestene våre, frivillige lag og organisasjonar. Oppvekstområdet skal bidra aktivt til å utvikle samskapingskommunen Bjørnafjorden.

Bjørnafjorden sin misjon er «Det gode liv for alle» og visjonen «eit raust og attraktivt lokalsamfunn med evne og vilje til nyskaping» ligg som eit grunnlag for dei tenestene vi leverer i sektoren.

Vi skal gi treffsikre tenester til barn, unge og deira familiar gjennom tidleg innsats og førebygging.

Det blir vist til kommunen sine utviklingsmål og oppvekst sine resultatmål som viser innretning på arbeidet i oppvekstområdet i 2023 og dei næraste åra. Vi vidarefører satsingane frå 2022. For å bidra til at vi når måla nyttar oppvekstområdet seg av følgjande strategiar:

Vi legg til rette for trygge og utviklande oppvekstmiljø i eit samarbeid mellom tilsette, barn, ungdom, familiar og eksterne samarbeidspartar

- Vi er fleksible og skapar god samanheng i tenestene internt og mellom sektorane
- Vi utviklar eit heilskapleg barnehage- og skuletilbod i tett samarbeid med Familiens hus for å sikre laget rundt barnet
- Vi er utviklingsorienterte og nyttar forskingsbasert kunnskap og metodar
- Vi held fast ved utvalde satsingar over tid
- Vi har gode barnehage- og skulebygg og uteområde/nærmiljøanlegg som fremmar leik, læring og trivsel og bidreg til god folkehelse.

Laget rundt barnet

I samfunnet generelt er det ei auke i barn som av ein eller annan grunn fell utanfor fellesskapet. Dette kan handle om psykisk helse, skulefråvær, barnefattigdom eller vere grunna i andre årsaker. I tillegg ser vi at det er auke i komplekse vanskar knytt til same gruppe. For å kunne samhandle til det beste for vår målgruppe har Familiens hus etablert eit tverrfagleg drøftingsteam. Dette er ein tverrfagleg drøftingsarena der tilsette i kommunen kan melde inn familiens behov for samhandling på tvers av sektorar, einingar og andre hjelpeinstansar. Barne- og ungdomspsykiatrien (BUP) deltek og i desse møta ved behov. Etter samtykke frå føresette og ungdom over 15 år, samlar Familiens hus heile «laget» rundt barnet/familien. Laget rundt barnet/familien omfattar alle tilsette som har kontakt med familien. Målet er å samordne hjelpa barnet eller familien treng og gje rett hjelp til rett tid. Dei faste medlemmene i det tverrfaglege drøftingsteamet er: Leiar Familiens hus, leiarar frå førebyggjande helse, leiar for barnevern, leiarar og avdelingsleiarar frå Eining barn, unge og familiar og kommunepsykolog. I tillegg er leiinga for skule og barnehage representert når ein tek opp saker kring barn som går i barnehage eller skule. Dette er ein modell vi har stor tru på og som skal vidareutviklast vidare.

Barnehagane og skulene skal fortsette arbeidet med den “raude tråden” gjennom barnehage og skule. “Alle barn er våre barn” står sentralt og vi skal sikre god samanheng og gode overgangar for barnehagebarn og elevar. Implementering av læreplan (LK-20) held fram i skulane og det blir arbeida systematisk både med læringsresultat og elevmiljø. I barnehagane er arbeidet med å sikre gode rutinar og system knytt til psykososialt barnehagemiljø sentralt. Barnehagane i Bjørnafjorden kommune skal inn

i eit forskingsprosjekt i samarbeid med RBKU og Norce. Forskingsprosjektet heiter per no "Saman mot mobbing" som omhandlar psykososialt barnehagemiljø. Oppstart haust 2023 og det følger midlar med. Skulane i Bjørnafjorden er del av oppfølgingsordninga i regi av Statsforvaltar og Udir. Grunnlaget for uttaket er at vi har spreiding i resultatane våre på Nasjonale prøvar, elevundersøkinga og på grunnskulepoeng. Vi har nokre skular som ligg under kritisk nivå, og skular som ligg over gjennomsnittet i Vestland. Ordninga skal følgje oss i tre år, og vi skal få hjelp og støtte til forbetring. Ordninga er forankra i opplæringslova kap 13. Vi vil få fagleg bistand frå NHH. Kostnadene blir dekkja av Statsforvaltar.

Oppvekstreforma

Oppvekstreforma gir kommunane eit større ansvar for det faglege og økonomiske barnevernsarbeidet (Prop. 73 L (2016-2017)). Det økonomiske ansvaret utgjør vesentlege kostnader. Formålet er at kommunen skal ha insentiv til å komme tidleg inn med naudsynnte tiltak i familiane, drive førebyggjande tiltak og velje tiltak som er minst mogleg inngripande. Det økte økonomiske og faglege ansvaret skal i følgje reforma bidra til at førebygging og tidleg innsats får økt merksemd ved at kommunen prioriterer det førebyggjande arbeidet. Dette fører til økte krav til leiing, kommunens styringsarbeid og det samla familiestøttande arbeidet i kommunen. Tidleg innsats i oppvekstreforma er definert som «tidleg inn» i problemutviklinga og er uavhengig av barnets alder. Familiens hus er etablert med bakgrunn i reforma og har gjennom det første året i etableringa hatt fokus på å organisere tenestene til barn, unge og familiar med utgangspunkt i tidleg innsats og lågterskeltilbod.

Bjørnafjorden kommune har fått førespurnad om å delta i ei følgjeforsking knytt til oppvekstreforma og har takka ja til dette. Det er NTNU, Samfunnsforskning, avdeling for mangfold og inkludering som har ansvaret for dette. Formålet med prosjektet er å bidra til en mest mogleg vellukka gjennomføring av reforma, slik at målet med reforma vert nådd. *Fleire barn skal få rett hjelp til rett tid*, og tenestetilbodet skal i større grad kunne tilpassast lokale behov. Følgjeevalueringa skal bidra med kunnskap om korleis reforma påverkar tilbodet til barn og unge og om det er behov for å gjere justeringar undervegs. Det er 5-7 kommunar som skal følgast i tida fram til 2027. Vi vurderer at dette gjer oss ein unik moglegheit til å sjå på eigne tilpassingar og tenester på eit særleg viktig tema.

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis

Vi deltek i den nasjonale satsinga Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Måla er at alle kommunar skal ha tilstrekkeleg kompetanse tett på barna for å kunne forebygge, fange opp og gje eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert barn og elevar med behov for særskild tilrettelegging.

I eit inkluderande perspektiv kan ein lese talet på spesialundervisning i skule og tal vedtak som spesialpedagogisk hjelp i barnehage etter § 31 og vedtak om individuell tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne §37 som eit mål på delen barn vi ikkje klarar å inkludere i det ordinære. Målet vårt er at det ordinære pedagogiske tilbodet skal vere universelt og inkludere naudsynnte kompensatoriske hjelpemiddel, slik at alle barn skal kunne delta. Då må hjelp, støtte og kompetanse vere tett på barna, slik at ein tidleg kan oppdage problem i utviklinga.

Samanheng mellom §31 og §37 i barnehagelova

Vi har framleis ein del søknader til barn med individuell tilrettelagt barnehagetilbod etter §37 (barn med nedsett funksjonsevne) og § 31 (rett til spesialpedagogisk hjelp) i barnehagelova. Administrasjonen tok initiativ til møte med Statsforvaltaren for å klargjere kva som er tilrettelegging og kva som er spesialpedagogisk hjelp og dra dei nødvendige grenseoppgangane tydelegare opp i det vidare arbeidet.

Statsforvaltaren er klar og tydeleg på at barnehagen har eit stort ansvar når det kjem til kva som er innanfor det ordinære tilbodet. Alle barn har behov for hjelp, støtte og tilrettelegging i ulike samanhengar i barnehagekvardagen. Utgangspunktet er derfor at alle barn, også dei med særlege behov, skal vere ein del av det ordinære barnehagetilbodet. I forskrift om rammeplan for barnehage 1 punkt 3, står det at barnehagen skal ivareta barnas behov for omsorg, lek, danning, kommunikasjon og språk, læring, vennskap og fellesskap. Barnehagen sitt ansvar innanfor det ordinære barnehagetilbodet skal strekke seg langt.

Formålet med § 37 er å tilpasse omgivelsene til barnet, slik at barnet kan bruke barnehageplassen sin. Vilkår er nedsett funksjonsevne. Målsettinga etter § 37 er ikkje ei endring eller utvikling hos barnet. Dette ligg til §31 der formålet er å gje barn med særlege behov tidleg hjelp og støtte til utvikling og læring. Vilkår er særlege behov. Det skal vere ei pedagogisk støtte for å gjere barnet betre rusta til å starte i skulen.

Barnehagelova §§ 31 og 37 har til felles at begge regulerer hjelp og støtte til barn med spesielle behov. Dette er likevel to ulike rettar, med ulikt innhald. Ulike former for sosial trening, språktrening, trening for å forbedre motorikk, regulering av følelsar eller øvingar knytt til interaksjon og kommunikasjon, vil høyre innunder § 31 om spesialpedagogisk hjelp.

Ein må alltid ta omsyn til barnets beste. Barnet sine utfordringar må bli handtert etter dei paragrafene som har som formål å dekke barnet sitt behov.

Denne gjennomgangen kan endre omfanget av vedtak ift §31 og §37, men det er for tidleg å seie noko om dette vil få økonomiske konsekvensar og kan bidra til nedtrekk.

VERD-SETT:

Program for folkehelsearbeid i kommunane er ei nasjonal satsing der målet er å styrke det helsefremjande arbeidet og bidra til langsiktig og systematisk folkehelsearbeid i kommunane. Bjørnafjorden kommune deltek i denne satsinga gjennom prosjekt VERD-SETT – saman om livsmeistring og fråværsforebygging og dette arbeidet held fram i 2023 og 2024.

Dette er eit forskingsprosjekt der vi utviklar kunnskapsbaserte lokale tiltak. Alle tiltak vil bli evaluert. Kommunen har etablert samarbeid med NORCE og KoRus Vest i dette prosjektet. Bjørnafjorden kommune får tildelt vel 3, 1 millionar i prosjektperioden. Overordna mål er å jobbe saman på barn og unge sine oppvekstarenaer for å styrke meistringsevne og psykisk helse, og for å auka nærvær og førebyggja utanforskap. Analyse og oppfølging av Ungdata tala for vår kommune er eit sentralt arbeid for å få eit kunnskapsgrunnlag og informasjon som grunnlag for tiltaksutviklinga. Dette er eit omfattande prosjekt som er blitt delt opp i delprosjekt, Ressursteam barnehage og skule, Sjøast i morgon(SIM) i barnehage og skule, livsmeistring & folkehelse og kompetanseheving. Nytt delprosjekt haust 2022 er etablering av E-sport i Bjørnafjorden.

Bjørnafjorden kommune deltek som ein av åtte kommunar i Noreg i pilotstudie Back2School (B2S). B2S er eit underprosjekt i delprosjektet SIM i VERD-SETT. Målet i pilotprosjektet Back2School er å hjelpe barn tilbake til ein regelmessig skulegang og at dei skal trivast med å gå på skulen. Det skal gjerast gjennom å støtte barnet, familien og skulen gjennom forskingsbaserte metodar. Utgangspunktet at skulefråvær er eit samansett problem og nøkkelen er eit systematisk og godt samarbeid mellom alle involverte. Kommunen får gjennom deltaking i dette pilotstudie tre tilsette ved Familiens hus som har ei grunnopplæring i angst, depresjon og foreldrerettleiing. Denne kunnskapen vil komme til nytte i andre saker, samtidig som kommunen sin kompetanse på handtering av skulefråvær blir utvida. Prosjektet er eit samarbeid mellom NTNU Regionalt kunnskapssenter for barn og unge – Psykisk helse og barnevern,

NORCE, Universitetet i Bergen, UiT Norges arktiske universitet, UiT RKBK Nord og Læringsmiljøsentret ved Universitetet i Stavanger.

Gjennom deltaking i Program for folkehelsearbeid i kommunane har vi fått auka kunnskap og fokus på det systematiske folkehelsearbeidet i kommunen. Vi vil arbeidet vidare med å sikre felles forståing, ansvar og roller i folkehelsearbeidet.

TIBIR – Tidleg intervensjon for barn i risiko

TIBIR er eit evidensbasert rådgjevningsprogram til foreldre som er tilpassa kommunale tenester som møter barn, unge og familiar i risiko for å utvikle samspelsvanskar. Programmet er ein lågterskelintervensjon der tilsette kan tilby foreldrerådgjeving til familiar med barn i alderen 3-12 år. Bjørnafjorden kommune og Familiens hus har inngått avtale med Nubu – nasjonalt utviklingssenter for barn og unge om implementering av programmet. Bjørnafjorden blir difor i løpet av 2023 ein TIBIR-kommune. Det er ikkje kostnader knytt til bruk av TIBIR utover ressursbruk i eige organisasjon.

Tre tilsette frå familieteamet er i gang med opplæring i programmet og skal i løpet av våren 2023 implementere og gje opplæring til tilsette i Familiens hus. Programmet tar sikte på å bidra til at familiane kan snu familiesamspillet i positiv retning ved å endre foreldrepraksis og fremje barns utvikling. Det er mange kommunar som nyttar TIBIR som første val av rettleiingsmetode i kontakt med familiar som strevar med samspelsvanskar. Ved innføring av denne metodikken er målet at vi skal nå fleire familiar med hjelp på eit tidlegare tidspunkt der barnet og familien er f.eks på helsestasjonen eller i skulehelsetenesta.

BTI (Betre tverrfagleg innsats)

BTI (Betre Tverrfagleg Innsats) og er ein samhandlingsmodell for tenester som møter gravide, barn, unge og deira foreldre det er knytt undring eller bekymring til og som det er behov for å samarbeide rundt. BTI-modellen skal bidra til tidleg innsats, betre tverrfagleg samarbeid, likeverdige tenester og brukarmedverknad. Modellen inneheld ein digital handlingsrettleiar med tilhøyrande verktøy som skal brukast på ulike nivå på tvers av tenester/einingar. Gjennom å implementere BTI og handlingsrettleiaren får vi felles retningslinjer og rutinar for korleis ein går fram dersom ein er bekymra og dersom det er behov for samarbeid med føresette og eller andre tenester kring einskildebarn og familiar. Bjørnafjorden kommune fekk i 2022 midlar (eingongssum) frå Statsforvaltaren for å starte arbeidet med å implementere modellen. Arbeidet med implementering held fram i 2023.

Førebyggjande arbeid ungdom – rus og psykisk helse

Psykisk helse er ei satsing både nasjonalt og lokalt. Dei fleste barn og unge har god psykisk helse, samtidig ser vi at det både lokalt og nasjonalt ei markert auke av psykiske helseplager blant barn og unge. Både å førebygge og å hjelpe barn, unge og familiar som treng det vil vere sentralt framover.

Møteplass for ungdom: Ung Arena skal vere eit godt tverrfagleg hjelpetilbod og møteplass for ungdom i alderen 13 – 20 år og arbeidet her vil fortsatt vere ei viktig satsing og ein viktig del av førebyggjande og tidleg innsats inn mot ungdom. Frå august 2022 har vi auka aktiviteten i Fjorden Arena. Det er no fast aktivitet kvar veke for ungdom i ungdomsskule og VGs skulealder. Det er aktivitet med INTRO DM (deltaking og mesitring) både på Ung Arena og Fjorden Arena. Vi har fått midlar frå Bufdir.

I forslag til statsbudsjett blir det bevilga 300 millionar til psykisk helse og rusfeltet på landsbasis. Fleire av postane er knytt til rusførebyggjande og helsefremmande arbeid. Blant anna føreslår regjeringa 2,5 millionar til oppstart av eit nasjonalt program for rusførebyggjande arbeid blant barn og unge. Føremålet

med programmet er å begrense skadane som bruk av rusmidlar kan gjere, gjennom å implementere kunnskapsbaserte verktøy og metodikk hos aktørar med ansvar for rusførebygging. Vi veit ikkje kva dette betyr konkret for vår kommune. Slik det ser ut vil det vere ein del av desse midlane kommunane kan søkje på. Nasjonal og lokalt ser vi meir normalisering av rusbruk blant unge og at auka tilbod/tilgjengelegheit gjer det enklare å debutere. Det er spesielt cannabis og kokain som blir nemnd som stoff som blir brukt, men også GHB er på veg tilbake. Ein har god oversikt over det «etablerte» rusmiljøet, men ikkje dei andre miljøa. I nokre møtefora blir det også nemnd at ein ser meir openlyse salsituasjonar no. Aksepten for at andre bruker rusmiddel har også endra seg noko.

1.7.22 blei kommunane pålagt å ha ei rådgivande eining for rus-saker. Det er politiet som skal sende saker over til kommunen då det er ei straffegjennomføring, men med hensikt om at brukaren skal få hjelp. Det er psykisk helse og rus som har hovudansvaret for ei slik eining, men Helsedirektoratet ber kommunane tilstrebe ein tverrfagleg kompetanse i, eller knytt til eininga/funksjonen. I tillegg bør ein knytte til seg brukarerfaring og barnevernsfagleg kompetanse. Dette må følgjast opp framover.

KoRus (kompetansesenter for rus) har laga nettverk der ungdomsskular og vidaregåande skular møtast i samarbeid med andre aktørar knytt opp mot skulane. Ruskonsulent og SLT-koordinator held i denne forbindelse på med ein rettleiar rundt rus i skulen som vil vere klar før jul 2022. Rettleiaren er meint som støtte til skulen sitt rusarbeid. Rettleiaren vektlegg nødvendigheita av eit tverrfagleg og -etatleg samarbeid, og gir eksemplar på korleis handtere russituasjonar i skulen.

Innsparingstiltak

Vi har arbeida systematisk med å få fram varige innsparingstiltak i Oppvekst, men har store utfordringar med å finne tiltak tilsvarande dei nedtrekk som er lagt til oppvekstområdet.

Vi skal:

- realisere rammenedtrekk - tilsvarande måltala i prosjekt økonomisk handlefridom
- hente inn meirforbruket frå 2022 slik at vi sikrar budsjettbalanse i drifta

Saman med ytterlegare innsparingskrav i budsjett 2022 og økonomiplan 2022-25 er dette svært krevjande og vi har ikkje klart å leggje inn tilstrekkeleg med tiltak som gjer at vi når måltala. Dette heng saman med at skule og barnehage er "gjennomregulert" med bemanningsnorm, pedagognorm og lærranorm, at vi har ein dyr barnehage og skulestruktur og at vi har et krevjande forholdstal mellom kommunal og privat barnehagedrift. Det er og kopla til den store nasjonale oppvekstreforma som er en stor snuoperasjon i kommune-Noreg og som krev tid å realisere. Vi viser til skildring av verksemda for å vise utfordringsbildet nærmare.

Rammenedtrekk 2023:

Tiltak	2023	2024
Synergjar Familiens hus	3 000 000	3 000 000
Skule/barnehage – synkande barnetal	3 000 000	5 000 000
Skulestruktur/barnehagestruktur		8 000 000
SUM:	6 000 000	16 000 000

Tiltak	nedtrekk
Ungdomskonsulent – 1 årsverk (Familiens hus)	827 000
Kommunepsykolog – 1 årsverk (Familiens hus)	1 057 000

Redusere kjøp av tenester frå private aktørar i barnevernet (Familiens hus)	1 200 000
Synkende barnetal – justering av bemanning kommunale barnehagar	1 422 000
Nye kostnadsreduserande tiltak – ekstern gjennomgang PWC	1 500 000
Samla tiltak – nye nedtrekk:	6 006 000

Ta ut synergieffektar av felles organisering i Familiens hus

Innsparingspotensiale: I 2021 omorganiserte sektoren med å samle ei rekkje tenester i Familiens hus. Det er allereie gjort nedtrekk knytt til ny organisering og vi har fleire positive faglege synergjar. KOSTRA tala visar at det er «eit teoretisk handlingsrom» når vi samanliknar oss med dei 5 kommunane som driver billigast i vår kommunegruppe. Dette må analyserast nærmare, men samla sett er det potensiale til å hente ut effektar i Familiens hus.

Trekke ned ungdomskonsulent – 1 årsverk - Heilårsverknad - 827 000

Tiltak: Ikkje tilsette i ledig stilling som ungdomskonsulent

Argument for å gjennomføre tiltaket: Familieteamet og ungdomsteamet er etablert og godt i gang med arbeidet. Samla innan dette feltet kan vi gå ned eit årsverk ved at teama arbeider på nye måtar og ved at avdelingsleiar for ungdomsteamet arbeider 50% som leiar og 50% som utøvande i ungdomsteamet.

Konsekvensar for brukarar: Brukarane vil ikkje merka kvalitetsendring på dette tiltaket, men det vil medføre ein reduksjon i det totale tilbodet til ungdomsteamet

Konsekvensar for tilsette/HMS: Stillinga blei ledig sommaren 2022 og det er ikkje rekruttert inn igjen. Endringa gir auka press på lågterskeltilbodet til kommunen og høgare arbeidspress for tilsette i familieteamet og ungdomsteamet.

Konsekvensar for andre einingar: Mogleg høgare press på ungdomsskulane knytt til oppfølging av elevar som strevar.

Vurdering opp mot lovverk/nasjonale føringar: Dette er ikkje ei lovpålagd oppgåve og kjem ikkje i konflikt med lovverk og føringar.

Trekke ned stilling kommunepsykolog – 1 årsverk - Heilårsverknad - 1 057 000

Tiltak: ikkje tilsette i ledig stilling som kommunepsykolog

Argument for å gjennomføre tiltaket: Stillinga har vore utlyst, men vi har ikkje lukkast i å rekruttere. For å oppnå krav til innsparing blir stillinga «tatt inn».

Konsekvensar for brukarar: Det er ei auke i psykisk uhelse blant barn og unge på landsbasis. I vår kommune viser tal frå Ung data at mange unge strevar med psykisk helse og risiko for utanforskap. Helseføretaka melder om ei stor auke i tilvisingar til spesialisthelsetenesta. Når vi ser på saker som vert meldt inn til familieteamet er dette ofte saker der barn har venta for lenge på hjelp. Dette utgjer ein risiko for at vi ikkje klarer å snu tenestetilbodet slik vi ønsker ved å tilby hjelp på eit tidlegare tidspunkt. Det er og risiko for at kommunepsykologane ikkje kan arbeide på systemnivå inn mot skular og

barnehagar for å førebygge større vanskar hos barn, unge og familiar. Dersom ein ikkje tilsett ny kommunepsykolog er det fare for at ventetida hos kommunepsykologane aukar.

Konsekvensar for tilsette/HMS: dette er ei stilling som har stått vakant. Auka arbeidspress på dei to kommunepsykologane som er tilsett i oppvekst. Risiko for å at arbeidspresset vert så stort at dei sluttar.

Konsekvensar for andre einingar: Kan få konsekvensar for einingar i Familiens hus og innan Helse og velferd ved at fleire ikkje får den hjelpa dei treng. Meir arbeid på andre tenester, mogleg fleire barnevernsaker.

Vurdering opp mot lovverk/nasjonale føringar: For å kompensere noko for dette vil ein forsøke å rekruttere familierettleiar med særleg kompetanse frå psykisk helse, angst og depresjon. Redusert tilbod knytt til psykisk helse er ikkje i tråd med oppvekstreforma og andre nasjonale føringar.

Reduksjon av private kjøp Barnevern – 1, 2 millionar (heilårsverknad)

Tiltak: redusere kjøp av private tenester i Barnevernet.

Argument for å gjennomføre tiltaket: Familieteamet og ungdomsteamet er etablert og godt i gang med arbeidet. Dei kan overta nokre av rettleiingsoppgåvene, tilsyn under samvær og rettleiing i fosterheimar som barnevernet tidlegare brukte private aktørar til.

Konsekvensar for brukarar: Brukarane vil ikkje merka kvalitetsendring på dette tiltaket, men det vil vere behov for noko overlapping ein periode for saksoverføring

Konsekvensar for tilsette/HMS: Press på lågterskeltilbodet til kommunen og høgare arbeidspress for tilsette i familieteamet og ungdomsteamet

Konsekvensar for andre einingar: Reduksjon i Barneverntenesta sitt overforbruk på sikt. Barnevern må i periodar kjøpe tenester knytt til tilsyn under samvær då dette ofte skjer på helg og kveld.

Vurdering opp mot lovverk/nasjonale føringar: Vi må sikre at dei sakene som vert tilvist frå barnevern får omfattande nok oppfølging knytt til behovet familiene har. Om vi ikkje klarer dette er det risiko for lovbrøt det kan krevje kjøp av tenester frå private aktørar

Skule/barnehage - synkende barnetal

Effekten av det synkende barnetalet i kommunen vil vere lågare kostnader til barnehage og skular. Dette vil til ein viss grad vere avhengig av kor folk er busett, størrelse på klassar og barnehagegrupper. På barnehageområdet vil det og vere avhengig av om barna går i kommunal eller privat barnehage. Situasjonen med nedtrekk på dette feltet vil endrast om folketal og barnetal går opp igjen.

Barnetalet i barnehagane ved årsskifte 2022/23 er ganske stabilt i forhold til førre årsskifte. Ein har likevel ein auke i tal plassar pga. mange små barn. Det betyr ein auke i tilskot til private barnehagar då auken er i dei private barnehagane. Hausten 2023 er det eit stort barnekull som skal starte på skulen. 345 barn går ut av barnehagane. Dei yngre årskulla er ikkje så store, så vi reknar med ein nedgang i tal barnehageplassar frå august 2023. Vi klarer likevel ikkje «nye» 3 millionar og det betyr at dette tiltaket ikkje lar seg fullt ut realisere i 2023. Oppvekst må difor arbeide vidare med å finne nedtrekk på andre områder for å nå målet om ny innsparing på 6 millionar.

Grunngjeving: Det blir vist til skildring av verksemda under avsnittet Tilskot private barnehagar 2023: Vi har ein dyr barnehagestruktur i kommunen, pga. mange små kommunale barnehagar. I samband med statsbudsjett 2023 er deflatorveksten mykje høgare enn venta. Meirkostnad for 2022 basert på tal barn i private barnehagar ved årsskifte 2022-23 vil vere kr. 5 983 000. Vi veit at tal plassar i barnehagane vert redusert ved oppstart nytt barnehageår per august så heilårseffekten vil vere noko lågare. Men når ekstra kostnad for deflatorvekst må finansierast vil ikkje område klare å dekke innsparingskravet på 3 millionar. Barnehageområde har i tillegg ein reduksjon i budsjettramme på 5 millionar frå økonomiplan 2021-2024 som er krevjande. Endringa i budsjettramma var basert på ei forventning om at vi skulle optimalisert drifta etter endring i vedtekter (berre heile plassar, fylle opp barnegruppene pr. barnehage, feriestengt). Det har vi gjort så langt det lar seg gjere, men samla sett har dei kommunale barnehagane nokre færre barnehageplassar no enn førre år og vi har nokre små kommunale barnehagar som er dyre å drifte fordi barnetalet ikkje er "optimalt".

Justering i forhold til demografi – kommunale barnehagar – 1 437 000 (heilårsverknad)

Tiltak: Justere drift som følgje av færre barn i kommunale barnehagar.

Argument for å gjennomføra tiltaket: Vi må ta ned drifta som følgje av færre barn i dei kommunale barnehagane

Konsekvensar for brukarar: Konsekvens kan vere at barn som søker utanom samordna opptak ikkje får plass i den barnehagen dei ønskjer fordi barnehagen er «full» som følgje av at dei har justert tal tilsette til tal barn.

Konsekvensar for tilsette/HMS: Tilsette kan oppleve jobbsituasjonen som usikker som følgje av at drifta blir justert frå år til år ut frå tal barn i barnehagen.

Konsekvensar for andre einingar: Inga konsekvensar

Vurdering opp mot lovverk/nasjonale føringar: Arbeidsgjevar følgjer lova og avtaleverk ved nedbemanning.

I 2024 er det lagt inn ytterlegare nedtrekk på 2 millionar i høve synkande barnetal. Som det framgår av året budsjettforslag klarer vi ikkje nedtrekket på 3 millionar i 2023. Ut frå teksten vi har skrevet om meirutgifter på tilskot til private barnehagar per i dag, må vi kome tilbake til detaljar her i samband med budsjett 2024. Kvart år blir finansieringsmodellane i barnehage og skule justert etter barnetal og elevtal

Det blir vist til skildring av verksemda for å sjå barnetalsutviklinga. I barnehagebruksplan (høyringsutkast) er det gjort vurderingar av barnetalsutvikling ved hjelp av prognosar frå Telemarksforking. Ut frå desse tale er det sannsynleg at tal barn fra 0-6 år vil synke dei neste åra. Med høg attraktivitet vil tal barn i barnehagealder vekse etter nokre år. Med lav attraktivitet vil barnetallet synke i heile perioden fram til 2034.

For elevtalsutviklinga viser vi til skildring av verksemda og til Skulebruksplan 2022 – 2034. Tala viser at sjølv med høg vekst og høg attraktivitet ser vi ein nedgang i elevtalet etter 2024 (barn 6-15 år). Slik tala ser ut i dag er det eit stort kull som går inn i skulane frå hausten 2023 og elevtalet samla sett ligg stabilt. Frå 2024 er det reduksjon på 85 elevar (dagens tal). Tala vil bli endra men per i dag vil vi ha 96 færre elevar i 2025 og ytterlegare 127 i 2026.

Skulestruktur/barnehagestruktur

KOSTRA tala viser at det er eit «teoretisk handlingsrom» for innsparing på barnehage og skuleområdet. Innan skuleområde viser analysane at dei kommunane som driv billigare enn Bjørnafjorden har færre og større skular. På barnehageområdet har Bjørnafjorden ein «dyr modell» med ein stor privat sektor og fleire små og dyre kommunale barnehageeiningar.

Det blir vist til budsjett tekst i 2022 der administrasjonen peika på at eventuelle strukturendringar skal bygge på kommunestyrets økonomiske, politiske og samfunnsmessige prioriteringar. Konkrete vurderingar av barnehage og skulestruktur krev utgreiingar og konsekvensvurderingar knytt til nærmiljø, avstandar til neste barnehage og skule, konsekvensar for tilsette og barn/elevlar. Ein slik prosess må byggje på fakta i skulebruksplan som nyleg er vedteke og barnehagebruksplan som kjem til politisk behandling vinteren 2022/23. Ein strukturdebatt bør koplant mot bygningsmessige vurderingar og evt. større behov for rehabilitering/nybygg. Skal det gjerast ein konkret strukturvurdering skal lokalmiljøa og einingane bli involvert i prosessen.

Kommunedirektøren la fram forslag til nedtrekk for 2023 og 2024 i Utval for økonomisk handlefridom i september 2022. Her låg det ei forventning om eit lågare utgiftsnivå på kr 8 millionar kroner frå 2024 som følgje av strukturendringar. Dette var heilårsverknad, og det blei peikt på at det tidlegaste vi kan få til endringar er hausten 2024. I Utval for økonomisk handlingsrom blei dette tiltaket tatt ut. Leveransen frå Utval for økonomisk handlefridom er ikkje politisk behandla per i dag. Kommunedirektøren har oppretthalde denne summen i budsjettet fordi administrasjonen ikkje finn andre nedtrekk for å nå det samla nedtrekket i oppvekstsektoren.

Det blir vist til at administrasjonen i høyringsutkastet for barnehagebruksplan 2023 -2035 har lagt inn at Holdhus barnehage bør flyttast til Jettegryto barnehage frå hausten 2023 når nye Jettegryto barnehage opnast. Her vil det vere areal/kapasitet til barna frå Holdhus barnehage. Dersom dette skal gjerast frå hausten 2023 vil det bidra til å realisere nedtrekk i Oppvekstområdet. Det vil kome ei eiga sak om dette til politisk behandling i første møterunde etter nyttår. I denne saka vil vi ta med innspel frå høyringsrunden for barnehagebruksplanen. Her er det høyringsfrist 05.12.22. Dersom ei slik strukturendring skal gjennomførast frå barnehageåret 2023/24 må det avklarast før samordna opptak 01.03.23.

Kommunedirektøren viser det økonomiske potensialet ved ei slik endring, men understrekar at det kjem eiga sak om eventuell endring. Dette forslaget er ikkje lagt inn i tiltaksliste per i dag, men Oppvekstområdet har eit urealisert nedtrekk som ikkje er dekkja inn per i dag.

Mogeleg innsparing: Ressursar til tilsette (inkl. leiging), driftsutgifter og reinhald vil utgjere ca. 930 000 (heilårsverknad). Barnehagen har per i dag 3 årsverk i grunnbemanning for å dekke heile opningstida, men i forhold til bemanningsnorm treng dei berre 2 årsverk i grunnbemanning = 1 vaksen pr. 6 plassar. Per no har 14 plassar i bruk (9 barn – 5 små og 4 store), men i tråd med kommunestyrevedtak om å ha fulle barnegrupper hadde vi ikkje teke inn det siste barnet dersom bemanninga hadde lagt på norm. Då hadde dette barnet fått plass i annan barnehage. Dei minste kommunale barnehagane kostar mykje meir per barnehageplass enn dei større kommunale barnehagane der vi kan bemanne i forhold til bemanningsnorm. Dette aukar storleiken på tilskot til private barnehagar 2 år fram i tid. Private barnehagar utgjør meir enn 75% av barnehageplassane i kommunen, og då vert det kommunale tilskotet høgt - jf. utrekninga i barnehagebruksplanen.

Ressursbruk i PPT vil bli påverka av ei slik endring. PPT fordeler per i dag personalressursane sine på mange einingar og i tillegg går det mykje tid til reising. Samfunnsutvikling ved Eigedom drift vil spare utgifter til straum, kommunale avgifter og vaktmeister/vedlikehald.

Tiltak for å ta ned meirforbruket i 2022 og nye tiltak som ikkje er realisert i Bjørnafjorden 22

I 2 tertial viser meirforbruket at vi har store utfordringar på Oppvekst med nærmare 29 millionar. Dersom vi held covid-19 utgifter utanfor så må vi arbeide med å justere drifta for å oppnå balanse:

- Ca. 6 millionar -manglande tiltak B22
- Ca. 5 millionar handlar om at vi har for høg drift ift budsjetta i skulane.
- Hausten 2022 har vi som følgje av komplekse elevsaker nytta meir ressursar på dette feltet enn det vi har budsjettert. Dette vil følgje oss inn i 2023 og utgjer per i dag 3 millionar i meirforbruk.
- Ca. 11 millionar er knytt til barnevernet. Dette er knytt til manglande finansiering av oppvekstreforma, fleire dyre institusjonsplassar og at snuoperasjonen med å ta ned eksternt kjøp av tenester tar tid

Området legg fram følgjande tiltak/strategiar for å sikre budsjettbalanse på sikt. Vi vil trenge både 2023 og 2024 for å oppnå budsjettbalanse.

Budsjettbalanse skule:

På skuleområdet har vi eit meirforbruk på ca 5 millionar som følgje av for høg drift i skulane. Meirforbruket i dag skuldast for høg drift våren 2022. Skulane har lagt seg på «rett nivå» for skuleåret 2022/23. Finansieringsmodellen gir stram skuledrift og lite fleksibilitet, men er forsvarleg. Det har vist seg krevjande når det kjem store vedtak om spesialundervisning. Dette er omtala i tertialrapportane dette året. Vi har også elevsaker som gjer at vi i periodar må setje inn ekstra tiltak. Når budsjetta er så stramme, har ikkje skulen fleksibilitet til å setje inn desse tiltaka utan å overskride ramma. Vi arbeidar kontinuerleg med å drifte innan ramma og dei fleste skulane har klart dette også i 2022. Skulane har ikkje fått redusert budsjett siste året, med unnatak av manglande priskompensasjon som merkast godt i stramme budsjett. Dei skulane som har gått ned i elevtal har fått redusert budsjett i tråd med finansieringsmodellen.

Skuleområdet samla sett har i 2022 eit meirforbruk knytt til elevar med store hjelpebehov som treng ekstra ressursar. Dette overforbruket drar vi med oss for resten av dette skuleåret, men det blir arbeida aktivt med å finne løysingar og modellar som skal hjelpe oss å halde denne budsjettamma for neste skuleår. Organisering internt på skulane og fordeling av midlar til skulane er døme på dette.

I tillegg til ovannemnte er det lagt inn konkrete nedtrekk knytt til skule:

Tiltak:	Beløp:	Effekt/Tidspunkt
Midthordland kompetanseregion – medlemsavgift	328 000	Dette er ikkje eit nytt tiltak men vidareføring av nedtrekk i 2022. Det blir nytta fondsmidlar frå Midthordaland kompetanseregion – så det er ikkje eit varig nedtrekk.
MOT- avslutte avtale	600 000/ 1 200 000 (heilårseffekt)	Frå skuleåret 2023/24
Skule: Avslutte bruk av It's learning	187 000 (heilårseffekt)	Halvårseffekt i 2023. Gjeldande frå skuleåret 2023/34
Skule: avslutte bruk av «Veilederen»	140 000 (heilårseffekt)	Ikkje full effekt i 2023. Avtale ikkje sagt opp.

TILTAK: Midthordaland kompetanseregion – 328 000

Tiltak: Bjørnafjorden kommune har redusert medlemsavgift i ein periode fordi regionen har midlar på fond som blir nytta til drift ut 2023. Dette er ikkje varig nedtrekk. Kommunane skal tilhøyre ein kompetanseregion. Dette er ein statleg modell som statsforvaltar følgjer opp ut mot kommunane, til dømes all organisering og fordeling av midlar til nasjonal kompetanseheving. Barnehage og skule er omfatta av ordninga.

Argument for å gjennomføra tiltaket: Spare midlar i ein periode.

Konsekvensar for brukarar: Inga

Konsekvensar for tilsette/HMS: Inga

Konsekvensar for andre einingar: Inga

Vurderingar opp mot lovverk/nasjonale føringar: Vi er pålagt å vere med i ein kompetanseregion.

MOT – ungdomsskulane - 600 000 (halvårseffekt 2023) og 1 200 000 (heilårseffekt 2024)

Tiltak: Vi avsluttar samarbeidet med MOT og vil ikkje ha mogelegheit for å nytte MOT merkevare og verktøykassen deira. Merkevara MOT er kjent for mange noko som i seg sjølv har stor effekt.

Argument for å gjennomføra tiltaket: Ikkje eit lovpålagt tilbod. Innsparinga er knytt til kva vi betaler for sjølve avtalen med MOT (100 000 årleg) , men òg i driftsutgifter/ MOT-koordinator/lærarressursutgifter (MOT-coach).

Konsekvensar for brukarar: Ungdomsrådet uttale seg om effekten av MOT i fjorårets budsjett og var veldig tydelege på at dette er eit godt tiltak for elevmiljøet ved ungdomsskulane. MOT er eit universelt førebyggjande tiltak som alle elevar i ungdomsskulen i Bjørnafjorden kommune får. Eit tiltak som forskning nasjonalt visar har effekt: Skular som følgjer MOT-programma opplever mindre mobbing, færre ungdommar utan ein einaste ven, færre psykiske vanskar og mindre rusmisbruk.

Om kommunen seier opp MOT-avtalen, har vi moglegheit til å få til eit førebyggingsprogram i kommunal regi. Men, å lage eit eige førebyggjande program vil krevje ressursbruk frå skulane og andre tenester og per no vil vere vanskeleg å prioritere.

Konsekvensar for tilsette/HMS: 10 tilsette har delar av stillinga si som MOT-coach. MOT-delen av stillinga vil då måtte førast tilbake til vanleg lærarressurs (ein som fagarbeidarressurs) på kvar skule. Ungdomsskulane og kontaktlærarane mister det tilbodet som MOT gir når det gjeld å arbeide med klasse- og elevmiljøet. Dersom vi vel å sei opp avtalen med MOT må vi som kommune sjølv lage/finne eit anna opplegg/program for å sikre. Vi har kompetanse i kommunen til å setje i verk tilsvarande lågterskeltilbod til elevane, men det kan bli ressurskrevjande å etablere.

Konsekvensar for andre einingar: Andre einingar må i framtida bidra inn i førebyggingsarbeidet på kvar skule. Kvar skule må ha eit arbeid inn mot førebygging, bl.a. med tanke på Livsmeistringsarbeidet i den nye læreplanen, og det bør ikkje vere tilfeldig/opp til kvar enkelt skule og lærar korleis ein arbeider med førebygging. Dette vil krevje ressursar, både i det å lage til og å implementere og gjennomføre opplegget.

Vurderingar opp mot lovverk/nasjonale føringar : MOT sine program er forankra i nasjonale føringar: Opplæringslova §1-1 og kapittel 9A, Overordna del av læreplan, Regjeringa sin strategiplan for god psykisk helse "Mestre hele livet", Stortingsmelding 28 – Fagfornyninga, Helse- og omsorgsdepartementets prop. 121 "Opptappingsplan for barn og unges psykiske helse" (2019-2024).

Skule: Gjennomgå avtaler med sikte på å avslutte lisensar

Tiltak 1: Avslutte bruken av It's learning- 187 000 per år. Vi har 6 skular som nyttar It's learning som sin læringsplattform. It's learning tilbyr lærarane gode moglegheiter for å skape engasjerande undervisning, motivera elevane og kommunisera tett med kvar einskild.

Argument for å gjennomføra tiltaket: Spare midlar. Vi har allereie alternativ læringsplattform som kan erstatte It's learning.

Konsekvensar for brukarar: Elevane mister arbeid som dei har gjort. Elevane mister oversikt over fag og dei må bruke tid og energi på å lære nytt system. Dyrebar undervisningstid vil gå med til opplæring i nytt system.

Konsekvensar for tilsette/HMS: Mister opplegg og funksjonalitet. Må bruke tid på å lære nytt system. Mister tid til undervisning. Kan medføre frustrasjon og energilekkasje som kan påverka arbeidsmiljø.

Konsekvensar for andre einingar: Inga

Vurderingar opp mot lovverk/nasjonale føringar: Vi må ha ein digital læringsplattform, men har allereie google classroom som kan erstatte It's learning.

Tiltak2: avslutte lisens på Veilederen for skuleområdet. Utgjer 140 000 per år.

Argument for å gjennomføre tiltak: Det er få skular som nyttar eg av Veilederen og vi kan få støtte og hjelp til lovverket via andre kjelder.

Konsekvens for tilsette/HMS: Inga. Nokre leiarar må få informasjon frå andre kjelder. Skulane mister moglegheita til felles kurs for tilsette. Samtidig er det berre ein skule som har nytta seg av denne løysinga.

Konsekvens for andre einingar: Inga

Vurdering opp mot lovverket/nasjonale føringar: Vi har lovdata, Opplæringslova, rutinar i kvalitetssystemet.

Budsjettbalanse Familiens hus- barnevern:

Barnevernet har eit meirforbruk i 2022 på ca. 11 millionar. 5 millionar skuldast underfinansiering av oppvekstreforma. I Statsbudsjettet er det tilført midlar i samband med underfinansiering av oppvekstreforma på 2 556 000 er tilført Barneverntenesta.

Det øvrige meirforbruket skuldast dyre plasseringar og stort omfang på kjøp av tenester frå private aktørar. Vi har starta snuoperasjonen med å ta ned kjøp av private tenester. Dette er lagt inn som del av synergieffekten ved etablering av Familiens hus. Dette arbeidet vil fortsette, men vi må bruke tid og kan ikkje ytterlegare talfeste sum per i dag.

På sikt er målet av vi gjennom førebygging og tidleg innsats klarer å hjelpe barn, unge og familiar på ein slik måte at vi inngår dyre plasseringar, men vi må alltid ta høgde for at barn og unge i kortare eller lengre periodar må flyttast ut av familien.

Andre tiltak:

Tiltak:	Beløp:	Effekt/Tidspunkt
Reduksjon i barn plassert i statlege beredskapsheimar. Dette krev at vi finner fosterheimar og at det ikkje kjem nye plasseringar	1-2 millionar	Gradvis effekt utover våren 2023
Reduksjon i frikjøp av fosterheimar og meir individuelle årlege vurderingar av frikjøp	1 million	Gradvis effekt etter kvart som pågående avtaler utgår

Reduksjon i barn plassert i statlege beredskapsheimar. Dette krev at vi finner fosterheimar og at det ikkje kjem nye plasseringar - 1.2 millionar

Tiltak: Barn som i dag er plassert i statlege beredskapsheimar skal anten tilbakeførast til heimen eller gå over til varig plassering i fosterheim. Dette vil redusere utgiftene til barnevernet.

Argument for å gjennomføra tiltaket: Som eit ledd i alle alvorlege barnevernsaker skal det gjerast vurderingar når den akutte situasjonen er over. Nokre barn vert tilbakeført til familien etter at den akutte fasen er over og hjelpetilbodet til familien er på plass. I andre saker vert barna plassert i fosterheimar. Per oktober 2022 har barnevernet fleire saker som er uavklarte og som i løpet av 2022/2023 vil bli avklart med tanke på vidare oppfølging.

Konsekvensar for brukarar: Ei varig avklaring av barnet sin omsorgssituasjon er til det beste for barnet og ein avklaring i barnevernsaka knytt til omsorgsbasis har ikkje negative konsekvensar.

Konsekvensar for tilsette/HMS: Inga

Konsekvensar for andre einingar: Inga

Vurderingar opp mot lovverk/nasjonale føringar: Ei barnevernsak skal avklarast så snart som råd, men ein kan ikkje med bakgrunn i kommunen sin økonomi gjere tiltak som ikkje er til barnets beste

Reduksjon i frikjøp av fosterheimar og meir individuelle årlege vurderingar av frikjøp - 1 million

Tiltak: Redusere frikjøp i fosterheim.

Argument for å gjennomføra tiltaket: Fleire fosterheimar er frikjøpt i periodar for å kunne følgje barnet godt nok opp. Dette gjeld både barn som kommunen har omsorg for og barn som er frivillig plassert i slekt og nettverk. Ved å innføre tettare oppfølging med fosterheimane i form av rettleiing og nye rutinar for vurdering av vidare frikjøp er det mogleg å redusere dette noko.

Konsekvensar for brukarar: Dersom det oppstår uenigheit mellom barneverntenesta og fosterheimen knytt til frikjøp og barnets beste er det risiko for at det vert brot i fosterheimen.

Konsekvensar for tilsette/HMS: Tilsette kan kome i ein posisjon der barnets beste vert sett opp mot kommunen sin økonomi, noko som kan skape risiko for mistillit til barneverntenesta og brot i relasjonen til fosterheimen.

Konsekvensar for andre einingar: Ingen

Vurderingar opp mot lovverk/nasjonale føringar: Økonomi kan, i følgje lovverk, ikkje vera styrande for barneverntenesta si vurdering av barnets beste.

Ytterlegare nedtrekk gjennom tettare samarbeid mellom Oppvekst og Helse og velferd

Det er starta dialog om mogelege samla innsparing for kommunen dersom vi får til eit tettare samarbeid mellom buoppfølgingstenesta (under Psykisk helse og rustenester) og Barneverntenesta om muljoterapeutisk oppfølging av ungdom med rus og psykisk helseproblematikk som er på ettervern. Dette må vi arbeide vidare med før vi kan konkretisere eventuelle økonomiske innsparingar.

Det bør vurderast å overføre livsopphald og husleige til ungdom på ettervern til NAV. Det er praksis i andre kommunar. I så tilfelle vil Barnevernsbudsjetten «spare» ca. 1 million i året, men kostnaden kjem på eit anna budsjett.

Innsparingskrav i budsjett 2022 og økonomiplan 2022-25 – effekt frå i 2023:

Ytterlegare nedtrekk administrasjon frå 2023:

Kommunedirektøren la inn 2 millionar ekstra nedtrekk frå 2023 knytt til administrasjon. Tilsvarende summer blei lagt på dei andre sektorane. Dette har vi berre delvis funne dekning for så langt:

Reduksjon merkantile 0,8 årsverk - Innsparing kr. 588 000 (heilårsverknad).

Tiltak: Redusere merkantile årsverk med 0,8 i familiens hus

Argument for å gjennomføre tiltaket: Etter etablering av Familiens hus vart det sett på fordeling av merkantile ressursar i heile Familiens hus. Ved gjennomgang av oppgåver og «sambruk» vurderte ein at ein kunne gjennomføre naudsynte oppgåver med redusert ramme for merkantile ressursar.

Konsekvensar for brukarar: Ingen brukarar får redusert tilbod som følgje av tiltaket.

Konsekvensar for tilsette/HMS: Ingen. Endringa blei gjort ved naturleg avgang

Konsekvensar for andre einingar: Tiltaket har generert meir samarbeid mellom dei merkantile ressursane i familiens hus og ein har sikra meir robuste tenester ved at fleire kan overta andre sin oppgåver ved behov. I prosessen fekk ein og tilført juridisk kompetanse ved denne ressursomfordelinga intern i Familiens hus noko som har medført at innsynssaker og klagesaker har fått ein felles saksbehandling, og det er frigitt ressursar til arbeid med barn, unge og familiar.

Vurdering opp mot lovverk/nasjonale føringar: Ikkje negativ effekt. Tilføring av juristkompetanse har gitt betre sikring av kvaliteten i innsynssaker, kvalitetssystem, internkontroll og klagesaker.

Redusert budsjettpost tilskot til private barnehagar – 5 millionar frå 2023

Dette er omtala under nedtrekk som følge av synkende barnetal i barnehage og skule.

Ekstern gjennomgang – kostnadsreducerande tiltak- rapport frå PWC

Konsulentfirmaet PWC skal ha ekstern gjennomgang av oppvekstområdet med tanke på ytterlegare kostnadsreducerande tiltak. Oppstart for arbeidet i november 2022. Rapport kjem på nyåret. Etter dette vil det bli satt i gang prosessar i organisasjonen for å hente ut effekter. Dette arbeidet skal skje saman med leiarar og tillitsvalde.

Måltabell

Hovudmål	Delmål	Målast ved	Mål 2023
Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune	Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune	Barnehagebruksplan Bjørnafjorden vedteken	ilå
		Sektorplan oppvekst er utarbeidd	ilå

Hovudmål	Delmål	Målast ved	Mål 2023
Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar			
Vi leverer treffsikre tenester	Vi leverer treffsikre tenester	Andel frivillige plasseringar i barnevernstenesta	80,0 %
		Bjørnafjorden kommune har grunnskulepoeng likt eller betre enn nasjonalt snitt	
		Fleire barn blir ivaretatt i det allmennpedagogiske barnehagetilbodet gjennom systemretta samarbeid med barnehagane	50
		Fleire elevar får tilfredsstillande læringsutbytte innanfor tilpassa opplæring gjennom systemretta samarbeid med skulane.	50
		Tal barnehagar som har ressursteam i barnehage regelmessig etter oppsett plan	100,0 %
		Tal familiar i Trygg start som får tilbod om oppfølging ved behov	20
		Tal kommunale barnehagar som gjennomfører felles førskuleopplegg "Læring gjennom lek"	100,0 %
		Tal kommunale barnehagar som ligg på	100,0 %

Økonomiplan for 2023-2026

Hovudmål	Delmål	Målast ved	Mål 2023
		nasjonalt snitt i foreldreundersøkinga	
		Tal kommunale barnehagar som ligger over nasjonalt snitt på tema relasjonar i foreldreundersøkinga	100,0 %
		Tal kommunale barnehagar som nyttar overgangsplanen for å sikre gode overganger	100,0 %
		Tal kommunale skular som nyttar overgangsplan for å sikre god overgang mellom barneskule- ungdomsskule	100,0 %
		Tal kommunale skuler som nyttar overgangsplan for å sikre ein god overgang mellom barnehagane og skulane	100,0 %
		Tal skular som gjennomfører 8 ressursteam per år	100,0 %
		Tal ungdommar som deltek per gang på Ung Arena (hjelpetilbod og møteplass)- ungdomsskule elevar	50
		Tal ungdommar som deltek per gang på Ung Arena (hjelpetilbod og møteplass)- vidaregåande elevar	20
Hovudmål	Delmål	Målast ved	Mål 2023
Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet	Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet	Alle førstegongsfødande i kommunen får tilbod om Foreldreførebuande kurs	100,0 %
		Alle nyutdanna barnehagelærar i kommunale einingar skal delta i nettverk	100,0 %
		Alle nyutdanna lærarar i kommunale einingar skal delta i nettverk	100,0 %
		Del kommunale skular med ungdoms- eller mellomtrinn som gjennomfører UngData eller UngData junior	100,0 %
		Inga saker meldt til Statsforvaltaren i høve psykososialt barnehagemiljø	0,0

Økonomiplan for 2023-2026

Hovudmål	Delmål	Målast ved	Mål 2023
		Tal kommunale barnehagar som gjennomfører 5 risikovurderingar	100,0 %
		Tal kommunale barnehagar som som gjennomfører mål i trafikksikker plan	100,0 %
		Tal kommunale skular som gjennomfører mål i trafikksikker plan	100,0 %
		Tal saker som blir meldt Statsforvaltar knytt til psykososialt miljø, jmf §9A i Opplæringslova	0,0
		Tal skular som har gjennomført fagøkter med alle tilsette med tema skulenærvær og -fråvær.	100,0 %

Hovudmål	Delmål	Målast ved	Mål 2023
Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.	Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.	Tal kommunale barnehagar som arbeidar med berekraftig utvikling i tråd med rammeplanen	100,0 %
		Tal skular som arbeidar med berekraftig utvikling i tråd med tverrfagleg tema i ny læreplan	100,0 %
Vi er ein døgnoopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar	Vi er ein døgnoopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar	Barnehageområdet skal vera heildigitalisert	100,0 %
		Tal nye eller forbedra digitale skjema i heim-skule samarbeidet	5

Driftsbudsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Oppvekst	745 524	715 991	714 186	714 186
Sum	745 524	715 991	714 186	714 186

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Investeringsprosjekter	2023	2024	2025	2026
Oppvekst				
Jettegryto barnehage - nybygg	22 000	0	0	0

Økonomiplan for 2023-2026

	Økonomiplan			
Investeringsprosjekter	2023	2024	2025	2026
Klassesett PC	2 000	2 000	2 000	2 000
Uteområder skular og barnehagar	1 000	1 000	1 000	1 000
Sum Oppvekst	25 000	3 000	3 000	3 000

Helse og velferd

Skildring av verksemda

Helse og velferdssektoren er organisert slik:

- Avdeling forvaltning og koordinering og bustad
- Helsefremming og rehabilitering
- Legevakt og legetenester
- Nav
- Pleie og omsorg (tre einingar under fagsjef)
- Psykisk helse og rustenester
- Tilrettelagte tenester (barn, unge og vaksne)

Helse og Velferd - Fagstab og felles satsingar

Fagstab og felles satsingar omfattar kommunalsjef, kommuneoverlege og fagstab. Fagstaben har ansvar for m.a. digitalisering, overordna folkehelse, medisinskfagleg rådgjeving og leiing av koordinerande eining (KE). Staben har i tillegg rolle som prosessleiar og støttespelar ved utviklingsarbeid i Helse og velferd og andre sektorar.

Avdeling Forvaltning og Koordinering og Bustadkontoret

Avdeling forvaltning og koordinering behandlar alle søknader og eventuelle klagar om pleie- og omsorgstenester. Dette gjeld alle brukarar frå barn til eldre. I tillegg behandlar AFK søknader om følgjekort og parkeringsløyve for forflyttingshemma. Ei viktig rolle for AFK er å fungera som koordineringsledd mellom brukar/pårørande, dei ulike tenestene, fastlegar og spesialisthelsetenesta. Føremålet er å sikra innbyggjarane rette tenester til rett tid og på eit fagleg forsvarleg nivå.

Frå 1. januar 2022 vart bustadkontoret organisert under forvaltninga. Bustadkontoret har ansvar for Husbanken sine låne- og tilskotsordningar, i tillegg til oppgåver innan eigedomsforvaltning av kommunen sine utleigebustader. Bustadkontoret skal i samarbeid med aktuelle tenestekområde gjennomføra tiltak i bustadsosial handlingsplan og delta på ulikt prosjektarbeid. Bustadkontoret har også oppgåver knytt til godkjenning av skjenkeløyve.

Legevakt og legetenester

Legevakttenesta i Bjørnafjorden skal ta hand om alle som oppheld seg i kommunen og treng akutt medisinsk hjelp. Tenesta er organisert med ein legevaktsentral på Moberg som tek mot alle førespurnader frå publikum. Legevaktsentralen er interkommunal og dekkjer Austevoll og Samnanger kommunar i tillegg til Bjørnafjorden. I Bjørnafjorden kommune er det to legevaktstasjonar: ein på Moberg, som dekkjer tidlegare Os kommune i tillegg til Samnanger kommune. Den andre stasjonen er i Eikelandssosen og dekkjer tidlegare Fusa kommune. Eikelandssosen vaktstasjon skal framover også dekkja innbyggjarane i Samnanger kommune.

Legetenesta er ansvarleg for at kommunen har ei fagleg god og lett tilgjengeleg primærlegeteneste som sikrar innbyggjarane tilbod om førebyggjing, utgreiing, diagnostikk og behandling, og sikrar tverrfagleg samarbeid innad i kommunen og med spesialisthelsetenesta. Kommunen har 24 fastlegeheimlar fordelt på seks legekantar. Tenesta er også ansvarleg for sjukeheimslegane, LIS1-legane (tidlegare "turnuslegane") og for legetenester i skulehelsetenesta og på helsestasjonane.

Helsefremming og rehabilitering

Helsefremming og rehabilitering er ei samling av av helsefremjande, førebyggjande og rehabiliterande tenester. Eininga omfattar ti ulike tenester i Os- badet sine lokale på Kuventræ, fire tenester på Luranetunet bu- og behandlingssenter og seks på Fusa bu- og behandlingssenter.

Eininga har mål om å auka det helsefremjande arbeidet ved å satsa på meir diagnoseuavhengige, tidsavgrensa lågterskeltilbod. Det vil seia kurs og grupper der meistring av sjukdom og helseutfordringar og kvardagsglede er viktige mål.

Målet er å gje tilbod som er med på å halda brukarane mest mogeleg sjølvhjelpne på lågast mogeleg omsorgsnivå. Vi prøver å rekruttera frivillige inn mot aktivitetane.

Dei tilsette er viktige inn i rehabilitering i institusjonane og i kvardagsrehabilitering ute i heimane for å driva helsefremjande arbeid. Kurs og gruppetilbod til dei eldste brukargruppene er noko vi ønskjer å få til meir av framover.

NAV

Nav Bjørnafjorden skal levera fullverdige tenester frå eitt Nav-kontor lokalisert på Osøyro. Mobilitetssløysingar gjer det mogleg å treffa brukarar for gjennomføring av samtalar og møte på tilrettelagde arenaer i heile kommunen. Dei kommunale tenestene ved Nav Bjørnafjorden er økonomisk sosialhjelp, kvalifiseringsprogram, økonomisk rådgjeving, forvaltningskonto, mellombels bustad, Posterus arbeidsretta oppfølging av ungdom og redusert foreldrebetaling i sfo og barnehage.

Tilrettelagte tenester (barn og unge, vaksne)

Tilrettelagte tenester for vaksne vart i 2021 slått saman med tilrettelagte tjenester for barn og unge.

Tilrettelagte tjenester barn og unge har tre avdelingar, fordelt på to avdelingsleiarar og ein assisterande avdelingsleiar i 50 % stilling.

Os avlasting gjev tenester i heimen og er følgjepersonell i barnehage. Fusa avlasting gjev og tenester i heimen, i tillegg til ettermiddagsavlasting i den gamle prestebustaden. Fusa avlasting gjev og tenester til mottakar i barnebustad. Fusa avlasting følgjer til ein viss grad tenestemottakarar i skuletid.

Varafjell avlastingssenter gjev tenester i institusjon og barnebustad og følgjer mange av tenestemottakarane i skulekvardagen.

Tilrettelagte tjenester - vaksne består av fleire avdelinger på begge sider av Bjørnafjorden.

På Fusa sida er det to bufellesskap, Hellemyra og Torsneset, Fusa buteneste og eit dagsenter. Dagsenterdrift er knytt opp mot Torsneset bufellesskap, og er ope tre dagar i veka. Per i dag leiger Bjørnafjorden kommune lokale til dagsenter.

På Os-sida er det seks bufellesskap og eit dagsenter. Eit nytt bufellesskap er under planlegging, lokalisert til Sjøfteland.

Psykisk helse og rus

Eininga driv bufellesskap, ambulante tenester, ruskonsulent og kommunepsykolog. I tillegg driv ein dagsentertilboda Fjordtreff og Kontakto. Ei ambulerande teneste, som låg under Tilrettelagte tenester og tek i vare dei som bur i eigen bustad utanom bufellesskap, vart flytta 1.9.2022 til eining Psykisk helse og rus. Dette for å oppnå tverrfaglege, diagnoseuavhengige tenester.

Eining Psykisk helse og rus er no organisert i fire avdelingar: Psykiske helsetenester, bufellesskap psykisk helse, ambulerande miljøteneste og Vartun oppfølgingsteneste.

Pleie og omsorg

Pleie og omsorg (PLO) består av tre einingar og fagstab, samla under fagsjef. Einingane har ansvar for institusjonsbasert omsorg, dagaktivitetstilbod for eldre, heimesjukepleie og praktisk bistand. Tenestene er organisert i einingane Luranetunet bu- og behandlingssenter, Heimetenester Os, Fusa bu- og behandlingssenter og heimetenester.

Satsingsområder

Helse og velferd i Bjørnafjorden skal bidra til **det gode liv for alle** gjennom å tilby **treffsikre, koordinerte og berekraftige helse- og omsorgstenester**. Pga. den brå avsluttinga av SIO har sektoren gått gjennom 2022 med ein kraftig ubalanse mellom tildelte tenester og inntekter. Rammevilkåra framover vil vera prega av stram økonomi og utfordringar med å skaffa nok og rett kompetanse. Vidare ventar vi vekst i tal eldre og personar med demens, personar som treng psykisk helsehjelp og yngre med store omsorgsbehov. Dei økonomiske rammene betyr reduserte lønsutgifter og bemanning i delar av sektoren, reduksjonar på nokre tenester, og fokus på effektivitet og økonomistyring for å sikra gode nok tenester.

For å rusta oss for framtida, må vi ta i bruk teknologi og e-helseløysingar som effektiviserer tenesteytinga og samarbeida systematisk med pårørande og frivillige. Ei sterkare satsing for å støtta innbyggjarane i å meistra eigen kvardag og kunna bu lengst mogleg heime er nødvendig. Vi ønskjer å satsa på heimeteneste med kvardagsmeistring som fokus, dagtilbod, velferdsteknologi, ein heilskapleg bustadpolitikk og opplæring i form av kurs- og aktivitetstilbod.

Når det gjeld barneavlasting, må det arbeidast med å finna eit alternativ på Fusa-sida. Den tidlegare prestegarden, som er i bruk til dette i dag, skal seljast. Prestegarden har dessutan berre godkjent overnattingskapasitet for ein brukar i gongen og dermed lite effektiv drift.

Helse og velferd arbeider for å stoppa klimaendringane og fremjar berekraftig samfunnsutvikling ved at vi brukar på nytt minst 50 % av innbu og utstyr ved innflytting i nye NAV-lokale. Minst 70 % av alle kurs og samlingar i NAV sin kompetanseplan skal vera digitale møte. Vi nyttar el-bilar og el-syklar som transportteneste der det er hensiktsmessig og kollektivtransport eller samkøyring ved samlingar/kurs.

Helse og velferd driv heilskapleg planlegging for å gjera Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune og vil i 2023 leggja fram bustadsosial handlingsplan og sektorplan for helse og velferd. Vi vil vidare laga handlingsplan for psykisk helse og rus, plan for legevakt og legetenester, handlingsplan for rehabilitering og veteranplan for Bjørnafjorden kommune, i tråd med planstrategien. Helse og velferd har også ansvar for det tverrfaglege arbeidet med å laga fireårig folkehelseoversiktsdokument for Bjørnafjorden i 2023.

Helse og velferd satsar på å vera ein døgnopen kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar. Vi bruker Kjernejournal i alle aktuelle tenester. Vi etablerer digital søknad til fysio-, ergo- og servicetenester og 90 % av alle søknader til NAV om sosialhjelp er digitale. Helsefremming og rehabilitering annonserer kurs via den digitale portalen Friskus og nyttar digitale sjølvhjelpskurs. Vi vil vidare etablere prosjektoversikt, jf. tilråding i rapport hausten 2022 frå BDO. Her vil vi skildra prosjekt og føremål for å samordna og unngå overlapp mellom enkeltprosjekt.

Helse og velferd bidreg til gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremjar helse, meistring og livskvalitet gjennom å spreia kunnskapsgrunnlag som har kome fram gjennom “Leve hele livet”-reforma, slik at desse kan bli lagt til grunn i samfunnsutviklinga på alle sektorar. Helse og velferd samarbeider med dei andre sektorane i oppfølging av reformar og vedtekne prosjekt for å sikra god samanheng og flyt i tenestene.

Helsefremming og rehabilitering etablerer eit samarbeid med frivillige knytt til gruppetilbod/kurs “Sterk og stødig”, med tre kursseriar. Vidare vil denne eininga ta del i helsefremjande infokampanjar og tilby kurs i hjelp til sjølvhjelp. Helsefremming og rehabilitering trappar opp aktiviteten også på andre område og vil i 2023 tilby 30 ulike aktivitets- og kurstilbod for å spreia kompetanse om helsefremjande liv og meistring. For å gjennomføra tilboda vil eininga etablere samarbeid med Frivilligsentral mtp. å rekruttera frivillige som samarbeidspartnarar i dei helsefremjande tenestene våre.

I NAV står barneperspektivet sterkt. Det ligg i samfunnsoppdraget vårt å sikra at barn skal ha gode levekår. Vårt viktigaste verkemiddel for å redusere barnefattigdom og utanforskap er å gje foreldra høve til å delta i arbeidslivet. NAV Bjørnafjorden bidreg på fleire måtar inn i dette arbeidet: I dei høve kor foreldra ikkje kan syta for eige livsopphald ved arbeidsinntekt, så forvaltar NAV ulike stønadsordningar. Til dømes er kvalifiseringsprogrammet eit viktig verkemiddel for å skaffa arbeid. Barn som veks opp i familiar med vedvarande låginntekt kan få støtte til fritidsaktivitetar og andre levekostnader. NAV arbeider også tverrfagleg for å sikra barneperspektivet. Vi kan visa til bustadsosialt arbeid, kurs i førebygging av økonomiske vanskar, samarbeid kring flyktningar og deltaking i arbeidsgruppa for barns levekår. Vi bidreg og inn i ulike satsingar, slik som Ung Arena, etablering av BUA og av Idrett for alle. NAV har også etablert eige gruppetiltak for ungdom – Posterus - for å sikra tett oppfølging og avklaring av ungdom som ikkje er i utdanning eller arbeid.

Legetenesta har som mål for 2023 å få på plass robust organisering og leiing og stabil fastlegebemanning. Det vert jobba med visjon og plan for korleis legetenestene skal fungera. Tenesta vil vidare jobba med involvering og kommunikasjon, betre samarbeid med legevakt og heimeteneste og vurdere potensialet i teknologiske løysingar for legevakt og legeteneste. Tiltakspakken for å behalda og rekruttera nye fastlegar i Bjørnafjorden er planlagt evaluert hausten 2023.

Tilrettelagte tenester fekk frå 1.7.2022 ansvaret for arbeidskøyring mellom bustad og tilrettelagt arbeidsplass (ASVO), som er ei oppgåve Vestland fylkeskommune overførte til kommunane. Arbeidskøyringa er svært viktig for personar med nedsett funksjonsevne som ikkje har høve til å nytta kollektiv transport og heller ikkje køyrer eigen bil. For Bjørnafjorden sin del gjeld dette 13 brukarar. Nokre av brukarane bur på Ossida og har arbeidsplass hos ASVO på Heiane i Eikelandsosen. Det følgde ingen midlar med frå fylkeskommunen til å utøva denne transporten, og vi prøver å finna smarte løysingar for kostnadseffektiv gjennomføring av denne nye oppgåva.

Helse og velferd har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar

Høgt sjukefråvær er ei av dei største utfordringane norske kommunar har som arbeidsgjevar. Vi vil arbeida målretta og systematisk for å ha høgt nærvær og lågt fråvær. Heiltidskultur er avgjerande for å kunne møta framtidens kompetansebehov. Vi vidarefører satsinga på

bemanningssentralen som eit tiltak for å bidra til heiltidskultur. Arbeidet med heiltidskultur vil også stå i fokus på ulike andre måtar i pleie- og omsorgstenestene.

I 2023 vil vi halda fram arbeidet med å bruka kompetansen til medarbeidarane rett og justera oppgåvedeling og organisering.

Helse og velferd vil levera treffsikre tenester i 2022. Vi ser at god samhandling er heilt avgjerande for å lukkast, og arbeider for betre samhandling både internt i sektoren mellom ulike profesjonar og tverrsektorielt.

Likeverdsreforma skal letta kvardagen for familiar som har barn med behov for samansette tenester. Helse og velferd vil bidra i å gjennomføra likeverdsreforma. Arbeidet må koordinerast med oppvekstreforma og VERD-SETT på tvers av sektorane.

Velferdsteknologi er ei nødvendig satsing for å effektivisera ressursbruken og nå ut til så mange brukarar som råd. Velferdsteknologi skal vera ein integrert del av tenestene og førstevalet for tenesteyting der det er hensiktsmessig. Vi ser behov for å kunna handtera varsel i ein felles app for å lukkast med implementering. Eit godt samarbeid med andre sektorar er også avgjerande for god planlegging og effektiv drift av teknologiane. - Vi aukar kompetansen om velferdsteknologi blant medarbeidarane ved at 50 tilsette tek del i kurstilbodet «velferdsteknologiens ABC».

Nasjonalt er det ei satsing på digitale *heimetenester*, både for primærhelsetenestene og spesialisthelsetenestene. Dette kan vera med på å sikra gode heimenester innanfor tilgjengelege ressursar i kommunane. Bjørnafjorden kommune skal intensivere arbeidet med slike løysingar i 2023 for å hente ut kvalitets- og effektivitetsgevinster på kort og lang sikt. Det vil komme eiga politisk sak på dette området i løpet av første halvår i 2023.

Avdeling forvaltning og koordinering jobbar målretta for å gjennomføra nedtrekka i budsjettet og å tilpassa tenestene til reduserte driftsrammer. Bustadkontoret registrerer tidvis at ein del av de kommunale utleigebustadene ikkje er tilpassa behova til dei som treng slike bustader. Det er viktig at kommunen raskt og effektivt kan gjera tiltak for å ha dei rette bustadene tilgjengelege. Det betyr i praksis å selja bustader som er lite eigna, og kjøpa dei eller den rette bustaden. Vidare er det eit mål at bebuarar som leiger kommunal bustad skal kunna kjøpa eigen bustad – frå leige til eige. Ofte vil det vera gunstig at dei kjøper den kommunale utleigebustaden dei bur i – særleg dersom dei har barn som har vener og skule nærområdet. Får vi dette til, må kommunen selja og kjøpa ny bustad. I dag må dette opp i eigedomsutvalet. Vi legg i budsjettet opp til at det å kjøpa og selja kommunale bustader vert delegert til kommunedirektør, innanfor budsjetterte rammer på investeringsbudsjettet. Vidare skal det bustadsosiale arbeidet intensiverast for å sikre at:

- Alle skal ha muligheit til å bu i eigne bustader
- Det skal vere ein variert og tilpassa bustadmasse i kommunen for å møte dei ulike behova hjå innbyggjarane
- Det skal vere attraktive bumiljø og møteplassar

Pleie og omsorg og eining helsefremming og rehabilitering tek del i eit treårig innovasjonsprosjekt for heimebaserte tenester, «Heima best». Dette er eit følgeforskingprosjekt i samarbeid med NORCE, Høgskulen på Vestlandet og Bergen kommune. Målet er å avdekkja kloke strukturelle grep vi kan ta i tenestene for at innbyggjarane kan bu lengst mogleg heime. Våren 2023 startar vi ein pilot i dette prosjektet. Det er aktuelt å koma i gang med utprøving av Omsorg+ i 2023, dette vil vi koma nærare tilbake til.

Helsefremming og rehabilitering vil i 2023 bidra til treffsikre tenester gjennom å tilpassa helsefremjande kurstilbod etter nasjonale føringar, folkehelse rapport og lokale behov og satsar på gruppebasert hjelp-til-sjølvhjelpkurs og tidsavgrensa tilbod.

Eining psykisk helse og rus inngår i rådgjevande organ i Bjørnafjorden i russaker, som er eit tverrsektorielt team. Det rådgjevande organet tilbyr råd og rettleiing, og nødvendige helse- og omsorgstenester ved behov. Det skal også syta for at dei som har behov for det får tilbod om utgreiing av andre tenester dei kan behøva, t.d. ulike former for oppfølgingstilbod frå NAV. Rådgjevande organ har også ansvar for å følgja opp vilkår for ein bestemt strafferettsleg reaksjon, inkl. gjennomføra ruskontroll etter straffeloven §37 f), dersom det er sett vilkår om det.

Psykisk helse og rus koordinerer den interkommunale, tverrsektorielle oppfølginga av satsinga “Aldri alene”, som er eit samarbeid med Øygarden og Bergen. Prosjektet vert utvida med inntil tre nye kommunar i 2023 og talet på private og ideelle aktørar aukar også. Prosjektet har fokus på inkludering, openheit og bevisstgjeriing kring psykisk helse, og korleis vi kan arbeida sjølv mordsførebbyggjande. Eininga har ein plan om å få etablert Rask Psykisk Helsehjelp tidleg i 2023 for tilgjengelege tenester, rask tilgang og differensiert oppfølging. Eininga har vidare fått tilskot til å etablere ein sykkelverkstad som skal drivast av brukarar saman med tilsette i eininga. Eininga vil også omgjera ein mindre stillingsprosent for å skaffa digitale sjølvhjelpsverktøy.

NAV vil nytta felles kartleggingsskjema i møte med alle nye brukarar for å sikra treffsikre tenester og vil ha maks tre serviceklagar per tertial.

Framtidig bruk av Askviknes: Dåverande Os kommune kjøpte i 2012 den 58 mål store eigedomen Askviknes av Helse Bergen. Her ligg fleire bygg. Hovudbygget på Askviknes er per i dag fast bustad for ein handfull brukarar og personalbase for dei ambulante tenestene i helse og velferd. Vi har også rigga ei bueining for avlasting i same bygg. Tilbodet til dei fastbuande brukarane er ikkje organisert som ein bufellesskap, men samlokaliserte einetiltak, der personalressursane t.d. på natt kan gå på tvers. Lokalisering og modell har vist seg å vera svært vellukka og eit viktig tilbod for brukarar som det har vore utfordrande å leggja til rette for i andre, tettare buformer. Det vil i 2023 verta etablert ei prosjektgruppe som ser på framtidig bruk av huset/eigedomen.

Innsparingstiltak

I arbeidet med innsparingstiltaka har vi hatt i mente at dei best styrte kommunane kombinerer grepa under for å ha låge kostnader:

- **Redusera einingskostnadene** (fleire brukar per hjelpar / færre nattevakter / velferdsteknologi / samlokalisera personalbase og brukarar)
- **Redusera volum** (t.d. justera terskelen for å få hjelp / meir målretta og tidsbestemt teneste / større krav til kva innbyggjarane må gjera sjølv / råd og rettleiing / samarbeid med pårørande og frivillige)
- **Dreia meir ressursar nedst i innsats-/omsorgstrappa** for å klara den store venta auken i behov, særleg i eldreomsorga.

Einingane har kome med framlegg til tiltak for å realisera rammenedtrekk for 2023 med utgangspunkt i tabellen under.

Eining	Nedtrekk 2023
Heimeteneste Os	1 000 000
Legevakt og legeteneste	2 000 000

Økonomiplan for 2023-2026

NAV	2 000 000
Helsefremming og rehabilitering	2 000 000
FBBS og LBBS	2 500 000
Psykisk helse og rus	1 000 000
Tilrettelagte tenester	3 000 000
Totalt	13 500 000

For å gjera tiltaka oversiktlege har vi gruppert dei i tiltakspakkar, slik:

1. Justera praksis i nokre ordningar og seia opp to avtaler med eksterne – kr 1 000 000
2. Redusera tal årsverk/bemannings – kr 4 000 000
3. Fjerna stillingar som i dag står vakante – kr 2 000 000
4. Feriestengt heimehjelp og redusert ordinært dagsenter for eldre – kr 700 000
5. Tilpassa budsjett sosialhjelp til realistisk nivå – kr 1 300 000
6. Kutta tenestekjøp og effektivisera ressursbruk mellom avdelingar – kr 2 000 000
7. Div. justeringar i turnus, vaktordningar og bemanning – kr 2 500 000

I sum utgjer dette kr 13,5 mill for 2023. I det følgjande vert tiltakspakkane skildra og konsekvensvurdert. Tiltaka kan verta endra som konsekvens av PwC-rapporten som kjem ved årsskiftet (oppdraget til PwC er skildra nærare lengre nede).

I tillegg til desse tiltaka - som går ut på å redusera budsjetttrimma for 2023 - skal sektoren gjera tiltak for å ta ned meirforbruket for 2022, estimert til ca. kr 45 mill. Her vil tiltak som kjem i PwC-rapporten leggja føringar.

1 – Justera praksis i nokre ordningar og seia opp to avtaler med eksterne – kr 1 000 000

Aktuelle tiltak i eining Legevakt og legeteneste (kr 800 000) er å føra over ei stilling til kvilande vakt vekedagar, fjerna nokre dagvakter, fjerna bakvakt for vaktlegane, redusera lengde på personalmøte og at ansvaret for tilsyn med ØH-senger vert endra. Vidare å seia opp to avtaler med eksterne, gjeldande leige av lokale og programvare. Desse tiltaka gjeld einingane Psykisk helse og rus (kr 100 000) og FBBS (kr 100 000).

Argument for å gjennomføra tiltaka i legevakt og legeteneste

Eininga må gjera nedtrekk og dette er dei mest skånsame måtane vi har kome fram til. Bakvakt for legevaktslege skjer som oftast via telefon, og vil kunna dekkjast av vaktlege på den andre vaktstasjonen vi har i kommunen. Vi slepp dermed å ha ein ekstra lege i bakvakt.

Konsekvens(ar) for brukarar

Tiltaka får ikkje direkte konsekvens for brukarane.

Konsekvens(ar) for tilsette/HMS

Konsekvensane vert vurdert til å vera relativt små.

Konsekvens(ar) for andre einingar

Vi ser ikkje at tiltaka får konsekvens for andre einingar.

Argument for å gjennomføra tiltak med oppseiing av to avtaler med eksterne

Dagsenteret i Eiklandsosen er ope ein dag i veka. Det er høge kostnader knytt til leige i samanlikning til andre lokale. No er det få brukarar som nyttar seg av tilbodet, og det er potensiale i å byta lokale og vidareutvikla dagsentertilbodet til eit meir kostnadseffektivt tilbod. Programvaren FBBS bruker til tinging av varer og tenester fungere ikkje optimalt og det er mykje ekstraarbeid knytt systemet, samtidig som det finst alternative løysingar.

Konsekvens(ar) for brukarar

Ved byte av lokale for dagsenter kan det også føra til mogleg endring i innhald/aktivitetar.

Konsekvens(ar) for tilsette/HMS

Ved endra lokale for dagsenter i Eiklandsosen vil det innebera endra oppmøtestad og moglegheit for å vidareutvikla tilbodet.

Konsekvens(ar) for andre einingar

Ved byte av lokale for dagsenter må også Tilrettelagte tenester byta lokale, då vi i dag har felles leigekontrakt.

Føresetnad for å gjennomføra tiltaket

At dagsenteraktiviteten for Psykisk helse og Tilrettelagte tenester i Eiklandsosen kan flyttast til eit kommunalt lokale, dvs. lokale utan husleigeutgifter.

2 – Redusera tal årsverk/bemannig – kr 4 000 000

Aktuelle tiltak er å ta ned administrativ stilling og tenesteomfang/bemannig på nokre område, endra organisering, redusera leiarstøtte, ha hensiktsmessige turnusar og auka heiltid.

Tiltaka gjeld einingane FBBS og heimeteneste Eiklandsosen (kr 300 000), Heimeteneste Os (kr 500 000), Helsefremming og rehabilitering (kr 800 000), Legevakt og legeteneste (kr 1 100 000), Tilrettelagte tenester (kr 500 000) og Psykisk helse og rus (kr 800 000).

Argument for å gjennomføra tiltaket

Vi må finna meir kostnadseffektive måtar å organisera og driva tenestene på.

Konsekvens(ar) for brukarar

Tenesteomfanget kan verta noko redusert på enkelte område, og/eller tenestene vert i større grad levert som eit gruppetilbod.

Konsekvens(ar) for tilsette/HMS

Det kan verta større leiarspenn/auka press på leiar ved endra organisering, men heile organisasjonen i endring og vi tek i bruk meir teknologi og elektroniske verktøy som er med på å forenkla/spara tid i arbeidsprosessar. Tilsette vil kunna oppleve at leiar er noko mindre tilgjengeleg, t.d. ved at leiar og tilsette ikkje er lokalisert på same stad til kvardags, fordi leiaren har ansvar for fleire avdelingar.

Turnusordningar vert endra. Tilsette og leiarar må saman finna meir effektive måtar å levera tenestene på.

Konsekvens(ar) for andre einingar

Eitt av tiltaka inneber ei oppgåveflytting mellom einingar frå FBBS og heimeteneste Eikelandssosen til Heimeteneste Os, og innsparing hos eining FBBS og heimeteneste Eikelandssosen, heilårsverknad kr 200 000. Heimetenesta i Os må løysa oppgåva med levering av middagar til heimebuande på Ossida innanfor gjeldande rammer eller samarbeid med frivillege.

Eventuelle føresetnader for å gjennomføra tiltak

Dersom to einingar vert slått saman, kan vi måtta auka ressurs til avdelingsleiar.

3 – Fjerna stillingar som i dag står vakante – kr 2 000 000

Tiltaket inneber å fjerna budsjettet til stillingar som per no står vakante, og som vi kan klara oss utan. Dette gjeld både fulltids- og deltidsstillingar.

Tiltaket gjeld einingane Helsefremming (kr 1 300 000) og rehabilitering og NAV (kr 700 000), men kan vera aktuelt også i andre einingar.

Argument for å gjennomføra tiltaka i Helsefremming og rehabilitering

Innsparingane er enkle å gjennomføra fordi dei ikkje fører til omplassering av personale.

Konsekvens(ar) for brukarar

Vi får redusert kapasitet og kompetanse på ein del område (ernæring, turnuskandidat fysio), noko som i praksis vil bety redusert kapasitet på helsehjelp, m.a. lengre ventetid på rehabiliteringsteneste.

Konsekvens(ar) for tilsette/HMS

Mindre rettleiing, undervising og kvalitetsarbeid på ernæringsfeltet, og omfordeling av oppgåver innan fysioterapi.

Konsekvens(ar) for andre einingar

Mindre rettleiing og kompetansedeling på ernæringsfeltet, særleg merkbar for institusjonane. Samhandling og velfungerande pasientflyt må intensiverast hjå aktuelle einingar.

Tiltak i Nav

NAV har nokre oppgåver som kunna vore fordelt annleis internt i kommunen. Dette må vi laga ein prosess på. Vi har førebels ikkje fått vurdert innsparingspotensialet når ein ser kommunen under eitt.

4 – Feriestengt heimehjelp og redusert ord. dagsenter for eldre – kr 700 000

Tiltaket inneber å feriestengja heimehjelpa på begge sider av fjorden i fire veker på sommaren. Vidare å samla brukarane av dagsenteret på Baldersheim helsetun på færre dagar og å feriestengja Oshaugen

dagsenter, på same vis som dei ordinære dagsentera for eldre på Baldersheim og i Eiklandsosen er feriestengde.

Tiltaka gjeld einingane FBBS og heimeteneste Eiklandsosen (kr 200 000) og Heimeteneste Os (kr 500 000).

Argument for å gjennomføra feriestengt heimehjelp

Det vil spare arbeidet med innleige av ferievikarar i det aktuelle tidsrommet. Dei siste åra har det vore utfordringar knytt til rekruttering i heile pleie og omsorg, inkludert heimehjelp. Ved å oppretthalda heimehjelp den fjerde ferieveka, kan vi hjelpa dei brukarane som ikkje klarer seg utan tenesta.

Konsekvens(ar) for brukarar

Vi erfarer at konsekvensen er liten for dei fleste brukarane og vi vil kunna tilby hjelp den fjerde ferieveka for dei som treng det.

Konsekvens(ar) for tilsette/HMS

Kan verta noko auka reinhald å ta att i ettertid, men også lettare å få ferie i juli.

Konsekvens(ar) for andre einingar

Ingen.

Argument for å gjennomføra redusert ordinært dagsenter for eldre

Det er per i dag svært få brukarar som er knytt til dagsenteret på Baldersheim den aktuelle dagen ein tenkjer å stengja, nemleg måndagar. Dette gjev dårleg ressursutnytting.

Vi gjer dei ordinære dagsentertilboda for eldre meir likeverdige ved å feriestengja det ordinære dagsenteret for eldre i Oshaugen til liks med tilsvarande tilbod på Fusasida, som allereie er feriestengde.

Konsekvens(ar) for brukarar

Brukarar som nyttar dagsenteret måndagar har også tilbod dei nyttar onsdagar. Dei vil difor ikkje stå utan tilbod, men tilbodet vert redusert. Dagsenter er med på å førebyggja blant anna einsemd. Samtidig veit ein at det sosiale og måltid saman med andre er positivt for dei aller fleste. Dagsenter kan vera med å halda brukarar lengre heime, slik at ein kan førebyggja og utsetja at behova må dekkjast med høgare ressursinnsats.

Konsekvens(ar) for tilsette/HMS

Tilsett vil kunna verta omdisponert til andre oppgåver i eininga dersom dagsentertilbodet vert redusert måndagar. Ved å feriestengja Oshaugen kan tilsette ev vera ferievikarar i Nyhagen dagsenter og vi treng færre eksterne ferievikarar.

5 – Tilpassa budsjett sosialhjelp til realistisk nivå – kr 1 300 000

Vi erfarer gjennom fleire år at dei faktiske utgiftene til sosialhjelp er lågare enn budsjettert. Tiltaket gjeld NAV.

Argument for å gjennomføra tiltaket

Forbruk per september 2022 gjev signal om at ramma kan reduserast noko for 2023. Ved vidareutvikling av Posterus til å gjelda 6-10 langtidsmottakarar over 30 år, ser vi eit innsparingspotensiale på sosialhjelp. Dette kjem i tillegg til effekt av Posterus for ungdom, med ei venta innsparing ved at tenesta er gått inn i ordinær drift. Ved å gje sosiale lån til depositumsgaranti kan vi redusera sosialhjelp ytterlegare.

Konsekvens(ar) for brukarar

Sosialhjelp er ei lovpålagt teneste som ikkje kan avgrensast av budsjettramme. Ein kan likevel venta at tett oppfølging og god kartlegging gjev brukar rett teneste i rett tid og dermed reduserer behovet for sosialstønad, utan at det gjev negative økonomiske konsekvensar for brukarar.

Konsekvens(ar) for tilsette/HMS

Færre brukarar per tilsett å følgja opp ved utviding av Posterus.

Konsekvens(ar) for andre einingar

Ingen.

6 – Kutta tenestekjøp og effektivisera ressursbruk mellom avdelingar – kr 2 000 000

Aktuelle tiltak er å kutta innleige frå vikarbyrå, justera vakter, redusera tal helgestillingar, hjelpe kvarandre på tvers av avdelingar og fordela kompetanse riktig, få på plass hensiktsmessige turnusar og auka bruken av velferdsteknologi. Tiltaka gjeld LBBS.

Argument for å gjennomføra tiltaket

Vi må gjera endringar for å gje forsvarlege tenester til bebuarar og pasientar innanfor gitte rammer. Vi ser at dagens organisering av arbeidet ikkje er rigga for framtida og det vert stadig viktigare å bruka kompetanse riktig, med rett kompetanse på rett plass til rett tid. Vi er m.a. i prosess med samanslåing av avdelingar for å frigi ei stilling til eigen leiar for nattevakter. Dette vil gje meir fleksibel organisering på natt, og vi vil bruka meir kompetanse på tvers.

Konsekvens(ar) for brukarar

Målet er å gje tilfredsstillande tenester 24/7 heile året.

Konsekvens(ar) for tilsette/HMS

Tilsette må vera med i prosess der vi ser på oppgåvefordeling. Nokre stillingar kan verta meir spesialiserte (sjukepleiar i team), andre faggrupper vil få endra arbeidsoppgåver. Det kan koma endringar i turnusordningar, dersom t.d. årsturnus vert innført.

Konsekvens(ar) for andre einingar: Ingen.

7 – Diverse justeringar i turnus, vaktordningar og bemanning – kr 2 500 000

Aktuelle tiltak er å redusera bemanningsnivået der det er forsvarleg, redusera bruken av langvakter, fjerna bakvaksordningar, fjerna overlappingstid der vi framleis har det og gå over til stille rapport, justera helgebemanning, justera vaktlengde og kutta vakante stillingar.

Tiltaka gjeld eining Tilrettelagte tenester.

Argument for å gjennomføra tiltaket

For å kunne innfri kravet om nedtrekk, må vi gjera dette i turnus og ta ned årsverk i eininga.

Konsekvens(ar) for brukarar

Vi vil framleis gje forsvarlege lovpålagte tenester. Det vert litt meir gruppebasert aktivitet både på dagsenter og på ettermiddag/helg. - Vi må gå i retning av å vera ein samskapings-kommune, der vi i langt større grad treng å involvera pårørande og andre frivillige i høve fritidstilbodet til brukarane.

Konsekvens(ar) for tilsette/HMS

Tilsette vil oppleve litt mindre tilrettelagte og fleksible turnusar, og auke i arbeidsoppgåver.

Konsekvens(ar) for andre einingar

Kan ha konsekvens for moglegheita til å bistå brukar som treng følgje til fritidsaktivitetar i regi av Kultureininga. Dette kunna vore kompensert dersom brukarar i bufelleskapa fekk støttekontakt, fordi det er billigare med nokre timar støttekontakt i veka, enn stor grad av 1:1-bemanning på seinvakt og helg. I så fall vil ein måtte auka budsjettet til støttekontakt, som allereie er for knapt.

Konsekvens for tilsette på Kuhnletunet Dagsenter: Når vi reduserer årsverk i turnusar på avdelingane må dei tilsette på dagsenteret i større grad bistå i morgonstell på dei nærliggjande avdelingane kl. 8-9, dvs. frå arbeidsdagen startar til dagsenteret opnar.

Rammenedtrekk for 2024 og plan for overforbruket i 2022

Kommunen har ikkje hatt eit normalt driftsår på helse og velferd sidan kommunen vart oppretta. Pandemien og at SIO vart avvikla på kort varsel eitt år før plan gjer det vanskeleg å definera kva som vil vera "normalt" driftsnivå for tenestene.

Desse trendane og overforbruket i 2022 tilseier at dei ovanståande innsparingstiltaka ikkje er tilstrekkelege for å unngå overforbruk i 2023 eller få sektoren i balanse for 2024 og komande år. Det er difor igangsett ein konsulentgjennomgang, som er tildelt PWC, for å levera ein rapport med tiltakslistar og økonomiske konsekvensar av kvart tiltak, samtidig som lovpålagde tenester vert levert på ein forsvarleg måte. I bestillinga ligg det å sjå på:

- Tildeling
- Lokalisering og bemanning
- Organisering, leiing og styring
- Alternativ til dagens måte å løysa tenestene på. Dette inkluderer kjøp av tenester frå private aktørar og konkrete framlegg til bruk av velferdsteknologi som verkemiddel for å løysa tenestebehovet.

Oppdraget inneber vidare å løfta fram kostnadseffektive kommunar for samanlikning av ressursbruk. Målet er å finna fram til størst mogleg innsparing som hjelp til å finna riktig driftsnivå ut frå behov og rammer. Rapporten er venta overlevert til kommunen før utgangen av 2022 og til politisk behandling tidleg i 2023.

For helse- og velferdssektoren vert det eit viktig og omfattande arbeid å gjennomføra dei omfattande omstillingane som er skildra i budsjettet og som vil koma i rapporten.

Måltabell

Hovudmål	Delmål	Målast ved	Mål 2023
Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune	Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune	Vi lagar bustadsosial handlingsplan	ILÅ
		Vi lagar plan for legetenester og legevakt, jfr planstrategien	ILÅ
		Vi lagar sektorplan for helse og velferd, jf planstrategien	ILÅ
		Vi lager fireårig folkehelseoversikt, jfr planstrategien	ILÅ
		Vi lager handlingsplan for psykisk helse og rus, jfr planstrategien	ILÅ
		Vi lager handlingsplan for rehabilitering, jfr planstrategien	ILÅ
		Vi lager veteranplan for Bjørnafjorden kommune, jf planstrategien	ILÅ

Hovudmål	Delmål	Målast ved	Mål 2023
Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar			
Vi leverer treffsikre tenester	Vi leverer treffsikre tenester	NAV har maks 3 serviceklagar per tertial	3
		NAV nyttar felles kartleggingsskjema i møte med alle nye brukarar	100,0 %
		Tilsette får kompetanseheving gjennom «velferdsteknologiens ABC»	50,0
		Vi reduserer tal betalingsdøgn for utskrivingssklare pasientar på sjukehus med 70% i høve 2022	100,0 %
		Vi satsar på velferdsteknologi og etablerer organisatoriske og konkrete tiltak for	ila vår 2023

Økonomiplan for 2023-2026

Hovudmål	Delmål	Målast ved	Mål 2023
		brukarar som både gir betre kvalitet og meir kostnadseffektiv tenester	
		Vi tilpassar helsefremjande kurstilbod etter nasjonale føringar, folkehelse rapport og lokale behov og satsar på gruppebasert hjelp-til-sjølvhjelpskurs og tidsavgrensa tilbod.	30,0

Hovudmål	Delmål	Målast ved	Mål 2023
Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet	Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet	Helsefremming og rehabilitering etablerer eit samarbeid med frivillige knytt til grupptilbod/ -kurs "Sterk og stødig"	ILÅ
		Vi deltek i helsefremjande infokampanjar og tilbyr kurs i hjelp til sjølvhjelp	10,0
		Vi etablerer samarbeid med Frivilligsentral for å rekruttera frivillige som samarbeidspartnarar i dei helsefremjande tenestene våre	ILÅ
		Vi tilbyr 30 ulike aktivitets- og kurstilbod for å spreia kompetanse om helsefremjande liv og meistring	30,0

Hovudmål	Delmål	Målast ved	Mål 2023
Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.	Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.	Minst 70% av alle kurs og samlingar i NAV sin kompetanseplan skal vere digitale møter	100,0 %
		Vi gjenbruker minst 50% av innby og utstyr ved nye NAV-lokale	100,0 %
		Vi nyttar el-bilar og el-syklar som transportteneste der det er hensiktsmessig	100,0 %
		Vi nyttar kollektivtransport eller samkøyring ved samlingar/kurs	100,0 %
Vi er ein døgnoopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar	Vi er ein døgnoopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar	90% av alle søknader til NAV om sosialhjelp er digitale	100,0 %

Økonomiplan for 2023-2026

Hovudmål	Delmål	Målast ved	Mål 2023
		Helsefremming og rehabilitering annonserer kurs via Friskus og nyttar digitale sjølvhjelpskurs	ILÅ
		helse-velferd etablerer prosjektoversikt med skildring av prosjekt for å samordne og unngå overlapp mellom enkeltprosjekt, jfr BDO-rapport	ILÅ
		Vi bruker kjernejournal i alle aktuelle saker	100,0 %
		Vi etablerer digital søknad til fysio-, ergo- og servicetenester	ILÅ

Driftsbudsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Helse og velferd	672 135	666 789	666 789	666 789
Sum	672 135	666 789	666 789	666 789

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Investeringsprosjekter	2023	2024	2025	2026
Helse og velferd				
Bufellesskap	35 000	15 000	0	0
Hjelpemiddellager/base	40 000	18 000	0	0
Heimetenester				
Kjøp av utleigebustader	9 000	6 000	0	0
Microhus	4 000	0	0	0
Velferdsteknologi	3 000	3 000	3 000	3 000
Sum Helse og velferd	91 000	42 000	3 000	3 000

Samfunnsutvikling

Skildring av verksemda

Samfunnsutvikling inneheld tenestekområda:

- Plan
- Byggesak
- Kart- og oppmåling
- Landbruk
- Kultur
- Innbyggarservice
- Prosjekt
- Brann og redning
- Eigedom-drift
- Samferdsel-VA
- Næring

Samfunnsutvikling er i slutfasen av ein større endringsprosess som tek sikte på å utnytte synergieffektar i internt i sektoren for å kunne gi betre og meir effektive tenester. Sektoren har som mål at ein skal hente ut gevinstar av samhandling, kompetanse og digitale løysingar i større grad enn tidlegare. Samstundes skal einingane levera tenester i tråd med mål og strategiar, og bidra til utvikling av lokalsamfunn og regionen.

Plan

Planavdelinga har ansvar for areal- og samfunnsplanar i kommunen. Det har vore fokus på å få raskare prosessar på offentlege planar, det er viktig for innbyggjarar, næringsliv og andre eksterne aktørar. Dette arbeidet skal halde fram.

For 2023 er det fleir større planar som skal ferdigstillast, etter å ha vært på høyring:

- Områdeplan for Os sentrum
- Områdeplan for Hauge
- Områdeplan for Strandvik

Planeininga har fått kr 200 000,- til å utarbeide gatebruksplan for Osøyro. Det er eit vilkår for løyvinga at kommunen stillar med tilsvarande beløp som løyvinga. Dette vil primært vere eigeinnsats og finansierast gjennom lønnsmidler.

Andre sentrale planar som blir viktig framover og som vil krevje kjøp av eksterne tenester er:

- Regulering av parkering i fjell og kollektivterminal
- Folkehelseoversikt

Bjørnafjorden kommune signerte Byvekstavtalen i 2020, eller Miljøløftet som no er namnet på satsinga. I denne avtalen ligg det finansiering av klima- og miljøbaserte tiltak for gode løysingar for mobilitet utan bruk av privatbil. Gjennom miljøløftet har kommunen fått finansiert og gjennomført forprosjekt for:

- Gang og sykkelveg Lyseparken – tre ulike alternativ.

Desse prosjekta er nå klar for planlegging i 2023 og planlegging av desse vil bli prioritert i 2023.

Kommunen og planavdelinga vil prioritere innsats og fokus på naudsynthe planar for å kunne hente ut løyvingane som ligger i Miljøløftet dei neste åra.

Plan har også mottatt løyving frå fylkeskommunen til lisensar på verktøyet «open city planar». Programmet er ein 3D modellering av planarbeid, der ein kan gi innspel i kartet. Innspel vil kunne eksporterast til sakssystemet. Dette vert nytta i kommunen sitt medverknadsarbeid og vart testa ut for første gong gjennom arbeidet med Barnetrokksbanken i 2022. I 2023 vil plan teste programmet i alle eigne planar og i fleire private detaljreguleringsplanar i 2023. Verktøyet vil også bli testa i politisk utval, som eit alternativ til synfaring.

Av omsyn til kapasitet og ressursar vil det bli viktig å ha bevisst prioritering av kva planar som skal arbeidast med i tida framover. I planstrategien er det lagt opp til fleire områdeplanar for ulike nærsenter. Det er ikkje kapasitet til å følgje opp alle desse områda med områdeplanar i 2023. Planlegging av Lysefjorden kan starte hausten 2023, men da som ein kommunedelplan/ strategisk plan. Utover dette området bør områdeavklaringar som skal sikre heilskaplege løysingar for fellesfunksjonar som fellesareal/ møteplassar og infrastruktur for gang og sykkel, søkast løyst i samarbeid med private. Plantype må fastsettast konkret etter det som er riktig for den konkrete delen av kommunen. Det er eit mål å oppnå 100% sjølvkost innan sjølvkostområdet. Gebyrregulativet er eit viktig premiss for dette, og særleg endring av forfallstidspunkt ved 1. gangsbehandling av planforslag.

Planavdelinga vil vidareutvikle digitale løysingar, og knyte betre koplingar til økonomiplan og planprosessar og publisering av planar gjennom fortsett bruk av Framsikt og open city planar. Det er også eit mål å kjøpe planmodulen i Acos som ein del av digitaliseringsarbeidet til kommunen.

Innsatsområder for 2023 vil vere:

- Auka kvalitet på saksbehandling og planarbeid
- Omdømmebygging og tillit til gode prosessar
- Bli ein meir attraktiv arbeidsplass
- God relasjon til aktørane
- Vere ein god samarbeidspart for etablering og vekst for næringsdrivande

Byggesak

Byggesaksavdelinga har ansvar for bygge- og delesøknader, tilsyn og oppfølging av lovbrøt.

Avdelinga skal levere tenester av god kvalitet innafor fristane for saksbehandling. Eit viktig fokus vil vere å sikre lik og effektiv behandling av sakene som kjem inn. Avdelinga skal vere løysingsorientert innafor rammer av gjeldande lover og forskrifter, og utøving av mynde lagt til tenesta. Den skal vere ein aktiv medspelar og offentleg aktør som underbygger for etableringar og utvikling i kommunen. Eit element er dialog med byggebransjen for å finne løysingar som gjer søknadsprosess og sakshandsaming så føreseieleg, enkel og tydeleg som mogleg.

Byggesak har dei siste åra tatt i bruk fleire digitale verktøy, men framleis er det rom for forbetringar som fører til betre kvalitet på arbeidet, meir effektive tenester og auka tilgjenge. Dette skal utviklast i samarbeid med andre tenester i kommunen. Intern samhandling med andre tenester skal utviklast vidare, for å sikre effektive, heilskaplege og gode løysingar for søkerane.

Kart- og oppmåling

Kart-oppmåling har hovudansvar innafor delingssaker, oppmåling og matrikkelføring. Det er framleis uløyste oppgåver innafor rydding og ajourhald etter kommunesamanslåinga, det har ikkje vore kapasitet til å slutføre dette så langt. Det er eit siktemål å få dette ferdigstilt i 2023.

Avdelinga har i all hovudsak levert oppmålingstenester innanfor lovpålagte fristar, og dette skal vidareførast.

På kartsida skal det gjennomførast ei oppgradering av markslagskart, det vil seie oversikt på bruk av landbruksarealet i kommunen. Føring av planregister er også ei prioritert oppgåve.

Om lag 400 eigedomar manglar heilt i matrikkelkartet eller har ufullstendig geometri. Dette gjer at mange oppmålingssaker krev grundigare førebuing. Det er risiko knytt til korrekt nabovarsling. Det er rigga eit prosjekt for å gjera ei kvalitetsheving på matrikkelkartet, men det er usikkert om det er kapasitet til å gjennomføre dette i 2023.

Landbruk

Bjørnafjorden landbrukskontor er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bjørnafjorden, Tysnes og Samnanger. Bjørnafjorden kommune sin lut i samarbeidet er på 56,5% og arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette ved landbrukskontoret ligg hos Bjørnafjorden kommune. Bjørnafjorden landbrukskontor skal medverke til eit jordbruk,- skogbruk og ein viltforvaltning som er livskraftig, berekraftig og lønsamt, som gjev inntekter og trivsel til bøndene, og mat, kulturlandskap og levande bygder til alle innbyggjarar og besøkjande i kommunane.

Pandemien og krig i Europa har gjort at stadig fleire ser behovet for å styrke den regionale og nasjonale sjølvforsyningsgraden. Samtidig kjem det nye driftsformer innafor landbruket, der mindre areal kan nyttast til matproduksjon. Vi ønskjer å legge til rette for ein auka variasjon i landbruksproduksjonen og styrkje dei små og mellomstore bruka i kommunane og samstundes ta vare på dei store.

Landbrukskontoret jobbar med ein ny hjorteviltstrategi for kommunane Bjørnafjorden, Tysnes og Samnanger. Det er trong for eit større uttak av hjort i kommunane våre og det vil krevje gode planar.

Skogbruket er ei viktig næring i regionen, og med Samnøy næringspark på plass dei næraste åra har næringa ei funksjonell utskipingskai. Vi ser at planting og rekruttering av ny skog er mangelfull, og hjort og biller skader mykje av det er blitt planta. Skogeigarar får lite oppfølging og aktivitet med tanke på skogkultur og hogst skjer lite planlagt. Me har eit mål om å gje råd til skogeigarar, sikrar framtidige behov og stimulerer til framtidsretta og berekraftig skogproduksjon. Landbrukskontoret har jobba i 2022 med ei ny strategi for nærings- og miljøtilskot til skogbruket.

Landbrukskontoret har tatt initiativ til oppstarten av prosjektet 100 dagar sjølvforsynt, eit prosjekt for å setja fokus på sjølvforsyning og lokal matproduksjon i alle dei tre kommunane kring Bjørnafjorden. Prosjektet har potensial for å auka bevisstheita om kortreist mat, styrka lokal verdiskaping og fremja merkevarebygging for mat frå Bjørnafjorden-regionen. Vidare har ein mål om å ta i bruk jordbruksareal som er ute avdrift. Forprosjektet har i hovudsak vore finansiert av eksterne finansieringsmidlar, og ideen om sjølvforsyning har vekt stor interesse politisk i blant befolkninga. Satsinga inngår ikkje som ein del av grunnbemanninga til landbrukskontoret, og det er ikkje avsett budsjettmidler til prosjektet i 2023. For å kunna gjennomføra hovudprosjektet er ein derfor avhengig av eksterne finansieringskjelder.

Kultur

Kultureininga består av tenesteområda bibliotek, tilrettelagd fritid, frivilligsentralar, generelt kulturarbeid, idrett og friluftsliv. I tillegg har BK ei kultursatsing gjennom kommunale føretak med ansvar for drift av kulturhus og idrettsanlegg.

Kultureininga har eit særleg oppgåve å forvalta ulike kulturomsyn i tråd med gjeldande lover, reglar og planar innan fagfeltet. Fokuset er på berekraft, identitet, mangfald, folkehelse, inkludering, trivsel og livskvalitet i attraktive sentrum og levande bygder..

I 2023 skal sektorplan for kultur, idrett og friluftsliv utarbeidast og vedtakast. Den vil leggja føringar for innsatsen innan desse områda dei neste åra. Overordna mål og satsingar er i budsjettarbeidet henta frå høyringsutkastet til kommuneplanen sin samfunnsdel.

Kultureininga har ein pressa ressursituasjon etter nedtrekk av budsjett siste åra. I følge kostra var ressursbruken til kulturføremål i Bjørnafjorden, inklusive kulturskulen, kroner 1960,- per innbyggjar i 2021, 7,39% mindre enn året før og 21,32% mindre enn kostragruppe 09 som vi tilhøyrer. Landet utanom Oslo ligg heile 36% over budsjettbruken til kultur i Bjørnafjorden.

Gjennom bruk og formidling skal ein legge til rette for vern av kulturarven og eit mangfold av kulturmiljø. Ein jobbar for å realisera eit nasjonalt oselvarsenter på Osøyro. Der kulturarv, historie, kunst og kultur brukast til å byggja fellesskap og kulturell identitet og byggjer oss saman som ein kommune.

Vi satsar på frivilligsentralane og tar vare på eldsjelene. Vi legg til rette for delingskultur: å dela utstyr og anlegg, opplevingar, kunnskap og kompetanse.

Vi samarbeider med frivillige lag og organisasjonar for å utvikla gode, varierte og trygge kultur-, idretts- og fritidstilbod for alle. Vi utnyttar potencialet som ligg i å søkja om eksterne midlar og tilbyr rettleiing til frivillige lag og organisasjonar.

Vi sikrar lett tilgjengelege møteplassar og tilgang til grøntområde og offentlege rom i tettstadane og bygdene våre som er trygge, inkluderande og lett tilgjengelege og fremjar aktivitet (FN 11.7). Vi opprettheld biblioteket som ein uavhengig og inkluderande møteplass med eit utval av litteratur og andre media som avspeglar mangfaldet i kommunen.

Innbyggjerservice

Innbyggjerservice har ansvar for dokumentsenteret, kommunetorg og kommunikasjon, utvalsekretariat og val.

Hausten 2021 nedbemanna Innbyggjarservice med 33 % av stillingane. 2022 har vi brukt tid på å rigge oss på ei måte som gjer at vi kan løyse hovudoppgåvene med lågare bemanning. Hausten 2022 og våren 2023 vil vi jobbe for å sikre beste praksis, standardisere og formalisere internkontrollen og sikre opplæring i ny praksis på viktige område.

I takt med redusert bemanning og nye digitale løysingar vil informasjon og dialog med innbyggjarane i aukande grad skje via digitale plattformer. Framleis er det mange som ringer inn til kommunen, men stadig færre kjem fysisk til dei to administrasjonsbygga i Os og Eikelandsosen. God informasjon på kommunen sine nettsider og auka bruk av elektroniske søknadsprosedyrar skal føre til at kommunen i stadig større grad har døgnopne tenester.

Samtidig skal kommunen alltid yte hjelp og støtte til innbyggjarar som av ulike årsaker ikkje kan nytte seg av digitale verktøy. Vi kartlegg publikum sine besøk og vil innrette det fysiske tilbodet i kommunetorget etter det vi registrer at behovet er framover.

Vidare skal eininga i samarbeid med sektorane og staben vidareutvikle den interne informasjonsflyten, og gode arkiveringsrutinar. Vi jobbar heile tida med å hjelpe stabstenestene med å lage digitale skjema for å effektivisere sakshandsaminga og sikre rett arkivering av dokument. Dette arbeidet held fram i 2023.

Vi planleggar å gå over til skybasert arkiv hausten 2023. Dette er eit initiativ frå IT og Innbyggarservice. Fordelen med Skybasert arkiv er at sikkerheita blir betre, vi vil alltid ha oppdaterte versjonar av systemet, tilgjengelegheita blir betre ved at ein kan arbeide i sakshandsamingssystemet frå andre stader, betre fleksibilitet og skaleringsmogelegheiter, saumlause integrasjonar, dedikert forvaltningsteam og betre bruk av ressursar i Bjørnafjorden kommune. Ovgongen gjer at alle tilsette må over til same versjon av Websak (Websak+). Denne løysinga kan vera krevjande for sakshandsamarar og tilsette då alle må ta i bruk ei anna arbeidsflate enn dei har vore kjent med frå før. Overgangen til skybasert arkiv vil vere eit organisasjonsutviklingsprosjekt som ikkje vil koste noko meir, men det vil krevje personalressursar for å få til ei god implementering i organisasjonen. Det blir sett opp eit prosjekt for implementeringa av systemet i starten på 2023.

I 2023 er det kommune- og fylkestingsval. Å gjennomføre val er ei stor oppgåve for kommunen. Vi reknar med at om lag 200 valmedarbeidarar vil vere med å administrere valet med førebuingar, gjennomføring og etterarbeid kring valet. Det er Innbyggarservice som leiar arbeidet, men tilsette frå alle sektorane er med i arbeidet i tillegg til frivillige og politiske representantar. Nettokostnaden til administrering og gjennomføring av valet reknar vi med vil bli på om lag kr. 1.400.000,-.

Prosjekt

Prosjektavdelinga førebur og gjennomfører investeringsoppdrag for kommunen. Det gjeld, bygg og anlegg, vatn og avlaup, vegar og gang-/ sykkelvegar, med meir. Fleire av prosjekta er i samarbeid med statlege eller fylkeskommunale verksemdar, samt private aktørar. Prosjektavdelinga har fått på plass nytt prosjektstyringsverktøy med webhotel, og dette saman med god kompetanse er viktig for god og effektiv prosjektleiing.

Prosjektavdelinga styrer etter vedtatt investeringsbudsjett og andre prosjektvedtak. Investeringar knytt til vatn og avlaup, veg/anlegg, Miljøløftet og mindre bygg blir dei største prosjekta dei neste åra.

Brann og redning

Bjørnafjorden kommune har hovudbrannstasjon på Os, Eikelandssosen brannstasjon og Venjanaset stasjon i samarbeid med FRAMO.

Brann og redning har oppgåver innan førebygging, tilsyn og redning. Oppgåver knytt til trafikkulykker og bistand til helsetenester er blitt aukande dei siste åra, noko som er meldt inn til statleg nivå relatert til politireforma. Vi har som mål og visjon at vi skal vere ein brann og redningsteneste som er «synleg og til stede» for innbyggjarane i Bjørnafjorden kommune. Vi skal yte god og effektiv hjelp for å trygge innbyggjarane og næringslivet våre i forkant og under krevjande hendingar.

Brannberedskapen er mest kjent for sløkking av brannar. Men kanskje det viktigaste arbeidet ligg i det førebyggjande arbeidet, gjennom aktivitetar som tilsyn, oppfølging av bekymringsmeldingar, informasjonsaktivitetar, undervisning og med meir.

Utgiftene til Brann og redning har auka dei siste åra. Noko skuldast auken i tal uttrykkingar, men og andre utgifter har auka. I 2023 skal drifta og økonomiske rammer vurderast med tanke på meir kostnadseffektiv drift.

Eigedom-drift

Kommunen har store bygningsmassar i skular, barnehagar, omsorgsbygg, administrasjonsbygg og andre bygg og anlegg. Bjørnafjorden skal ha bygg og anlegg som er berekraftig i høve miljø og klima, og energiøkonomisering er eit satsingsområde saman med tiltak i høve auka nedbør og fare for ras. På grunn av reduserte budsjетtrammer vil vedlikehaldet av desse bli redusert dei neste åra. I løpet av dei siste åra har bygningsmassen fått ei kvalitetsmessig oppgradering som gjer at dette kan forsvarast, men det vil føre til meirutgifter om nokre år dersom vedlikehaldet blir for dårleg over tid.

Inneklima og straumutgifter heng saman, og utvikling av styringssystem er prioritert område. Auka straumpriser fører til betydeleg meirutgifter. Energieffektivisering i bygg i tidlegare Fusa kommune er kartlagt, og tiltak blir gjennomført dei neste åra.

Grøntareala vil i åra som kjem få eit litt redusert aktivitetsnivå pga knapp tilgang på ressursar. Ein må derfor prioritere grønrområda som ligg kring sentrale områder i kommunen som har ein større besøksfrekvens framfor meir periferie grønrområder. Slike grønrområder som må først og fremst vedlikehaldas av til dømes velforeningar eller liknandes.

Av omsyn til kapasitet og ressursar vert det viktig å ha ei bevisst prioritering av oppgåver ein skal arbeide med framover. Her må ein også vektlegge god samhandling med andre einingar for å få til gode løysningar.

Samferdsel/VA

I 2022 blei hovudplan veg vedtatt, og denne legg føringar for budsjett og prioriteringar dei neste åra. Samferdsle utarbeider årlege driftsplanar for det kommunale vegnettet. Kommunen har ansvaret for 52 kommunale bruar og kaier, og 20 mil kommunale veger.

Prioriterte tiltak vil vere akutte og nødvendige reparasjonar og vedlikehald for å sikre trafikksikre vegar og gang-/ sykkelvegar, samt brøyting og salting på vinterstid. Budsjettet har ikkje rammer til å oppretthalde standarden på dei kommunale vegane som tidlegare år. Det vil bli vurdert justering av vintervedlikehaldet for å redusere utgiftene til dette.

Kommunen drifter veglys langs kommunal veg og har driftsansvaret langs fylkesveg. Utsifting til LED-lys har ikkje blitt gjennomført som planlagt dei siste åra grunna reduserte budsjетtrammer, og dette vil heller ikkje ha førsteprioritet i 2023.

Vestland Fylkeskommune har starta arbeidet med å tilbakeføring av drifta av veglys langs fylkesvegane. Dette arbeidet er varsla vil ta om lag 5 år.

Vegnorm

Vi har ein ny vegnorm som vil ligge til grunn for reguleringsplanar og tekniske planer. Den stiller krav om utforming og lengde for veger som skal overførast til kommunal drift og vedlikehald

Trafikksikring

Vi har ein fersk trafikksikringsplan. Det er utarbeida ein handlingsplan som prioriterer dei ulike tiltaka.

Hjartesoner vil vera ein prioritert sak for samferdsle.

Bjørnafjorden kommune arbeider med å bli trafikksikker kommune

Vatn og avlaup

Godt og trygt drikkevatt er den viktigaste næringskjelda for innbyggjarane, og det stiller store krav til kvalitet på leveransen. Kommunen har avtale med Bergen Vann på drift og vedlikehald av dei kommunale anlegga fram til mai 2024. I 2022 var det møter med Bergen kommune om mogeleg vidare samarbeid, og i 2023 skal det avklarast om kommunen skal fortsette å kjøpe tenester frå Bergen kommune i eit vertskommunesamarbeid, eller om kommunen skal ta over og drifte dette på eiga hand.

Hovudvasskilda på Ossida er Krokvatnet og Steindalsvatnet. Rehabilitering av Steindalsvatnet skal gjennomførast i 2023.

Bjørnafjorden skal «minst ha god økologisk tilstand» i alle vassførekomstar etter vassforskrifta der det er overløp eller utslepp av avløpsvatn. Det inneber at ingen vatn, elvar eller andre vassførekomstar skal få forringa økologisk tilstand grunna avløpsrelatert forureining. Store nedbørsmengder på kort tid aktualiserer at kommunen må førebygge mot skader gjennom vedlikehald og dimensjonering nye anlegg.

Vi har krav i utsleppsløyve vårt om overføring av avløp innanfor tettstaden Os til OHARA.

Anlegga som som ikkje er overført er Søvik RA og Skeisleira RA.

I dag er det ca 2800 minireinseanlegg og slamavskiljarar i kommunen. Målet er å få kontrollert 10% av dei private anlegga innan 2024. Arbeidet med plan for oppfølging av mindre avløpsanlegg vil pågå utover i 2023, denne vil og bli sendt til politisk handsaming.

Hovudplan for vatn og avlaup skal ut på høyring våren 2023. Dei vil bli eit viktig verktøy for prioritering av investeringane på vatn og avløp.

Næring

Bjørnafjorden er attraktiv for regionalt og nasjonalt næringsliv. Med opninga av E39 i 2022 er Os nærare knytt til Bergensområdet, det vil føre til auka aktivitet innafor næringsliv og bustadetableringar. Auka prisar på til dømes byggevarer og straum, renteoppgang, global usikre politiske tilhøve og mangel på energi i Bergensområde kan føre til lågare vekst enn tidlegare forventa, men om ein ser over tid må kommunen vere budd på å legge til rette for auka aktivitet og etableringar.

Lyseparken næringsområde er etablert, med det kommunal heileigde Bjørnafjorden utviklingsselskap (BUS) som utviklar. Her vil kommunen vere aktivt med for å sikre etableringar.

Samnøy næringspark er i prosess for å bli ferdigstilt i 2023 med lokasjon for landbasert oppdrett, anlegg for utskiping for tømmer og areal til anna næringsetableringar. BUS har og ansvar for dette næringsområdet, og med tilgjengeleg areal og djupvasskai vil Samnøy vere eit viktig supplement for regionale næringsetableringar.

Dei viktigaste næringane er likevel dei som allereie er etablert, og som er basisen for arbeidsplassar og inntekter i kommunen.

Det kommunale næringsarbeidet skal bidra til å stimulere aktivitet i næringslivet, og bistå verksemder som allereie er i kommunen. Det skal gjerast gjennom gode dialogpunkt med kommunen og i godt samarbeid med næringsrådet. Arrangement, god informasjon og god tilrettelegging vil være nøkkelaktivitetar for å lukkast vidare med næringssatsinga i Bjørnafjorden. Den økonomiske situasjonen til kommunen gjer at ein bør søkje eksterne midlar for å kunne stimulera til aktivitet.

Prosjekt "Grøn Bjørnafjord" startar opp igjen i 2023. Prosjektet og tar sikte på etablere eit nettverk blant næringen i Bjørnafjorden kor visjonen er å skapa betre grøn konkurransekraft for å skape fleire grønne arbeidsplassar i kommunen. Prosjektgruppa som står bak initiativet er tverrfaglig og består blant anna av kommunalsjef, kultur og plan. I tillegg er det knytta til seg ekstern kompetanse innan fagområda.

Klima og miljø

Kommunen vedtok KLEM-plana (Kommunedelplan for klima, energi og miljø) i desember 2021, og denne legg føringar for arbeidet framover.

Visjon:

Bjørnafjorden kommune skal innan 2050 vere eit lågutsleppssamfunn. Kommunen skal arbeide for å:

- *vere fossilfri innan 2030*
- *stanse tap av naturmangfald*
- *stanse forureining av grunn- og vassressursar*

Kommunen skal vere pådrivar for klimaomstilling

I kommuneplan sin samfunnsdel er klima- og miljøomsyn gjennomgåande, der KLEM-plana og FN's berekraftsmål er basis.

For 2023 og dei neste tre åra skal det arbeidast systematisk i heile organisasjonen for å realiser måla og strategiane i desse to viktige planane. Vidare skal kommunen rettleie eksterne og iverksette løypande tiltak som tek vare på miljø og klima. Det skal søkjast aktivt på ekstern finansiering av miljø- og klimaretta tiltak. Det skal leggjast opp til deltaking i regionale prosjekter og samarbeidstiltak som vil vere med på realisere dei vedtekne målsettingane for kommunen.

Satsingsområder

Satsingsområder Samfunnsutvikling

- Satsingsområda for sektoren er relatert til stram kommuneøkonomi, med strenge prioriteringar og innsparingar der det er mogeleg. Den viktigaste satsinga er å bygge opp under at vi skal vere ein attraktiv kommune for innbyggjarar, næringsliv og tilsette, innafor ramma av stram økonomi. Det stiller krav til kreativitet, mot og gjennomføringsevne for alle involverte. Det vil og føre til redusert tenestetilbod på nokre område.
- Gjennom heilskapleg planlegging, ynskjer vi å leggja til rette for å gjera kommunen attraktiv både som bukommune og arbeidskommune. Attraktive sentrum, levande bygder og aktivt kulturliv er nødvendig for å gi gode kvardagsliv. Tilrettelegging for fysisk aktivitet innan idrett og friluftsliv er ein viktig satsing opp mot folkehelse.
- Ei viktig prioritering er å få på plass viktige arealplanar som har vore under arbeid i lengre tid. Det å få kortare tidsbruk på offentlege planar er nødvendig.
- Med den vedtekne KLEM-plana har kommunen retning for klima- og miljørassatsinga. Klima og miljøvern vil vere førande for stor del av arbeid og tiltak i sektoren i åra framover.

- I samarbeid med BUS (Bjørnafjorden Utviklingsselskap) skal kommunen bidra til etableringar i Lyseparken, og få realisert Samnøy næringspark.
- Kommunen skal vere ein god samarbeidspart for næringsliv og for privatpersonar, gjennom kompetent og effektiv rettleiing og sakshandsaming samt god dialog.
- Digitalisering vil vere eit viktig satsingsområde, både ut mot innbyggjarar og næringsliv men og internt i den kommunale organisasjonen. Dei digitale løysingane skal føre ti betre tenester, meir døgnopne tenester, og raskare sakshandsaming og tilbakemeldingar.
- Ei viktig prioritering er å ha fokus på at alle tilsetje får nytta av ein meir digital kommunen. Vi skal halde fokus på gode digitale løysingar for å forenkle vår kvardag og snu trenden med for mange digitale plattformer.
- Arbeid med landbruksplan skal avsluttast. Jordvernstrategi og retningslinjer for handtering av matjord fell inn under det.
- Landbrukskontor skal etablere hovudprosjekt for «100 dagar sjølvforsynt» i samarbeid med Tysnes og Samnanger kommune.
- Trafikksikring er eit viktig område som skal vere gjennomgåande i plan- og utviklingsarbeidet, og i konkrete løysingar og byggeprosjekt.
- Arbeid med Sektorplan for kultur, idrett og friluftsliv vil bli den viktigaste satsinga for det kommunale kulturfeltet i 2023. Kulturplanen blir den nye kulturelle grunnmuren for Bjørnafjorden kommune. Planarbeidet skal gjennomførast i tett dialog med frivilligsektor og i tverrfagleg samarbeid med andre aktørar.
- I 2023 vil vi få ei opprusting av Kommunetunet som kulturbygg for kommunedelsenteret Eikelandssosen med BUA-filial og oppdatert bibliotek med tilbod om meirope. Utvikling av BUA som aktivitetsskapar på begge sider av fjorden, blir ei viktig satsing for 2023. For å få eit løft for kulturlivet i ny kommune og etter år med pandemi, vert det satsa på ei eiga kulturveke hausten 2023. Gjennom ei slik veke vil vi synleggjera tilbod og breidda i kulturlivet i både kommunal og frivillig regi, med arrangement på ulike arenaer og i heile kommunen.
- Fokusområde på idrett, friluftsliv og kulturbygg vil vera på rehabilitering m.a. mindre nærmiljøanlegg som ballbingar og oppfølging av prosjekt Fjellheim. Å realisera Oselvarverkstaden som Nasjonalt oselvarsenter, er ei storsatsing kommunen må engasjera seg i gjennom 2023. Vi tar også del i samarbeidsprosjekt med Bergen og omland friluftsråd med kartlegging av padleleier. Pressa kommuneøkonomi gjer det ekstra viktig å henta inn ekstern finansiering og her har kultureininga ei viktig rolle i rettleiing og hjelp inn mot frivillig sektor.

Innsparingstiltak

I Samfunnsutvikling er det framlegg om samla nedtrekk på 6,8 mill kroner for 2023.

Plan – nedtrekk på 0,7 mill kroner

Bakgrunn for framlegget:

Reduksjon bemanning og utgifter knytt til plan.

Konsekvensar for brukarane:

Gjennom synergjar er siktemålet at kapasitet og kvalitet på planarbeidet skal oppretthaldast i stor grad som tidlegare. Det vil bli strengare prioriteringar på kva planer og saker som blir fulgt opp.

Konsekvensar for tilsette:

Strengare prioritering av kva planar og medgått ressursbruk.

Evt. konsekvensar for andre einingar:

Det kan forventast at andre einingar i større grad må ta eit delansvar for nødvendig oppfølging av saker og utfordringar på område som blir sterkest berørt av innsparingane.

Vurdering opp mot lovverk/nasjonale føringar/lokale føringar:

Ingen konsekvenser

Næring – nedtrekk på 0,8 mill kroner

Bakgrunn for framlegget:

Stillinga som næringssjef utgår.

Konsekvensar for brukarane:

Gjennom arbeid med synerigier i heile sektoren vil mange av oppgåva bli ivaretatt. Kommunalsjef for samfunnsutvikling vil ta hovedansvaret for næringsområdet. Bedrifter som ønskjer å etablere seg i Bjørnafjorden kommune har også kontaktpunkt med Bjørnafjorden utviklingsselskap som vil hjelpe med å finne rett lokasjon. Oppfølging av næringslivet bli noko redusert. Det vil bli tatt initiativ til tettare samarbeid med næringslivsorganisasjonane i kommunen.

Konsekvensar for tilsette:

Reduksjon bemanning vil bli løyst med allereie vakante stillingar.

Evt. konsekvensar for andre einingar:

Det kan forventast at andre einingar i større grad må ta eit delansvar for nødvendig oppfølging av saker og utfordringar på område som blir sterkest berørt av innsparingane.

Vurdering opp mot lovverk/nasjonale føringar/lokale føringar:

Ingen konsekvenser

Eigedom-drift – nedtrekk på 1,8 mill kroner

Bakgrunn for framlegget:

Innafor vedlikehald bygg, anlegg og samferdsel vil det bli reduserte rammer, og gjerne redusert bemanning.

Konsekvensar for brukarane:

Reduksjon vedlikehald og teknisk drift vil føre til at bygningar får dårlegare standard som det vil koste å få opp igjen standarden på om nokre år.

Konsekvensar for tilsette:

Vidareutvikling på effektivitet må halde fram, og prioritering av oppgåver bli tydeligare. Eventuell reduksjon bemanning vil i stor grad skje via naturleg avgang.

Evt. konsekvensar for andre einingar:

Andre einingar vil få redusert oppfølging, og kommunale bygg og anlegg vil få dårlegare standard enn i dag.

Vurdering opp mot lovverk/nasjonale føringar/lokale føringar:

Tiltaka skal vere innafor gjeldande lover og forskrifter. Dersom det ikkje blir tilfelle må tiltak iverksetjast.

Samferdsel – nedtrekk på 1,0 mill kroner

Bakgrunn for framlegget:

Innafor samferdsel vil det bli reduserte rammer. Det vil bli mindre vegvedlikehald og vintervedlikehald. Brøytemannskap vil i størst mogleg grad ikkje lenger være i aktiv beredskap, men bli kalt ut ved behov. Dette gjeld områder kor ein har personal til å ha ein slik oppfølging.

Konsekvensar for brukarane:

Reduksjon for samferdsel vil bety at vegar får ein dårlegare standard som det vil koste å få opp igjen standarden på om nokre år.

Konsekvensar for tilsette:

Vidareutvikling på effektivitet må halde fram, og prioritering av oppgåver bli tydeligare. Eventuell reduksjon bemanning vil i stor grad skje via naturleg avgang.

Evt. konsekvensar for andre einingar:

Andre einingar vil kunne få redusert oppfølging fra samferdsel.

Vurdering opp mot lovverk/nasjonale føringar/lokale føringar:

Tiltaka skal vere innafor gjeldande lover og forskrifter. Dersom det ikkje blir tilfelle må tiltak iverksetjast.

Brann og redning – nedtrekk på 2,0 mill kroner (ytterligere 2,0 mill i 2024)

Bakgrunn for framlegget:

Aukande utgifter til Brann og redning dei seinare åra må reverserast, og det skal vurderast interkommunale løysingar for drifta.

Konsekvensar for brukarane:

Kommunen skal ha trygg og sikker brannberedskap, det vil ikkje bli innført endringar som endrar på dette.

Konsekvensar for tilsette:

Vidareutvikling på effektivitet må halde fram, og prioritering av oppgåver bli tydeligare. Eventuell reduksjon bemanning vil i stor grad skje via naturleg avgang.

Evt. konsekvensar for andre einingar:

Det bli mindre handlingsrom til å dele ut kurs eller andre førebyggjande tiltak til andre einingar.

Vurdering opp mot lovverk/nasjonale føringar/lokale føringar:

Tiltaka skal vere innafør gjeldande lover og forskrifter. Dersom det ikkje blir tilfelle må tiltak iverksetjast.

Kultur - nedtrekk på 0,5 mill kroner

Bakgrunn for framlegget:

Det blir lagt opp til reduksjon bemanning kombinert med andre reduserte driftsutgifter/auka inntekter.

Konsekvensar for brukarane:

Bidraget frå kommunen innan kulturfeltet blir redusert, som til dømes kapasitet til å gjennomføra større arrangement. Det kan føre til reduserte tilbod for brukarar som i dag får tenester frå kulturavdelinga.

Konsekvensar for tilsette:

Det kan bli ein viss reduksjon på bemanning. Det vil føre til behov for strengare prioritering på oppgåver.

Evt. konsekvensar for andre einingar:

Kultur sine bidrag overfor andre einingar kan bli noko redusert, men her er felles prioritering og effektivisering av arbeidsrutinar og god samhandling viktig å vidareutvikle.

Vurdering opp mot lovverk/nasjonale føringar/lokale føringar:

Ingen konsekvenser

Måltabell

Hovudmål	Delmål	Målast ved	Mål 2023
Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune	Vi driv heilskapleg planlegging for å gjere Bjørnafjorden attraktiv som bu- og arbeidskommune	Andel planar/strategier som er vedtatt i planstrategien som er følgt opp	100,0 %
		Tal folkemøter knytt til overordna planlegging	4
Hovudmål	Delmål	Målast ved	Mål 2023
Vi har trygge, friske og myndiggjorte medarbeidarar			
Vi leverer treffsikre tenester	Vi leverer treffsikre tenester	Tal einingar som har identifisert sine arbeidsprosessar og utarbeidd flytskjema i kvalitetssystemet	90,0 %

Økonomiplan for 2023-2026

Hovudmål	Delmål	Målast ved	Mål 2023
		Andel prosjekt kor mynde og ansvar mellom ulike nivå er tydeleg fordelt og avklart i prosjektplanlegging og gjennomføring (td. gjennom prosjektdirektiv)	90,0 %
		Andel reguleringsplanar handsama 1. gong med overskriden frist	10,0 %
		Andel reguleringsplanar handsama administrativt 2. gong med overskriden frist	10,0 %
		Andel som er nøgd eller ganske nøgd ved gjennomførte spørreundersøkingar	70,0 %
		Antal byggesaker handsama med overskriden frist. Gjeld sum saker med 3 og 12 vekers frist og dispensasjonssakar	10
		Antal saker etter matrikkellova som ikkje vert handsama innan lovpålagt frist	0

Hovudmål	Delmål	Målast ved	Mål 2023
Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet	Vi har gode, trygge og inkluderande lokalsamfunn som fremmar helse, meistring og livskvalitet	Antal arrangement i biblioteket	40
		Antal barn som er med på sommarles	1 200
		Antal nye nærmiljøanlegg som er bygd	5
		Antal omkomne som følge av brann (henta frå DSB sin offisielle statistikk)	0
		Antal reelle kokevarsel drikkevatn	
		Dekningsgrad av tildelte vedtak om støttekontakt	90,0 %

Hovudmål	Delmål	Målast ved	Mål 2023
Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.	Vi arbeider for å stoppa klimaendringane og fremmar berekraftig samfunnsutvikling.	Andel av planar som er utforma med utgangspunkt i FN sine berekraftsmål	100,0 %
		Antal nye LED-veglys	
		Antal utlån i BUA	3 000

Økonomiplan for 2023-2026

Hovudmål	Delmål	Målast ved	Mål 2023
Vi er ein døgnoopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar	Vi er ein døgnoopen digital kommune med enkle og effektive arbeidsprosessar	Andel planar der det er lagt til rette for digital medverkand	80,0 %
		Antal nye lag som brukar Friskus	25

Driftsbudsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Økonomiplan			
	2023	2024	2025	2026
Samfunnsutvikling	60 703	53 834	49 602	47 872
Sum	60 703	53 834	49 602	47 872

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Investeringsprosjekter	2023	2024	2025	2026
Samfunnsutvikling				
Avlaupsprosjekt	35 000	35 000	40 000	40 000
Bru over Oselvesa	0	0	0	1 000
Flaumsikring	0	0	0	500
Langedalsvatnet				
Flaumsikring Strandvik	0	0	1 500	2 500
Industrikai Eikelandssosen	4 000	4 000	0	0
Kjøp av tomter og bygg	2 000	2 000	2 000	2 000
Kommunal infrastruktur	5 000	5 000	5 000	5 000
Kommunal Veg Revsåsen	10 000	8 300	3 000	0
Ombygging kommunale bygg	5 000	5 000	5 000	5 000
Ombygging	10 000	0	0	0
Kommunetunet				
Prosjektering	1 000	1 000	1 000	1 000
utbyggingsområder				
Rullande materiell	2 500	7 500	2 500	2 500
Tiltak i trafikksekringsplan	2 000	2 000	2 000	2 000
VA anlegg ny vei Åsen	10 000	20 000	10 000	0
Vassprosjekt	35 000	35 000	40 000	40 000
Vegkryss Steinneset	0	0	0	500
Sum Samfunnsutvikling	121 500	124 800	112 000	102 000

Kommunalt eigarskap

Bjørnafjorden kommunestyre handsama i sitt møte 16. juni 2020 [Eigarskapsmelding for Bjørnafjorden kommune](#).

I denne kjem dei ulike eigarskapa kommunen har i forskjellige selskap fram. Etter at denne blei lagt fram har kommunestyret oppretta Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS, eit heileigd kommunalt selskap som har som hovudoppdrag å forvalte Lyseparken og Samnøy næringsområder på vegen av kommunen. Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS (BUS) har følgande underselskap:

- Vestskog AS (100% eigd av BUS)
- Os Bygg og Eigedom AS (100% eigd av BUS)
 - Torggården AS (100% eigd av Os Bygg og Eigedom AS)
 - Baronsgården AS (100% eigd av Os Bygg og Eigedom AS)

Øvrige selskap heilt eller delvis eigd av Bjørnafjorden kommune

Oversikt over eigarskap innanfor § 23-6 i Kommuneleva

§ 23-6 omhandlar kva selskap kontrollutvalet og kommunen sin revisor har full innsynsrett i. Det kjem fram av § 23-6, 1. ledd at innsynsretten er avgrensa til:

- interkommunale selskap etter IKS lova
- aksjeselskap kommunen eig åleine eller saman med andre kommunar eller fylkeskommunar,
- heileigde dotterselskap til slike selskap

Selskap	Føremål	Eigarpost	Kommentar
BIR AS Orgnr 983 495 400	Eige og forvalte selskap som skal syte for innsamling, transport og handsaming av hushaldnings- og næringsavfall. Selskapet kan også etablere innsamling, transport og handsaming av produksjons-, nærings- og farleg avfall.	3045 aksjar (6,07%)	BIR AS omfattar kommunane Askøy, Bergen, Bjørnafjorden, Kvam, Osterøy, Samnanger, Vaksdal. BIR AS er eit konsern med 4 selskap innan lovpålagte renovasjonstenester og 3 selskap for tenester i fri konkurranse. www.bir.no
Interkommunalt arkiv Hordaland - IKAH Orgnr 971 348 496	Arbeida for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane vert tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for	7,31%	Eigarskap etter folketal i kommunane. Interkommunal verksemd oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap. Praksis har vore at det er arkivleiar som har vore med i representantskapet.

	offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle føremål, jf. Arkivlova § 6		
Vannvest AS Orgnr 924 367 148	Selskapet formål er å være et kompetansesenter for vann- og avløpstjenester. Selskapet skal utføre og formidle tjenester og produkter, slik som driftsassistanse eller driftsansvar, kvalitetssikring, analysevirksomhet, opplæring, erfaringsutveksling og informasjon.	1 aksje	Eigd av 29 kommunar og har 4 kommunar som er knytt til selskapet. Øvste organ er representantskapet der kvar eigarkommune har ein representant.
Os idrettspark Bjørnafjorden KF Orgnr 990 022 216	Osbadet KF skal drive kommunen sine idrettsanlegg på Kuventræ, Osbadet og Os idrettshall og Fjorden Arena, med tilhøyrande uteanlegg. Osbadet KF skal sikre overskot i drifta. Slikt overskot vert verande i selskapet og skal disponerast på ein måte som styrkjer framtidig drift. Ved ev. likvidasjon skal formuen nyttast i samsvar med føremålet.		
Oseana Kunst og Kultursenter Bjørnafjorden KF Orgnr 996 347 435	Oseana KF skal drive kunst- og kulturformidling innan ulike sjangrar, det vere seg kunstutstillingar, konsertar, teater, opera, restauranttenester og konferansar av ulik art.		

	Oseana KF skal gje tilbod til lag, organisasjonar og enkeltpersonar lokalt og regionalt. Oseana KF skal sikre overskot i drifta. Slikt overskot vert verande i selskapet og skal disponerast på ein måte som styrkjer framtidig drift. Ved ev. likvidasjon skal formuen nyttast i samsvar med føremålet.		
Os Parkering AS Orgnr 995 613 239	Kjøpe, eige, forvalte, drifte og/eller selje parkeringsanlegg, samt all anna naturleg tilhøyrande verksemd	100%	Det er ingen aktivitet i selskapet. Kan vere aktuell å revitalisere ved eit eventuelt parkeringsanlegg i fjell på Osøyro.
ASVO Bjørnafjorden AS Orgnr 959 881 855	Attføring og/eller sysselsetting av yrkeshemma. Eigar kan ikkje ta ut økonomisk utbytte. Eit eventuelt overskot av drifta skal bli i selskapet og koma attføringsarbeidet til gode.	100%	ASVO BJørnafjorden AS består av tidlegare OS ASVO AS og ASVO Fusa AS.

Oversikt over eigarskap utanom § 23-6 i Kommuneleova

Sjølv om innsynsretten er meir avgrensa, vil kontrollansvaret og omfatta selskap og verksemdar som ikkje kjem inn under § 23-6. Det er selskap der kommunen har aksjar eller andre eigarinteresser, men der det også er private aksjeeigarar.

Selskap	Føremål	Eigardel	Kommentar
Bergen og omland hamn AS Orgnr 918 404 635	«Bergen Havns viktigste oppgaver er å fremme sjøtransport og forvalte, drifte og utvikle havneområdene.»	5,001% Bokført verdi kr 500 000,-	Samarbeid med Bergen, Alver, Askøy, Austrheim, Fedje og Øygarden.

Fusa Utviklingsselskap AS Orgnr 990 970 734	Å leggja til rette tomter for bustadbygging, stå for utbygging i eigen regi og bidra til utvikling av eksisterande verksemdar og etablering av nye i noverande Fusa kommune på forretningsmessige vilkår.	51 %	Oppretta 2007 Eigar saman med Fusa kraftlag SA.
E134 Haukelivegen AS Orgnr 982 420 857	Arbeida for utbygging og standardheving av Haukelivegen (E134) Haugesund-Drammen.	2,78 %	32 aksjonærar, alle med 10 aksjar kvar. Eigarane er fylkeskommunar, kommunar og private verksemdar.
Fusa Kraftlag SA Orgnr 858 837 162	Føremålet til selskapet er å fremja interessene til innbyggjarar og verksemdar i konsesjonsområdet. Det skal oppnåast med: Å eiga, byggja og driva energiforsyning Omsetja elektrisk energi Byggja og driva breibandnett Forvalta kapitalfond Delta aktivt i tiltak med ålmennyttige føremål i konsesjonsområdet.	2 lutar	Samvirkeleg der kommunen får utbytte etter forbruk. Parteigarane i Fusa Kraftlag P/L vedtok i april 2010 å endra selskapsform frå partslag til eit allmennyttig samvirkeføretak. Selskapsform og vedtekter er tilpassa samvirkeleva.
Sunnhordland-sambandet AS (tidlegare Tysnesbrua AS) Orgnr 991 236 465	Arbeida for at ein ferjefri veg mellom Stord og Bergen med bru over Langenuen kjem med i Norsk transportplan. Når Sunnhordlandsambandet er komen inn i NTP, skal selskapet arbeida for at Sunnhordlandsambandet vert realisert. Arbeidar for brukryssing sør i Langenuen.	10 aksjar Verdi kr 10 000,-	Kommunane Sveio, Bømlo, Kvinnherad, Stord, Fitjar, Tysnes og Fusa og ei rekkje bedrifter og privatpersonar har aksjar. Selskapet har 1349 aksjar
Hordalandsdiagonalen AS Orgnr 815 279 832	Arbeider for realisering av arm til Bergen rå E134 gjennom utarbeiding av rapportar og lobbyverksemd.	20 aksjar Verdi kr 158	Ullensvang og Bjørnafjorden kommune. Hordalandsdiagonalen har tett

		461,- (15,38%)	samarbeid Haukelivegen AS
Kommunekraft AS Orgnr 866 818 452	Formidla aksjeeigarane sin disponible kraft, mellom anna konsesjonskraft, og driva anna verksemd knytt til slik formidling.	1 aksje	Eigd av 129 kommunar, 9 fylkeskommunar med ein aksje kvar. Landssamanslutning av vasskraftkommunar (LVK) er eigar med 182 aksjar.
Stiftinga norsk kulturarv (SNK)	Arbeida for å delta i forsvarleg utnytting av kulturarven som næring gjennom å engasjera seg i forretningsdrift som står i samband med dette, mellom anna å gjera seg interessert i andre selskap.	Liten eigardel	Oppretta 1993. Har enkeltmedlemmer (ca 1300) , næringsmedlemmer (ca 296) og 87 kommunar som medlem. Fusa kommune var ein av medstiftarane og er medlem.
Stiftinga Kystkultur no! 980 898 644	Føremålet er å stimulere og virke som pådrivar og fagleg instans for utvikling av kystkulturtilbod 9og koordinering av kystkultur i Vestlandsregionen.		Stiftinga er eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune og 24 kystkommunar i Vestland fylke.
RadiOS SA Orgnr 976 949 595		10 aksjar Verdi kr 2000,-	RadioOs vart stifta i 1989. RadiOs sender kommunestyremøta på FM-sambande og via Facebook. RadiOs har beredskapsavtale med Os kommune og er beredskapsradio for kommunen.
Biblioteksentralen SA Orgnr 910 568 183	Vera eit serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek. Biblioteksentralen har til oppgåve å vera hovudleverandør av produkt og tenester til bibliotek og liknande institusjonar.	Liten eigardel	Eit samvirkeføretak der kommunar, fylkeskommunar, KS, universitet og høgskular kan verta medlemmer. Det er ingen medlemskontingent.

Dag og Tid AS Org nr 911 092 417	Dag og Tid AS har som formål å gje ut ei partipolitisk ubunden avis på nynorsk. Selskapet skal kunne drive handel og eige eller på annan måte ta del i andre forretningstiltak. Dag og Tid er ei fri og ubunden vekeavis for kultur og politikk – og den einaste riksavisa på nynorsk.	Bokført verdi 50 aksjar a kr 50,- = kr 2.500,-)	
LL Det Norske Teateret Org nr 921 196 164	Det norske teateret har som formål å syna fram skodespel på norsk mål i bygd og by. Lutmedelen (aksjekapitalen) er kr 4.908.800 fordelt på 12.272 luter (aksjar) på kr 400 kvar, og utskrivne på namn. Laget (selskapet) har sete (forretningskontor) i Oslo. Største luteigar er BUL Oslo (11,03%). 78% av lutene er eig av luteigarar som eig under 1%.	5 lutar	

Tilskot til lag og organisasjonar

Bjørnafjorden kommune yt tilskot til ei rekkje lag og organisasjonar i bygda. Her finn du ei samla oversikt over kva som ligg i budsjettet for 2023.

Av desse er 600 000 kr søkbare kulturmidler som det kjem eiga utlysing på til våren.

Fellesområde/stab:	Budsjett 2023	Kommentarer
Generell tilskotspost ordførar sitt budsjett	100 000	
Tilskot til politiske parti	100 000	Ikkje utbetalt 2022
Tilskot til Os pensjonistforening	100 000	Ikkje utbetalt 2022
Oppvekst:		
Tilskot til Bjørnafjorden utdanningsmesse	50 000	utbet. Når avholdes
Husleige (tilskot) Eikelandsfjorden samfunnshus	127 000	er red fra 150 000 i 2020
Husleige (tilskot) Fusa Samfunnshuslag	156 000	
Driftstilskot SMISO- Senter mot incest og seksuelle overgrep i Hordaland- 50%	78 000	utbetalt i 2022
Helse og velferd:		
Driftstilskot SMISO- Senter mot incest og seksuelle overgrep i Hordaland- 50%	78 000	Utbetalt 2022
Samfunn, næring og miljø		
Oselvarverkstaden	1 146 000	
Kulturmidler	600 000	
NN Aktivitetshus (inkl gratis halleie hall 1)	700 000	
NN - gratis halleie hall 2	420 000	Denne blir indeksregulert
Gratis halleie Oseana (skulemusikk)	40 000	
Holdhus rulleski (leie av grunn)	33 000	
Os Turnforening - drifts og vedlikehold av idrettsanlegg	100 000	
Nore Neset - drifts og vedlikehold av idrettsanlegg	100 000	
Søre Neset - drifts og vedlikehold av idrettsanlegg	80 000	
Lysekloster - drifts og vedlikehold av idrettsanlegg	50 000	
Søfteland - drifts og vedlikehold av idrettsanlegg	50 000	
IL Øyglimt - drifts og vedlikehold av idrettsanlegg	30 000	
Kulturstipend	40 000	
Midler til rentedekning av lån for idrettslag (Idrettsrådet)	140 000	
Idrettsrådet	20 000	
Eikelandsfjorden IL - 11 bane x 2	60 000	
Hålandsdal og Eikelandsfjorden skytterlag - Holdhus skytebane	10 000	
Strandvik IL - 7er bane	15 000	
Venjar IL - 11 bane	35 000	
Strandvik skytterlag - innendørs og utendørs skytebane	15 000	
Søre Fusa IL - 11 bane/friidrett	35 000	
Fusa hestesportlag	30 000	

Økonomiplan for 2023-2026


Ådlandsfjorden IL - 7er bane	15 000	
Utbetalingsplan for kommunale investeringstilskott til private anlegg	300 000	
Friluftsområde Hagafjøra i Eikelandsosen (leie av grunn)	15 000	
Stiftinga Bygdastølen Ski- og tursenter	70 000	
Bergen og omland friluftsråd	560 000	
Fusa Frivillighetssentral	766 320	
Flaggheising	100 000	
17. mai	100 000	
Strandrydding	38 000	Denne tas frå fond
Skaparstovo (Makerspace)	50 000	Det er ikkje vidareført midlar frå 2024
Næringsrådet	300 000	
Visit Bjørnafjorden	100 000	
Os Sentrumsforening	100 000	
Turist- og hamnevert	100 000	Avtale gjelder ut 2023

Organisasjon og styring


Gjennom heilskapleg styring skal kommunen sikre både effektiv drift og gode tenester til innbyggjarane. Samstundes skal vi ta i vare naudsynt utviklingsarbeid og innovasjon i tråd med samfunnet sitt - og innbyggjarane sine behov. Styringsprosessane skal i større grad digitaliserast, og det skal leggjast vekt på faktabasert kunnskap.

Leiarane i kommunen skal fremme samhandling, læring og delingskultur, utnytte handlingsrommet og legge til rette for nye og bærekraftige løysingar. Til hjelp i dette arbeidet har vi utvikla ei heilskapleg styringsmodell.

Denne heilskaplege styringsmodellen viser den strategiske plattformen som ligg til grunn for verksemda vår. Her finn du føremål med verksemda vår, visjon og verdiar saman med FN sine bærekraftsmål. I Bjørnafjorden kommune er det gjort nokre strategiske val som kjem fram i strategidokumentet og arbeidsgjevarstrategien til kommunen. Vidare har vi eit system for styring av kvalitet og kvalitetsforbetring. For å sikre strategisk gjennomføring har vi eigne prosessar for mål- og resultatstyring, risikostyring, internkontroll og kvalitetsstyring og læring, forbetring og innovasjon.



Politisk organisering



Bjørnafjorden kommune er politisk organisert etter formannskapsmodellen. Dette er hovudmodellen i kommunelova og inneber at formannskapet blir vald av kommunestyret etter partia sine forholdsvis representasjon i kommunestyret.

Kommunestyret er det øvste organet i Bjørnafjorden kommune. Kommunestyret består av 35 representantar og blir leia av ordføraren. Ordførar i Bjørnafjorden kommune er Trine Lindborg frå Arbeiderpartiet.

Kommunestyret treff vedtak på vegne av kommunen, om ikkje anna føl av lov eller delegering. Kommunestyret har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga, og kan forlange einkvar sak lagt fram for seg til orientering eller avgjer.

Bjørnafjorden kommune har tre faste politiske utval:

- Formannskap
 - Administrasjonsutval (partssamansatt utval)
 - Eigedomsutval
- Plan-, bygg- og miljøutvalet (utgjer også trafikksikringsutval)
- Kontrollutval

I tillegg er det tre lovpålagte brukarråd med politisk representasjon.

- Eldreråd
- Råd for menneskje med nedsett funksjonsevne
- Ungdomsråd

Dei tre brukerråda skal ta i vara interessene til eldre, menneskje med nedsett funksjonsevne og ungdom og kan uttale seg i alle saker som dreier seg om "sine" brukarar. Råda skal også høyrast i plansaker og uttala skal følgje saka til plan-, bygg- og miljøutvalet. Dette er illustrert i teikningen over med oransje piler.

Administrativ organisering

Kommunedirektøren er den øvste administrative leiaren i Bjørnafjorden kommune og er ansvarleg for saksutgreiing for folkevalde organ og for å iverksette politiske vedtak. Kommunedirektøren sitt ansvar og mynde er regulert av kommunelova og kommunen sitt delegeringsreglement som er vedteke av kommunestyret. Christian Fredrik Fotland er kommunedirektør.



Under kvar av sektorane er det einingar og avdelingar kor leiar er ansvarleg for si verksemd innan rammene av dei fullmakter som er delegert frå kommunedirektøren. Dette tyder at dei har mynde til å sikre eininga/avdelinga si drift, både når det gjeld faglege, økonomiske, personalmessige og organisatoriske tilhøve.


Arbeidsgjevarstrategi

Bjørnafjorden kommune skal vere nytenkjande, endringsvillig og yte treffsikre tenester.

Framtidige utfordringar krev at vi leitar etter nye og betre løysingar. For å klare det, må vi gjennomføre eit digitalt løft i organisasjonen, vise omstillingsvilje og satse på dialog og samskaping.

Arbeidsgivarstrategien legg føringar for korleis kommunen skal rekruttere, utvikle og bruke dei menneskelege ressursane for å nå måla våre, og for å sikre engasjerte og kompetente medarbeidarar.

Modellen for arbeidsgivarstrategien vår kan visast på denne måten:



Modellen kan samanliknast med eit hus. Hovudmålet er beskrive i taket. Grunnmuren er fundert på kommunens etiske standard og verdigrunnlag, og på medarbeidarskap og samhandling. Veggane (ramma for arbeidet) utgjer kommunens mål og strategiar og alle menneskelege ressursar.

Etikk og verdiar

Etikk og verdiar ligg bak haldningar som pregar praksis. Bjørnafjorden kommune skal vere ein kommune med høg etisk standard, og vi skal nytte etisk refleksjon i utvikling av tenestene.

Verdiar er retningslinjer for korleis vi skal handle. Dei fortel kven vi er som kommuneorganisasjon, og korleis vi vil ha det på jobb. Dei er viktige for oss når vi skal vurdere og vedta noko. Verdiane skal vere synlege og sikre at vi styrer etter det som er definert som viktig. Verdiane er rettesnor for utøving av arbeidsgivarrolla i praksis.

Medarbeidarskap og partssamarbeid

Medarbeidarskap byggjer på kunnskap om kva som får medarbeidarar til å ta ansvar og vise initiativ i arbeidslivet. Medarbeidarar som er trygge i rolla si, meistar oppgåvene sine og blir sett, oppnår gode resultat, auka arbeidsglede og engasjement for jobben.

I denne tenkinga er leiarar også medarbeidarar. Både medarbeidarane og leiaren må ta eit felles ansvar for eige arbeid og arbeidsmiljø. Det er ei leiaroppgåve å involvere, og ei medarbeidaroppgåve å involvere seg.

I Bjørnafjorden kommune er vi opptatt av å ha eit godt samarbeid. Vi opplever ein sterk meirverdi i systematisk samarbeid mellom leiing, tillitsvalde og vernetenesta. Det er hovudavtalen, arbeidsmiljølova og Bjørnafjorden kommune sine interne retningslinjer som er styrande for samarbeidet.

Mål

Bjørnafjorden kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgivar

- som er nyskapande og endringsdyktig
- som har leiarar som viser veg og legg til rette for meistring
- som har engasjerte medarbeidarar med evne, vilje og riktig kompetanse.

Prinsipp for styring av kvalitet og kvalitetsforbedring

Å styre inneber å organisere og koordinere aktiviter for å følge opp politiske vedtak, mål og prioriteringar. God styring skal sikre at kommunen løyser oppgåvene og når måla på ein effektiv og god måte, og innanfor gjeldande lover, regler og økonomiske rammer.

Styringa av Bjørnafjorden kommune skal baserast på prinsipper om mål- og resultatstyring, risikostyring, internkontroll, læring, forbetring og innovasjon.

Kommunen sin visjon og verdiar, leiing, kompetanse og digitale verktøy er støttande element i arbeidet med å sikre god styring av verksemda. God styring skal sikre at tenestene i Bjørnafjorden kommune er farsvarlege og har god kvalitet. God kvalitet inneber å levere tenester i samsvar med krav og forventningar kvar gang, og gjennomføre naudsynt forbetnings- og innovasjonsarbeid.

Prinsipper:



Ansvar:

- Leiarane - har ansvar for å skape ein kultur for kvalitetsarbeid i heile organisasjonen, og integrere kvalitetsarbeid i alle prosessar.
- Medarbeidarane - har ansvar for å levere riktig kvalitet i sitt daglege arbeid.

Forusetningar for å lykkast:

- Interessenter må identifiserast for å forstå deira behov, forventningar, rettar og plikter.
- God kommunikasjon
- Tydelege mål
- Relevant kompetanse
- Avklaring av roller og ansvar
- Prosesstankegangen sikrar at mål nås på ein effektiv måte
- Systematisk rapportering
- Analyse av mål og resultat

Medarbeidar

Strukturer og arenaer for utvikling og samskaping

Kontinuerleg forbetring, innovasjon og digitalisering er stikkord for organisasjonen Bjørnafjorden kommune. Vi skal vere pådrivarar for effektive og gode tenester til innbyggjarar, næringsliv og lag og organisasjonar.

Bjørnafjorden kommune er del i det regionale digitaliseringssamarbeidet som driv tenestene i regionen framover. Det går ein fjord gjennom kommunen, og det aukar behovet for digitale møteplassar og arbeidsverktøy som reduserer både kostnader, reisetid og klimaavtrykk.

Ein føresetnad for å nå måla våre, er god digital kompetanse og god endringskapasitet hos våre tilsette. Digital kompetanse er ein kritisk faktor i vår evne til digital transformasjon og til å hente ut gevinstar frå digitalisering. Vi skal ha ein strategisk tilnærming til kompetanseutvikling og eit fokus på kompetansekrav både ved rekruttering og i samanheng med vidare- og etterutdanning av tilsette. For å lykkast med våre mål må vi jobbe med organisasjonsutvikling, blant anna ved å digitalisere og finne smarte løysingar. I kvardagen har fokus på å kartlegge arbeidsprosessar kor vi kan benytte digitale løysingar for å levere betre og meir treffsikre tenester.

Samskaping og innovasjon er omgrep som står sentralt i kommunenorge men som kan vera vanskeleg og gje eit lokalt innhald eller setje ut i praksis. Bjørnafjorden kommune er i ein økonomisk situasjon kor vi må fylla desse omgrepa med eit meningsfullt innhald og gjere dei til handterbare verktøy innanfor den verkelegeheita vi arbeidar i. Samskaping handlar i praksis om å finna gode løysningar saman. Det gjeld både internt i organisasjonen og ut mot innbyggjarane. Internt i organisasjonen byrjar ein å sjå at samskapingstanken har fått fotfeste, mellom anna gjennom fleire tverrsektorielle utviklingsprosjekt.

DigiVestland:

Norge er delt i inn i 11 regionale digitaliseringsnettverk som inngår i samstyingsstrukturen til KS for utbreiing av digitale løysingar innan kommunal sektor. Bjørnafjorden kommune er medlem i DigiVestland til liks med med praktisk talt alle kommunar i Vestland fylke med same grunngeving – dette er for stort til at vi kan gjere det åleine. I DigiVestland er kommunen vår representert i styringsgruppa, i digitaliseringsutvalet og i fleire faggrupper/prosjekt i tillegg dette året bidratt med, og fått dekkja, 50 % stilling som koordinator for nasjonale fellesløysingar. Deltakinga i nettverket i dag gjev størst støtte og hjelp i arbeidet for våre tilsette som sjølv er deltakarar i t.d. ei faggruppe. Der kan det ein får igjen vere formell kompetanseheving eller generell veiledning, hjelp gjennom definert fellesprosjekt eller erfaringsutveksling om aktuelle problemstillingar. Med stadig auka krav til kommunen vil det framover vere mykje å hente i dette samarbeidet knytt mange ulike felt, ikkje minst eHelse, arkitektur og standardisering, og personvern og informasjonssikkerhet.

Internkontroll

Vi har eit høgt fokus på tenestene sine arbeidsprosessar lokalt, og då er digitalisering og utnytting av dei eksisterande systema vi har viktig. Vi jobber kontinuerlig med å videreutvikle kvalitetssystemet, som er det viktigste digitale verktøyet vårt for å sikre organisasjonen sin internkontroll. Etter to års bruk av Kvalitetssystemet har mange av tenestene sitt rammeverk for tenesteleveranse og lov og avtaleverk på plass. Framleis har ein ein veg å gå for å ta i bruk alle funksjonar og gjere systemet til ein meir integrert del i tenestene sitt arbeid. Fokus for denne delen av digitaliseringsarbeidet vil vere å legge til rette for meir opplæring ute i tenestene og gjere Kvalitetssystemet meir tilgjengelig og tilpassa tenestene.

Organisasjonsutvikling

Bjørnafjorden kommune har sidan etableringa i 2020 jobba systematisk mot eit langsiktig mål om å ha gode leiarar og tilsette med evne og vilje til nytenking og auge for utvikling. For å få dette til er det vesentleg at både vertøy og tankesett er til stades i organisasjonen. Fleire av dei som er med i nettverka i DigiVestland sit i kommunen sitt endringsforum. Endringsforum består av nøkkelpersonar frå forskjellige delar av organisasjonen. Endringsforum er ei operativ del av HR sin endringskompetanse og bistår dei einingane som har behov for støtte ved omstilling/ endring eller generell fasilitering av prosjektmetodikk knytt til dette. Kommunen sin totale kompetanse på omstilling og endringsledelse er auka gjennom prosjektet BF 22 og denne kunnskapen er avgjerande for organisasjonen å ta med vidare. Endringsforum har ei strategisk rolle i dette arbeidet.

Endringstakten og kravet til omstilling aukar stadig og ein ser at det er krevjande for leiarane å gjere prioriteringar i tenesteleveransen. Vi veit gjennom forskning på omstilling at fasen kommunen er i pr no set høge krav til leiarane sin endringskapasitet og evne til å følge opp tilsette. Ein av dei store risikofaktorane er å miste veikartet og dermed god og nødvendig kommunikasjon med organisasjonen. For leiinga, på alle nivå, er det viktig å vera bevisst dette og bruka kompenserande tiltak for å møte utfordringane. Tydelege og grunngitte prioriteringar for omstillingsarbeid og beslutningar skal vera tema i alle leiargruppene, for bevisst og lik kommunikasjon ut til tenestene.

Arbeid med auka nærvær gjennom leiaropplæring

Bjørnafjorden kommune har, som mange andre kommuner, dei siste to åra hatt eit høgt sjukefråvær. Nærværet er på vei opp igjen, men ein ser at det er ein veg før ein er på eit tilfredstillande nivå. Leiaropplæring er eit nøkkelelement i dette arbeidet. For å gje leiarane systematisk opplæring og utvikling knytt til personalforvaltning har ein ulike løp leiarane skal gjennom. Det er utarbeidd to modular for digital obligatorisk leiaropplæring og vi har onboarding systemet "Ein sterk start", både for leiarar og tilsette. Vidare blir det pilotert eit tilbud i Q3 2022 som tar for seg førebygging og bygging av robuste arbeidsmiljø.

Strategisk kompetanseutvikling

Fokus på og arbeid med strategisk kompetanseutvikling er avhengig av oversikt og kvalitet i datagrunnlaget. Gjennom omstillings – og utviklingsarbeidet i prosjektet BF 22 har ein no tatt i bruk eit digitalt system for kompetansehandsøring. Systemet er eit godt verktøy for å halde oversikt over, finne gap og styre kompetanseutviklinga i den retningen som er nødvendig ut i frå kommunen sine behov. I den noverande og framtidige situasjonen til kommunen er det viktigare enn nokon gong å kvalitetssikre at vi brukar kompetansen i organisasjonen til dei rette oppgåvene, på rett stad og til rett tid. Ein arbeider for at alle tenestene skal ta i bruk systemet gjennom 2023 for å arbeide strategisk med kompetanseutvikling.

Nytt rekrutteringssystem er også eit godt eksempel på eit brukarvennleg system der leiarar no er sjølhjelpne i rekrutteringsprosessen, noko som gir betre kvalitet og spart tid for alle involverte partar.

Folkehelse

Folkehelsa i Bjørnafjorden

Kommunane skal ha oversikt over helsetilstanden blant innbyggjarane og faktorar som påverkar denne. Kommunen følgjer med gjennom ulike indikatorar for levekår og helse og skal både ha løpande oversikt over folkehelsa og ein fireårig folkehelseoversikt. Dette gjev nyttig kunnskap til planlegging i kommunen. Datakjelder er nasjonale, regionale og lokale data, både av kvantitativ og kvalitativ art.

Forankra i funna i den fireårige folkehelseoversikta for 2019-2022 (folkehelseoversikt-bjornafjorden-2019-2022.pdf), kom Bjørnafjorden med i det nasjonale programmet for folkehelse. Bjørnafjorden sitt prosjekt har fått namnet «VERD-SETT – saman om livsmeistring og fråværsforebygging» og skjer i perioden 1.4.2021 til 1.4.2024. Prosjektet er omtala under Oppvekst.

Ny folkehelseoversikt for Bjørnafjorden kommune vil bli utarbeidd i løpet av 2023.

Nedanfor vert det presentert siste data på nokre av utfordringane påpeika i fireårig oversiktsdokument for Bjørnafjorden, folkehelseprofil, oppvekstprofil, funn frå Ungdata og Vestland fylkeskommune si ferske folkehelseundersøking.

Det er venta stor vekst i talet eldre over 80 år i Bjørnafjorden i økonomiplanperioden og i åra vidare. Samstundes har Bjørnafjorden fortsatt ei ung befolkning.

At det vert fleire eldre som lever lenger er ei ønskjeleg utvikling og eit viktig helsemål. Dagens og framtidens eldre vil leva fleire sunne og aktive år. Som gruppe er eldrebefolkninga svært mangfaldig m.o.t. aldersspenn, busituasjon, livssituasjon, helse, utdanning og økonomi. Blant dei eldste eldre vil dei fleste oppleve eit aukande behov for hjelp og omsorg. Folkehelseutfordringa er korleis samfunnet og den enkelte kan leggja til rette for at flest mogleg skal oppleve fleire funksjonsfriske leveår og på den måten sikra ei berekraftig velferdsutvikling i åra som kjem. Dette inneber tidleg innsats og tilrettelegging med bustadplanlegging og helsefremjande og aktivitetsvenlege nærmiljø, med møtestader som kan motverka sosial isolasjon og einsemd.

Folkehelseprofilen og oppvekstprofilen for Bjørnafjorden for 2022 viser at Bjørnafjorden ligg signifikant betre an enn landsgjennomsnittet når det gjeld

- Hushald med vedvarande låginntekt
- Barn av einslege forsørgjarar
- Barn 0-17 år som bur i hushald med vedvarande låginntekt
- Barn 0-17 år i hushald med vedvarande låg inntekt, lokal grense
- Bur trongt, 0-17 år

Bjørnafjorden har mindre del barn 0-17 år som veks opp i vedvarande låginntekt enn landet og også Vestland fylke. Likevel er det ca. 500 barn i kommunen vår som veks opp under vedvarande låginntekt. Delen barn som veks opp under låginntekt i Bjørnafjorden har auka dei siste par åra og er no på 9,2 %.

Samanlikna både med Vestland fylke og med landet, er vedvarande låginntekt i Bjørnafjorden meir vanleg for barn som :

- veks opp i hushald der ingen personar i hushaldet har arbeid
- bur i hushald med einsleg forsørgjar
- bur i leigd bustad.

I ein rapport ved Vestland fylkeskommune frå 2019, vart næringslivet i Bjørnafjorden vurdert til å vera det tredje mest sårbare i Vestland fylke.

NAV Bjørnafjorden registrerer at omfanget av arbeidsløyse har gått kraftig ned i Bjørnafjorden frå 2020 og fram til i dag. I 2022 er 1,8 % av arbeidsstyrken i Bjørnafjorden utan arbeid. Nedgangen i arbeidsløyse gjeld alle aldersgrupper, også dei under 30 år. I gjennomsnitt var 56 personar under 30 år i Bjørnafjorden arbeidsledige i 2022. Dette er berre 29 % av gjennomsnittleg ledige i same aldersgruppe i 2020, så det er ein svært positiv trend. Også omfanget av personar i yrkesaktiv alder i Bjørnafjorden som går på arbeidsavklaringspengar har gått ned dei siste par åra.

I aldersgruppa 25-29 år i Bjørnafjorden er 1,4 % registrert arbeidsledige i data hos SSB for 2021 og 4,7 % er mottakarar av arbeidsavklaringspengar eller uføretrygd.

Når det gjeld bruken av sosialhjelp i Bjørnafjorden, gjekk talet på brukarar ned med 8 % frå 2020 til 2021. Vi er her ein del av ein trend i heile Vestland fylke, med tilbakegang i bruken av sosialhjelp i denne perioden. Nedgangen gjeld også unge i aldersgruppa 18-24 år, der vi hadde 88 tilfelle i 2019 og 74 tilfelle i 2021.

Folkehelseprofilen for Bjørnafjorden for 2022 viser at vi ligg signifikant betre an enn landsgjennomsnittet når det gjeld mottakarar av uførepensjon, 45-66 år.

Fysisk og sosialt miljø, helserelatert åtferd og helsetilstand

Funn frå Bjørnafjorden samanlikna med gjennomsnittet i Vestland

Våren 2022 gjennomførte Vestland fylkeskommune saman med Folkehelseinstituttet ei større folkehelseundersøking i alle kommunane i Vestland fylke for å finna ut av korleis det står til med helse, trivsel og livskvalitet blant innbyggjarane. Resultata frå undersøkinga er verktøy for å betra folkehelsa og skapa gode lokalsamfunn og nærmiljø. Undersøkinga er relevant for drift og planlegging innanfor ei rekkje av kommunen sine ansvarsområde som samfunnsutvikling, oppvekst, helse, velferd, kultur og mobilitet.

Under har vi samanstilt funna i Bjørnafjorden med gjennomsnittet for alle kommunane i Vestland. Vi har merka funna med fargekodar, der ingen fargekode tyder at vi ligg likt som snittet i Vestland. Når Bjørnafjorden skil seg positivt ut frå gjennomsnittet i Vestland er det markert med grønt, og når vi skil oss negativt ut er det markert med raudt.

Variabel	Prosentdel på tvers av kjønn, Bjørnafjorden	Prosentdel på tvers av kjønn, Vestland
Stor grad av trivsel i nærmiljøet	74,9	73,4
Kulturtilbod -godt eller svært godt tilgjenge	67,4	70,2
Idrettstilbod -godt eller svært godt tilgjenge	86,5	78,3
Butikkar, andre servicetilbod -godt eller svært godt tilgjenge	83,1	81,8
Offentleg transport -godt eller svært godt tilgjenge	49,1	53,9
Natur- og friluftsområde -godt eller svært godt tilgjenge	93,6	92,6

Økonomiplan for 2023-2026

Kystline/strand/sjø -godt eller svært godt tilgjenge	91,6	75,0
Gang- og sykkelveggar -godt eller svært godt utbygde	38,7	39,1
Deltaking i organisert aktivitet kvar veke	25,1	24,2
Deltaking i annan aktivitet kvar veke	45,2	47,2
God eller svært god helse	67,4	70,0
God eller svært god tannhelse	73,7	74,6
Meir enn 2 år sidan du var hos tannlege/-pleiar	9,4	11,3
Fedme	17,9	17,9
HSCL-5 >2*	12,9	12,8
Søvnproblem (Insomni)	12,9	11,9
I stor grad påverka grunna helseproblem	12,6	11,2
Stor grad av funksjons-nedsetting grunna skade	6,2	5,4
Korsryggsmerter siste 28 dagar	43,5	43,5
Nakkesmerter siste 28 dagar	39,3	40,1
Høg sosial støtte	36,8	36,2
Einsemd (UCLA-3)	12,6	11,4
Saman med gode vener kvar veke eller oftare	49,0	52,1
Minst 30 minutt moderat fysisk aktivitet 4+ dagar i veka	23,3	24,7
Sukkerhaldig brus/leskedrikk 2-3 gonger i veka eller oftare	29,5	26,2
Dagleg inntak av frukt eller bær	38,7	37,6
Dagleg inntak av grønnsaker	48,8	47,7
Inntak av fisk 2-3 gonger i veka eller oftare	55,8	54,3
Dagleg røyking	7,6	7,1
Dagleg snusbruk	11,9	11,8
Drikk alkohol 2 gonger i veka eller oftare	18,3	21,5
Episodisk høgt alkoholforbruk månadleg eller oftare	13,8	15,7
Utsett for skade (sjølvrapport) siste 12 månader	17,7	17,6
Plaga av støy frå trafikk heime	7,4	8,6
Plaga av annan støy heime	6,6	9,4
Andel med økonomiske vanskar	20,6	19,2
Gjennomsnitt HSCL*: Psykiske plager	1,50	1,51
Søvnlengde i timar	6,67	6,67
Timar stillesitting i kvardagen	6,54	6,82
Alkoholeiningar per gong (gjennomsnitt)	2,84	2,97
Fornøgd med livet (skala: 0-10)	7,34	7,32
Framtidsoptimisme (skala: 0- 10)	7,61	7,65
Det ein gjer i livet er meningsfylt (skala: 0-10)	7,41	7,41
Negative følelsar siste 7 dagar (skala: 0-10)	3,27	3,35

Positive følelsar siste 7 dagar (skala: 0-10)	6,85	6,88
Einsemd (skala: 0-10)	2,35	2,29
Sosiale relasjonar (skala: 0-10)	7,24	7,27
Folk flest er til å stole på (skala: 0-10)	6,98	7,05
Stadstilhørslse (skala: 0-10)	7,33	7,34
Trygg i nærmiljøet (skala: 0-10)	8,97	8,92
Engasjert (skala: 0-10)	6,42	6,50
Takknemleg (skala: 0-10)	7,28	7,23
Lukkeleg (skala: 0-10)	6,85	6,82

*HSCL: Hopkins symptoms check list. Sekvens med spørsmål som måler symptom og plager som er knytt til angst og depresjon.

Svarprosent Bjørnafjorden: 32,0 %, Vestland: 31,1 %. Tal respondentar: Bjørnafjorden: 1690, Vestland: 53216. Resultata i tabellen under er ikkje justert for alder, utdanning eller andre demografiske variablar som kan vera ulike mellom kommunane.

Folkehelseprofilen for 2022

Utover det som er nemnt tidlegare, viser Folkehelseprofilen og oppvekstprofilen for Bjørnafjorden for 2022 at vi ligg **signifikant betre** an enn landsgjennomsnittet når det gjeld

- Bemanning i barnehage, oppfylt
- Blir mobba på skulen, 7. trinn
- Trivst på skulen, 7. trinn
- Fortruleg ven, 2021
- Kan symja, 17 år
- Alkohol, har vore berusa, 2021
- Luftkvalitet (finkorna svevestøv)
- Valdeltaking, 2021
- Trener sjeldnare enn vekentleg, 17 år
- Røyking kvinner
- Venta levealder, menn
- Venta levealder, kvinner
- Psykiske symptom/lidingar, 0-74 år
- Muskel og skjelett
- Vaksinasjonsdekning meslingar, 9 år

Bjørnafjorden ligg **signifikant dårlegare** an enn landsgjennomsnittet når det gjeld

- Drikkevatt, hygienisk og stabilt
- Hjarte- og karsjukdom
- Nøgd med treffstader, 2021
- Med i fritidsorganisasjon, 2021
- Skjermtid over 4 timar, 2021

Kommentarar til område der vi ligg på «raudt nivå» - signifikant dårlegare enn landssnittet

Den dårlege skåren på drikkevassforsyning handlar om manglande stabilitet i leveringa. Tilfredsstillande leveringsstabilitet inneber mindre enn 30 minutt ikkje-planlagte avbrot i året per tilknytt innbyggjar. Det vert jobba for auka leveringsstabilitet. Data levert til Mattilsynet for 2021 viser ein nedgang i ikkje-planlagte avbrot på ca. 40 % samanlikna med 2020 i områda til kommunen sitt største vassverk.

Hjarte- og karsjukdom avspeglar usunne levevanar i befolkninga, sånn som usunt kosthald, røyking og fysisk inaktivitet. I Noreg har det no i mange år vore ein langsam nedgang i hjarte- og karsjukdom. Det

ser vi òg i Bjørnafjorden, men til liks med Vestland ligg førekomsten hos oss noko høgare enn landssnittet. Sunt kosthald med mindre salt, sukker og animalsk feitt, men meir frukt, grønnsaker og grove kornprodukt, er ein av dei påverkelege faktorar med størst helsegevinst.

Vi ligg også på raudt nivå gjennom funn frå Ungdata når det gjeld *treffstader, deltaking i fritidsaktivitet og skjermtid over 4 timar per veke*. Å delta i felles fritidsaktivitetar er viktig for fellesskap, identitet og meistring, og gir barn og unge ferdigheiter og erfaringar som har betydning seinare i livet. Resultat frå Ungdata-undersøkinga viser at unge som har tilgang på færre økonomiske og kulturelle ressursar heime i mindre grad deltek i organiserte fritidsaktivitetar. Kommunen kan bidra til å utjamna sosial skilnader ved å leggja til rette for organiserte fritidsaktivitetar som er tilgjengelege for alle, uavhengig av barna sine ferdigheiter og foreldra sin moglegheit for å bidra økonomisk og med eigentid.

Ein større del unge i Bjørnafjorden enn landsgjennomsnittet har dagleg skjermtid på over fire timar. Når ein bruker meir tid på skjerm bruker ein mindre tid på å vera fysisk aktiv og å vera meir til stades, som er faktorar for auka livskvalitet og styrka psykisk helse. Sosiale og digitale medium kan gje jenter angst, depresjon og dårleg sjølvbilete, medan gutane kan få aggressive reaksjonar og åtferdsvanskar.

Gjennom prosjektet VERD-SETT og med bakgrunn i funn frå Ungdata, er det teke initiativ til å etablera delprosjekt E-sport i Bjørnafjorden kommune. Gjennom dette delprosjektet er målet å betra kvaliteten i barn og unge si digitale fritid og gje eit nytt fritidstilbod i kommunen. E-sport er den raskast veksande idretten i verda og vi ønskjer at Bjørnafjorden kommune har eit E-sport tilbod til ungdommane i deira nærmiljø. Det vil gjennom VERD-SETT også bli eit fokus på at alle barn og unge bør ha ein annan meistringsarena enn berre skule.

Ein lågare del unge hos oss er med i fritidsorganisasjon samanlikna med landsgjennomsnittet. Gjennom organisert fritidsaktivitet kan ein knyta band, vera fysisk aktiv, gje til andre eller fortsetja å læra. Dette dekkjer fire av dei fem grepa FHI løftar fram for auka livskvalitet og sterkare psykisk helse.

BUA – utlånssentral for sports- og aktivitetsutstyr, er etablert på Os-sida og under planlegging på Fusa-sida. Her kan ein låna utstyr gratis og dermed få prøva seg på ulike aktivitetar. Ordninga kan utjamna sosial ulikskap og gje auka aktivitet. Kanskje kan det også vera ein innfallsport til organisert aktivitet?

Bjørnafjorden tok i bruk friskus.com i 2020. Det er ein aktivitetsplattform som er utvikla i samarbeid mellom kommunar og frivilligheita. Friskus er digital infrastruktur som gir enkel og effektiv innbyggjardialog mellom frivillige organisasjonar, kommunar og innbyggjarar. Den legg til rette for at innbyggjarane våre kan delta, oppleve mening og tilhørighet. Den er retta mot alle aldersgrupper. Det blir arbeida med å sikre at friskus i endå større grad blir nytta som verktøy både av kommunen sin eigne einingar og lag og organisasjonar. Det vil og bli gjort eit arbeid for å gjere friskus endå betre kjent for innbyggjarane i tida framover. I eit folkehelseperspektiv er friskus eit viktig verktøy og det vil og kunne hjelpe oss å kople frivilligheita endå tettare på aktivitetar i kommunen ved at vi kan leggje ut frivillige oppdrag.

Beredskap

Samfunnssikkerheit og beredskap i ei utføreseieleg tid

Verda rundt oss har blitt meir utføreseieleg i løpet av dei snart tre åra Bjørnafjorden kommune har eksistert. Vi har møtt, og må vera førebudde på å møta, utfordringar i heile krisespekteret – frå pandemi, klimaendringar og energikrise til cyberangrep, atomhendingar, tryggleikskrise og i verste fall krig. Vi må vita kva tiltak vi skal gjennomføra. Og vi må sikra at ressursane lokalt, regionalt og nasjonalt finn kvarandre raskt.

Det er krevjande, men vi står ikkje åleine. Eksisterande system for krisehandtering og samvirke har blitt testa og øvd grundig under to år med pandemi – og vist at dei fungerer, både lokalt og regionalt. Det må vi byggja vidare på og vidareutvikla.

Vi jobbar med det samansette utfordringsbiletet vi står i, gjennom god dialog og godt samarbeid med andre beredskapsaktørar lokalt og regionalt. Bjørnafjorden beredskapsråd er ein viktig arena for samarbeid med m.a. lokalt politi, heimevern, nettselskapa, Sivilforsvaret, industrivernet på Framo Fusa, kyrkja, og frivillige organisasjonar som arbeider med beredskap. Vi har forpliktande samarbeidsavtalar med både Røde Kors – fornya i fjor – og dei lokale sanitetsforeiningane våre – inngått i haust. Regionalt utøver Statsforvaltaren i Vestland (SFVL) samordningsrolla si på ein måte som er til svært god hjelp for oss i kommunane. Og medverkar til å styrka samhandlinga mellom nabokommunar. Det blir arrangert jamlege temamøte, øvingar og faste kommunemøte der SFVL også koplar på nasjonale etatar (som DSA, UDI, IMDi, PST, NSM, Mattilsynet, FHI, NVE, DSB osv.)

Planverk og beredskapsorganisasjon

Målet for arbeidet vårt med samfunnssikkerheit og beredskap (SSB) er at heile Bjørnafjorden kommune skal vera ein **trygg og robust** kommune å bu, arbeida og opphalda seg i. I omgrepet robust ligg det at vi er **motstandsdyktige mot belastningar** som måtte ramma oss. For å greia å nå dette målet, treng vi både eit **beredskapsplanverk, ein beredskapsorganisasjon, førebyggjande arbeid og samvirke**.

Den overordna beredskapsplanen for Bjørnafjorden kommune skal sikra at vi er budde på å handtera uønskte hendingar og krisesituasjonar raskt og effektivt, og slik kan minska omfang og konsekvensar. Ved fleire typar uønskte hendingar er hovudoppgåva for kommunen å halda i gang den vanlege drifta av dei kommunale tenestene. Vi har eit særleg ansvar for å følgja opp sårbare grupper. I svært mange høve må kommunen rekna med eit omfattande informasjonsarbeid, og mange hendingar krev befolkningsvarsling i større eller mindre omfang. Difor er det svært viktig med gode varslingssystem og -rutinar. Og med jamleg øving.

Organiseringa av arbeidet med SSB i Bjørnafjorden kommune skal byggja på **dei fire nasjonale beredskapsprinsippa** om ansvar, likskap, nærleik og samvirke. Beredskaps-organisasjonen i Bjørnafjorden kommune skal vera rollebasert og funksjonsavhengig – ikkje personavhengig. Nødetatane utgjer det ordinære hjelpeapparatet. Einingar som har ansvar for eit fagområde/tenesteområde i ein normalsituasjon, har òg ansvaret for nødvendige beredskapsførebuingar og for å handtera ekstraordinære hendingar på området. Psykososialt kriseteam sørgjer for psykososial oppfølging av menneske/lokalsamfunn som blir ramma av kriser og uønskte hendingar.

Kommunestyret har det overordna ansvaret for at Bjørnafjorden kommune oppfyller krava til kommunal beredskapsplikt i sivilbeskyttelsesloven og tilhøyrande forskrift.

Kommunal kriseleiing (KKL) koordinerer og leiar kommunen sin innsats ved ei uønskt hending som er av ein slik art og omfang at det trengst noko meir enn det ordinære hjelpeapparatet. KKL skal ivareta overordna interesser, vera proaktive, driva beredskapsleiing etter worst case scenario-tankegang, og prioritera tiltak ut frå dei nasjonale beredskapsverdiar: 1. menneske, 2. miljø, 3. materielle verdiar.

Krisestaben hjelper KKL med å utføra det praktiske arbeidet. Og kommunen sin beredskaps-kontakt skal bidra med råd og tilrettelegging for KKL og formidling til/frå regionalt nivå.

Atomberedskap

I samband med krigen i Ukraina, den usikre situasjonen knytt til atomkraftverka der og truslar om bruk av kjernefysiske våpen, har Direktoratet for strålevern og atomsikkerheit (DSA) no revidert plangrunnlaget sitt for kommunal atomberedskap. Frå 2010 har DSA operert med seks moglege scenario som grunnlag for atomberedskapen i Noreg. Desse er innarbeidde i Bjørnafjorden sin kommuneROS 2020.

Ved større ulukker/hendingar er Kriseutvalet for atomberedskap (KU) den nasjonale styresmakta for handtering av hendingar, og utvalet vil gje kommunen instruksar om handlemåte. Statsforvaltaren er KU sitt regionale ledd ved atomulukker. Vi har utarbeidd utkast til revidert atomberedskapsplan for Bjørnafjorden på bakgrunn av det reviderte plangrunnlaget. Det inkluderer òg sjekklister for KU sine åtte førehandsplanlagde tiltak som kommunane kan få beskjed om å setja i verk ved ei atomhending. Jodtablettar til barn, gravide og ammande er ikkje eit aktuelt tiltak i samband med ei hending i Ukraina, men vi har det på plass i barnehagar, skular og helsestasjonar i Bjørnafjorden. Det blir òg arrangert regional atomberedskapsøving.

I 2022 arbeider DSA med eit ev. 7. scenario som grunnlag for atomberedskapen vår. Det handlar om bruk av atomvåpen på eller nær norsk territorium. Det må behandlast i regjeringa før det ev. blir eit nytt dimensjonerande scenario. Vi må oppdatera vår overordna ROS-analyse i 2023 i samsvar med den nye situasjonen.

Krigshandlingane i Ukraina rammar lokalbefolkninga stadig hardare. Vi må vera førebudde på store flyktingestraumar også i 2023 og ha beredskap for å busetja fleire også i Bjørnafjorden.

Cyberangrep og IT-sikkerheit

Vi lever i ein digital tidsalder, og innbyggjarane i Noreg er mellom dei mest digitaliserte i verda. Det er ei god hjelp for ein kommune på svært mange område. Samtidig gjer det oss svært sårbare. Nett-truslar og såkalla cyberangrep er ein del av kvardagen også til norske kommunar og bedrifter. Dette tar Bjørnafjorden kommune på største alvor.

Dei siste åra er det gjort ein stor innsats for å sikra oss best mogleg. Vi har vore aktive i å skaffa informasjon frå andre kommunar som har opplevd angrep, for å unngå å bli utsett for det same som dei. Vi har gjennomført ein ekstern penetrasjonstest saman med m.a. Bergen kommune for å avdekka og utbetra svakheiter i våre system. Vi har god dialog med Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM) for råd og rettleiing, og vi har inngått samarbeid med dyktige eksterne aktørar.

Når det gjeld sikkerheitsovervaking/deteksjon/varsling har vi inngått avtale med Telenor Security Operation Centre (TSOC) om kjøp av deira døgntkontinuerlege teneste (24/7/365) for overvaking. Vi har òg driftsavtale inkl. vakt samarbeid med ein ekstern aktør på kveldstid, ettersom vi ikkje har eiga IT-vaktordning. Vi driv eit systematisk sikkerheitsarbeid. Vi har utarbeidd beredskapsplan i samarbeid med ekstern aktør. Vi har gode rutinar for sikkerheitskopiering og spreidd lagring av data, både i kommunen

og i andre delar av landet. Og vi har innført sikkerheitstiltak som m.a. to-faktor-autentifisering og geofencing. Det gjer oss godt sikra mot angrep.

Totalforsvaret, strategisk infrastruktur, straumberedskap og eigenberedskap

Det som skjer i Noreg, skjer i ein eller annan kommune – eller berører/rammar kommunane. Dei siste åra har det vore auka fokus på totalforsvaret. Det handlar om vår evne til å oppretthalda eigne tenester og støtta Forsvaret, og ei bevisstgjerung av at Forsvaret er oss alle. Også her er det stort behov for samvirke – begge vegar. Kommunane er viktige for å gjera samfunnet meir robust, og med det òg vera betre i stand til å stå i mot eit eventuelt angrep frå dei som måtte ønskje å gjera oss vondt, understrekar fylkesberedskapssjef *Haavard Stensvand* overfor kommunane. På den måten handlar det arbeidet vi gjer i Bjørnafjorden kommune innan beredskap og samfunnstryggleik òg om statstryggleik. Vi er heldigvis ikkje åleine om dette. Den nye statsforvaltaren i Vestland Liv Signe Navarsete oppsummerer det slik. «Dei utfordringane vi no står oppe i gir god grunn til å halde fram den tette dialogen og gode samhandlinga vi hadde under pandemien».

Det er allment kjend i dag at viktig infrastruktur i norske kommunar kan bli utsett for etterretningsverksemd. Det er ein ny trusselsituasjon, men det blir sterkt understreka at det ikkje er konkrete truslar mot landet vårt. Også i Bjørnafjorden følgjer vi den nasjonale oppmodinga til både kommunane og andre lokale beredskapsaktørar om å vera ekstra merksame på unormal aktivitet og vurdera sikkerheit og planverk for kritisk infrastruktur vi har ansvar for.

Vi oppdaterer m.a. planverk knytt til straumberedskap. Og vi samarbeider med Statsforvaltaren og nettselskapa om prioritering av sårbare brukarar knytt til liv og helse i kommunen, slik at vi skal vera best mogleg førebudde ved ei ev. straumrasjonering til våren.

«Du er ein del av beredskapen i Noreg» er tittelen på DSB si brosjyre med råd om eigenberedskap. Vi er alle ein del av beredskapen i Noreg. For å minna innbyggjarane våre om dette, deltar vi også i år på den nasjonale markeringa av Eigenberedskapsveka. Det skjer i veke 44, og målet er å gje innbyggjarane råd og verktøy til å greia seg sjølve i nokre dagar dersom krisa rammar.

Helseberedskap

Pandemien lærte oss mykje, m.a. at kontinuitetsplanlegging er viktig for å kunna halda samfunnet og viktige tenester i gang. Vi førebur både evaluering av lærdommane frå pandemien, og samtidig handtering av ei ev. oppblomstring utover vinteren.

Både å **førebyggja** og **vera førebudde** er svært viktig i arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap. Det handlar om å vera etterpåklok på førehand.

Utviklingstrekk/framtidsperspektiv

Utviklingstrekk/framtidsperspektiv

I perspektivmeldinga som kom i 2021 innleier regjeringa med «I årene fremover står Norge overfor både nye og kjente utfordringer. I tiårene som kommer vil det stå færre i yrkesaktiv alder bak hver pensjonist. Statens utgifter vil gå opp, uten at inntektene øker like mye. Samtidig skal vi gjennomføre det grønne skiftet. Å ta vare på og sikre velferdssamfunnets bærekraft – sosialt, klimamessig og økonomisk – er derfor vesentlig for at Norge fortsatt skal være et godt land å bo i....

For å håndtere utfordringene fremover vil regjeringen føre en politikk som bidrar til å skape flere jobber i privat sektor, økt sysselsetting og bedre ressursbruk. Det vil være viktig å satse på utdanning, integrering, inkludering, innovasjon og effektivisering. I sum vil dette legge grunnlaget for hvordan regjeringen vil utvikle Norge til et mer bærekraftig velferdssamfunn.

Å forberede samfunnet på fremtiden handler om å ta vare på det som fungerer godt og samtidig gjennomføre forandringer, slik at vi endrer samfunnet til det bedre.»

Befolkning

Desse perspektiva gjeld også for Bjørnafjorden kommune i åra som kjem. I høve utfordringsbilete er vi i ein heldig situasjon med den nye vegen som opner til Bergen. Det er grunn til å tru at dette vil kunne gje oss høgre folke- og sysselsettingsvekst enn det som SSB sine hovudalternativ legg til grunn.


Ved inngangen til Bjørnafjorden kommune var vi 24 908 innbyggjarar i kommunen. Per 2. kvartal 2022 har dette auka med vel 500 personar, slik at vi i dag er 25 443 personar. I 2020 og 2021 var fødselsoverskotet henholdsvis 96 og 130 personar. Hittil i år er fødselsoverskotet på 100. Avhengig av om ein legg SSB sitt middelalternativ eller det høge alternativet er det venta at fødselsoverskotet vil ligge mellom 65 og 115 personar kvart år. Når det gjeld netto innvandring og flytting til kommunen, så ser vi ein markant nedgang i 2020 og 2021, samanlikna med tidlegare år. Dette skuldast truleg pandemien, kor mange arbeidsinnvandrarar valde å flytte tilbake til heimlandet. I den kommande tiårsperioden er det venta at dette vil ta seg opp att og at netto innvandring og flytting vil ligga i størrelsesorden 60 til 180 personar per år (avhengig av modell). Ingen av desse modellane har tatt oppi seg den særskilte veksten som kan koma i Bjørnafjorden som følgje av opninga av ny E39.

Som tabellen i botn av sida syner vil truleg veksten kome i den vaksne aldersgruppa. Reknar vi endringa i prognosene frå 2022 til 2032 så ser vi at dei yngste aldersgruppene (under 16 år) vil ha ein nedgang, medan dei to eldste aldersgruppene (over 80 år) vil ha ein vekst på henholdsvis 44,18 og 40,86 prosent. Også den «yngste pensjonistgruppa» frå 67 til 79 år har ein solid vekst på 13,55 prosent. Til samanlikning veks gruppa med det ein normalt reknar i arbeidsfør alder med berre 7,32 prosent. Desse tala stadfestar også lokalt lagt på veg den uroen regjeringa uttrykker i perspektivmeldinga om endringa av befolkningssamansetninga.

Næringsutvikling/sysselsetting

Berekningar gjort i rapporten Grøn Region Bergensregionen syner at privat sektor i 2019 hadde ei verdiskaping på 4,9 mrd NOK og at 6 575 personar var sysselsatt i privat sektor i Bjørnafjorden kommune. Olje, gass og industri var dei største verdiskaparane i kommunen. I tillegg har kommunen også ein betydeleg andel i bygg, anlegg og eigedom, med ei verdiskaping på 749 mill NOK og 1102 sysselsatte. Knytt til sysselsetting står bygg, anlegg og eigedom saman med tenesteyting og varehandel

for over 61 prosent. Tenesteyting er den sektoren med flest sysselsatte i Bjørnafjorden med 1538 personar.



Kilde: EY database, oversikt 2019

Vidare har Vestland fylkeskommune fått identifisert 12 verdikjeder som kan bli viktige for framtida til fylket. Desse kan truleg i stor grad overførast til Bjørnafjorden kommune og med dei nye næringsområda i Lyseparken og Samnøy ligg det til rette for at vi kan ta ein posisjon innan fleire av desse områda. Dei tolv identifiserte verdikjedane er;

- Sjøbruk/havbruk
- Digitalisering
- Havvind
- Sirkulære modellar
- Energisystem
- CCS

- Grøn skipsfart
- Berekraftig reiseliv
- Hydrogen
- CCU
- Mineralar og lettmetall
- Batterier

Kjelde: <https://www.vestlandfylke.no/statistikk-kart-og-analyse/rapportar/nye-verdikjeder---forskning-og-utdanning-i-vestland/>

Vestland Fylkeskommune har vedtatt «Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033». Denne set retning for næringslivet i Vestland dei komande åra:



Kjelde/III: Visjon og mål i «Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033»

Planen blir rullert gjennom fireårige handlingsprogram og årsplanar slik at ein sikrar at ein når dei langsiktige, overordna måla i planen.

Med dei to nye store næringsområda, men også med eksisterande næringsområder, i Bjørnafjorden ligg det til rette for at Bjørnafjorden kan vere ein viktig bidragsyter i å nå målsettingane i planen. Det handlar i stor grad om å få inn dei rette selskapa og aktørane.

I Lyseparken er det bokstaveleg talt kort veg til hovudferdselsåra, E39, på Vestlandet. Dette gjer at selskap som etablerar seg i Lyseparken enkelt kan få produkta sine vidare på ein effektiv og berekraftig måte. I tillegg ligg næringsområdet tett på Bergen og Flesland, noko som bør kunne bidra til innovasjon og kompetanseutvikling gjennom samarbeid med t.d. forskningsmiljø, universitet og høgskuler og

internasjonale miljøer. Lyseparken har som mål å bli den mest framtidsretta energi- og teknologiparken i Noreg. Dette er ambisiøst, men realistisk.

På Samnøy er vi i ferd med å bygge eitt av dei mest spennande sjønære næringsområda i Bergensregionen med djupvatnskai som kan serve ei rekkje ulike behov. Særleg i lys av ønsket om å flytte aktivitet vekk frå Dokken og andre sentrumsnære områder i Bergen kan Samnøy få ei sentral rolle når det kjem til næringar med behov for sjøtransport/-tilgang.

Det er liten tvil om at vi har areal til næringsutvikling, også til ei eventuell utviding av dei to store næringsområda.

Med bakgrunn i dette er det grunn til å forvente at sysselsettinga og næringsutviklinga i Bjørnafjorden dei komande åra vil utvikle seg i ein større grad, og med eit høgare tempo, enn resten av landet. Utfordringa kan bli å få nok (kvalifisert) arbeidsplass.

Førarbeidene til perspektivmeldinga (Arbeidsnotat 2021/2 – Scenarioer for økt sysselsetting i Perspektivmeldinga 2021) peker på fleire forhold som ein må lykkast med om ein skal oppretthalde sysselsettinga og velferden i Noreg. Dette handlar om færre på uføretrygd, lågare sjukefråver, deltid til heiltid, auka sysselsetting blant innvandrarar, fleire eldre i arbeid og unge tidlegare i arbeid. I den grad vi som kommune har verkemiddel til å bidra på desse områda må vi gjere det vi kan for å stimulere næringslivet.

Bustadutvikling

Vurderinga er basert på forventet befolkningsvekst fra SSB etter hovedalternativet (MMMM). Det er viktig å presisere at SSB legger opp til at kommunene selv må vurdere om hovedalternativet er realistiske ut fra lokale forhold. Kommunen kan f.eks legge opp til høyere eller lavere vekst.

Dagens boligfrekvens i Norge er 2,12 personer per husholdning.

I Bjørnafjorden kommune er tilsvarende 2,35 og har vært dalende de siste årene. Dersom det fortsette i samme takt som de siste årene vil Bjørnafjorden ha en boligfrekvens på 2,2 i 2030.

2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
2,39	2,38	2,35	2,33	2,31	2,29	2,27	2,25	2,23	2,22	2,2

Befolkningsdemografien vil i 2022 bestå av følge

0-25 år: 8326 personer

26<år: 16887 personer

Befolkningsdemografien vil i 2030 bestå av følgende:

0-25 år: 7971 personer

26<år: 18662 personer

Dersom man legger til grunn at kjøpergruppen for boligmarkedet er 26 år og oppover vil denne gruppen øke med 1775 personer fram mot 2030. Ut fra prognosert boligfrekvens vil boligbehovet i Bjørnafjorden kommune være mellom 750-800 boliger mot 2030, altså rundt 90-100 boliger i året.

De siste 5 årene har boligbyggingen vært på ca. 60 boliger i året. Det betyr at vi skal ha rundt 50% økning i antall nye boliger i Bjørnafjorden per år fram mot 2030. Dette tallet har ikke tatt hensyn til rivning og gjennomføring av eksisterende boliger. Det reelle tallet vil derfor kunne bli noe høyere en prognosen.

Demografi

Befolkningsprognose

	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
0 - åringer	285	249	245	242	244	248	252	258	262	267	272
Barnehage (1-5 år)	1 457	1 460	1 384	1 348	1 360	1 360	1 338	1 349	1 367	1 388	1 413
Grunnskole (6-15 år)	3 594	3 534	3 551	3 463	3 379	3 281	3 225	3 184	3 111	3 068	3 015
Videregående (16-19 år)	1 294	1 333	1 331	1 382	1 404	1 424	1 458	1 400	1 408	1 360	1 344
Voksne (20-66 år)	14 657	14 724	14 816	14 902	14 967	15 120	15 264	15 462	15 566	15 714	15 815
Eldre (67-79 år)	2 903	2 970	3 049	3 119	3 190	3 196	3 197	3 198	3 260	3 300	3 358
Eldre (80-89 år)	858	903	932	981	1 052	1 144	1 248	1 332	1 408	1 473	1 537
Eldre (90 år og eldre)	165	181	187	196	204	220	230	242	251	265	279
Total	25 213	25 354	25 495	25 633	25 800	25 993	26 212	26 425	26 633	26 835	27 033

Prognose type : Middels nasjonal vekst

Prognose periode : 10

Bjørnafjorden mot 2035

Kommunen sin samfunnsplan er venta å bli vedtatt av kommunestyret november 2022. Denne strekk seg fram mot 2035 og teiknar bilete av korleis vi ønskjer å utvikle Bjørnafjorden kommune. Satsingsområda i dette budsjettet bygger på samfunnsplanen.

I samfunnsplanen handlar det om å sjå framover og finne framtidsretta og treffsikre løysingar innan/for:

- Transport og infrastruktur
- Berekraftige og klima-/miljøvenlege tettstadar og lokalsamfunn
- Tenester til barn, unge og familiar
- Helse- og velferdstenestene
- Næringsutvikling og arbeidsliv

Eit sentralt mål i den samanhengen er samskapingssamfunnet kor vi - administrasjon, politikk, innbyggjarar, næringsliv, organisasjons- og lagsliv - jobbar saman om å byggje **det gode liv for alle** gjennom **eit raust og attraktivt lokalsamfunn med evne og vilje til nyskaping**.

Til grunn for arbeidet ligg FN sine berekraftsmål, kor Bjørnafjorden kommune har vald desse tre måla som våre fellesmål:



Framtidsretta transport og infrastruktur

Vi må ha god samanheng i internkommunikasjonen i kommunen og arbeide for eit godt og fleksibelt transporttilbod på land og sjø gjerne med nye former for berekraftige transportløyser til overkommelege prisar for brukarane. Løysingane må stette opp under at vi er ein trafikksikker kommune.

Folk og fellesskap i berekraftige og klima-/miljøvenlege tettstader og lokalsamfunn

Vi må leggje til rette for differensierte bumiljø med ulike typer bustader som tek natur-, klima- og miljøomsyn der folk trivst og kan ta vare på kvarandre på tvers av aldre og etnisitet. Vi må skape møteplassar og ha eit velferds- og fritidstilbod som reduserar forskjellar og stimulerer til aktivitet og mangfald der folk bur.

Treffsikre og framtidsretta tenester til barn, unge og familiar

Vi må legge tilrette for gode og trygge oppvekstmiljø for den oppvekstande slekt gjennom målretta, tverrfagleg og tidleg innsats. Vi skal ha gode barnehage- og skulebygg, uteområde og nærmiljø- og

idrettsanlegg slik at vi sikrer god folkehelse og at barn og unge tileignar seg nødvendig kompetanse for å fremma berekraftig utvikling, fred og demokrati.

Treffsikre og framtidsretta helse og velferdstenester

Vi må møte demografiutfordringane med fleire eldre og færre i arbeidsfør alder med smarte og innovative velferdsteknologiløysingar. Gjennom samarbeid med pårørande, frivillige, lag og organisasjonar sikrer vi det gode kvardagsliv og legg til rette for eit alders- og demensveneleg samfunn.

Berekraftig og nyskapande næringsutvikling og arbeidsliv

Vi må utnytte dei fordeler ny veg mellom Os og Bergen gir oss for å etablere eit berekraftig og nyskapande næringsliv i heile Bjørnafjorden. Gjennom strategisk og målretta aktivitet sikrer vi grøn næringsutvikling og fremmar inkluderande og berekraftig produksjon både i næringsområda våre i Lyseparken og Samnøy, men også i resten av kommunen. Som følgje av dette, og med ei styrking også av primærnæringsane i kommunen, sikrer vi fleire arbeidsplassar og full sysselsetting i kommunen.

Status kommunale planar

Kommunal planstrategi for Bjørnafjorden kommune 2020-2024

Statusrapportering: Ferdig = grønn, under arbeid = gul, ikkje starta = raud, start 2023 = kvit

Planarbeid	Start/ferdig 2021	Start/ferdig 2022	Start 2023	Ferdig 2023/24	Status	Ansvar
KOMMUNEPLANAR (3)						
Samfunnsdelen av kommuneplan for Bjørnafjorden (KPS)	S-21	X				Samf/stab
Arealdelen av kommuneplan for Bjørnafjorden (KPA)			X			Samf/plan
Handlingsdel med øk.plan	X	X	X	X	Årleg	Økonomi m.fl.
KOMMUNEDELPLANAR – tema og areal (4)	Start/ferdig 2021	Start/ferdig 2022	Start 2023	Ferdig 2023/24	Status	
Arealdelen av kommuneplanen for tidl. Os kommune/KDP for Os-sida (Bfj. vest)	X					Samf/plan
KDP for klima, energi og miljø (KLEM-plan) for Bjørnafjorden	X					Samf/plan
Trafikksikringsplan for Bjørnafjorden	X					Samf/SVA
KDP for vassforsyning og avløp	S-21	X			På høyring	Samf/VA
SEKTOR- og TEMAPLANAR (8)	Start/ferdig 2021	Start/ferdig 2022	Start 2023	Ferdig 2023/24	Status	
Helse- og velferdsplan for Bjørnafjorden kommune (sektorplan)	S-21			F-23	Justert ferdigår	Helse og velferd
Oppvekstplan for Bjørnafjorden kommune (sektorplan)	S-21			F-23	Justert ferdigår	Oppvekst
Skulebruksplan for Bjørnafjorden kommune	S-21	X				Oppvekst/skule
Barnehagebruksplan for Bjørnafjorden kommune		X			På høyring	Oppvekst/bhg.
Sektorplan for kultur, idrett og friluftsliv	S-21			F-23	Gr.lagsarb. S-21	Samf/kultur
Strategisk næringsplan for Bjørnafjorden kommune	X			F-23	Flytta til Plan, justert ferdigår	Samf/næring > Plan
Landbruksplan for Bjørnafjorden kommune	X				Forseinka pga. mangl. kapasitet	Samf/landbruk
Arkivplan for Bjørnafjorden kommune	X					Samf/dok.senter

BEREDSKAPSPLANAR (7)	Start/ferdig 2021	Start/ferdig 2022	Start 2023	Ferdig 2023/24	Status	
Pandemiplan – rullering (vaksinerutinar og -prioriteringar)	X					H&V/Komm.overlege/beredskap
Rullering overordna beredskapsplan for Bjørnafjorden kommune			X	X		Samf/stab-beredskapsk.
Plan for helsemessig og sosial beredskap	S-21		?		Pga.pandemien	Helse&velferd/komm.overlege
Plan for psykososialt kriseteam i Bjørnafjorden kommune	S-21					Helse&velferd
Beredskapsplan for vatn og avløp	X					Samf/VA
Plan for brannordning i Bjørnafjorden kommune	X				Pga.pandemien	Samf/brann
Atomberedskapsplan for Bjørnafjorden kommune	S-21	X			Flytta til stab/beredsk.	Samf./brann > stab-beredsk.
STRATEGIAR (7)	Start/ferdig 2021	Start/ferdig 2022	Start 2023	Ferdig 2023/24	Status	
Strategi for nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)			X	X		Samf/landbruk
IT-strategi for Bjørnafjorden kommune	X					HR/IT
Grøn mobilitet og infrastruktur (sykkel-, gå-, kollektivstrategi)	X	X				Samf/plan
Strategi for hjorteforvaltning	X					Samf/landbruk
Strategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)						Samf/landbruk
Strategi for heilskapleg utvikling av nærsenter/bygdesenter	S-21					Samf/plan
Rekrutteringsstrategi	S-21					HR/personal
AREALPLANAR: Områdeplanar (3)						
Områdeplan for Samnøy industriområde – endring	X					Samf/plan
Områderegulering Os sentrum/sentrumsplan	X				Høyring	Samf/plan
Områdeplan Strandvik	X					Samf/plan
HANDLINGSPLANAR (10)	Start/ferdig 2021	Start/ferdig 2022	Start 2023	Ferdig 2023/24	Status	
Handlingsplan mot barnefattigdom	X					Oppv/H&V/kultur

Økonomiplan for 2023-2026

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar	X					Helse&velferd
Handlingsplan for førebygging av sjølv mord	S-21					Helse&velferd
Hovudplan for skogsbilvegar	S-21				Pga. manglande kapasitet	Samf/landbruk
Bustadsosial handlingsplan		X				Helse&velferd
Plan for legetenester og legevakt		X				Helse&velferd
Handlingsplan psykisk helse og rus			X	X		Helse&velferd
Handlingsplan for rehabilitering			X	X		Helse&velferd
Handlingsplan for integrering og busetjing			X	X		Oppvekst/ Helse&velferd
Veteranplan for Bjørnafjorden kommune			X	X	Starta -22	Helse&velferd
OVERORDNA UTGREIINGAR, KARTLEGGINGAR (11)	Start/ferdig 2021	Start/ferdig 2022	Start 2023	Ferdig 2023/24	Status	
Levekår og helse i Bjørnafjorden kommune – folkehelseoversikt			X	X		Helse&velferd
KommuneROS Bjørnafjorden		S-22	X	X	Utsett til -23 pga. mangl. kapasitet	Samf/stab-beredskapsk.
Tilstandsrapport for barnehage og skule		X	X	X		Oppvekst/bhg. + skule
Tilstandsrapport for barnevern		X	X	X		Oppvekst/ barnevern
Stadanalyse Nore Neset	X					Samf/plan
Utgreiingsarb. Bjørnafjorden 22	X					Øk. + stab
Arbeidsmiljøkartlegging 10-faktor		X		X		HR/Personal
Barnetråkk- og eldretråkkregistrering		X		X		Samf/plan
Utgreiingsarb. Helse- og velferdsplan	S-21					Helse&velferd
Dokumentasjons- og utgreiingsarb. til sektorplan for kultur, idrett og friluftsliv	S-21				Noko ferdig, noko under arb.	Samf/kultur
Naturmangfaldsregistrering				F-24		Samf/stab-miljø

Andre budsjett

Os Idrettspark Bjørnafjorden KF

Budsjettframlegg for Os Idrettspark Bjørnafjorden KF

Her finn de budsjettframlegget for Os Idrettspark Bjørnafjorden KF slik det er vedteke av styret i selskapet.

[Økonomisk oversikt Os Idrettspark Bjørnafjorden KF](#)

I kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett for 2023 er tilskotet til Os Idrettspark Bjørnafjorden KF foreslått prisjustert med 3% likt som driftsrammene for sektorane. Den delen av KF'et som gjeld Osbadet har ei særskild økonomisk utfordring med omsyn til dei høge straumprisane. Føretaket har derfor bede om eit ekstra tilskot i 2023 som følgje av dette. Beløpet er svært vanskeleg å estimere på førehand. Administrasjonen vil holde tett kontakt med føretaket om dette framover og kome tilbake til ei ekstra løyving i 2023 når omfanget av meirutgiftene blir meir kjent.

Oseana Kunst- og Kultursenter Bjørnafjorden KF

Budsjettframlegg for Oseana Kunst- og Kultursenter Bjørnafjorden KF. Sjå vedlegg

I kommunedirektøren sitt budsjettframlegg for 2023 er tilskotet til Oseana Kunst- og Kultursenter Bjørnafjorden KF foreslått redusert med kr 500.000 frå 2022, i tråd med vedtaket i Budsjett 2021/Økonomiplan 2021 - 2024. Tilskotet er så prisjustert med 3%, likt som driftsrammene til sektorane.

Kontroll og revisjon

Budsjettframlegg for Kontroll og revisjon. Sjå vedlegg.

Kommunedirektøren har i sitt budsjettframlegg for 2023 budsjettert utgiftene til kontroll og revisjon i samsvar med framlegget frå kontrollutvalet.

Bjørnafjorden Kykjelege Fellesråd

Budsjettframlegg for Bjørnafjorden Kykjelege Fellesråd. Sjå vedlegg.

I kommunedirektøren sitt budsjettframlegg for 2023 er tilskotet til Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd foreslått prisjustert med 3%, det same som driftsrammene for sektorane. Tilskotet til Fusa Frivillegsentral er og foreslått prisjustert med 3%.

Det er ikkje foreslått investeringar til kyrkjelege føremål i økonomiplan perioden.

Gebyrliste

Under er Kommunedirektøren sitt framlegg til gebyr, avgifter og egenbetalinger for Bjørnafjorden kommune i 2023.

Gebyra er illustrert med trendpiler (symbol) som viser endring i gebyrsats.

Alle gebyr og prisar som ligg i dokumentet Gebyr- og betalingssatsar for 2023 vil framkome nedanfor innan kommunestyret si endelege handsaming av budsjettet for 2023.

Gebyrregulativ for private planar, bygge- og delesakshandsaming, oppmåling og eigarseksjonering

Dette gebyrregulativet er vedteke av kommunestyret i Bjørnafjorden kommune den 15.12.22 med heimel i følgjande lover og forskrifter:

- Plan- og Bygningslova § 33-1,
- Matrikkellova § 32,
- Eigarseksjonslova § 15
- Forureiningslova § 52a.

Regulativet gjeld frå den 01.01.2023.

Generelle føresegner

Gebyr etter dette regulativet blir betalt etter faktura utskriven av kommunen. Alle prisar er angitt i norske kroner.

Det vert ikkje berekna meirverdiavgift på gebyr etter plan- og bygningslova, matrikkellova eller eigarseksjonslova.

Gebyra i regulativet reflekterer arbeidet til kommunen med dei ulike sakstypene og er berekna i samsvar med sjølvkostprinsippet, jf. Sjølvkostforskrifta av 2019.

Samla fakturert gebyr dekker sakshandsaming, administrasjonskostnader, tilsyn med vidare.

Betalingsplikt

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betale gebyr i samsvar med satsane og føresegnene i regulativet. Fakturaadresse skal kome fram i søknaden.

Gebyret skal betalast uavhengig av seinare endring av vedtak, klage på vedtak, klage på gebyr.

Usekje om storleik på gebyr fører ikkje til utsett betalingsfrist.

Kommunen skal av eige tiltak betale attende gebyr der kommunen har kravd og motteke for mykje i gebyr. Det kan ikkje krevjast rentetillegg.

Tidspunkt for gebyrfastsetjing og fakturering

Gebyr etter plan- og bygningslova, matrikkellova og eigarseksjonslova vert berekna etter dei satsane som gjeld på tidspunktet komplett sak, tilleggssøknad eller revidert søknad vert motteke i kommunen, med mindre anna kjem fram av regulativet.

Kommunen fakturerer gebyr når det blir fatta vedtak eller saken er ferdig, om ikkje anna går fram av regulativet.

Forfallstidspunkt

Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato.

Ved for sein betaling vil det kome til purregebyr etter inkassoforskrifta. Gebyret må betalast og forfell uansett om vedtaket er påklaga eller omstridt.

Sakkyndig bistand

Der kommunen leiger inn sakkyndig bistand for kontroll, fråsegner, vurderingar ut frå lov- og forskriftskrav og liknande, vil kostnadene for slik bistand bli lagt til gebyret. I tillegg vert det fakturert for den tid kommunen bruker med å hente inn denne bistanden.

Klage på gebyrfastsetting

Storleiken og ilegging av gebyr er fastsett i forskrift, og gebyrfastsetting som eintydig følger direkte av gebyrregulativet er ikkje enkeltvedtak og kan derfor ikkje klagast på.

Gebyr som blir fastsett etter ei individuell vurdering av faktiske eller rettslege tilhøve i saka som kan gi rom for tvil, vil være enkeltvedtak som kan klagast på.

Klage over gebyr må sendast innan 3 veker frå mottatt faktura. Klage utsett ikkje betalingsfristen.

Reduksjon av gebyret

Bjørnafjorden kommune kan, etter eiga vurdering eller etter søknad, fastsette eit lågare gebyr dersom gebyr etter gebyrregulativet verkar openbart urimeleg i høve kostnadane kommunen har hatt med å handsame saka, eller dersom gebyret er openbart urimeleg av andre grunner.

Personlege eller sosiale tilhøve er ikkje grunnlag for nedsett gebyr.

Søknad om nedsett gebyr må sendast innan 3 veker frå mottatt faktura. Søknad utsett ikkje betalingsfristen.

Utrekningsgrunnlag

BRA i gebyrregulativet reknast ut etter NS 3940 avrunda nedover til næraste m². Det vert rekna bruksareal av alle etasjar.

For bygg eller deler av bygg, som manglar vegger, vert bebygd areal (BYA) lagt til grunn for arealutrekninga.

Definisjonar og forklaringar

I denne forskrifta tyder:

1. Pbl: Lov om planlegging og byggjesaksbehandling (plan- og bygningslova).
2. SAK: Forskrift om byggesak (byggjesaksforskrifta).
3. TEK: Forskrift om tekniske krav til byggverk (byggteknisk forskrift).

4. Søknadspliktige tiltak: Tiltak definert i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2, 20-3, 20-4.
5. Matrikkel: Nasjonalt eigedomsregister der kvar eigedom har eit unikt nummer beståande av kommunenummer, gardsnummer (gnr), bruksnummer (bnr), festenummer (fnr) og seksjonsnummer (snr). Dersom eigedommen ikkje har feste- og/eller seksjonsnummer har desse verdien null (0). Tidlegare kalla GAB-registeret (Grunneigedoms-, Adresse- og Bygningsregisteret).
6. Eigedom: Fast eigedom definert med eit eige gards- og bruksnummer, festenummer og/eller seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon etablert i samsvar med lovgivinga om eigarseksjonar vert rekna som sjølvstendig eigedom.
7. Bueining: Brukseining som har alle hovudfunksjonar for bustad, som stove, kjøkken, soveplass, bad, toalett, og har egen inngang og er fysisk skilt frå andre einingar.
8. Bruksareal (BRA): Bruksareal for eigedom berekna med utgangspunkt i NS-3940.
9. Bebygd areal (BYA): Bebygd areal for ei tomt er summen av bebygd areal for alle bygningar, bygningsdelar og bygningskonstruksjonar over bakken, opent overbygd areal og naudsynt areal for biloppstillingsplassar på tomte.
10. V-kode: Varekode eller varenummer

Private planforslag

Gebyr etter Plan- og bygningslova §§ 12-3, 12-10, 12-11 og 12-14.

Gebyrfritak

Det blir ikkje rekna gebyr for kommunale planar.

Der kommunen fremmar forslag til arealformål knytt til eigedomsutvikling av reine eigedomsgrunneigarinteresser, er dei likestilt med privat forslagsstillar. Kommunale føretak og føretak som er heileigd av kommunen er likestilt med privat forslagsstillar og må betale gebyr.

Gebyrfastsetting og fakturatidspunkt

For møter med planeininga i innleiande fase blir gebyr fakturert etter kvart møte som er gjennomført. Kommunen bruker satsane som gjeld når førespurnad om arbeidsmøte eller oppstartsmøte er mottatt. Gebyret vert fastsett når referat frå møtet er journalført.

For fastsetting av planprogram med konsekvensutgreiing etter pbl. § 12-9, nyttar kommunen satsane som gjeld når forslaget til planprogram vert fastsett og reknar gebyr når planprogrammet er fastsett.

For behandling av private reguleringsplanar etter pbl. § 12-11 fram til offentleg ettersyn, og reguleringsendring etter pbl. § 12-14, fakturerast eit samla gebyr etter dei ulike satsane i gebyrregulativet. Kommunen bruker satsane som gjeld når komplett innsendt planforslag er mottatt. Gebyr vert berekna samstundes med avgjerd om varsling eller offentleg ettersyn. Gebyret vert fakturert med 50% ved innlevering av planforslaget og 50% ved avgjerd om varsling eller offentleg ettersyn.

For behandling av revidert planforslag etter offentleg ettersyn fakturerast gebyr som tilleggsgebyr (sjå eiga avsnitt). Kommunen bruker satsane som gjeld når revidert planforslag er mottatt. Gebyret bereknast samtidig med avgjerd om avgrensa høyring eller nytt offentleg ettersyn, og når referat frå avklaringsmøtet er journalført.

For stopping av planinitiativ etter pbl. § 12-8 gjeld gebyr for stoppet planinitiativ, med dei satsar som gjeld når førespurnad om oppstartsmøte er mottatt. Kommunen reknar gebyr når planeininga har vedteke å stoppe planinitiativet. Stoppegebyret skal belastast sjølv om forslagsstillar krevjar at avgjerd vert lagt fram for politisk utval og eventuelt seinare får medhald i plan-, bygg- og miljøutvalet eller

kommunestyret om at planarbeidet kan fortsette og planforslaget kan gjerast på ordinær måte. Kommunen gebyrlegger plansaka fullt ut i samsvar med gjeldande gebyrforskrift, utan fråtrekk for stoppegebyr.

For avslått planprogram etter pbl. § 12-9 vert gebyr fakturert etter gebyr for stoppet planinitiativ (sjå eiga avsnitt), med dei satsar som gjeld når forslag til planprogram er mottatt. Kommunen reknar gebyr når plan-, bygg- og miljøutvalet har tatt stilling til at planprogrammet ikkje skal fastsettest. Avslagsgebyret skal betalast sjølv om forslagsstillar seinare får medhald frå kommunestyret og planforslaget fremjast på ordinær måte. Kommunen reknar gebyr for behandling av plansaka fullt ut i samsvar med gjeldande gebyrforskrift, utan fråtrekk for avslagsgebyret.

For avslått planforslag etter pbl. § 12-11 vert gebyr fakturert etter gebyr for stoppet planinitiativ (sjå eiga avsnitt), etter satsane som gjelder når forslag til planprogram er mottatt. Kommunen bereknar gebyret når plan-, bygg-, og miljøutvalet har vedtatt å avslå og legge planforslaget ut til offentleg ettersyn. Avslagsgebyr skal betalast sjølv om forslagsstillar seinare får medhald i kommunestyret og planforslaget kan fremmast på ordinær måte. Kommunen gebyrlegger behandling av plansaka fullt ut i samsvar med gjeldande gebyrforskrift, utan fråtrekk for avslagsgebyret.

For avslutting av ein plansak, med komplett innsendt planforslag, før avgjerd om offentleg ettersyn, vert gebyr rekna etter gebyr for avslutning av planforslag (sjå eiga avsnitt). Kommunen bruker satsane som gjeld når komplett innsendt planforslag er mottatt. Gebyret reknast når plansaka er avslutta.

For andre gebyr:

	Beskriving		2022	2023
	Der kommunen gjennomfører varsling, kunngjering i avis mv. Kan kommunen ta betalt for dette arbeidet. Dette vert fakturert fortløpande etter medgått tid.	Per time	kr 1 130	kr 1 130
	Kommunen kan krevje refusjon for utlegg knytt til utredningsarbeid som er naudsynt for å sikre tilstrekkeleg saksopplysning av planforslaget, og som må bestillast frå ekstern fagkonsulent. Dette kan kommunen i sin heilskap krevje at forslagsstillar dekker.	Krone for krone		
	Kommunen kan krevje refusjon av kostnader til annonsering der kommunen gjer dette.			
	Diverse utredningsarbeid utført av kommunen	Per time	Ny	kr 1 130

Berekningsgrunnlag for arealgebyr i plansaker

Kommunen reknar behandlingsgebyr for m2 areal både etter planområdets grunnareal og bruksareal av bygg (m2 BRA), på bakgrunn av oppdaterte arealtal i planforslaget forslagsstillar har sendt inn. Sjølv om arealtal vert endra etter offentleg ettersyn, eller ved politisk behandling, vert ikkje gebyrgrunnlaget endra.

Bruksareal skal reknast etter måleregane i byggtেকnisk forskrift, kapittel 5.

Dersom bygningstiltak i reguleringsplanen ikkje har måleverdig bruksareal, eller at det av andre grunner ikkje er hensiktsmessig å rekne BRA, vert arealgebyret rekna etter planområdets grunnareal aleine.

Veiledningsmøter, oppstartsmøter og arbeidsmøter

Gebyr	Eining	Sats 2022	Sats 2023	Endring i kr	Endring i %	Trendpil	Merknad
Arbeidsmøte for å avklare prosessval mellom endring av reguleringsplan etter forenkla prosess eller dispensasjon	Per time	1 130	1 130	0	0%	↓	
Arbeidsmøte før tinging av oppstartsmøte	Per time	1 130	1 130	0	0%	↓	
Avklaringsmøte i dialogfasen etter oppstartsmøte ved detaljregulering, jf. pbl. § 12-12	Per time	1 130	1 130	0	0%	↓	
Avklaringsmøte i dialogfasen etter oppstartsmøte ved endring av reguleringsplan, jf. pbl § 12-14	Per time	1 130	1 130	0	0%	↓	
Kart- og bestemmelsesmøte ved detaljregulering, jf. pbl. § 12-12	Per time	1 130	1 130	0	0%	↓	
Kart- og bestemmelsesmøte ved endring av reguleringsplan, jf. pbl § 12-14	Per time	1 130	1 130	0	0%	↓	
Oppstartsmøte for detaljregulering, jf pbl. § 12-12	Per møte	35 000	35 000	0	0%	↓	
Oppstartsmøte for reguleringsendring, jf. pbl. § 12-14 (ordinær endring)	Per møte	35 000	35 000	0	0%	↓	

Arbeidsmøte før tinging av oppstartsmøte

Gebyr reknast for førebuingane til kommunen, deltaking i møte og dessutan referat og etterarbeid.

Gebyr for planprogram

Gebyr	Eining	Sats 2022	Sats 2023	Endring i kr	Endring i %	Trendpil	Merknad
Fastsetting av planprogram med konsekvensutgreiing etter pbl. § 12-9	Per time	1 130	1 130	0	0%	↓	jf. forskrift om KU § 6, vedlegg I

Gebyr for behandling av reguleringsplanar fram til offentlig ettersyn og reguleringsendringar fram til varsling

Gebyr	Eining	Sats 2022	Sats 2023	Endring i kr	Endring i %	Trendpil	Merknad
Grunngebyr i reguleringssak ved detaljregulering		20600	21200				
Grunngebyr i reguleringssak ved endring av detaljregulering		20600	21200				
Grunngebyr i reguleringssak ved endring av detaljregulering etter forenkla prosess.		20600	21200				

Arealgebyr for planområde

Gebyr	Eining	Sats 2022	Sats 2023	Endring i kr	Endring i %	Trendpil	Merknad
For grunnareal frå 0 til og med 2.000 m2	Per planforslag	20 000	20 000	0	0%	↓	
For grunnareal frå 10.001 til og med 20.000 m2	Per planområde	100 000	100 000	0	0%	↓	

Gebyr	Eining	Sats 2022	Sats 2023	Endring i kr	Endring i %	Trendpil	Merknad
For grunnareal frå 2.001 til og med 5.000 m2	Per planområde	40 000	40 000	0	0%	↘	
For grunnareal frå 20.001 til og med 40.000 m2	Per planområde	125 000	160 000	35 000	28%	↗	
For grunnareal frå 40.001 til og med 100.000 m2	Per planområde	160 000	200 000	40 000	25%	↗	
For grunnareal frå 5.001 til og med 10.000 m2	Per planområde	80 000	80 000	0	0%	↘	
Reguleringsendring etter ordinær prosess, jf. pbl. § 12-14	% av gebyr for planområde	50%	50%				
Tillegg for regulering i fleire vertikalnivå enn grunnarealet over bakken	% av satsane for arealgebyr - pr. vertikalnivå	10%	10%				jf. kartforskrifta § 9, 3 ledd

For grunnareal frå 0 til og med 2.000 m2

Dette inngår i arealberekninga: alle grunn-/tomteareal innanfor eit planområde som skal nyttast til bygg og anlegg, og som tener eller vert påverka av tiltak etter ny reguleringsplan. Som grunnareal/tomteareal reknast byggeområder og land- sjøareal der det skal gjennomførast søknadspliktige tiltak etter ny reguleringsplan, jf. hovudmål i pbl. § 12.5, også med. Kommunen reknar ikkje gebyr for den del av planområdet som overstig 100 000 m2. Kommunen reknar ikkje arealgebyr for endringar etter forenkla prosess.

For grunnareal frå 10.001 til og med 20.000 m2

Dette inngår i arealberekninga: alle grunn-/tomteareal innanfor eit planområde som skal nyttast til bygg og anlegg, og som tener eller vert påverka av tiltak etter ny reguleringsplan. Som grunnareal/tomteareal reknast byggeområder og land- sjøareal der det skal gjennomførast søknadspliktige tiltak etter ny reguleringsplan, jf. hovudmål i pbl. § 12.5, også med. Kommunen reknar ikkje gebyr for den del av planområdet som overstig 100 000 m2. Kommunen reknar ikkje arealgebyr for endringar etter forenkla prosess.

For grunnareal frå 2.001 til og med 5.000 m2

Dette inngår i arealberekninga: alle grunn-/tomteareal innanfor eit planområde som skal nyttast til bygg og anlegg, og som tener eller vert påverka av tiltak etter ny reguleringsplan. Som grunnareal/tomteareal reknast byggeområder og land- sjøareal der det skal gjennomførast søknadspliktige tiltak etter ny reguleringsplan, jf. hovudmål i pbl. § 12.5, også med. Kommunen reknar ikkje gebyr for den del av planområdet som overstig 100 000 m2. Kommunen reknar ikkje arealgebyr for endringar etter forenkla prosess.

For grunnareal frå 20.001 til og med 40.000 m2

Dette inngår i arealberekninga: alle grunn-/tomteareal innanfor eit planområde som skal nyttast til bygg og anlegg, og som tener eller vert påverka av tiltak etter ny reguleringsplan. Som grunnareal/tomteareal reknast byggeområder og land- sjøareal der det skal gjennomførast søknadspliktige tiltak etter ny reguleringsplan, jf. hovudmål i pbl. § 12.5, også med. Kommunen reknar ikkje gebyr for den del av planområdet som overstig 100 000 m2. Kommunen reknar ikkje arealgebyr for endringar etter forenkla prosess.

For grunnareal frå 40.001 til og med 100.000 m2

Dette inngår i arealberekninga: alle grunn-/tomteareal innanfor eit planområde som skal nyttast til bygg og anlegg, og som tener eller vert påverka av tiltak etter ny reguleringsplan. Som grunnareal/tomteareal

reknast byggeområder og land- sjøareal der det skal gjennomførast søknadspliktige tiltak etter ny reguleringsplan, jf. hovudmål i pbl. § 12.5, også med. Kommunen reknar ikkje gebyr for den del av planområdet som overstig 100 000 m². Kommunen reknar ikkje arealgebyr for endringar etter forenkla prosess.

For grunnareal frå 5.001 til og med 10.000 m²

Dette inngår i arealberekninga: alle grunn-/tomteareal innanfor eit planområde som skal nyttast til bygg og anlegg, og som tener eller vert påverka av tiltak etter ny reguleringsplan. Som grunnareal/tomteareal reknast byggeområder og land- sjøareal der det skal gjennomførast søknadspliktige tiltak etter ny reguleringsplan, jf. hovudmål i pbl. § 12.5, også med. Kommunen reknar ikkje gebyr for den del av planområdet som overstig 100 000 m². Kommunen reknar ikkje arealgebyr for endringar etter forenkla prosess.

Reguleringsendring etter ordinær prosess, jf. pbl. § 12-14

Dette inngår i arealberekninga: alle grunn-/tomteareal innanfor eit planområde som skal nyttast til bygg og anlegg, og som tener eller vert påverka av tiltak etter ny reguleringsplan. Som grunnareal/tomteareal reknast byggeområder og land- sjøareal der det skal gjennomførast søknadspliktige tiltak etter ny reguleringsplan, jf. hovudmål i pbl. § 12.5, også med. Kommunen reknar ikkje gebyr for den del av planområdet som overstig 100 000 m². Kommunen reknar ikkje arealgebyr for endringar etter forenkla prosess.

Tillegg for regulering i fleire vertikalnivå enn grunnarealet over bakken

Dette inngår i arealberekninga: alle grunn-/tomteareal innanfor eit planområde som skal nyttast til bygg og anlegg, og som tener eller vert påverka av tiltak etter ny reguleringsplan. Som grunnareal/tomteareal reknast byggeområder og land- sjøareal der det skal gjennomførast søknadspliktige tiltak etter ny reguleringsplan, jf. hovudmål i pbl. § 12.5, også med. Kommunen reknar ikkje gebyr for den del av planområdet som overstig 100 000 m². Kommunen reknar ikkje arealgebyr for endringar etter forenkla prosess.

Arealgebyr for bebyggelse og anlegg

Gebyr	Eining	Sats 2022	Sats 2023	Endring i kr	Endring i %	Trendpil	Merknad
BRA 0 m ² til og med 2.000 m ²		30000	30000				
BRA 10.001 m ² til og med 20.000 m ²		150000	150000				
BRA 2.001 m ² til og med 5.000 m ²		60000	60000				
BRA 20.001 m ² til og med 40.000 m ²		200000	200000				
BRA 40.001 m ² til og med 100.000 m ²		250000	250000				
BRA 5.001 m ² til og med 10.000 m ²		100000	100000				
Reguleringsendringar	% av arealgebyr	50%	50%				

BRA 0 m² til og med 2.000 m²

Kommunen reknar fullt gebyr for bruksareal, både for ny bebyggelse og eksisterande bebyggelse som skal bli ståande. Det blir ikkje krevd gebyr for eksisterande byggeareal som skal bli ståande, og der det ikkje vert planlagt nye reguleringsformål eller økt utnytting. Det reknast gebyr for bruksareal, både over og under bakken, også for bruksareal som ikkje reknast med i planforslagets grad av utnytting. Maksimalt tillatt utnytting skal legges til grunn for berekning, slik det er foreslått i komplett innsendt planforslag til offentleg ettersyn. Kommunen reknar ikkje gebyr for den del av nytt bruksareal som overstig 100 000 m² BRA. Kommunen reknar ikkje arealgebyr for endring etter forenkla prosess.

BRA 10.001 m2 til og med 20.000 m2

Kommunen reknar fullt gebyr for bruksareal, både for ny bebyggelse og eksisterande bebyggelse som skal bli ståande. Det blir ikkje krevd gebyr for eksisterande byggeareal som skal bli ståande, og der det ikkje vert planlagt nye reguleringsformål eller økt utnytting. Det reknast gebyr for bruksareal, både over og under bakken, også for bruksareal som ikkje reknast med i planforslaget grad av utnytting. Maksimalt tillatt utnytting skal legges til grunn for berekning, slik det er foreslått i komplett innsendt planforslag til offentlig ettersyn. Kommunen reknar ikkje gebyr for den del av nytt bruksareal som overstig 100 000 m2 BRA. Kommunen reknar ikkje arealgebyr for endring etter forenkla prosess.

BRA 2.001 m2 til og med 5.000 m2

Kommunen reknar fullt gebyr for bruksareal, både for ny bebyggelse og eksisterande bebyggelse som skal bli ståande. Det blir ikkje krevd gebyr for eksisterande byggeareal som skal bli ståande, og der det ikkje vert planlagt nye reguleringsformål eller økt utnytting. Det reknast gebyr for bruksareal, både over og under bakken, også for bruksareal som ikkje reknast med i planforslaget grad av utnytting. Maksimalt tillatt utnytting skal legges til grunn for berekning, slik det er foreslått i komplett innsendt planforslag til offentlig ettersyn. Kommunen reknar ikkje gebyr for den del av nytt bruksareal som overstig 100 000 m2 BRA. Kommunen reknar ikkje arealgebyr for endring etter forenkla prosess.

BRA 20.001 m2 til og med 40.000 m2

Kommunen reknar fullt gebyr for bruksareal, både for ny bebyggelse og eksisterande bebyggelse som skal bli ståande. Det blir ikkje krevd gebyr for eksisterande byggeareal som skal bli ståande, og der det ikkje vert planlagt nye reguleringsformål eller økt utnytting. Det reknast gebyr for bruksareal, både over og under bakken, også for bruksareal som ikkje reknast med i planforslaget grad av utnytting. Maksimalt tillatt utnytting skal legges til grunn for berekning, slik det er foreslått i komplett innsendt planforslag til offentlig ettersyn. Kommunen reknar ikkje gebyr for den del av nytt bruksareal som overstig 100 000 m2 BRA. Kommunen reknar ikkje arealgebyr for endring etter forenkla prosess.

BRA 40.001 m2 til og med 100.000 m2

Kommunen reknar fullt gebyr for bruksareal, både for ny bebyggelse og eksisterande bebyggelse som skal bli ståande. Det blir ikkje krevd gebyr for eksisterande byggeareal som skal bli ståande, og der det ikkje vert planlagt nye reguleringsformål eller økt utnytting. Det reknast gebyr for bruksareal, både over og under bakken, også for bruksareal som ikkje reknast med i planforslaget grad av utnytting. Maksimalt tillatt utnytting skal legges til grunn for berekning, slik det er foreslått i komplett innsendt planforslag til offentlig ettersyn. Kommunen reknar ikkje gebyr for den del av nytt bruksareal som overstig 100 000 m2 BRA. Kommunen reknar ikkje arealgebyr for endring etter forenkla prosess.

BRA 5.001 m2 til og med 10.000 m2

Kommunen reknar fullt gebyr for bruksareal, både for ny bebyggelse og eksisterande bebyggelse som skal bli ståande. Det blir ikkje krevd gebyr for eksisterande byggeareal som skal bli ståande, og der det ikkje vert planlagt nye reguleringsformål eller økt utnytting. Det reknast gebyr for bruksareal, både over og under bakken, også for bruksareal som ikkje reknast med i planforslaget grad av utnytting. Maksimalt tillatt utnytting skal legges til grunn for berekning, slik det er foreslått i komplett innsendt planforslag til offentlig ettersyn. Kommunen reknar ikkje gebyr for den del av nytt bruksareal som overstig 100 000 m2 BRA. Kommunen reknar ikkje arealgebyr for endring etter forenkla prosess.

Reguleringsendringar

Kommunen reknar fullt gebyr for bruksareal, både for ny bebyggelse og eksisterande bebyggelse som skal bli ståande. Det blir ikkje krevd gebyr for eksisterande byggeareal som skal bli ståande, og der det ikkje vert planlagt nye reguleringsformål eller økt utnytting. Det reknast gebyr for bruksareal, både over og under bakken, også for bruksareal som ikkje reknast med i planforslaget grad av utnytting. Maksimalt tillatt utnytting skal legges til grunn for berekning, slik det er foreslått i komplett innsendt

planforslag til offentlig ettersyn. Kommunen reknar ikkje gebyr for den del av nytt bruksareal som overstig 100 000 m² BRA. Kommunen reknar ikkje arealgebyr for endring etter forenkla prosess.

Gebyr for arealformål

Gebyr	Eining	Sats 2022	Sats 2023	Endring i kr	Endring i %	Trendpil	Merknad
Gebyr for arealformål	Per arealformål	14300	14730				

Gebyr for arealformål

Det blir fakturert eit enkelt gebyr per arealformål, jf pbl. § 12-5 pkt 1 til 6. Det blir ikkje fakturert gebyr for underformål per arealformål, kombinert underformål og omsynssoner.

Tilleggsgebyr

Gebyr	Eining	Sats 2022	Sats 2023	Endring i kr	Endring i %	Trendpil	Merknad
Tilleggsgebyr for behandling av endringar av eit planforslag før offentlig ettersyn	Per time	1 130	1 130	0	0%	↓	
Tilleggsgebyr for detaljregulering med konsekvensutgreiing	% av samla behandlingsgebyr	10%	10%				
Tilleggsgebyr for å behandle alternative planforslag til offentlig ettersyn	% av samla behandlingsgebyr	10%	10%				

Tilleggsgebyr for behandling av endringar av eit planforslag før offentlig ettersyn

Dersom forslagsstillar på eige initiativ foreslår vesentlege endringar av eit planforslag, etter at forslaget er komplett innsendt for behandling til offentlig ettersyn, kan kommunen fakturere tilleggsgebyr. Dette reknast etter medgått tid for arbeidet planeininga brukar på å behandle slike endringar.

Tilleggsgebyr for å behandle alternative planforslag til offentlig ettersyn

Dersom forslagsstillar på eige initiativ fremmer alternativt planframlegg i tillegg til sitt hovudalternativ

Gebyr for revidert planframlegg etter offentlig ettersyn

Gebyr	Eining	Sats 2022	Sats 2023	Endring i kr	Endring i %	Trendpil	Merknad
Nye avklaringsmøte - ved detaljregulering	Per møte	7380	7600				
Nye avklaringsmøte - ved reguleringsendring	Per møte	5740	5900				
Nye avklaringsmøter - ved detaljregulering der det er varsla motsegn	Per møte	14760	15200				
Ved endring av planforslag etter offentlig ettersyn, som krev nytt offentlig ettersyn	% av opprinneleg behandlingsgebyr	40%	40%				
Ved endring av planforslaget etter offentlig ettersyn, som krev ny avgrensa høyring	% av opprinneleg behandlingsgebyr	20%	20%				

Ved endring av planforslag etter offentlig ettersyn, som krev nytt offentlig ettersyn

Kommunen bereknar ikkje gebyr for å saksbehandle ordinære endringar i planforslag etter offentlig ettersyn. Dersom forslagsstillar på eige initiativ fremmer revidert planforslag etter offentlig ettersyn, fakturerast tilleggsgebyr.

Ved endring av planforslaget etter offentlig ettersyn, som krev ny avgrensa høyring

Kommunen bereknar ikkje gebyr for å saksbehandle ordinære endringar i planforslag etter offentlig ettersyn. Dersom forslagsstillar på eige initiativ fremmer revidert planforslag etter offentlig ettersyn, fakturerast tilleggsgebyr.

Gebyr for stoppet planinitiativ

Gebyr	Eining	Sats 2022	Sats 2023	Endring i kr	Endring i %	Trendpil	Merknad
For detaljregulering		22600	23300				
For planendring		11300	11600				

For detaljregulering

For plansaker der planeininga avgjer at eit privat planinitiativ ikkje bør føre fram.

For planendring

For plansaker der planeininga avgjer at eit privat planinitiativ ikkje bør føre fram

Gebyr for avslutning av planforslag

Gebyr	Eining	Sats 2022	Sats 2023	Endring i kr	Endring i %	Trendpil	Merknad
